

24.02.23

Høyringsrapport

Utkast til Regional plan for fornybar energi i Vestland 2023-2035

Utkast til Rein handlekraft – handlingsprogram 2023-2027

1 Innhald

1 Innhald	2
2 Overordna drøfting av innspel	3
2.1 Innspel tatt til følge.....	3
2.2 Innspel ikkje tatt til følge	5
2.2.1 Innspel ikkje tatt til følge - omhandlar vindenergi.....	8
2.3 Innspel tatt til orientering	11
3 Vurdering av enkeltinnspel	1

2 Overordna drøfting av innspel

Det har kome 107 innspel til den regionale planen for fornybar energi og handlingsprogrammet gjennom høyringsprosessen. Alle innspela er gjengjeve i sin heilheit i denne rapporten for å sikra ein open prosess.

- 11 innspel er tatt til følgje av politisk betyding, som presenterast i saksframstilling.
- 11 innspel er tatt til følgje kor endringane er av mindre karakter og ikkje presentert i saksframstillinga
- 18 innspel er ikkje tatt til følgje. Innspel er vurdert, men ikkje aktuelt med endring. Av innspel ikkje tatt til følgje omhandla 8 motastnd mot vindkraft. Desse erpresenter i eige underkapittel 2.2.1

Det er elles ei rekke innspel og kommentarar som blir tatt til orientering som vist i dette dokumentet.

2.1 Innspel tatt til følgje.

Stord kommune (2022/3616-132):

Stord kommune vil peika på at det er knytt mange retningslinjer til landskapstypen fjordlandskap og høgfjell. Det er ikkje sagt noko om kystlandskap her. Det burde vera eit eige punkt som omhandlar denne landskapstypen sidan ein del av dei fornybare kraftkjeldene vil lokalisera her. Samstundes er dette og ein svært vanleg landskapstype i Vestland fylke der det i dag er stor interesse for ulike bruk av areala.

Fylkesdirektøren rår til at ordlyden endrast til kyst- og fjordlandskap

Solund kommune (2022/3616 –150/182): Solund kommune gjer framlegg til endring i tekst på strategi 26: Arbeide for ei utbetring av kraftnettet i *heile Vestland.*

Privat (2022/3616 – 191): Endringsforslag delmål 6. *Vi har kraftnett som gir nok kraft til forbruk og industri i heile Vestland erstattast med Vi har kraftproduksjon og kraftnett som gir nok kraft til forbruk og industri i heile Vestland.*

Fylkesdirektøren rår til at ordlyden endrast til: *Arbeide for ei utbetring av kraftnettet i heile Vestland.*

Like innspel:

Motvind Vest (2022/3616 – 166): Bærekraftsmålene «12 – Ansvarlig forbruk og produksjon» og «14 – Livet i havet» må inn i planen.

Hovedvisjonen for regional plan for fornybar energi 2023-2035 er at den skal være Nyskapande og berekraftig». Det tas utgangspunkt i bærekraftsmål 7 – Rein energi til alle. I tillegg løfter planen opp bærekraftsmål 9 – Innovasjon og infrastruktur, 11 – bærekraftige byer og lokalsamfunn, 13 – stoppe klimaendringene, 15 – Livet på land og 17 – samarbeide for å nå målene. Vi mener to viktige bærekraftsmål mangler og må inn i planen.

Bærekraftsmål 12 – Ansvarlig forbruk og produksjon må være et kjernepunkt for all grønn omstilling. Ansvarlig forbruk og produksjon betyr at det må stilles spørsmål ved hva vi bruker kraften til og i større grad legges vekt på moderasjon. Viktige tiltak for å nå dette bærekraftsmålet er effektivisering, sparing, prioritering og gjenbruk. Vi kan ikke si ja til alle kraftkrevende prosjekter.

Kunnskap om livet i havet mangler både i visjon og kunnskapsgrunnlag for forslag til regional plan. Dette er et tema som er særdeles viktig når havvind nå løftes frem som et særlig satsingsområde. Bærekraftsmål 14 – Livet i havet må med i planen (se også innspill 6)

Bergen kommune (2022/3616 – 203/244): Forslag om å inkludere FNs bærekraftsmål 12 og 14.

Norges miljøvernforbund (2022/3616 – 232): Bærekraftsmål 14 Livet i havet må hensyntas og gis aller høyeste prioritet i det videre arbeidet med regional plan for fornybar energi i Vestland fylkeskommune. Sats heller på utvikling og utnyttelse av geotermisk energi, både til elektrifisering av offshoreinstallasjoner og på land.

FNF Hordaland og FNF Sogn og Fjordane (2022/3616 – 234): bærekraftsmål 6, 12, 14 bør med Fylkesdirektøren rår til at bærekraftsmåla det peikast til vert lagt inn i planen.

Evin AS (2022/3616 – 194) Solenergi: Ambisjonsnivå og utbygging:

• I Vestland er det lagt til rette for solenergiproduksjon både på eksisterande og nye bygningar og infrastruktur. o Kommentar: Det er positivt med ambisjon om å bygge ut solkraft på bygg og annen infrastruktur, da dette er kraftutbygging som i liten grad medfører naturinngrep. Samtidig er det en del barrierer for hurtig og storstilt utbygging av slike prosjekter. Vi mener at også storskala utbygging bør ses på som en del av løsningen, inkludert å se på bakkemontert solkraft. Disse kan for eksempel etableres i randsoner av industriområder, på landbruksarealer som ikke lenger er i bruk og som kombinasjonsløsninger med beite og solenergiproduksjon

Fylkesdirektøren rår til å endre endrar kulepunktet på under ambisjonsnivå for Solenergi til: *I Vestland er det lagt til rette for solenergiproduksjon både på eksisterande og nye bygningar, infrastruktur og bakkemontert solkraft.*

Like innspel:

Nasjonalforeningen for folkehelsen Hordaland fylkeslag (2022/3616 – 170): I utkastet som er lagt fram, visar me konkret til Retningslinjene for fornybar energi pkt. 31 Friluftsliv (s. 28). Der står det at "ein bør vise varsemnd ved utforming av ny kraftutbygging slik at tiltaka ikkje redusera

opplevingskvalitetane" osv. Eit minstekrav her må vera at det SKAL visast varsemnd med tildeling av løyve, slik det står i pkt. 33 om område med verde for reiselivet.

Folk for fjella (2022/3616 – 175): Innspel 7: Ny tekst Det skal ikkje tillast ny kraftutbygging der opplevingskvalitetane i friluftsområde(LNF) med stor verdi vert forringa

Fylkesdirekøren rår til skal-formulering, i medhald av innspela frå Nasjonalforeningen for folkehelsen Hordaland fylkeslag og (2022/3616 – 170) Folk for fjella (2022/3616 – 175).

SVs miljøpolitiske utval i Vestland fylke (2022/3616 – 217/222): Foreslår i hele dokumentet å bytte ut «grøn vekst» med «grøn verdiskaping» (ettersom vekst er negativt i samfunn med stort overforbruk).

Fylkesdirektøren rår til å endre ordlyden frå *grøn vekst* til *grøn verdiskaping* i medhald av innspela.

Noregs Bondelag (2022/3616-214): I Vestland fylkeskommune vektleggjast **utsleppsfrie energiberarar** i anbodskonkurransar som omhandlar transport. Biogass er ikkje utsleppsfri frå køyretøy, men tek ein med heile livsløpet til biogassen så er den klimagass-bindande. Teksten i tiltak 15 må endrast. I andre samanhengar har Vestland Fylkeskommune endra formuleringa frå utsleppsfrie eller 0-utslepp til lågutslepp

Fylkesdirektøren rår til tekstleg endring i medhald av innspel.

2.2 Innspel ikkje tatt til følgje

Solund kommune (2022/3616 –150/182): Gjennom eit samarbeid sørga for realisering av havvindproduksjon i havområda utafor Vestland, bør også havbruks- og fiskerinæringa involverast. Sjølv om dette gjeld område som er sett av spesifikt for havvind, vil det vere nyttig å involvere også havbruks- og fiskerinæringa for å etablere dialog og samarbeid, og sikre kunnskapsdeling. **Framlegg til tillegg under aktørar: Havbruks- og fiskerinæringane.**

Fylkesdirektøren rår til at ein held på ordlyden *sentrale aktørar* for å ikkje ekskludere einskildnæringar.

Masfjorden KRF(2022/3616 – 165): Side 3: Delmål 3: Auka produksjon frå fornybare energikjelder har bidrege til kutta klimagass utslepp i Vestland. **Innspel: Målet fjernast: Dette målet er alt oppfylt når Vestland alt har overskott av energi produsert av fornybarkjelder.**

Viser til side 25 deltema – kraftnett. «Det produserast meir kraft i Vestland enn vi brukar, likevel er det mange område i fylket der det ikkje er mogleg å ta ut meir kraft enn i dag.» Plan er sjølvmodsigande på dette punktet da plan tilkjenn gir at produksjon i Vestland fylke er stor nok til eige forbruk og ei auke. Det betyr at auke i produksjon gir ingen reduksjon av klimagass utslepp lokalt i Vestland. Ingen av punkta (på side 26) treng ny produksjon få å kunne nåes men nye linje føringar er det behov for.

Fylkesdirektøren visar til utslepp frå industri i Vestland. Ny fornybar energi kan erstatta mykje av dagens fossile brennstoff i industrien

Innspel: Punkt om «**Krav til kvalitativ metode for å skaffe kunnskapsgrunnlag for urørd natur på land eller der viktige verdiar knytt til natur, landskap, kulturminne, kulturmiljø eller der friluftsliv og reiseliv blir forringa**», må arbeidast inn i plan.

Fylkesdirektøren peiker på at krav til kvalitativ metode for å skaffe kunnskapsgrunnlag for urørd natur på land eller der viktige verdiar knytt til natur, landskap, kulturminne, kulturmiljø eller der friluftsliv og reiseliv blir forringa vert tatt i vare gjennom krav til konsekvensutgreiing.

Motvind Vest (2022/3616 – 166): Sammenhengen mellom pris og produksjon må klargjøres og begrunnes.

Fylkesrådmannens uttale: Fylkeskommunen rår ikkje over verkemidlar som direkte påverkar pris.

Stryke følgende formuleringer i Retningslinjer for fornybar energi.

- 31) Gjennom konkret utforming skal ein søkje å gjere tiltaket til ein positiv ressurs for friluftslivet
- 33) Gjennom konkret utforming skal ein søkje å gjere tiltaket til ein positiv ressurs for reiselivet

Fylkesdirektøren rår til at innspelet ikkje vert tatt til følgje fordi retningslinjene elles sikrar at ein hindrar store negative følger for reiseliv og friluftsliv.

Årdal kommune (2022/3616 – 177/180): Årdal kommune foreslår difor at det vert lagt til eit delmål under plantema «Robust kraftforsyning i Vestland»; *Kraftforsyninga går ikkje på premiss med omsyn til natur, miljø og berekraft.*

Fylkesdirektøren meiner tema er godt dekt gjennom planretningslinjene og målsettingane elles.

Norsk Energi AS (2022/3616 – 186): På denne bakgrunn er våre to viktigste innspill til planutkastet derfor:

1. Utbedre med tanke på hvordan planens retningslinjer kan knyttes sterkere opp mot å realisere ambisjonene.
2. Tydeliggjøre hensikten i retningslinjene med tanke på hvorvidt det vises til allerede eksisterende lov og planverk, eller om det introduseres nye vilkår og føringer som vil virke i tillegg til bestående nasjonale og lokale rammeverket.

Fylkesdirektøren peiker på innleiinga i kapittel om retningslinjer som seier at retningslinjene gjeld for kommunal, regional og statleg planlegging.

Bergen Vitensenter AS (ViVite) (2022/3616 – 188): Endre navn på deltema til "Utdanning, forskning, formidling og innovasjon innan fornybare energikjelder"

Forslag til endring av ordlyd: Vi har, gjennom aktiv kunnskapsformidling og målrettet kommunikasjon til brede lag av befolkningen" (beklager bokmålet) "skapt ei brei forståing av den viktige rolla kraft frå fornybar energi spelar for økonomien i fylket.

Fylkesdirektøren rår til at endringsforslaget ikkje vert tatt inn for å halde på eit enklare språk.

Norsk Hydrogenforum (2022/3616 – 190): 5. Ambisjoner for delmål: Energiberarar

Forslag nytt punkt Planen beskriver kortfattet rollen til hydrogen i energisystemet, og det er angitt ambisjonsnivå for utbygging av energibærere. Her pekes det blant annet på forskning og utvikling og

at fylkeskommunen har lagt til rette for overgangen til nullutslipp for alle transportformer. Dette er bra, men vi savner at fylkeskommunen også har lagt til rette for at industrien har fått muligheten til dekarbonisering med bruk av hydrogen. Vi foreslår at følgende punkt tas inn i ambisjonen:

- «Vestland fylke har lagt til rette for lokal hydrogenproduksjon som har gitt utslippskutt i industrien»

Fylkesdirektøren rår til inga endring ettersom planen dekker fleire energiberarar og skil ikkje på teknologi i ambisjonsnivå.

Privat (2022/3616 – 191) Foreslår et nytt kulepunkt: «Vi har så raskt som mogeleg tatt tilbake politisk styring av fornybar kraftproduksjon og kraftprisene i Noreg»

Fylkesdirektøren tilrår ikkje nytt kulepunkt.

Noregs Bondelag (2022/3616-214): Framlegg til nytt strategipunkt under delmål 1 Vestland Fylkeskommune vil vere pådrivar for at det blir testa ut å etablerte bakkemonterte solcelleanlegg i kombinasjon med beite for småfe. Strategi X Bakkemonterte Solcelleanlegg er etablert i kombinasjon med småfebeite

Fylkesdirektøren kan ikkje gje tilråding til spesifikke solkraftanlegg i denne planen. Men visar til endring i kulepunkt under Solenergi.

SVs miljøpolitiske utval i Vestland fylke (2022/3616 – 217/222): Bytt ut ordet «hubane» med et egnet norsk uttrykk: for eks «nav» eller lignende.

Hub er eit nyord i nynorskordboka og er eit låneord frå engelsk. Fylkesdirektøren rår til at ein held fram med bruken av ordet ettersom dette er praksis i administrasjonen sitt daglege virke, særskild innan satsinga på grøn region Vestland og industriell symbiose.

Vestland fylke har sammen med sentrale myndigheter tatt en ledende rolle i oppbyggingen av «Den norske stats fornybarselskap», et lokomotiv for planlegging og koordinert gjennomføring av Norges innsats for det grønne skiftet. (Her kan vi gjerne se til prosessen rundt opprettelsen av Statoil. Dessverre har hverken Equinor eller Statkraft vist at de egner seg for å ta en slik rolle. Foreslår å kalle det nye selskapet RENO, RENEwable NORway).

Fylkesdirektøren peiker på at forslaget ligg utanfor mandatet til planen

Foreslår et nytt kulepunkt: «Vi har så raskt som mogeleg tatt tilbake politisk styring av fornybar kraftproduksjon og kraftprisene i Noreg»

Fylkesdirektøren tilrår ikkje nytt kulepunkt.

FNF Hordaland og FNF Sogn og Fjordane (2022/3616 – 234):

«Produksjon av energi frå solenergi har passert 1-2 TWh i utgangen av planperioden» Endrast til: «Kraftproduksjon basert på solcelleteknologi har passert 2 TWh i utgangen av planperioden.»

Fylkesdirektøren rår til endinga: «Kraftproduksjon basert på solcelleteknologi har passert 2 TWh i utgangen av planperioden.»

2.2.1 Innspel ikkje tatt til følgje - omhandlar vindenergi

Nei til vindkraft i Kvinnherad (2022/3616-133): Erfaringar med vindkraft viser at utbygging, utover direkte rasering av natur og miljø, ofte har sær negative konsekvensar for folkehelse, livskvalitet og trivsel for fastbuande. Uørt natur og naturkvalitetar er sær viktig for «bulyst» i distrikta både for å halde oppe folketalet og for rekruttering til lokalt arbeidsliv, og ikkje minst for ymse former for reiseliv og turisme som blir ei stadig viktigare næring med mange gonger fleire arbeidsplassar enn det ein erfaringsmessig kan forvente i vindkraftindustrien. Vakker natur har vore utgangspunkt for turisme i Hardanger og Sunnhordland og andre plassar på Vestlandet i 150 år. Vi må ikkje skusla bort denne naturgjevne ressursen i vår iver etter meir energi. Skal vi oppretthalde distrikta og attraktive tettstader og bygder bør ytterlegare produksjon av fornybar energi i Vestland etter vår meining i hovudsak skje gjennom satsing på energiformer og eit arbeids og næringsliv som det naturleg, geografisk og historisk ligg til rette for (sjå avsnittet: Konsekvensar av vindkraftutbygging for natur og miljø), snarare enn å promotere ymse sær kraftkrevjande «grøne luftslott». Ut frå argumentasjonen over meiner vi at vindkraft er den mest arealkrevjande og minst effektive og bærekraftige energiform ein kan leggje opp. På dette grunnlagi vil vi be om at avsnittet om vindkraft vert teken heilt ut av: Utkast til regional plan for fornybar energi 2023 – 2035.

Fylkesdirektøren rår til at innspelet ikkje vert tatt til følgje ettersom retningslinjene 6, 12 og 13 seier at bygging av kraftverk og infrastruktur knytt til fornybare energikjelder skal ta i vare omsyn til miljø og andre arealinteresser, at det ikkje skal byggast vindkraft på land i ørt natur, der viktige verdiar knytt til natur, landskap, kulturminne, kulturmiljø eller reiseliv blir forringa eller i strid med kommunale vedtak. Behovet for produksjon av fornybar energi, sett opp mot behovet for å ivareta andre viktige arealverdiar, som ørt natur, biologisk mangfald, landskaps- og friluftsiinteresser, er ein særleg tydeleg interessekonflikt ved arealkrevjande tiltak. Fylkesdirektøren meiner det likevel er eit potensial for utbygging av vindkraft som tek i vare omsyna som måla og retningslinjene legg opp til.

Nei til vindkraft i Gulen (2022/3616-136): . Det står i høyringsutkastet «Det skal ikkje byggjast vindkraft i ørt natur på land eller der viktige verdiar knytt til natur, landskap, kulturminne, kulturmiljø eller reiseliv blir forringa». Her bør ordlyden endrast frå «**ørt natur**» til «**natur**» då mykje natur som ikkje nødvendigvis er «ørt» framleis har viktige verdiar. Punktet bør også ta opp i seg «**friluftsliv og landbruk**», som naturen, utmark og fjellområde har stor verdi for. Vidare bør ordlyden endrast frå «**ørt natur**» til «**natur**» alle stader dette er nemnt i samband med vindkraft på land i planen (s. 15 og 27).

Fylkesdirektøren rår til at ordlyden er *ørt natur* fordi *natur* vil famne all natur, både utbygd og ørt.

I punkta om «sårbart høg fjell» på s. 28, punkt 18 og 19, er det ikkje sagt noko om kva som vert rekna som sårbart høg fjell og kva som kvalifiserer som «varige sår i naturen». Det er heller ikkje sett krav til metode for å definere dette, noko som bør innarbeidast i planen.

I tillegg bør ordlyden i desse punkta endrast frå « .. skal ein vere restriktiv med kraftanlegg ... » og « .. bør ein vise varsemnd med løyve til ny kraftutbygging » til «**Det skal ikkje gjevast løyve til noko form for kraftutbygging i område definert som sårbart høg fjell**».

På same måte bør ordlyden i punkt 31 på s. 28 endrast frå «Ein bør vise varsemnd ved utforming av ny kraftutbygging, slik at tiltaka ikkje reduserer opplevingskvalitetane i friluftsområde med stor verdi» til «**Det skal ikkje tillatast ny kraftutbygging der opplevingskvalitetane i friluftsområde med stor verdi vert forringa**». Dette fordi det er vanskeleg å måle kva som vil vere ein «reduksjon» av opplevingskvalitetane.

Fylkesdirektøren rår til at ordlyden ikkje endrast fordi fylkeskommunen ikkje har mynde til å frede naturområde. Planen legg opp til sterk kommunal råderett og planen skal vere rettleiande ovanfor kommunane i deira sakshandsaming.

Masfjorden KR(2022/3616 – 165): Regional plan for fornybar energi tek ikkje opp i seg fylkestingets vedtak gjort 10.06.20 om avvising av vindkraft på land, med unntak av vindkraft i alt etablerte større industriområde. Masfjorden KrF vil at omtale av vindkraft på land fjernast i planen og følgjande tekst innarbeidast. «Det skal ikkje gjevast konsesjon til vindkraft på land i Vestland fylkje med unntak av vindkraft i alt etablerte større industriområde»

Fylkesdirektøren visar til kommentar over.

Orda «urørt natur» er brukt 3 stader i plan(side 15 og 27). Innspel : Orda «**urørt natur**» **endrast til natur**. Ein kan ikkje nedskalere verdien av natur til å sei at det er kun urørt natur som skal «vernast» mot nye inngrep. Mykje av den naturen som plan legg opptil kan brukast til utbygging, er særst viktig for landskap, kulturminne, kulturmiljø, reiseliv, friluftsliv og lokalsamfunn. Lokalsamfunn sin berekraft med tilflytting og etablering vil kunna bli sterkt redusert som følgje av bruka av såkalla urørt natur og er ikkje drøfta i plan i det heile.

Fylkesdirektøren rår til at ordlyden er *urørt natur* fordi *natur* vil famne all natur, både utbygd og urørt.

Planutkastet opnar for ei inntil TRE-DOBLING av produksjon av vindkraft på land. På side 15 er det sett eit produksjonsmål i intervallet frå dagens produksjon på 1.6 TWh til opptil 5 TWh årleg i produksjon av vindkraft.

Planen legg opp til «0,5 - 3,4 TWh ny straum frå landvind i høve til 2022 er kopla til kraftnettet i Vestland». Planen legg opp til at det nivået skal vere nådd innan 2035. Det krev 13 vindkraftanlegg dobbel så store som Lutelandet vindkraftverk. Kvar skal dei plasserast og kva kommune vil ha dei?

Samtlege 43 kommunar i Vestland fylke vart tilskrive i etterkant av fylkesutvalet sitt vedtak i juni-22. Konklusjonen var at 26 kommunar sendte svar til VF – og INGEN – INGEN – kommunar i Vestland fylke gav uttrykk for at dei hadde planar for – eller ønskte vindkraft på land. Masfjorden KrF meiner det er viktig å senka ambisjonsnivået når det gjeld vindkraft og KrF ber om at siste kulepunkt i tema ambisjonsnivå og utbygging av vindindustri side 15 vert fjerna.

Fylkesdirektøren visar til kartlegginga gjort etter sak PS164/22 som nemnt. 24 av kommunane i Vestland signerte på ordførar oppropet om kommunal råderett i vindkraftutbygging til regjeringa ved Olje- og energiminister Tina Bru overlevert 4. september 2020. I kartlegginga til Vestland svarte 11 kommunar at dei har vedtak som har stoppa vindkraftutbygging i kommunen. 7 kommunar sendte motsegn til NVEs forslag til nasjonal ramme for vindkraft på land i 2019. Ingen av kommunane meldte om vedtak gjort for tilrettelegging av vindkraft i kommunen.

Retningslinjene 6, 12 og 13 seier at bygging av kraftverk og infrastruktur knytt til fornybare energikjelder skal ta i vare omsyn til miljø og andre arealinteresser, at det ikkje skal byggast vindkraft på land i urørt natur, der viktige verdiar knytt til natur, landskap, kulturminne, kulturmiljø eller reiseliv blir forringa eller i strid med kommunale vedtak. Behovet for produksjon av fornybar energi, sett opp mot behovet for å ivareta andre viktige arealverdiar, som urørt natur, biologisk mangfald, landskaps- og friluftsiinteresser, er ein særleg tydeleg interessekonflikt ved arealkrevjande tiltak. Fylkesdirektøren meiner det likevel er eit potensial for utbygging av vindkraft som tek i vare omsyna som måla og retningslinjene legg opp til.

Motvind Sunnfjord og Ytre Sogn (2022/3616 – 164): Kommunal- og distriktsdepartementet (KDD) og Olje- og energidepartementet (OED) har no på høyring endringar i energilova og plan- og bygningslova knytt til vindkraft på land. Høyringsfristen er 27. feb., og i samtalen vår med statsråd Aasland 24. januar, opplyste han at det blir teke sikte på at endringane skal vedtakast «før sommeren». På OED si nettside er større makt til kommunane framheva som eit hovudpunkt i forslaget til lovendringar. Kommunane si haldning til vindkraft har vore, og er, sentral. Motvind Sunnfjord og Ytre Sogn vil derfor, som første del av høyringsuttalen vår til fornybar-planen, be

fylkeskommunen utsetje sluttbehandlinga av planen til etter at lovendingane er vedtekne og sette i verk. Vi meiner det departementalt uttrykte «større makt» til kommunane, er noko av det som må liggje til grunn for Regional plan

Fylkesdirektøren visar til kommentar over.

Folk for fjella (2022/3616 – 175): Innspel 1: Region plan for fornybar energi tek ikkje opp i seg fylkestinget sitt vedtak av 10.juni 2019 om avvising av vindkraft på land, med unntak av vindkraft i alt etablerte større industriområde. I retningslinjene er det med, men sjølve plandokumentet legg klart opp til ein kraftig auke i nye område for vindindustri i Vestland fylke

Fylkesdirektøren visar til kommentar over.

Innspel 2: Det skal ikkje gjevast konsesjon til vindkraft på land i Vestland fylke med unntak av vindkraft i alt etablerte større industriområde.

Fylkesdirektøren visar til kommentar over.

Innspel 3: Orda «urørd natur» i plan vert endra til natur. Subsidiert til Innspel 3: Punkt om «Krav til kvalitativ metode for å skaffe kunnskapsgrunnlag for «urørd natur» på land eller der viktige verdiar knytt til natur, landskap, kulturminne, kulturmiljø eller der friluftsliv og reiseliv blir forringa», må arbeidast inn i plan

Fylkesdirektøren visar til kommentar over.

Innspel 4: Målet er fjerna. *Dette målet er alt oppfylt når Vestland alt har overskott av energi produsert av fornybarkjelder.*

Fylkesdirektøren peiker på at mandatet til denne planen bygger på ei auke i produksjon frå fornybare energikjelder.

I Innspel 6: Punkt 18 og 19 erstattast med Det skal ikkje gjevast løyve til kraftutbygging i område definert som «Sårbart høgfjell». Område som ligg i fjellområde som har omsynssone LNF i kommuneplanar skal automatisk verta rekna som «sårbart høgfjell»

Subsidiert til Innspel 6:: Nytt punkt under hovud punkt «Sårbart høgfjell»

Det skal ikkje gjevast løyve til vindkraft i områder definert som «Sårbart høgfjell» Område som ligg i fjellområde om har omsynssone LNF i kommuneplanar skal automatisk verta rekna som «sårbart høgfjell»

Fylkesdirektøren rår til at ordlyden ikkje endrast fordi fylkeskommunen ikkje har mynde til å frede naturområde. Planen legg opp til sterk kommunal råderett og planen skal vere rettleiande ovanfor kommunane i deira sakshandsaming.

Innspel 8: Ny tekst: Ved planlegging og etablering av ny produksjon av fornybar energi skal fylkeskommunen og kommunar vektleggje klimafot-, miljøavtrykket og berekraft i produksjon av komponentar både indirekte og direkte. Dette må gjelde heile kjeda frå utvinning av råstoff, utstyr brukt i produksjon, og alle komponentar heilt fram til ferdig anlegg.

Fylkesdirektøren visar til kommentar over.

Innspel 9: Ny tekst primært

Det skal ikkje gjevast konsesjon til vindkraft på land i Vestland fylke med unntak av vindkraft i alt etablerte større industriområde.

Subsidiert til innspel 9:

Det skal ikkje byggjast vindkraft i natur på land der viktige verdiar knytt til natur, landskap, kulturminne, kulturmiljø, eller der friluftsliv og reiseliv blir forringa eller som gjev varige sår i naturen som ikkje kan tilbakeførast i sin heilheit

Fylkesdirektøren visar til kommentar over.

Innspel 10:

Planen vert i sin heilheit avvist og vert sendt i retur til administrasjon der fylkestinget sitt klåre NEI til vindkraft på land vert innarbeidd i ny plan

Fylkesdirektøren viser mandatet frå utviklingsplanen og til vedtatt planprogram som seier at planen skal omhandle alle seks fornybare energikjelder.

Privat (2022/3616 – 233): •Kulepunktseks på side 16: «Ambisjonsnivå og utbygging av vindenergi» må verta tatt ut av plandokumentet. Setninga er som følgjer: 0.5 - 3.4 TWh ny straum frå landvind i høve 2022, er kobla til kraftnettet i Vestland (i 2035.

• 3,4 TWh ny landvind kobla til kraftnettet i 2035 tilsvarar om lag 22 vindkraftanlegg på storleik med det nyopna Lutelandet vindkraftanlegg.

Dei fylkespolitikarane som røyster for å opna for ein slik ny kraftproduksjon frå vindkraft på land - må då vera spesifikk på kvar - og i kva kommunar dei går inn for å opna for denne vindindustrien.

Fylkesdirektøren visar til tidlegare kommentarar.

DNT foreiningane (2022/3616 – 237): • DNT foreiningane ynskjer ambisjon om ny vindkraft på land på 0TWh, med ei øvre grense som ikkje legg eit urettmessig press på kommunar til å avsetje areal mot innbyggjarane sine ynskje. Meir enn ein dobling av dagens produksjon verkar uansvarleg.

Forslag til endring av retningslinjer:

- Bygging av kraftverk og infrastruktur knytt til fornybare energikjelder skal ta i vare omsyn til miljø og andre arealinteresser. Vestland skal utvikla ein arealpolitikk som bidreg til eit arealnøytralt fylke og prioritera energiutbygging som ikkje er i konflikt med miljø og andre arealinteresser.
- Offentlege planar bør utforske mogelegheiter for område der utbygging har lite konflikt med miljø og andre arealinteresser, og kan gjerast klare til produksjon av fornybar energi.
- Det skal ikkje byggjast vindkraft i urørd natur på land eller der viktige verdiar knytt til natur, landskap, kulturminne, kulturmiljø, reiseliv eller friluftsliv blir forringa.
- Vindkraft til havs skal utviklast på naturens premisser på ein skånsam måte som tek i vare næringsgrunnlaget for havbruk- og fiskeinteressene.

Fylkesdirektøren visar til tidlegare kommentarar

2.3 Innspel tatt til orientering

Av dei 107 innspela som har kome er det mykje god informasjon som fylkesadministrasjonen tek med seg vidare i arbeidet med fornybar energi.

Fleire av innspelarane stillar seg til rådighet både til å sitte i fora for utvikling og til å komme med innspel til kunnskapsgrunnlaget for fornybar energi. Dette vil fylkesdirektøren følge opp.

3 Vurdering av enkeltinnspel

Under følger ei kort oppsummering av alle hørings innspela. Alle innspel er lest igjennom og vurdert i det vidare arbeide. Det er notert korleis fylkesdirektøren tilrår at innspela vert tatt til følgje.

Innstilling frå fylkesdirektøren er fargemarkert i merknadsfeltet for lettare overblikk:

Ikkje tatt til følgje Innspel er vurdert, men ikkje aktuelt med endring.	Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.	Tatt til følgje. Endring er av mindre karakter og ikkje presentert i saksframstilling.	Tatt til følgje. Endring eller informasjon av politisk betydning, som presenterast i saksframstilling.
--	--	--	--

Stadt kommune (2022/3616-115)		
Tema	Innspel	Merknad/Oppfølging
Ny Vasskraft	Innspelet er ein kopi av eit reportasje i Fjordabladet som viser ønskje om å starte ny Vasskraft produksjon i Kviefossen.	
PwC (2022/3616-116)		
Innspill / uttalelse fra PwC	- Oppbygging: Generelt er dokumentene godt bygget opp. Det er leservennlig, forståelig og god bruk av robuste kilder - Målsetninger: Vi synes det er svært positivt at det er satt konkrete og ambisiøse mål for ny fornybar energi. Vi anser konkrete mål totalt og per energikilder som helt sentralt for å lykkes	

	<p>- Forbedring - Målsetninger: Vi har forståelse for at planperioden følger 12 år og mål dermed fastsettes for slutten av 2035. Samtidig kunne det med fordel vært satt et delmål for 2030. Årsaken til at vi fremhever dette er at det er satt nasjonale og regionale ambisjoner for 2030 på klimasiden - både for offentlige virksomheter og industrien. Dette kan medføre manglende forståelse av det umiddelbare behovet vi har.</p> <p>- Forbedring - Konkretisering: Det er positivt med mål og intervall per energikilde. Vi anser det dog som helt sentralt å konkretisere dette videre med fokus på (1) potensielt bidrag per energikilde i årene fremover mot 2030 (2) kjente utbyggingsprosjekter sitt bidrag og gap og (3) hva er de realistiske løsningene i et tids- og kostnadsperspektiv.</p>	
Vegen vidare	Dette er eit innspel i form av ein tidsplan som visar korleis PwC kan jobbe saman med fylket for å gjennomføre tiltak for grøn vekst	
Vestland ungdomsutval (2022/3616-117)		
Tema	Innspel	
Grøn energi	VU meiner det er positivt at ein skal arbeide for meir grøn energi i fylket. Særleg er utbetring av vasskraft og bølgekraft viktig.	
Vindkraft	VU meiner at vindmølleutbygging i fylket må ta ivare miljøomsyn og vere lokalt forankra.	
Vasskraft	VU meiner vasskraftindustrien i Vestland bør bli optimalisert.	
Karbonfangst og lagring	VU meiner at karbonfangst- og lagring bør få eit større fokus i planen	CCUS er en del av fossil energi og er ikkje av mandatet til denne planen
Kjernekraft	VU meiner at kjernekraft bør få eit større fokus i planen	Utviklinga av kjernekraft vil bli fylgd gjennom planperioda. Pr no er ikkje kunnskapsgrunnlaget godt nok til å få eit større fokus.
Sognekraft AS / Sogn utvikling AS (2022/3616-118)		
Tema	Innspel	
Generelt	<p>Vi applauderer Vestland Fylkeskommune sitt initiativ til å lage ein plan for korleis vi saman set fylket i førarsetet for utviklinga av fornybar energi. At vi utviklar den grønne energien er avgjerande for innbyggjarane våre, lokalsamfunna våre, bedriftene våre, samstundes som det er kritisk at me lukkast og for den globale omstillinga.</p> <p>Vi opplever at kvaliteten på planen er gjennomgåande svært høg og at det er gjort godt fagleg arbeid og brukt gode kjelder til informasjon.</p> <p>Me synes planen er innoen fleire sentrale punkt på ein god måte, men legg kanskje litt lite vekt på konsekvensen av regulatoriske høve og endring av desse - noko også</p>	Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.

	<p>IRENA (International Renewable Energy Agency) rapporten er litt smal på under marknadsdesign. Med innføring av dei nye reglane for grunnrenteskatt og høgprisbidrag, vert økonomien i både vasskraft og vindkraft utfordra kraftig, og fleire, mellom anna Varanger Kraft og Finnmark Kraft og Lyse peikar på negativ kapitalavkastning som ein konsekvens av dette.</p> <p>Gjennom media les vi at det er ein generell oppfatning at det kostar 11-12 øre å produsere 1 kwh. Dette gjev eit feil kostnadsbilete for kostnader knytt til kraftverk og vindparker som er bygd ut dei siste 10-20 åra, og for ny kraftproduksjon. Vi trur at ein, avhengig av skattebyrde, må ta høgde for ein nødvendig kraftpris på 50-90 øre for å dekke alle kostnader.</p> <p>Dette trur me vil påverke grad av investering i ny vasskraft og vindkraft. I tillegg til sjølve lønsemda i nye prosjekt, vil kapitalreduksjon hjå kraftprodusentar påverke investeringskapasiteten deira. Distribuert energi på under 1 MW er ikkje underlagt desse skattereglane. Konsekvens kan difor vere at investeringar i større grad vert flytta frå store prosjekt til meir distribuert energi i form av sol og potensielt og småskala vindkraft, og at dei nye energiprodusentane også i stor grad vil vere nye aktørar (eks eigedomsutviklarar, bønder, private PE selskap osv).</p> <p>Generelt trur me at planen hadde vorte meir robust om ein lagde eit scenario der utbygging av vasskraft og særleg vindkraft på land vart redusert og såg på kva tiltak som då måtte på plass for å nå måla. Vindkraft til havs antar me har mindre politisk gjennomføringsrisiko, då det verkar som om det er moglegheiter for direkte tildelingar og at den politiske viljen til å lukkast kan gi endra rammevilkår som gjer at det vert realisert. Det vil likevel ta lang tid å gjennomføre vindsatsingar til havs. Vi ønskjer å vere ein konstruktiv medspelar i dette arbeidet, og kjem under med nokre av våre innspel til planen slik den er i dag og prosessane vidare.</p> <p>Det er særst positivt at fylkeskommunen er bevist på klimautslepp relatert til nye energikjelder (ref figur 5) og har definert dette som ein eigen ambisjon.</p> <p>Klimarekneskapet frå til dømes kinesiske solcellepanel er ikkje god, medan me i Vestland har produsentar som Norsun som leverer wafere til solcellepanel med kanskje verdast lågaste klimaavtrykk. Det er viktig at det vert stilt krav til klimarekneskap når me skal auke produksjonen av fornybar energi i Vestland og at me premierar teknologiar som gjev lågast mogleg klimaavtrykk. Då stimulerer me indirekte til auka sysselsetting i regionen og det er og naturleg å kunne produsere ferdige solcellepanel i Vestland meiner me. Det er veldig bra at ambisjonsnivå og retningslinjer er tydeleg på dette, men viktig at det vert konkrete handlingsplanar med klare råd om kor stor vekt klimarekneskap skal ha i innkjøpsprosessar.</p>	<p>Planen seier for lite om konsekvensen av regulatoriske høve og endringa av desse.</p>
--	---	--

Vindkraft	Under punktet havvind, likar me at de er bevist på nettap og at det er viktig at krafta som skal til land har tilknytning til område med høgt forbruk. Det å nytte kraft mest mogleg lokalt, gjeld og for eksisterande kraft. Det er viktig at me i størst mogleg grad brukar energien nært der den vert produsert. Dette både for å auke lokal verdiskaping og dermed også aksept for utbygging, men og for å redusere tap i nettet. Dette må sjølvstendig balanserast med krav til sikker forsyning og nok straum i heile Vestland, men me må utnytta lokale kraftoverskot når det er innestengd kraft til lokal verdiskaping.	Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.
Kjernekraft	Under avsnittet om kjernekraft er det bra at de følgjer med på utviklinga og me meiner at det ikkje er rett å etablere eit tradisjonelt kjernekraftverk i Vestland. Det skjer derimot innovativ utvikling av fusjonsteknologi, der Equinor er ein stor investor, som frå 2030 har potensial til å disrupsjon produksjon av energi. Om det er denne teknologien eller andre som vil lukkast, veit me ikkje. Men det er viktig at me ikkje lineariserar dagens teknologi når me skal definere marknaden i 2030 eller 2050. Nye løysingar vil kome og då må me gjera minst mogleg skade på natur så lenge. Det å utnytta krafta lokalt så langt råd er og byggja distribuert energi på eksisterande bygg slik som sol- og små vindkraftinstallasjonar trur me vil vera viktig.	Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.
Grøn HUB knytt itl Sogn utvikling si satsning	Med mykje tilgjengeleg og til tider innestengd kraft i Sogn, set ein no i gang eit større utviklingsprosjekt knytt til kraftkrevjande grøn industri der me og fokuserer på sirkularitet. Dette vert den nye naturlege og utfyllande grønne HUBen i Sogn. Det er naturleg å starte med aksen LusterSogndal-Vik, for så å ta arbeidet vidare til resten av regionen. Det er viktig at denne HUBen vert konfirmert i samband med Vestland Fylkeskommune sin oppdatering av Grøn Region Vestland, slik at også denne kjem inn under dei pågåande satsingane i regi av fylkeskommunen. Det er viktig at samspelet mellom naudsynt berekraftendring i eksisterande industri og ny industri samt samspel mellom ny industri vert teke omsyn til. Indre Sogn har til dømes stor matproduksjon. Det å utnytta til dømes restvarme frå hydrogenproduksjon til tørking av fruktrestar eller å auke tilgangen deira til råvarer ved å byggja drivhus eller akvaponi er viktig å vurdere. Vestland sitt nest største utsleppspunkt er Hydro sitt anlegg i Årdal. CO2 kan og vera ein ressurs i vidare prosessar som til dømes produksjon av e-fuel til flyindustrien. Det er viktig at ein ser på slike moglegheiter for å skape lokale sirkulære prosessar, noko som er strategien til Sogn Utvikling. Det er viktig å ta heile Vestland i bruk på ein berekraftig måte og det å utnytta lokalt kraftoverskot til å levere verdiaukande produkt er viktig for den regionale utviklinga, men og for sosial aksept for kraftutbygging. Det er difor avgjerande at Sogn Utvikling med utgangspunkt i Luster, Vik og Sogndal kommune med sitt store kraftoverskot vert ein del av Grøn region Vestland og dermed teke med i delmål 9 i planen.	Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.

Privat(2022/3616-119)		
Vasskraft	Om vi skal sjå på kva som er best for fylket i det lange løp så må vi åpne for at vi kan byggje ut meir vasskraft, ikkje berre i små stasjonar men og i store. Om vi byggjer ut større kapasitet i vasskraft industrien så kan vi sikre oss at vi har ei større kraftforsyning no når vi går inn i det grønne skiftet, og at vi ikkje heng etter	Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.
Vindenergi	Vindenergi er noko som eg meiner fylket bør satse på, men istadenfor at vi byggjer den til lands kan vi heller byggje den til havs. Om vi ser på geografiske posisjonar og gjer litt forskning kan vi opprette store vindkraftparkar der dyrelivet ikkje er. Men vi må også førebu oss på at vi må byggje ut til lands og ledningsnett i master og kanskje vurdere å legge noko i kablar under jorda.	Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.
Kjernekraft	Kjernekraft er noko som naboane våras tar i bruk no for å kome seg gjennom det grønne skiftet. For at det skal bli ei stabil kjelde til energi så må vi førebu oss på å bruke millionar, om ikkje milliardar på å lagre avfallet etter kjernekraftverka.	Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.
Robust kraftforsyning	Om vi skal sikre ei stabil kraftforsyning så må vi oppgradere dei kraftledningane som vi allereie har, og utføre vedlikehald på dei oftare. Vi må også byggje ut ledningsnett i master og kanskje vurdere å legge noko i kablar under jorda.	Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.
Møre og Romsdal fylkeskommune (2022/3616-120)		
Innleiing	Saka gjeld Vestland fylkeskommune sitt planforslag for å mobilisere og samordne innsatsen i fylket, med sikte på berekraftig energibruk og -produksjon. Møre og Romsdal fylkeskommune takkar for oversendinga og nyttar høvet til å gi nokre få konkrete innspel knytt til havvind og havenergi.	
	Vi tillet oss først å rå til at kapitla i planen blir nummerert.	Tatt til følge. Endring er av mindre karakter og ikkje presentert i saksframstilling.
	Det vil gjere tilvising til teksten enklare både no og i ettertid. Vi imøteser gjerne ein diskusjon i planen, om samarbeid med andre fylke, særleg knytt til potensialet for, og lokalisering av havvind (side 14) og havenergi (side 19). Nokre av «dei gode områda» vil truleg ligge over grensene mot nabofylka.	Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.
	På side 19 er ambisjonsnivået for havenergi synleggjort, saman med eit kort avsnitt om moglege interessekonfliktar. Her saknar vi omtale av miljø/natur/artsmangfald. I retningslinjene for kommunal planlegging (s 27-29), er det ei rekke punkt som peikar	Tatt til orientering

	på ivaretaking av miljø/natur/arts mangfold generelt, men det er etter vår vurdering likevel litt påfallende forskjell mellom punkt 13, som omtalar vindkraft på land og punkt 14 som gjeld vindkraft til havs. Natur og landskapsverdier bør være viktig for begge, og vi saknar i den samanheng også FN-mål 14 «Livet i havet» synleggjort på side 5 i planen.	Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring. Kunnskapsgrunnlaget vert oppdatert etter kvart som at meir kunnskap vert gjort tilgjengeleg.
BIR AS (2022/3616-122/124)		
	BIR synes planen er god, kortfattet, konsis og med relevante mål. Ønsker likevel å spille inn noen punkt:	Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.
	Solenergi: her kan en også omtale solfangere (termisk energi), se kommentar om sesonglagring Termisk energi: Fjernvarme er ikke en energikilde, men en energibærer. Termisk energi kan sesonglagres. Med høye energipriser kan dette være lønnsomt, særlig der en har grunnvannsmagasin ATES (Aquifer thermal energy storage) Brage NMBU: Teknologier for sesonglagring av termisk energi (unit.no), men også i borebrønner i fjell BTES (Borehole thermal energy storage)	Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring. Desse tema er behandla i kunnskapsgrunnlaget som er lagt ved planutkastet.
	Fremtidens energisystemer: Sesonglagring av varme kan gi reduserte utgifter og utslipp - ForUS Forslag nytt ambisjonsnivå: • I Vestland har vi stimulert til auka bruk av restvarme gjennom industriell symbiose og sesonglagring	Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.
	Bioenergi, her er er biokull nevnt, men på en veldig indirekte måte. Det er sannsynlig at mye vil skje her de kommende årene og pyrolyse, biokull, jordforbedring og karbonlagring kan godt nevnes mer direkte. Smelteverksindustrien i Vestland arbeider også mye med å erstatte fossilt oksydasjonsmateriale med biokull. Forslag til ambisjon: Godkjent karbonlagring for eksempel med biokull kommer inn i fylkets Årsmelding i løpet av perioden. BIR ønsker å utrede disse tiltakene i det videre arbeidet med å utvikle Bioparken Voss.	Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring. Karbonlagring er ikkje ein fornybar energiform og er såleis ikkje omfatta av planen. Regional plan for klima behandlar karbonfangst og -lagring.

Energisenter Florø (2022/3616-123)		
Innleiing	<p>Visjonen (side 3 og 6) til Vestland er ifølge planen ... å sikre ei samfunnsutvikling som er nyskapande og berekraftig ... den er repetert som visjon for «regional plan for fornybar energi» ... er dette en visjon eller «verdier»? «Netto nullutslipp» er en visjon nevnt på side 32 ... hvis man når delmålene hvilken visjon nærmer man seg å nå da? ... en visjon for «fornybar energi» er kanskje på sin plass og da er jo «Netto nullutslipp» et alternativ «Netto nullutslipp» også nevnt her «For å nå målet om netto nullutslipp må vi i Vestland erstatta 30,5 TWh fossil energi, tall frå 2018, med fornybar energi» ... men er ikke nevnt å målhierarkiet side 3 Side 7 alternativ visjon? Bedriftene i Vestland har moglegheiter til å produsere produkt som er dei reinaste og grønnaste i verda ... eksempelvis «Vestland har den reneste og grønneste industrien i verden» ... nyskapande og bærekraftig er to verdier som vil være med å realisere dette Siste avsnitt side 5: «Regional plan for fornybar energi er eit strategisk verktøy for å styrke arbeidet med, og vekst av, energi frå fornybare energikjelder i Vestland» ... planen skal vel sikre økt «produksjon, forsyning, og bruk av fornybar energi» (?), kanskje alle det bør spesifiseres(?). Side 6, den nye naturavtalen bør inn en plass Side 7 – samme skrifttype overskrift og underkapittel ... «Økonomiske og administrative konsekvensar» .. «Overgangsrisiko» og «Gjennomføringsrisiko» og de fire neste er vel underpunkter?? Og det er andre konsekvenser der enn kun økonomiske og administrative ... burde kanskje bare «konsekvenser»? ... Side 7 – «overgangsrisiko» og «Legitim og rettferdig produksjon av fornybar energi» snakker begge om «omstilling» ... samle de under «omstilling»</p>	
Generelt om dokument for plan og tiltak	<p>Man bruker mange «objekter» som det ikke er en god nok struktur på ... visjon, hovedmål, delmål, ambisjonsnivå (som ifølge Norsk Akademis ordbok er «mål som man setter seg for sine ambisjoner») strategi, tiltak, plantema, deltema, retningslinje ... gjør det utfordrende å forstå hele «målhierarkiet»</p>	<p>Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.</p> <p>Fylkesdirektørens uttale: Målhierarkiet er gitt av strukturen gitt i planprogrammet</p>
Plantema: Auka produksjon frå fornybare energikjelder Deltema – Dei fornybar energiane i Vestland	<p>Side 10-11 Side 10 siste avsnitt «For å nå målet om netto nullutslipp må vi i Vestland erstatta 30,5 TWh fossil energi, tall fra 2018, med fornybar energi» ... hvor er dette målet definert i målhierarkiet, burde det ikke vært med?</p>	<p>Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.</p>

	<p>Ambisjonsnivå og utbygging av fornybar energi – hva representerer denne 5-punkts listen? Hvorfor er ikke disse punktene med i målhierarkiet i handlingsprogrammet ... målhierarkiet er viktig for å forstå hvordan Vestland skal nå målene sine, dette er forvirrende og gjentakende gjennom de ulike energiene-</p> <p>Side 12 Nå ligger ambisjonsnivået som siste punkt i under hver fornybarkilde, her «4-6 TWh ny vasskraft i høve til 2022 er kopla til kraftnettet i Vestland». Bør ikke ambisjonsnivået (som egentlig er et konkret og godt mål) ligge øverst på hver type fornybar energi, deretter kommer «hva» som er nødvendig for å realisere ambisjonen (altså de andre fire punktene). Ambisjonsnivå og utbygging av vasskraft – enkelte av underpunktene her er tatt inn i handlingsprogrammet under «delmål 1», men andre ikke ... dette gjør det utfordrende å se sammenhengen mellom de ulike nivåene i hierarkiet ... dette gjelder egentlig delkapitlene for alle energikildene, bør gjennomgås</p> <p>Side 13 – samme kommentar som side 12, noen punkter med andre ikke ... forvirrende</p> <p>Side 15 – vindkraft I Florø er det to piloter for havvind, disse kan vurderes nevnes Westcon Westcon Yards vinner kontrakt for flytende havvind Ocean24 Fjordbase Kinn, Florø Fjord Base med ny storsatsing: Skal montere prototype for ny havvind-turbin (firdaposten.no)</p> <p>Side 18-19-20 Under termisk energi, bioenergi, eller havenergi er ikke det tallfestet mål under «Ambisjonsnivå og utbygging av ...» som det er for de andre ... man har jo tallfestede mål for disse også, må være konsekvent i oppbygging av hvert delkapittel ...</p>	
Deltema – Energiberarar	<p>Side 21 – kapittelet er generelt sett for «tynt»</p> <p>I Florø er det to store prosjekter innenfor hydrogen og ammoniakk med mye offentlig støtte, disse bør kanskje nevnes i dette delkapittelet ... Her er Enova-vinnerne som deler 1,12 milliarder – Hydrogen24 Får 89 millioner til verdens første ammoniakk-anlegg Finansavisen Hva med å nevne EVOY fra Florø, verdensledende elektriske fremdriftssystemer for båter, havets tesla, Electric Boat Motor - Inboard and Outboard - High Output (evoy.no)</p>	Tatt til orientering Innspel inneholdt relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.
Plantema Robust kraftforsyning i Vestland Deltema – samspelet i kraftsystemet	<p>Generelt sett litt tynt ift. viktigheten Side 27, samkjøre «Ambisjonsnivå og utvikling av kraftforsyninga» med delmålene 5-9 i handlingsprogrammet ... noen er med, andre ikke ...</p>	Tatt til orientering Innspel inneholdt relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.
Deltema –Retningslinjer for fornybar energi	<p>Retningslinje 1 og 8 (og kanskje 5) ... er ikke disse identiske(?), de er i hvert fall ikke gjensidig utelukkende ...</p> <p>Noen av retningslinjene (eks 12) kommer igjen under delmål og strategier, andre ikke (eks 18 og 19 om sårbart høg fjell) ... det er veldig utfordrende å følge strukturen og logikken.</p>	Tatt til orientering Innspel inneholdt relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.

	Når det gjelder kategoriseringen av retningslinjene er den utfordrende, fordi mange retningslinjer kunne passet i flere av kategoriene, og da mister man hele effekten av å kategorisere, eksempelvis: • Retningslinje 14 bør kanskje ligge under kategori «Fisk» • Retningslinje 13 har mye til felles med 15, 18, 19, 32, etc. man trenger ikke en «sekkepost» (retningslinje 13) når det er spesifisert i kategori nedenfor • Kategori «biologisk mangfold» bør vel egentlig også da gjelde «fisk» (?), men den har en egen kategori ...	
HANDLINGSPROGRAM REIN HANDLEKRAFT - innspill høring KOMMENTAR - overordnet	Vi har 1) energioverskudd fra fornybare energikjelder og 2) en robust kraftforsyning som bidrar til grønn verdiskaping Generelt: • Vurdere å ha tre hovedmål i forhold til fornybar energi: 1) «Produksjon», 2) «Forsyning», 3) «Bruk» ... enklere definere delmål med tilhørende strategier og tiltak? • Ni delmål med til sammen 36 strategier, hvor hver strategi igjen har et tiltak (resulterer i hvert fall i 36 prosjekt) ... for mange strategier for å vite hva som faktisk bidra til å nå mål? • Bør man under hver strategi prioritere tiltak (les: prosjekt) ift. viktighet og estimeres ift. omtrentlig kostnad? • Må man bruke begrepene «tema» og «plantema». Holder det ikke med det «velkjente» strategi-hierarkiet: «Visjon» - «Hovedmål» - «Delmål» - «Strategi» - «Tiltak». • Uavhengig av hvilke begreper man bruker i hierarkiet, så sliter vi med å se sammenhengen mellom nivåene. Tror det kunne vært kvalitetssikret ved å spørre «hvorfor» fra bunnen: • Hvorfor gjør jeg «tiltak» X? ... fordi det er konkretisering av «strategi» Y • Hvorfor gjør vi «strategi» Y? ... fordi det hjelper for å realisere «delmål» Z • Hvorfor er «delmål» Z viktig å nå? ... fordi det øker sjansen for å nå «hovedmål» A • Hvorfor er «hovedmål» A viktig å nå? ... fordi det bringer oss nærmere «visjonen» om å ...	Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikke aktuelt med endring.
	Strategi 3 og 6 identiske, slette det ene	Tatt til følge. Endring er av mindre karakter og ikke presentert i saksframstilling.
ØKT PRODUKSJON FRA FORNYBARE KILDER (plantema 1)	Delmål 1: Vi har produksjon og distribusjon av kraft fra fornybare energikjelder som tar hensyn til miljø, naturmangfold, friluftslivsområder og landskaps og kulturverdier • Generelt: Her bruker man begrepet «distribusjon» under «produksjon» ... endre plantema til å inkludere dette, eksempelvis «økt produksjon og distribusjon av fornybare kilder»? • Gjelder delmålet kun vannkraft og vindkraft (det ser slik ut på strategi og tiltak)?	Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikke aktuelt med endring.

	<ul style="list-style-type: none"> • Strategi 1 o Utydelig formulering ... hva er egentlig innholdet i denne strategien? o Hva er en «kraftsituasjon»? • Strategi 5 er repetisjon av delmålet ... og er ikke spesielt for kun vindkraft, men også de andre energikildene. Eventuelt slå sammen 4 og 5 • Strategi 3 og 6 identiske, slette det ene. <p>Delmål 2: Kvar enkelt fornybare energikjelde brukast der de har høyest verdi for samfunnet • Generelt: Har «bruk» (delmål 2) noe under «produksjon» (plantema 1) å gjøre?</p> <ul style="list-style-type: none"> • Fokus i delmålet er på «bruk», gjenspeiler dette i strategier og tiltak? o Har strategi 3 noe med «bruk» å gjøre? • Strategi 1 og 6 må eventuelt omformuleres for å se at strategi bidrar til å realisere delmål 2 • Strategi 2 og 3 - hvorfor ikke med under delmål 1 istedenfor? <p>Delmål 3: Økt produksjon fra fornybare energikjelder har kutta klimagassutslipp i Vestland</p> <ul style="list-style-type: none"> • Generelt: Repetisjon av plantema, kan fjernes ... eller omformuleres • Er dette delmålet kun relevant for transportsektor? o Hva med overgang til andre energibærere i industri, ved fiskeoppdrett, etc.? • Strategi 1 er en repetisjon av delmålet for transportnæring, og er ikke en strategi for å øke produksjonen. Alternativ formulering: o Strategi = Vektlegge utgiftsfrie energibærere i anskaffelser ▪ Kommentar: Gjelder ikke bare transport ▪ Kommentar: Gir økt fokus også på produksjon o Tiltak = Oppdatere retningslinjer for anbudskonkurranser til å inkludere utgiftsfrie energibærere • Delmålet fokuserer på «økt produksjon». Strategi 2 er utydelig formulert, gjelder dette produksjon eller bruk? <p>Delmål 4: Vi har kompetanse, forskning og utdanning til å utvikle fornybar energi ‘</p> <ul style="list-style-type: none"> • Generelt: Hva menes med å «utvikle fornybar energi» ... menes «utvikle teknologi for å produsere mer fra fornybare kilder» ... bør omformuleres ... • Bidrar strategi 1 til å realisere delmål 4? Det er vel en forutsetning at kunnskap er oppdatert og gjeldende? Tiltaket er kanskje strategien, også må man ha noe mer konkret som må etableres som skal håndtere oppdatering av kunnskapsgrunnlaget? • Delmålet har fokus på «utvikle» energi. Strategi 2 har fokus på «utnytte» energi. <p>Bidrar strategi 2 til å realisere delmål 4?</p> <ul style="list-style-type: none"> • Strategi 3 med tilhørende tiltak er «identiske» og tiltak er veldig generelt • Strategi 4 er repetisjon av delmålet. Kan strategien være å videreføre og forsterke 	
--	---	--

	støtteordningene (altså tiltaket). Tiltaket kan da eksempelvis være noe mer konkret ... evaluere og endre en del ordninger eller å få etablert en ny ordning.	
ROBUST KRAFTFORSYNING I VESTLAND (plantema)	<p>Delmål 5: Vi har stabil og positiv kraftbalanse • Generelt: Er delmålet underordnet plantema, eller omvendt? Er «stabil og positiv kraftbalanse» ønskelig og er «robust kraftforsyning» et delmål for å komme dit?</p> <ul style="list-style-type: none"> • Se tidligere kommentar om plantema og dette målet, hva er egentlig overordnet hva? • Strategi 1 har fokus på «produksjon», produksjon er vel fokus på plantema 1 med delmål 1- 4? Er strategi 1 kun for delmål 5, hva med delmål 3? • Strategi 2 en repetisjon av delmål? Er ikke tiltaket til strategi 2, faktisk «strategien» ... også må man ha et tiltak som konkret får disse møteplassene etablert? <p>Delmål 6: Vi har kraftnett som gir nok kraft til forbruk og industri i heile Vestland</p> <ul style="list-style-type: none"> • Generelt: Er det «privat» forbruk som menes? ... skriv det • Er delmål 6, en strategi for å oppnå delmål 5? • Strategi 1 ... er ikke «likere priser» et mål, heller enn en strategi? Forslag: Legg inn «billig» eller «lik pris» eller lignende mellom «nok» og «kraft» i delmålet • Forslag: En strategi «Gjennom fråsegn og politisk arbeid bidra til et sterkere kraftnett i fylket» ... deretter ulike tiltak under denne strategien som er mange av de andre strategiene og tiltakene under dette delmålet? <p>Delmål 7: Vi utnytter mangfoldet av fornybare energikjelder som gjør oss mindre sårbare for uforutsette endringer i energiproduksjonen Generelt: Menes «utnytter» med å bruke?</p> <ul style="list-style-type: none"> • Strategi 1 – repetisjon av delmålet ... hvis ikke bør det ligge under delmål 1-4 som har med produksjon å gjøre? • Strategiene under dette delmålet har vel med produksjon å gjøre, og bør egentlig komme under delmål 1-4 eller? <p>Delmål 8: Vi har en infrastruktur for energibærere som gjør at vi kan nytte oss av svingninger i kraftproduksjonen og avlaste kraftnettet Generelt: Er det tydelig hva som er mål og middel her ... delmålet «Kunne utnytte svingninger i kraftproduksjonen og avlaste kraftnettet» ... strategien «å få på plass infrastruktur for energibærere» som kan innfri dette ... og tiltak «konkrete prosjekt» som utvikler denne infrastrukturen? • Sliter litt med å se sammenhengen mellom strategiene og det å «nyttiggjøre seg av svingningene i kraftproduksjonen og avlaste kraftnettet»</p> <p>Delmål 9: Vi har sikra nok tilgang på rein energi til hubane i Grøn region Vestland</p> <ul style="list-style-type: none"> • Strategi er repetisjon av delmål 	Tatt til orientering Innspeil inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.
Privat (2022/3616-125)		
Plantema og mål	Når man ser på denne planen og satsing på ustabil sol og vindkraft så kan ein lura på kva fylket vil. Sol (her har eg erfaring med eige anlegg på taket) og uregulerbar	Tatt til orientering

	<p>vindkraft er ikkje løysninga på noko, men heller ein stor del av problemet. Noreg har enn så lenge meir enn nok kraft, det er berre å slutta med eksport når det ikkje renner over i vasskraftbassenga. Når vi ein dag har for lite kraft i Vestland, så er det kjernekraft som må til. Denne er regulerbar og stabil, og kan byggast i nærleiken av storbrukarar. Dette vil spare samfunnet for mange konflikhtar og demonstrasjonar i forbindelse med vindkraft og store overføringslinjer kalla stamnettet. Og husk: Noreg tok det store grønne skiftet då vi satsa på vasskraft for over 100 år sidan.</p>	<p>Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.</p>
<p>Privat – 18 grunneigarar i Viksdalen i Sunnfjord (2022/3616-126/129)</p>		
<p>Tema</p>	<p>Vi viser til høyringsbrev om planprogram regional plan for fornybar energi, og kjem med dette med innspel frå grunneigarar på Viksdalen i Sunnfjord kommune som alle har signert utbyggingsavtale med vindkraftaktør Fred. Olsen Renewables. Fleire grunneigarar i Høyanger kommune har skrive under liknande avtale for same vindkraftprosjekt. Prosjektet som vi saman leiger ut grunn til, er også kjent som «Høyangerfjell Vindkraftverk».</p> <p>Våre hovedbodskap er:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Fylkeskommune / kommunane bør ikkje ta prinsipiell stilling til vindkraftprosjekt i ei tidligfase, men vente til konsekvensutgreiing er gjennomført slik at fagleg kunnskapsgrunnlag er på plass, og at det er sendt fram ein konkret konsesjonssøknad. - Fylkeskommunen bør oppmode kommunane til å ha ein konstruktiv dialog med utbyggjar i tidleg fase av prosjektutviklinga, for å finne dei gode løysningane frå starten av. - Vi forventer at kommunane vil gå i dialog med Fred. Olsen Renewables om å leggje til rette for at krafta fra Høyangerfjell vindkraftverk kan kome industrien i Høyanger/Sunnfjord til gode. - Fylkeskommunen bør sette tydelege, realistiske og tidfesta mål for fornybar kraftproduksjon for dei ulike kraftkjeldene, for eksempel «Legge til rette for idriftsettelse av XX antall MW landbasert vindkraftproduksjon før 2035» 	<p>Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.</p> <p>Fylkesdirektøren tek ikkje stilling til einskildinitiativ i denne planen.</p>

- Det bør handsamast fleire prosjekt enn det som kjem av målsetninga (ref. forrige punkt), fordi prosjekter vil/kan bli skala av undervegs som resultat av for eksempel kommunalt veto, storleiksreduksjon som følge av konsekvensutgreiing, økonomi i prosjektet eller utfordringar knytt til nettilknytning.

Kvifor sette konkrete mål for ny kraftproduksjon fra landbasert vindkraft i Vestland fylkeskommune? For kommunen, kommuneøkonomi og næringsliv kan vindkraftprosjekt gje vesentlege ringverknader:

- Varige arbeidsplassar i 25 år (normal konsesjonsperiode), der kommunen og utbyggjar saman kan legge til rette for å få lokalt tilsette nøkkelpersonar.
- Årlege inntekter til kommunen i form av eigedomsskatt, produksjonssavgift, og naturressursskatt. Eigedomsskatt og produksjonssavgift vil gje gode inntekter til kommunen og vere eit godt bidrag til kommunebudsjetta. For eit prosjekt på 1,5 TWh kan kommunen sitte igjen med opp mot 90 millionar kroner årleg, dersom desse blir vedteke slik det er foreslått, fordelt på:
 - o Eigedomsskatt - 44 millionar
 - o Produksjonssavgift - 30 millionar
 - o Naturressursskatt til kommune/fylkeskommune – Opp mot 19,5 millionar (Inngår i inntektsutjamningssystemet, og fordelast mellom kommune og fylkeskommune der kommune får 16,5 millionar (1,1 øre/kWh) og fylkeskommunen 3 millionar (0,2 øre/kWh).

Berekningar bak tala er framstilt nederst i innspelet.

- Høyangerfjell vindkraftverk kan være positivt for industrien i Høyanger og Sunnfjord dersom det blir inngått langsiktige kraftavtalar.
- Meir fornybar kraft inn i kraftsystemet på Vestlandet vil uansett være med på å redusere kraftprisane, noko som igjen er viktig for å sikre drift av eksisterande industri i fylket, samstundes som det kan lokke til seg ny industri. Ny industri kan gje ytterlegare inntekter til både kommune og grunneigarar, i tillegg til varige arbeidsplassar. For å tiltrekke seg nye industrietableringar er ein god kraftbalanse med både rikeleg og rimeleg kraftforsyning avgjerande, og ei tydeleg målsetning frå fylkeskommunen om meir fornybar kraftproduksjon gjer tryggleik for dei som ønskjer å etablere ny industri i fylket.

	<p>For grunneigarane kan vindkraftprosjekt med tilhøyrande inntekter få store positive ringverknadar:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Grunneigarane er sikra årlege inntekter gjennom heile driftsfasen. Dette kan igjen bidra til både nyetableringar og vedlikehald av eksisterande gardsbruk/bygg/eigedom, og gje auka bulyst i fråflyttingstruga bygder. - Vindkraftprosjekt kan gje høve for små og store betalte oppdrag i samband med både utviklingsfase, anleggsfase og driftsfasen, for eksempel ved bygging av og vedlikehald av veg, transport, brøyting, tilsyn, tilstandsvurdering etc. - Lettare tilkomst til fjellet som følge av anleggsveier, noko som igjen kan forenkle oppsyn og gjeting av beitedyr i området. I tillegg kan anleggsvegar opne for meir beitebruk enn tidlegare då det kan opne nye areal som tidlegare har blitt vurdert som uegna på grunn av tilkomstutfordringar. <p>Prosjektet på fjellet mellom Sunnfjord og Høyanger kommune låg innanfor eit av dei 13 områda i landet som NVE presenterte i 2019 som betre egna for vindkraft enn andre områder. Dette er område som ikkje er omfatta av nokon form for vernestatus. Dette området er også allereie utbygd med stor vasskraftproduksjon og det har installert eit sterkt kraftnett med 420 kV Statnett-linje som går rett igjennom den aktuelle vindkraftparken frå den nye Høyanger Trafo til den nye Moskog Trafo. Samfunnsøkonomisk skal det godt gjerast å finne betre prosjekt enn dette der ein kan utnytte allereie nedlagde milliardinvesteringar.</p> <p>Det bør også nemnast at Vestland fylke er eit av dei norske fylka som har minst landbasert vindkraft. Den sentrale delen av fylket ligg innanfor Statnett prisområde NO5 som ikkje har noko installert vindkraft. Den nordlege delen av fylket ligg innanfor prisområde NO3. I dette området er det bygd ein god del vindkraft. Prisen på kraft i NO5 har vore mykje høgare enn i NO3 i 2021-2022.</p> <p>Høyangerfjell Vindkraftverk er eit av dei større prosjekta som raskt kan gjennomførast for å skaffe fylket meir kraft. Vi grunneigarar har leigd vekk grunnen og veit at utbyggjar vil ønskje å realisere så raskt som mogeleg, men sjølvstundt slik at det ikkje går på bekostning av viktige utredningar eller lokal forankring og involvering. Prosjektet har allereie (via tredjepart/konsulentfirma) gjennomført konsekvensutgreiingsarbeid over fleire år basert på forslag til</p>	
--	--	--

konsekvensutgreiingsprogram, og har derfor allereie et godt fagleg kunnskapsgrunnlag dei kan ta med i en konsekvensutredning når endeleg konsekvensutgreiingsprogram føreligg. I tillegg har det sidan hausten 2019 blitt gjennomført jordskiftesak på vår grunn da heile fjellet var umatrikulert, der dei fleste prosessane fekk rettskraftig avgjerd i 2022. Dette gjer at mykje arbeid har blitt gjort allereie, og ein kan byggje vidare på dette noko som igjen mogleggjer idriftsetting i god tid før 2030. Vi trur også at dette er eit prosjekt som NVE/OED vil stille seg positiv til sidan vi «gjenbrukar» eit område som i dag er brukt til storskala vasskraft og overføringskablar og at store gjennomførte offentlege investeringar i kraftsystemet kan utnyttast betre. Det er dermed Sunnfjord Kommune, Høyanger Kommune og Vestland Fylkeskommune som sit med nøkkelen til å få dette realisert. Alternativet til å skaffe meir kraft i eige fylke, er å vente på at Statnett skal bygge nye linjer inn eller at det skal kome havvind frå Nordsjøen. Dette er mykje meir usikkert og utanfor lokal kommunal kontroll.

Ellers viser vi til det oppdaterte kunnskapsgrunnlaget som NVE lanserte i slutten av mars 2022, og som omhandlar positive og negative effektar av landbasert vindkraft, og som er eit omfattande arbeid mellom mange statlege etatar. Vi vurderer dette kunnskapsgrunnlaget som det mest aktuelle og nøytrale i dag, og at det er lite farga av positive eller negative interessegrupper sitt syn.

<https://www.nve.no/energi/energisystem/vindkraft/kunnskapsgrunnlag-om-virkninger-av-vindkraftpaa-land/>

Gunnar Råheim GBnr 119/3 og GBnr 119/9

Roy Arve Ørnehaug GBnr 119/1

Hege Klakegg Gjermundstad GBnr118/1

Karina og Ståle Hetle GBnr 119 /2

Terje Gjermundstad GBnr 118/2

Jan Ove Gjermundstad GBnr 118/3

Lars Marius Gundersen GBnr 114/12

Jarle Gjermundstad GBnr 118 /4

Anders Espeseth og Anita Kvamen GBnr 125/1

Jostein Espeset GBnr 125/2

Erik Espeset GBnr 125/5

Ståle Kjell Kvammen GBnr 111/1

Heidi Mulen GBnr 106/1

Helge og Gudbjørg Kleppe GBnr 110/1

Edvin Øvrestrand GBnr 105/1 og GBnr 107/1-2

	<p>Nokre notater og forutsetningar til berkingane:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Berekingane tek utgangspunkt i ein årleg produksjon på 1500 GWh (1 500 000 000 kWh), og 480 MW slik det var omtalt i Meldinga til NVE i 2019. - Eigeidomsrett: Antar i dette rekneeksempelet en investeringskostnad på 13 MNOK/MW, og 7 promille i eigeidomsrett. Totalt 44 millionar ved 480 MW - Produksjonsavgift (Foreslått på 2 øre/kWh) <ul style="list-style-type: none"> o Vil tilfalle staten, men fordelast til vertskommunane utan vidare fordeling. o $1\,500\,000\,000\text{ kWh} * 0,02\text{ kr/kWh} = 30\text{ millioner}$ - Naturskatt (Foreslått på 1,3 øre/kWh) <ul style="list-style-type: none"> o Skal inngå i inntektsutjamningsystemet o Fordelast mellom kommunar og fylkeskommune (1,1 øre/kWh til kommune og 0,2 øre/kWh til fylkeskommune) o For kommune: $1\,500\,000\,000\text{ kWh} * 0,011\text{ kr/kWh} = \text{Opp mot } 16,5\text{ millionar}$ 	
HAFS regionråd (2022/3616-127)		
<p>Fråsegn frå HAFS regionråd til Regional plan for fornybar energi 2023–2035 (samrøystes vedteken i møte 27. januar 2023)</p>	<p>HAFS regionråd vurderer planutkastet som eit godt og gjennomarbeidd dokument. Vi er godt nøgde med planstrukturen, hovudmålet, prioriterte plantema og gjennomgangen av dei 9 delmåla som utgjer planen. Vi tykkjer at ein i planen skildrar ein god ballanse mellom behovet for å skaffe fram ny fornybar energi og omsynet til naturmangfald og miljø.</p> <p>Når det gjeld kraftforsyning og utbygging av kraftnettet, vil vi særskilt peike på delmål 7 og 9</p> <ul style="list-style-type: none"> • Vi utnyttar mangfaldet av fornybare energikjelder som gjer oss mindre sårbare for uføresette endringar i energiproduksjonen • Vi har sikra nok tilgang på rein energi til hubane i Grøn region Vestland <p>Når det gjeld «Ambisjonsnivå og utvikling av kraftforsyninga», vil vi som region peike på at det også må skisserast ambisjonar for kva slag utbygging av regionalnettet som må til for at dei 16 grøne hubane skal få tilgang til den krafta dei har behov for. Vi vil i denne samanhengen vise til den grøne huben på Lutelandet der det i dag er etablert ein vindpark, og der det i tillegg vert arbeidd med å utvikle industriell symbiose mellom landbasert oppdrett og hydrogenproduksjon. Utviklinga av denne grøne huben er heilt avhengig av sikrere straumforsyning gjennom utbygging av regionalnettet. HAFS regionråd meiner difor at delmål 9 også må forplikte fylkeskommunen til å arbeide aktivt opp mot dei regionale nettselskapa for å skaffe nok kraft til dei 16 strategiske hubane.</p>	<p>Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.</p>
Visit Bergen (2022/3616-128)		
<p>Høringssvar fra Visit Bergen til regional plan for fornybar energi 2023-2035</p>	<p>Innledningsvis vil vi takke for muligheten til å komme med innspill til regional plan for fornybar energi. At regionen klarer å utvikle tilstrekkelig produksjon av fornybar energi</p>	<p>Tatt til orientering</p>

	<p>er svært viktig for at reiselivsnæringen skal klare å gjennomføre overgangen til en utslippsfri drift, vi har derfor et ønske om å bidra til å finne løsninger innenfor produksjon av fornybar energi. Vi setter stor pris på at reiselivet blir nevnt og hensyntatt i retningslinjene for fornybar energi i sammenheng med bevaring av urørt natur, landskap, kulturminner og kulturmiljø når man skal vurdere utbygging av fornybar energi. Samt at dette hensynet går igjen i handlingsprogrammet knyttet til utbygging av vannkraft. Vi savner at det samme hensynet til natur og reiseliv blir beskrevet i forhold til utbygging vannkraft og strømmnett i handlingsprogrammet. At utbygging av fornybar kraft ikke forringer naturverdiene og kulturarven i vår region er svært viktig for både reiselivsbedrifter, innbyggere og besøkende sin trivsel.</p> <p>At fylkeskommunen ønsker å gjøre utbygging av fornybar energi i verdifulle områder til en positiv ressurs for reiselivet ser vi som en mulighet til å bidra til. Vi ønsker også tydeligere ambisjoner om å utvikle støtteordninger for å kunne produsere og lagre fornybar energi i mindre skala. Med dette tenker vi på tiltak som utvikling og utbygging av solcelleanlegg, samt småskala vann- og vindkrafts anlegg, som kan utvikles i samarbeid med og drives av regionens reiselivsbedrifter.</p>	<p>Innspel inneholdt relevant informasjon, men ikke aktuelt med endring.</p>
Lutelandet utvikling AS (2022/3616-130)		
<p>Plantema og mål</p>	<p>Lutelandet Utvikling AS er særst positiv til at det vert arbeidd med ein regional plan for fornybar energi. I denne samanheng vil vi som medaktør i satsinga knytt til Grøn region Vestland og dei grøne hub`ane dra spesielt fram fylgjande forhold som vi ber om at det blir fokusert på i planen, i tillegg til dei mange gode poenga som alt er ivaretatt i utkastet som er sendt ut til høyring :</p>	
<p>Delmål 6 Vi har kraftnett som gir nok kraft til forbruk og industri i heile Vestland.</p>	<p>Under dette temaet bør det vurderast å drøfte behovet for ein sterkare samanheng mellom vedtatte samfunnsplanar og styringskriteria for investering i nettkapasitet, behov for redundans for å skape robustheit i dei grøne Hub`ane og kva nye linjer dette vil kreve, samt etablere ei sterkare politisk styring av denne infrastrukturen i tråd med den auka strategiske betydning denne har i høve utvikling av ny grøn verdiskaping i vår region og i landet forøvrig. I denne samanheng må synergjar mellom ulike infrastrukturprosjekt som t.d samordning av veg-, tunnel- og baneprosjekt og framføring av nye/kraftigare nett/kablar.</p>	<p>Tatt til orientering Innspel inneholdt relevant informasjon, men ikke aktuelt med endring.</p>
<p>Delmål 9 Vi har sikra nok tilgang på rein energi til hub`ane i Grøn region Vestland.</p>	<p>Dei oppdaterte prognosene fra Statnett/Statkraft som viser at kraftbalansen i landet beveger seg raskt i retning av underdekning vil sette ny grøn verdiskaping under press både m.o.t tilgang og risiko for lite konkurransedyktige energiprisar som kan true den</p>	<p>Tatt til orientering</p>

	samla satsinga. Modellen med betydelige anleggsbidrag for å ta i bruk ny kapasitet er ein tilleggstrussel i form av at innovative grønne teknologiar ofte har manglande finansiell evne til å utvikle seg i konkurranse med meir etablerte aktørar som ofte nyttar etablert teknologi til dei ulike fornybarkjeldene.	Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.
Bjørnafjorden kommune (2022/3616-131)		
Samandrag	Vestland fylkeskommune har presentert eit framlegg til regional plan for fornybar energi som på mange områder tek opp i seg dei utfordringane regionen, Noreg og verda står over for når det kjem til klima og miljø, men Bjørnafjorden kommune opplever at det på nokre områder kunne vore nokre presiseringar og utdjupningar for å gjere planen enno betre. Bjørnafjorden kommunestyre si høyringsuttale kjem fram i saksframlegget i sin heilheit	
Saksframlegg	<p>Vestland fylkeskommune har sendt sitt framlegg til regional plan for fornybar energi på høyring. Planarbeidet har vore gjennomført i samarbeid med arbeidsgruppa for den nye regionale klimaplanen, som var på høyring hausten 2022. Valet om å dele dette planarbeidet i to adskilte prosessar og at den regionale energiplanen vidare skulle avgrensast til kun fornybar energi vart gjort av fylkespolitikarane i oppfølginga av Utviklingsplanen for Vestland (regional planstrategi, 2020-2024).</p> <p>I det påfølgande er Bjørnafjorden kommune sine kommentarar og innspel til planen. Innleiingsvis ønskjer kommunen å peike på at planen er eit godt grunnlag for det vidare arbeidet, men vi vil, som det kjem fram i høyringsuttalen, foreslå nokre presiseringar og justeringar. FN sine prinsipp og mål om berekraft er nytta som førande premiss for all samfunnsutvikling og overordna planlegging i Vestland fylke, jf. Regional planstrategi 2020-2024. Det er slikt sett forståeleg at ein regional energiplan har eit sterkt fokus på fornybarheit.</p> <p>Kommunane i Vestland fylke, og resten av den industrialiserte verda trengje betydelege mengder karbonfri energi. Då vil ei ekskludering av ikkje-fornybare, men likefult berekraftige, karbonfrie energikjelder kunne virke mot si hensikt. Fossile brensel (hydro-karbon) med karbonfangst og -lagring og 4. generasjons kjernekraft (MMR/SMR) er døme på to energisystem/teknologiar som Bjørnafjorden kommunen meiner bør vere med i ein plan som dette. Det er difor med stor glede at Bjørnafjorden kommune ser at den regionale planen har teke neste generasjon kjernekraft inn i planen som eit deltema som skal følgjast nærare opp i eiga utgreiing.</p>	Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.

Tilsvarende tilnærming bør planen óg ha for fossile brensel med karbonfangst og -lagring (CCS). Bjørnafjorden kommune meiner at avgrensinga som er gjort kring produksjon av blått hydrogen (bearbeiding av naturgass/metan med CCS) er uheldig. Fram til at produksjon av hydrogen ved hydrolyse av sjøvatn (grønt hydrogen) er teknisk og økonomisk gjennomførbart vil blått hydrogen spele ei viktig rolle i norsk og europeisk energimiks. Det er knytt betydelege verdikjeder til blått hydrogen som fleire av kommunane i Vestland ønskjer å ta del i. Dette bør gjenspeilast i planen.

Både FN sitt klimapanel og FN sitt naturpanel har peikt på verdas behov for energi som ein av dei største einskilddrivande faktorane bak klima- og naturkrisa. Verdaskrav vil stige kraftig dei neste 70-80 åra før energikravet er venta å flate ut på eit historisk høgt nivå. Det er inga sikre analyser om den relative fordelinga av dei ulike energikjeldene i den framtidige energimiksen, men samtlege analyser gjort av det internasjonale energibyrået (IEA) peiker på at mengda fornybar og berekraftig energi vil auke medan mengda av fossil energi (olje, kol og naturgass) vil synke. Det massive behovet for energi er eit uttrykk for eit verdssamfunn som veks og som utviklar seg. Slik vil det og vere for kommunane i Vestland: ein ønskjer fortsatt vekst og utvikling, men i sterk kontrast frå tidlegare, så skal all samfunnsutvikling heretter skje i tråd med prinsippa om berekraft, jf. regional planstrategi for Vestland. Planar og tiltak for økonomisk vekst skal ikkje lenger gjennomførast om dei ikkje samstundes sikrar sosial og miljømessig vinst. Her er ei rekkje dilemma knytt til interessekonfliktar som den regionale energiplanen bør ta opp i seg.

Bjørnafjorden kommune kan ønskje seg ei presisering av korleis er det tenkt at kommunane skal arbeide for å kunne tilby tilstrekkeleg karbonfri energi for å understøtte vekst og utvikling i sine respektive lokalmiljø og samstundes sikre ei berekraftig arealbruk. Framlegget peikar med rette på dei openbare målkonfliktane som mellom anna er mellom storstilt vass- og vindkraftutbygging og nedbygging av natur, men det er eit sagn ved planframlegget at ikkje denne og andre mål- og interessekonfliktar vert nærare diskutert.

Vi saknar noko meir balanse i skildringa av kva rolle dei ulike energikjeldene er tenkt å spele i ein framtidig regional energimiks. Når planframlegget ikkje omhandlar ubalansen i kraftmarknaden og den varsla effektkrise i nemneverdig grad kan ein bli sittande att med inntrykk av at regionale myndigheiter ønskjer å la det vere opp til kommunane å identifisere, utgreie, finansiere og utvikle berekraftige energisystem

	<p>som skal løyse slike utfordringar. Kommunane i Vestland har alle sine unike naturgjevne føresetnader for å avbøte energi- og effektkrisa, men dei har 6g mange identiske utfordringar som ein regional plan bør ha som ambisjon å løyse. Regulatoriske, økonomiske og teknologiske utfordringar er alle tema som i likheit med areal- og andre målkonfliktar bør visast større merksemd i ein regional plan.</p> <p>I planframlegget vert ulike energikjelder/-system sett opp mot kvarandre for å synleggjere deira klimagassutslepp og arealbeslag per produsert energieining. Dette er bra og naudsynt for at vurderingane som skal gjerast av kommunane byggjer på eit omforeint kunnskapsgrunnlag. Likevel saknar vi nokre presieringar/tydleggjingar som kan gjera det enno enklare for kommunane å forhalde seg til dette og samenlikne seg med andre kommunar.</p> <p>Når ein i planframlegget ønsker å gjere ei samanstilling av energikjeldene sine totale miljøavtrykk så bør ein ikkje avgrense vurderinga til kun to parametre (klimagassutslepp og arealbehov). Viktige parametre som bør leggjast til grunn for ein heilheitleg analyses er til dømes teknologimodenheit, helsefare, materialbruk og byggjekostnad.</p> <p>I den endelege energiplanen for Vestland er det viktig at samanstillinga av dei ulike energikjeldene som skal satsast på kan samanliknast på eit fullstendig og etterretteleg grunnlag. Når ein til dømes i planen ønskjer å sette dei ulike energikjeldene sine miljøavtrykk opp mot kvarandre er det viktig at eininga som vert nytta er lik (t.d. installert effekt per kvm).</p> <p>Planframlegget legg til grunn at 30,5 TWh skal erstattast med fornybar energi i Vestland fylke innan 2035 for å nå målet om netto nullutslepp. Dette er eit kraftbehov (2018) som i dag vert dekt av fossile energikjelder. Som del av grunnarbeidene til den regionale planen er det utarbeid ein analyse av potensialet for ny fornybar energi i Vestland. Dette potensialet er funne å vere ca 18 TWh for den aktuelle perioden (jf. fig. 4 i planframlegget). Slik figuren og brødteksten til denne vert presentert er det eit visst grunnlag for usikkerheit eller misforståing av kva som vert presentert. Er det teke høgde for den kraftige veksten i kraftbehovet i Vestland i åra framover når desse 30,5 TWh vert vist til i planframlegget?</p> <p>Vi opplever at framlegget til ny plan går ikkje særleg i djupna på dei ulike energikjeldene/teknologiane. Dette er eit sakn då vi ønskjer at ein overordna plan, som</p>	
--	--	--

	<p>i tillegg til å peike på overordna strategiar og tiltak for å nå felles mål, bør kunne fungere som ei kjelde til kunnskap i det lokale energi- og klimaarbeidet. Bjørnafjorden kommune tillet seg å tilrå at planen i større grad tek med oppdatert kunnskap kring energikjelder og teknologi. Gjerne i form av eit vedlegg til planen.</p> <p>I delkapittelet om vasskraft er det ei formulering som kan opplevast som noko upresis: «Der negative konsekvensar for vasskraftprosjekt er høge skal ikkje prosjektet realiserast». Kva legg regionale styresmakter i omgrepet, «høge»? I retningslinene til planen er det vist til generelle føringar knytt til forvaltning av vassdrag. Desse er godt kjent for kommunane som jobbar tett opp mot vassdirektivet og vassforskrifta.</p> <p>Utfordringa med planframlegget slik vi ser det er at her er det ikkje gjeve samordnande presiseringar eller tilrådingar som skal sikre at lokale vurderingar og vedtak understøtter dei felles, regionale måla. Delkapittelet om vasskraft vert fulgt opp i retningslinene for planen. Retningsline nr.17 trekk fram landskapskarakter og opplevingsverdi som dei to parametra som skal vurderast i samband med inngrep i eksponerte vassdrag. Bjørnafjorden kommune vil tilrå at også naturmangfald vert skrive inn som vurderingsparameter i retningslinene i den endelege planen.</p>	
Stord kommune (2022/3616-132)		
Generelt	<p>Stord kommune ved formannskapet fatta i møte 01.02.2023 vedtak om å sende følgjande uttale til regional plan for fornybar energi i Vestland 2023.</p> <p>Stord kommune ser positivt på ein regional plan der målsetninga er å auka produksjonen av fornybar energi og arbeida for å etablera ein betre teknisk infrastruktur for transport av straum.</p> <p>Stord kommune har ei målsetting om å ha nullutslepp av klimagassar i 2030, og for å nå dette målet treng me at fylkeskommunen legg opp til ein ambisiøs plan for å sikra tilgang til fornybar kraft.</p> <p>Det er viktig med ei overordna ramma i samsvar med FN sine berekraftsmål og føringar slik at ein oppnår god vektning opp mot andre viktige samfunnsomsyn.</p> <p>Stord kommune viser til at det i dei overordna måla er tatt inn gode føringar for å sikre ei heilskapleg samfunnsutvikling.</p> <p>Stord kommune har følgjande innspel til den regionale planen og handlingsprogrammet:</p>	
Fornybare kjelder	<p>Planen har som mål at det skal produserast meir fornybar energi og at skal byggast meir infrastruktur for overføring av denne.</p> <p>Ein regional plan burde vera ein arena for å avklare fylket sitt syn på kva fornybare kjelder som skal utviklast og kvar dette skal skje. Det ville gjera at kommunane kunne</p>	Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.

	<p>legge til grunn dette i si planlegging. No er det uklart kva kommunane skal planleggja for.</p> <p>Slik planen er no, stadfestar den dei overordna måla, men fungerer ikkje som eit verktøy for overordna, regional planlegging og samordning i fylket. No vert alle spørsmål om kvar og korleis flytta ned på den enkelte utbygging, og dette gjer at ein ikkje får ei heilskapleg tilnærming.</p> <p>I tillegg vert dette gjennom retningslinjene opp til kvar enkelt kommune å vurdere korleis og kvar den fornybare krafta skal kome. Her burde planen i større grad tatt nokre viktige prinsipielle diskusjonar og avklaringar.</p>	Fylket legg med denne planen opp til at alle dei fornybare energikjeldene takast i bruk i Vestland, men det er opp til kvar enkelt av kommunane å bestemme kva for kjelde som passar best og kor i deira kommune.
Begrepsbruk	<p>Ordet «grøn» er nytta i utstrakt grad i planen, som til dømes «grøn verdiskaping», «grøn energi», «grøn industri», «grøne arbeidsplasser» m.m. Fylkeskommunen burde ha nytta høvet til å definera kva dei legg i ordet «grøn», då det er uklart kva som oppfyller kriteria for å vera «grøn».</p>	Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.
Mål, delmål, ambisjonsnivå og retningslinjer	<p>Planen framstår som svært kompleks og det er uklart kva som skal leggjast til grunn i kommunen si planlegging. Med mål, delmål, ambisjonsmål, retningslinjer og tiltak så vert det for mange punkt som i liten grad set ei klår retning. Kompleks målhierarki og punkt som i stor grad vert gjentatt i dei ulike, gjer at det er eit stort potensiale for å forenkla og korta ned talet på punkt og innhald.</p>	Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.
Retningslinjer	<p>Retningslinjene har gode formuleringar knytt til ein utfordrande balanse mellom ulike omsyn. Det burde imidlertid vera vesentleg færre retningslinjer. Konkret til retningslinjene har me desse merknadane:</p> <p>a. Det er svært mange retningslinjer, der det tidvis er gjentakningar og same innhald i dei ulike, til dømes retningslinje 26, 27 og 28.</p> <p>b. Det burde ikkje vera naudsynt å ha eigne retningslinjer for spesifikke arter når det er gitt generelle retningslinjer som dekkjer det som gjeld omsyn og avbøtande tiltak.</p>	Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.
	<p>c. Det bør ikkje vera naudsynt å ta inn at lov og forskrift skal gjelda, mellom anna jf. punkt om at verneforskrifta skal gjelde m.m. d. Lov om offentleg anskaffelser og anskaffelseforskriften har føringar som seier at det skal nyttast klimavennlege løysingar, og det bør vurderast om retningslinje 3, 4 og 7 berre gjentar det lova seier.</p>	Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.
Kystlandskap	<p>Stord kommune vil peika på at det er knytt mange retningslinjer til landskapstypen fjordlandskap og høg fjell. Det er ikkje sagt noko om kystlandskap her. Det burde vera eit eige punkt som omhandlar denne landskapstypen sidan ein del av dei fornybare</p>	Tatt til følgje.

	kraftkjeldene vil lokalisert her. Samstundes er dette og ein svært vanleg landskapstype i Vestland fylke der det i dag er stor interesse for ulike bruk av areala.	Endring eller informasjon av politisk betydning, som presenterast i saksframstilling. Fylkesdirektøren rår til at ordlyden endrast til kyst- og fjordlandskap
Energieffektivisering	Den regionale planen tek utgangspunkt i at all fossil energi skal erstattast av fornybar energi, men har ikkje vurdert energieffektivisering. Med eit mål om å ha ein positiv kraftbalanse bør energieffektivisering vera eit av verkemidla. Dette bør vera utgreidd	Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring. Energieffektivisering er utanom mandatet til planen, men er behandla i regional plan for klima.
Kommunens vurdering	Ein vil i tillegg peika på at retningslinjene tek fram verdiar knytt til internasjonale, nasjonale og regionale verdiar. For kommunen er dei lokale verdiane og viktige, og kommunen si vurdering av konsekvensar for områder med viktige lokale verdiar bør vektleggast i slike saker. Dette bør kome fram i retningslinjene	Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.
Handlingsplan	Handlingsplanen har ei fornuftig kopling mellom delmål og strategiar. Handlingsdelen skal ha ein varigheit på 4 år og me ber om at de vurderer om 38 relativt ressurskrevjande tiltak er realistisk å gjennomføre på 4 år. I tillegg må alle handlingsdelar ha både ein tydelig plassering av ansvar for å utføre tiltaket og ei tidsramma for når tiltaket skal vera gjennomført. Dette manglar i handlingsdelen. Me ber om at dette vert teke inn i handlingsdelen.	Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.
Statens Vegvesen (2022/3616-135)		
Statens Vegvesens si rolle i planlegginga	Statens vegvesen har ansvar for at føringar i Nasjonal transportplan, statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging, vegnormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar blir ivaretekne i planlegginga. Statens vegvesen sitt samfunnsoppdrag er å utvikle og leggje til rette for eit effektivt, tilgjengeleg, sikkert, og miljøvennleg transportsystem. Vi uttalar oss som forvaltar av riksveg på vegne av staten, og som statleg fagmynde med sektoransvar innanfor vegtransport. Statens vegvesen sitt sektoransvar for vegnettet inneber eit overordna ansvar for at trafikksikkerheit, klima- og miljøomsyn, og heilskapleg bypolitikk blir ivareteke i alle planforslag som vedkjem samferdsel. Dette gir oss høve til å stille krav til både statlege, fylkeskommunale og kommunale vegar, gater og løysingar for gåande og syklande.	

<p>Statens Vegvesens sine innspel i saka</p>	<p>Utbygging av fornybar energi vil kunne påverke riks- og europavegar på ulike måtar. Retningslinjer for planlegging (side 27 – 29) har ikkje konkrete retningslinjer for korleis ein ved planlegging og utbygging av fornybar energi skal halde seg til offentlege vegar og ta omsyn til dei.</p> <p>Vi føreset at konkrete utbyggingar og tiltak som kan få verknader for riks- og europavegar vil bli handsama i planar etter plan- og bygningslova eller anna relevant lovverk, og at Statens vegvesen vil verte involvert i planarbeidet. Vi minner også om at transport av større komponentar til energianlegg langs våre vegar vil kunne trenge arbeidsvarsling. Ut over det har vi ikkje vesentlege merknader til planutkastet.</p>	<p>Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.</p>
<p>Nei til vindkraft i Kvinnherad (2022/3616-133)</p>		
<p>Høyring: Regional plan for fornybar energi i Vestland fylkeskommune 2023 – 2035 og handlingsprogram 2023 - 2027</p>	<p>Nei til vindkraft i Kvinnherad, vart oppretta i mai 2019 for å arbeida mot mogleg etablering av vindkraft slik dette vart skissert i dokumentet «Nasjonal Ramme for Vindkraft» frå NVE i april 2019. På landsbasis vart det sendt inn vel 5000 uttalar mot vindkraftbygging. Av desse var heile 2000 frå Kvinnherad.</p> <p>Ambisjonsmålet for vindkraft i: Utkast til Regional plan for fornybar energi i Vestland (s. 15) legg opp til ei årleg produksjonsauke frå dagens nivå på 1.6 TWh til 5TWh.</p> <p>Vi vil i det følgjande, med utgangspunkt i vår kommune, men og på generelt grunnlag, argumentera mot vidare utbygging av landbasert vindkraft som kjelde til meir fornybar energi. Snarare er det vår meining at vindkraft er den mest arealkrevjande og minst bærekraftige og effektive energiproduksjon ein kan leggja til rette for.</p>	
<p>Folkeleg og politisk motstand mot utbygging vindkraft i kommunen</p>	<p>Nei til vindkraft i Kvinnherad har sidan starten våren 2019 på ymse vis jobba mot etablering av vindkraft i vår kommune. Den folkelege motstanden er stor og jamt aukande. Av kommunen sine 13000 innbyggjarar er pr. i dag 5530 medlemmar i gruppa. Ut frå responsen på gruppa sine aktivitetar er det eit klart og tydeleg folkeleg engasjement mot etablering av vindkraft i Kvinnherad. Nei til vindkraft i Kvinnherad har og jobba aktivt opp mot kommuneadministrasjon og lokalpolitikarane, noko som bidro til at først formannskapet og seinare kommunestyret den 29.08.19. einstemming ba OED om at Kvinnherad vart teken ut av rammeplanen: «Eit samla kommunestyre meiner konfliktgrada og dei negative konsekvensane er så store at det er heilt uaktuelt med etablering av vindkraft i nokon av dei føreslåtte områda i kommunen. På bakgrunn av dette ber kommunestyret Olje- og energidepartementet om å ta Kvinnherad ut av rammeplanen».</p> <p>Formannskapet i Kvinnherad stadfesta dette den vedtaket 21.04.22 i ei samrøystes uttale til Regional plan for fornybar energi der det vart vist til vedtaket over frå august</p>	<p>Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.</p>

	<p>2019): «Eit samla kommunestyre meiner konfliktgrada og dei negative konsekvensane er så store at det er heilt uaktuelt med etablering av vindkraft i nokon av dei føreslåtte områda i kommunen. På bakgrunn av dette ber kommunestyret Olje- og energidepartementet om å ta Kvinnherad ut av rammeplanen.. Kvinnherad formannskap meiner dette ligg fast og meiner at konfliktgraden og dei negative konsekvensane av vindkraftutbygging er så store at det er heilt uaktuelt med etablering av slike anlegg i Kvinnherad. Dette synet må leggjast til grunn også i dette planarbeidet.»</p> <p>På møte den 02.02.23 der Formannskapet vedtok uttale til Regional plan for fornybar energi i Vestland fylkeskommune 2023 – 2035 held politikarne nok ein gong fast på tidligare vedtak om nei til vindkraft i Kvinnherad</p>	
<p>Konsekvensar av vindkraftutbygging for natur og miljø</p>	<p>Kvinnherad er ein av landets største kraftkommunar. 3% av grøn energi i Noreg blir produsert i vår kommune. 85% av vassdraga i kommunen er bygd ut gjennom omfattande vasskraftutbygging med oppstart i 1947 og delar av naturen ber preg av dette.</p> <p>Utbygging av vindkraftanlegg vil, slik vi ser det, øydeleggja desse enda vakre landskapa sin verdi som friluft og rekreasjonsområde med store skadeverknader på natur, artsmangfald, dyr, fugl og insektsliv. Desse inngrepa vil vera permanente og irreversible i form av opptil 250 m høge turbinar med støy opp mot 110 desibel, blinkande høyintens lys og farlege iskast frå turbinane. Landskapet vil bli omgjort til eit industriområde med massive inngrep i form av skjæringar, oppstillingsplassar og anleggsvegar, slik vi ser resultatet av i område der vindkraftanlegg er etablert.</p> <p>Tabellen på side 10 i utkastet til Regional plan for fornybar energi viser at utbygging av vindkraft på land er den energiforma som klart krevjar mest areal, opp mot 40 km² pr. produsert TWh.</p> <p>Ambisjonane i utkastet om å auka vindkraftproduksjonen frå dagens 1.6 TWh til 5 TWh med store naturinngrep i urørte område harmonerer særst dårleg med dei internasjonale ambisjonane frå Naturtoppmøtet i Montreal om å verna 30% av naturareala, som Norge har slutta seg til og vårt ønske om å framtre som eit grønt og naturvenleg land på den internasjonale arena.</p> <p>I Norge har vi i dag om lag 18% urørt natur igjen og vi byggjar stadig ned meir gjennom omfattande hyttebygging. I vårt område t.d. i Myrkdalen, på Vågsli / Haukeli, og Eidfjord Resort som er under planlegging. I tillegg vert det gjennomført og planlagt</p>	<p>Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.</p>

	<p>store veiprosjekt ofte med motorveistandard med omfattande naturinngrep slik vi kan se det på Austlandet og Sørlandet. Ny firfelts E39 sørover mot Rogaland vil medføre store inngrep på Tysnes i natur med særleg verneverdige kvalitetar, samt en gigantisk bru over Bjørnafjorden. Utbygging av kraftnettet og moderne skogbruk legg og beslag på store areal. Den same nedbygginga av (meir eller mindre) urørt natur skjer og rundt våre byar og tettstader.</p> <p>Utbygging av fleire vindkraftanlegg, slik planutkastet til regional plan legg opp til vil leggja beslag på ytterlegare store areal med uberørt natur, stikk i strid med intensjonane m.a. frå Naturtoppmøtet i Montreal. Samstundes veit vi og at vindkraft er lite effektiv og berre produserer energi 1/3 av tida. Vindkraft er soleis ei labil kraftkjelde som må erstattast av anna energi 2/3 av tida for å vera ein stabil kraftleverandør.</p> <p>Ytterlegare uttak av grøn energi bør, etter vår meining, skje gjennom energiøkonomisering av eksisterande og framtidig bygg/ boligmasse og ikkje minst oppgradering av eksisterande vasskraftanlegg. Sentrale styresmakter må leggja til rette for at ein slik modernisering kan skje under same rammevilkår som i dag favoriserer vindkraftindustrien. I tillegg meiner vi at det på Vestlandet, som har kysten som næraste nabo og stabile energikjelde, må satsast meir på utvikling av havenergi/ bølgekraft og varmepumpenergi (vann - luft) og termisk energi (t.d. frå gamle borehull og frå fjell og tunnelar) og sjølvsagt må det leggjast til rette for solenergi og kanskje bør ein på sikt utrede kjernekraft/ thoriumteknologi. Elektrifisering av sokkelen med landstraum er energiauding og bør skrinleggjast. Når/ viss dette prosjektet skal gjennomførast bør ein satsa på bølgekraft eller termisk energi frå gamle borehull. Batterifabrikkar, datalagringsentra, hydrogen og bitcoin-produksjon er såkalla «grøne» satsingsområde som vil krevje enormt mykje energi Det er vår meining at ein heller bør satse på å sikre gode rammevilkår og tilgjengelig, forutsigbar og rimeleg kraft til tradisjonell industri der vi er verdsleiande på bærekraftig teknologi (smelteverksindustrien) og til og små og mellomstore bedrifter i distrikta, snarare enn å promotere «grøne luftslott» som tvinger fram behov for gigantisk energiutbygging med store negative konsekvensar for natur, miljø og folks helse og livskvalitet</p>	
<p>Konsekvensar for lokalsamfunn, «bulyst», reislivbasert næring, folkehelse og livskvalitet</p>	<p>Forutsatt at andre grunnlagsinvesteringar er på plass, viser spørreundersøkingar at tilgang til vakker, urørt natur og friluftsliv kanskje er den viktigaste grunnen til at folk ønsker å flytte tilbake/ busette seg i Kvinnherad og andre tettstader på Vestlandet. Erfaringar frå område med utbygd vindkraft syner at folk får direkte helseplagar kanskje særleg relatert til kontinuerleg støy og lys og skyggekast frå anlegga. M.a. frå</p>	<p>Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.</p>

	<p>Tysvær vert det rapport at folk ikkje får sove og må reise vekk for å «ta seg inn igjen». Kriteria for måling av støy frå vindkraft baserer seg forøvrig på tal frå flate Danmark. Dei negative verknadane vil vera heilt annleis i typisk norsk natur med dalar, fjell og bergsider. Samtidig opplever folk som bur med vindkraft som nabo at eigedomane deira fell i verdi og er vanskelege å omsetja. I tillegg har det i mange utbyggingsområde og lokalsamfunn oppstått dyp intern splid og konflikhtar mellom dei som har avstått grunn og tent pengar på anlegga og dei som opplever redusert livskvalitet og andre negative konsekvensar av lokal vindkraftutbygging. Dette kan vera økonomiske tap i form av verditap på eigedom, tap av natur til tradisjonelle friluftaktivitetar og jakt/ sanking og dei som får næringsgrunnlaget sitt direkte trua t.d. innan reiselivsbasert næring og tradisjonelle næringar som reindrift nordpå og i Midtnorge.</p> <p>Pr. i dag er det i Vestland, i henhold til tal frå fylket, 21000 arbeidsplassar knytt opp mot reiselivsnæringa, og samla i regionen 44000. Ut i frå erfaringar frå andre utbyggingar vil ei realisering av vindkraftambisjonane i Utkast til regional plan for fornybar energi kunne gje anslagsvis 20 - 28 arbeidsplassar. Reiseliv og turisme, m.a. knytta opp mot Folgefonna nasjonalpark og reiselivsdestinasjon Hardanger, blir ei stadig viktigare heilårsnæring i vestlandskommunar som Kvinnherad med natur og kulturopplevingar som basis. Seinast tett oppunder jul var det besøk av cruisebåtar i Rosendal.</p> <p>Fjella i Sunnhordland og Kvinnherad er i ferd med å få UNESCO-status truleg i løpet av 2023 og området vil dermed bli ytterlegare attraktivt som reisemål. Bygging av vindkraftanlegg vil torpedere områdetets kvalitetar som reiselivsdestinasjon for ymse former for reiselivsbasert næring og UNESCOstatusen vil truleg og bli trua</p>	
<p>Konklusjon og innspel til planutkastet</p>	<p>Erfaringar med vindkraft viser at utbygging, utover direkte rasering av natur og miljø, ofte har sær negative konsekvensar for folkehelse, livskvalitet og trivsel for fastbuande. Ueberørt natur og naturkvalitetar er sær viktig for «bulyst» i distrikta både for å halde oppe folketalet og for rekruttering til lokalt arbeidsliv, og ikkje minst for ymse former for reiseliv og turisme som blir ei stadig viktigare næring med mange gonger fleire arbeidsplassar enn det ein erfaringsmessig kan forvente i vindkraftindustrien. Vakker natur har vore utgangspunkt for turisme i Hardanger og Sunnhordland og andre plassar på Vestlandet i 150 år. Vi må ikkje skusla bort denne naturgjevne ressursen i vår iver etter meir energi. Skal vi oppretthalde distrikta og attraktive tettstader og bygder bør ytterlegare produksjon av fornybar energi i Vestland etter vår meining i hovudsak skje gjennom satsing på energiformer og eit arbeids og</p>	<p>Ikkje tatt til følgje Innspel er vurdert, men ikkje aktuelt med endring.</p> <p>Retningslinjene 6, 12 og 13 seier at bygging av kraftverk og infrastruktur knytt til fornybare energikjelder skal ta i vare omsyn til miljø og andre arealinteresser, at det ikkje skal byggast vindkraft på land i urørt natur, der viktige</p>

	<p>næringsliv som det naturleg, geografisk og historisk ligg til rette for (sjå avsnittet: Konsekvensar av vindkraftutbygging for natur og miljø), snarare enn å promotere ymse særskilte kraftkrevjande «grøne luftslott». Ut frå argumentasjonen over meiner vi at vindkraft er den mest arealkrevjande og minst effektive og bærekraftige energiform ein kan leggje opp.</p> <p>På dette grunnlagi vil vi be om at avsnittet om vindkraft vert teken heilt ut av: Utkast til regional plan for fornybar energi 2023 – 2035.</p>	<p>verdiar knytt til natur, landskap, kulturminne, kulturmiljø eller reiseliv blir forringa eller i strid med kommunale vedtak.</p> <p>Behovet for produksjon av fornybar energi, sett opp mot behovet for å ivareta andre viktige arealverdiar, som urørt natur, biologisk mangfald, landskaps- og friluftsinnteresser, er ein særleg tydeleg interessekonflikt ved arealkrevjande tiltak. Fylkesdirektøren meiner det likevel er eit potensial for utbygging av vindkraft som tek i vare omsyna som måla og retningslinjene legg opp til.</p>
Fitjar kommune (2022/3616-134)		
Vurdering	<p>«Framlegg til Regional plan for fornybar energi 2022-2035 med tilhøyrande Handlingsprogram 2023-2027» er ein omfattande og grundig gjennomarbeidd plan.</p> <p>Det er heller ingen tvil om at det er ambisiøse og velmeinte tankar bak denne planen. Likevel er det vanskeleg å sjå korleis Vestland Fylkeskommune skal bidra til at ambisjonane i planen om auka produksjon av fornybar energi vert oppfylt, då den er lite konkret. Planen er tydelegare på begrensning enn korleis ein skal få til utbygging av fornybar energi.</p> <p>Vestland fylkeskommune sine føreslåtte retningslinjer har punkt som kan hindra utbygging av ny fornybar energi. Som eit eksempel på det kan nemnast at i retningslinjene punkt 13. står følgjande: «Det skal ikkje byggjast vindkraft i urørt natur på land eller der viktige verdiar knytt til natur, landskap, kulturminne, kulturmiljø eller reiseliv blir forringa.»</p> <p>Utan at Vestland fylkeskommune har definert kva som ligg i definisjonen «urørt natur» er det grunn til stilla spørsmål ved om Midtfjellet vindpark og andre liknande prosjekt ville blitt tillate etter desse retningslinjene? Kommunedirektøren meiner at</p>	<p>Tatt til orientering Innspeil inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.</p>

	<p>lokaldemokratiet og kommunestyra har dei beste forutsetningane for å gjere kloke val kor ein eventuelt skal bygga ut ny fornybar produksjon av elektrisk kraft og ser ikkje at det skal vere noko behov for at Vestland fylkeskommune pålegg kommunane nye reglar og retningslinjer for dette.</p> <p>I høyringa til planprogrammet vektla Fitjar kommune at kommunar som stiller naturen til rådvelde for fornybar energi vert betre kompensert. Sidan dette høyringsinnspelet er kompensasjonen for vindkraft auka noko, og det er bra. Likevel er det framleis usikkert om den kommunale naturressursskatten på 1,1 øre som er foreslått skal haldast utanom utjamninga i det kommunale inntektssystemet eller ikkje. Dersom denne skatten går inn i inntektsutjamninga vil størstedelen av denne skatten tilfalla kommunar som ikkje har vindkraft, noko som er klart urimeleg. Kommunedirektøren vil derfor på nytt fremja forslag om at me igjen påpeikar denne urimelegheita.</p>	
Vedtak i Fitjar kommune	<p>1) Fitjar formannskap meiner at kommunane er dei som er best i stand til å vurdere kor det eventuelt skal byggjast ut ny energiproduksjon.</p> <p>2) Fitjar formannskap meiner at det er urimeleg dersom størstedelen av den kommunale naturressursskatten på vindmøller skal gå til kommunar som ikkje har vindmøller og ber om at Vestland fylkeskommune arbeider for at denne skatten vert halden utanfor inntektsutjamninga.</p>	Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.
Nei til vindkraft i Gulen (2022/3616-136)		
Vindenergi	<p>Nei til vindkraft i Gulen (NVG) viser til at regional plan for fornybar energi 2023-2035 for Vestland fylkeskommune er på høyring, med høyringsfrist 20. februar.</p> <p>Vi ønskjer med denne uttalen å kommentere fleire av punkta i planen som gjeld vindkraft på land og omsynet til naturen i samband med kraftutbyggingar.</p> <p>Det første NVG ønskjer å kommentere er at planen på s. 15 legg opp til ei tredobling i produksjon av energi frå vindkraft på land, frå 1,6 TWh til opptil 5 TWh årleg. Dette målet må fjernast då det per i dag ikkje er nokon kommunar i fylket som har sagt dei ønskjer vindkraft på land. Etter vedtaket i Fylkesutvalet i juni 2022, vart alle kommunane førespurde om å uttale seg om dei hadde planar om eller ønskte vindkraft på land. 26 av kommunane svarte, og ingen av dei gav uttrykk for at dei verken hadde planar for eller ønskte vindkraft på land. Å lage ein plan der ein legg opp til ei tredobling av denne forma for produksjon, vert difor direkte udemokratisk dersom fylket skal lytte til kommunane i saka. Dette målet bør difor fjernast.</p> <p>Vidare vil vi påpeike at det er svært viktig at punkt 12 og 13 i retningslinjene for dei fornybare energikjeldene vert ståande. Fjernar ein desse punkta, har fylkeskommunen</p>	<p>Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.</p> <p>Fylkesdirektøren visar til kartlegginga gjort etter sak PS164/22 som nemnt. 24 av kommunane i Vestland signerte på ordførar oppropet om kommunal råderett i vindkraftutbygging til regjeringa ved Olje- og energiminister Tina Bru overlevert 4. september 2020.</p>

	<p>ein plan som legg opp til utbygging av vindkraft på land, i strid med kommunale vedtak og ønske, og med politiske vedtak i Fylkestinget (2020) og Fylkesutvalet (2022).</p>	<p>I kartlegginga til Vestland svarte 11 kommunar at dei har vedtak som har stoppa vindkraftutbygging i kommunen. 7 kommunar sendte motsegn til NVEs forslag til nasjonal ramme for vindkraft på land i 2019. Ingen av kommunane meldte om vedtak gjort for tilrettelegging av vindkraft i kommunen.</p>
	<p>Når det er sagt, så meiner vi at punkt 13 bør endrast. Det står i høyringsutkastet «Det skal ikkje byggjast vindkraft i urørt natur på land eller der viktige verdiar knytt til natur, landskap, kulturminne, kulturmiljø eller reiseliv blir forringa». Her bør ordlyden endrast frå «urørt natur» til «natur» då mykje natur som ikkje nødvendigvis er «urørt» framleis har viktige verdiar. Punktet bør også ta opp i seg «friluftsliv og landbruk», som naturen, utmark og fjellområde har stor verdi for. Vidare bør ordlyden endrast frå «urørt natur» til «natur» alle stader dette er nemnt i samband med vindkraft på land i planen (s. 15 og 27). I tillegg bør det presiserast i punkt 13 at det ikkje skal gjevast konsesjon til vindkraft på land i Vestland fylke, med unntak av vindkraft i alt etablerte større industriområde.</p>	<p>Ikkje tatt til følgje Innspel er vurdert, men ikkje aktuelt med endring.</p> <p>Fylkesdirektøren rår til at ordlyden er <i>urørt natur</i> fordi natur vil famne all natur, både utbygd og urørt.</p>
	<p>I punkta om «sårbart høgfjell» på s. 28, punkt 18 og 19, er det ikkje sagt noko om kva som vert rekna som sårbart høgfjell og kva som kvalifiserer som «varige sår i naturen». Det er heller ikkje sett krav til metode for å definere dette, noko som bør innarbeidast i planen.</p> <p>I tillegg bør ordlyden i desse punkta endrast frå « .. skal ein vere restriktiv med kraftanlegg ... » og « .. bør ein vise varsemnd med løyve til ny kraftutbygging» til «Det skal ikkje gjevast løyve til noko form for kraftutbygging i område definert som sårbart høgfjell».</p> <p>På same måte bør ordlyden i punkt 31 på s. 28 endrast frå «Ein bør vise varsemnd ved utforming av ny kraftutbygging, slik at tiltaka ikkje reduserer opplevingskvalitetane i friluftsområde med stor verdi» til «Det skal ikkje tillastast ny kraftutbygging der</p>	<p>Ikkje tatt til følgje Innspel er vurdert, men ikkje aktuelt med endring.</p> <p>Fylkesdirektøren rår til at ordlyden ikkje endrast fordi fylkeskommunen ikkje har mynde til å frede naturområde. Planen legg opp til sterk kommunal råderett og planen skal vere rettleiande ovanfor kommunane i deira sakshandsaming.</p>

	<p>opplevingskvalitetane i friluftsområde med stor verdi vert forringa». Dette fordi det er vanskeleg å måle kva som vil vere ein «reduksjon» av opplevingskvalitetane.</p>	
	<p>Vidare meiner vi at det bør spesifiserast i punkt 7 på side 27 i «Retningslinjene som gjeld dei fornybare energikjeldene» at fylkeskommunen og kommunar skal «vektleggje klimafotavtrykk og berekraft i produksjon av komponentar frå utvinning av råstoff til ferdig anlegg».</p>	<p>Tatt til følge. Endring er av mindre karakter og ikkje presentert i saksframstilling.</p> <p>Ved bruk av komponentar til produksjon av energi frå fornybare energikjelder bør fylkeskommunen og kommunar vektleggje klimafotavtrykket i verdikjedene til alle komponentane.</p> <p>Endrast til</p> <p>Ved bruk av komponentar til produksjon frå fornybare energikjelder bør fylkeskommunen og kommunar vektleggje klimafotavtrykket i verdikjedene til alle komponentane.</p> <p><i>Verdikjede nyttast i staden for uttrykket klimafotavtrykk og berekraft i produksjon av komponentar frå utvinning av råstoff til ferdig anlegg», som vart fremma i innspelet. Omgrepet verdikjede famner vidare og vil derfor vere eit meir dekkande omgrep.</i></p>
	<p>Vi veit at til dømes vindturbinar ikkje kjem ut som vidare berekraftige dersom ein reknar med heile produksjonskjeda på denne måten. Elles vil vi påpeike at Vestland fylke allereie har eit overskot av kraft ved at det vert produsert meir enn vi nyttar, og at også planen påpeikar at det er kapasitet i nettet som er problemet. Det skulle difor</p>	<p>Tatt til orientering</p>

	<p>ikkje vere naudsynt å leggje opp til ein auke i produksjonen frå vindkraft på land, eller andre storstilte utbyggingar som øydeleggjar verdifull natur. Til slutt vil vi vise til at det i kunnskapsgrunnlaget for plandokumentet ikkje er nemnt at det finst alternative rapportar og kunnskapsgrunnlag som seier noko anna enn det NVE og bransjen sjølve kjem fram til. Det er ei svakheit ved plandokumentet at det kviler på fakta frå NVE og bransjen, utan å ta opp i seg/drøfte eit alternativt kunnskapsgrunnlag. Det er i tillegg lite informasjon i plandokumentet om det sterke folkelege engasjementet som har vore i saka, noko som bør nemnast.</p>	<p>Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.</p>
<p>Sogndal kommune (2022/3616-137)</p>		
<p>Høyring regional plan for fornybar energi i Vestland 2023-2035 og handlingsprogram 2023-2027</p>	<p>Sogndal kommune deler Vestland fylkeskommune sine høge ambisjonar, og ynskjer å bidra til at Vestland kan bli eit leiande verdiskapingsfylke. Me skal vere ein miljømedviten kommune med klima og miljø som premis for alt me gjer. Dette betyr at kommunen kuttar klimagassutsleppa våre, driv systematisk klimatilpassingsarbeid og har minst mogleg avfall, mest mogleg gjenbruk og ein medveten arealbruk. Vi ynskjer å vere oppdaterte og ha kunnskap om moglegheitene for å ta i bruk fornybare energikjelder, og vi ser at kunnskapsbehovet hjå forvaltninga, næringslivet og i befolkninga generelt er stort når det gjelder fornybar energiproduksjon og kraftsituasjonen i Vestland.</p> <p>Sogndal kommune ynskjer å vere ein medviten kommune som tek si rolle som innkjøpar på alvor, difor understrekar vi at ein òg lyt følgja opp regionalplanen med konkrete handlingsplanar der ein gjer det enklare for kommunane å skrive klimarekneskap i innkjøpsprosessar.</p> <p>Me synes det er flott at fylkeskommunen er medviten på klimautslepp relatert til nye energikjelder og har definert dette som ein eigen ambisjon. Det er òg naudsynt at det vert stilt krav til klimarekneskap når me skal auke produksjonen av fornybar energi i Vestland og at me premierar teknologiar som gjev lågast mogleg klimaavtrykk.</p> <p>I Sogn har vi t.d. Norsun som leverer wafere til solcellepanel, kanskje med verdast lågaste klimaavtrykk, og det er eit viktig aspekt å løfte fram når vi veit at kinesiske solcellepanel dominerer marknaden – med eit heilt anna reknestykkje.</p> <p>Auka sysselsetting i regionen er eit anna viktig aspekt for oss, og helst skulle vi sett at det vart produsert ferdige solcellepanel her i regionen</p>	<p>Tatt til orientering</p> <p>Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.</p>
<p>Sogn utvikling</p>	<p>Saman med Sognekraft og kommunane Vik og Luster skipar no Sogndal kommune selskapet med arbeidstittel Sogn Utvikling AS. Selskapet skal jobbe målretta for å leggje til rette for etablering av ny straumkrevjande verksemd i Sogn, som skapar arbeidsplassar og byggjer kompetansmiljø i lokalsamfunna. Ein lyt konsentrere</p>	<p>Tatt til orientering</p>

	<p>arbeidet rundt å etablere ny næring i nærleiken av der straumen blir produsert, for å unngå unødvendig belastning av nettet og ikkje minst kostnadskrevjande utbyggingar for å transportere meir straum over lange strekningar.</p> <p>Sogn Utvikling AS skal vera ei føremålsverksemd som utviklar areal til ny grøn kraftkrevjande næring i Sogn der denne nye næringa utnyttar lokalt fornybart kraftoverskot og sterke punkt i nettet til Sygnir. I tillegg byggjer satsinga opp under ei rekkje indirekte målsetjingar som Sognekraft, via sine eigarar, og kommunane – i rolla som samfunnsutviklar – er opptekne av.</p> <p>Sogn Utvikling utviklar ei prosjektportefølje for å utnytte denne krafta i tråd med «Grønt industriløft» frå regjeringa og leverer tenester til eventuelle spesifikke føremålsverksemdar. Sogndal kommune understrekar at det er ein viktig føresetnad for vidare grøn verdiskaping i fylket å ha retningslinjer for fleksibel og sikker kraftforsyning</p>	<p>Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.</p>
<p>Etablering av Grøn HUB knytt til Sogn Utvikling si satsing</p>	<p>Det er viktig å ta heile Vestland i bruk på ein berekraftig måte for å utnytte lokalt kraftoverskot til å levere verdiaukande produkt. Det er naudsynt for å få til ei sterk regional utvikling, men sosial aksept for kraftutbygging er òg eit aspekt vi vil trekke fram.</p> <p>Fordi vi har mykje tilgjengeleg og til tider innestengd kraft i Sogn, set me no i gang med nemnte utviklingsprosjekt knytt til kraftkrevjande grøn industri med sirkularitet i fokus. Dette vert den nye naturlege og utfyllande grøne HUB'en i Sogn. Det har vore naturleg å starte med aksen Luster-Sogndal-Vik, så kan arbeidet takast vidare til resten av regionen etterkvart. Det er heilt vesentleg at denne HUB'en vert konfirmert i samband med Vestland fylkeskommune sin oppdatering av Grøn Region Vestland, så dei pågåande satsingane i regi av fylkeskommunen treff vår satsing.</p> <p>Samspelet mellom naudsynt berekraftendring i eksisterande industri og ny industri samt samspel mellom ny industri må verte teke omsyn til. Til dømes har Indre Sogn stor matproduksjon der ein kan finne gode synergjar med restvarmen frå industri eller til dømes hydrogenproduksjon, til vidareforedling eller nye matproduksjonar. Med stort kraftoverskot må Sogn Utvikling med utgangspunkt i Luster, Vik og Sogndal kommune med sitt store kraftoverskot verte ein del av Grøn region Vestland og dermed teke med i delmål 9 i planen.</p> <p>Sogndal kommune har tre mål i samfunnsplanen som saman skildrar samfunnet me ynskjer oss i 2030, ein trekant med skaparkraft, livskvalitet og miljømedvit som utgjer</p>	<p>Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.</p> <p>Innspel på etablering av grøn HUB knytt til Sogn Utvikling si satsing ligg til prosjektet Grøn Region Vestland. Innspelet oversendast dit.</p>

	<p>rammene for retninga vi skal jobbe mot i kommunen. Innbyggjarane, næringslivet, frivilligheita og dei andre skapande kreftene i kommunen er den viktigaste drivkrafta for ei aktiv nærings- og samfunnsutvikling.</p> <p>Sogndal kommune skal gje gode krefter dei beste rammene for å realisere ei god arbeidsplassutvikling, folketalsutvikling og skaparkraft i heile kommunen – heile tida med miljømedvit som ein føresetnad</p>	
Småkraftforeninga (2022/3616-138)		
Tema	<p>Småkraftforeninga er fornøyd med at planen så tydelig signaliserer at Vestland skal ha en sterk rolle som vannkraftproduserende region, også for uregulerbar småkraft. Vi er fornøyd med at planen i stor grad viderefører sentrale retningslinjer for vurdering av konfliktnivået i småkraftsaker. Her ligger det et tilstrekkelig skjønnsrom for politikere som vi forventer at blir brukt godt</p>	Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.
Sunnfjord kommune (2022/3616-139)		
Høyrings innspel	<p>Sunnfjord kommune viser til høyring av regional plan for fornybar energi, og har følgjande innspel:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Den regionale planen har gode ambisjonar for utbygging av termisk energi. Sunnfjord kommune sin arealdel av kommuneplanen er på høyring. Fjordvarmeanlegget i Førde er ei viktig energiforsyning i areldelen. • I planen sine retningslinjer for fornybar energi legg fylket opp til at det ikkje skal byggjast vindkraftverk som er i strid med kommunale vedtak. Sunnfjord kommune gjorde eit vedtak i 2019 mot utbygging av vindkraft i dei områda som låg inne i nasjonal ramme for vindkraft. Det er positivt at fylket støttar opp under at kommunane får bestemme i slike saker. Det er og bra at planen peikar på moglege interessekonfliktar med viktige arealverdiar og at kvart tilfelle må vurderast særskild der ein legg vekt på til dømes terreng, grunneigarsituasjon, infrastruktur, planstatus og miljøkonfliktar. <p>Det er samtidig vanskeleg å sjå ut av planen korleis ambisjonsnivået om utbygging av landvind på opp til 3,4 TWh kan bli realisert.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Den regionale planen legg opp til vidare satsing på bioenergi og energiberarar som batteri og hydrogen. Bioenergianlegg er ein viktig faktor for å styrke sirkulære verdikjedar, ikkje minst innanfor vår region som har overskotsressursar frå landbruk, avfall og slam. Biogass, batteri og hydrogen blir viktige faktorar for å lukkast med å redusere klimagassutsleppa frå tungtransporten. • I planen er det referert til at "Den beste kilowatttimen er den vi ikkje brukar". Men fylkeskommunen viser ingen tydelege ambisjonar for redusert energiforbruk og 	<p>Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.</p> <p>Energieffektivisering er utanom mandatet til planen, men er behandla i regional plan for klima. Planen har målsettingar innan deltema Termisk energi, som er ei form for energieffektivisering fordi det avlastar behovet for elektrisk kraft til oppvarming.</p>

	<p>effektivisering. Redusert forbruk er ein føresetnad for grøn omstilling og redusert klimafotavtrykk.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Den regionale planen blir eit svært viktig grunnlag for berekraftig utvikling på Vestlandet. Det er samtidig eit stort potensial for interessekonfliktar mellom utbygging og vern av natur. Det er positivt at kommuneadministrasjonane blei involvert tidleg i høyringsprosessen, men fylkeskommunen burde brukt meir tid på medverknad frå innbyggjarane i fylket vårt. • Det er positivt at planen vil sikre nok tilgang på energi til hubane i Grøn region Vestland. 	
Alver kommune (2022/3616-140)		
Framlegg til høyringsuttale frå Alver kommune	Ein regional plan for fornybar energi vil ha innverknad på areal- og naturforvaltninga i Alver. Planen og plantema omtaler fleire kjelder til fornybar energi, til dømes er vasskraft sentralt. Det vert ikkje kommentert her då det ikkje er så relevant for Alver kommune.	
Plantema: Auka produksjon frå fornybare energikjelder Vindenergi	<p>Planen omtaler ambisjonsnivå og utbygging av vindenergi, det er knytt føringar til korleis vi skal handtere tema vindkraft regionalt og i forvaltninga i kommunane. Planen seier at det er eit mål at i Vestland fylke har vi ikkje bygd ut vindkraft i urørd natur eller på kostnad av viktige verdiar knytt til natur, landskap, kulturminne eller kulturmiljø og reiseliv.</p> <p>Det blir stilt tydelege og strenge krav til konsekvensutgreiingar i samband med vindkraftutbyggingar. Desse retningslinene gjev gode føringar på korleis vi skal behandle saker om vindkraft i Alver.</p> <p>Det er lagt til eit eige punkt om at det ikkje blir bygd ut vindkraft som er i strid med kommunestyrevedtak. Dette er i tråd med innspelet som Alver kommune hadde til planprogrammet for planen. I denne merknaden vart det understreka at dersom det skal leggest til rette for vindkraft i Alver, må det vere lokal aksept for dette. Alver kommune har i dag eit kommunestyrevedtak på at det ikkje er ynskjeleg med vindkraft i fjella.</p>	Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.
Bioenergi	I Vestland har vi store potensielle kjelder til bioenergi. Spesielt sekundærprodukt frå skogbruk, landbruk og fiskeoppdrett har høgt potensial i regionen. Alver er ein stor skog og landbrukskommune og har eit potensiale til å utvikle bioenergi.	Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.

<p>Kapasitet og kompetanse</p>	<p>Dersom Vestland skal lukkast med å legge til rette for fornybar energiutvikling må vi bygge kompetanse. Det er avgjerande at vi samarbeider med bedriftene, offentleg sektor og forskings- og utdanningsinstitusjonane for utdanning. I vidaregåande skule må læreplanar ha fokus på fornybar energi i eit heilskapleg energisystem. Vi må styrke spisskompetansen gjennom spesialiserte utdanningar. I Alver ligg Knarvik vidaregåande skule.</p> <p>Fornybar energi er tema som er relevant å ta inn som ein del utdanningstilbodet, særskilt sidan Knarvik vgs ligg så tett på Mongstad, som er sentral i arbeidet med det grønne skifte. Det bør opprettast formelle samarbeidskanaler for å utvikle dette tema. Her har Vestland fylke som skuleeigar ein viktig rolle i samarbeid med nærings.</p>	<p>Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.</p>
<p>Plantema: Robust kraftforsyning i Vestland</p>	<p>Vestland fylke har som planmål å arbeide for stabil og positiv kraftbalanse og at vi har kraftnett som gir nok kraft til forbruk og industri i heile Vestland. Kraftnettet ikkje har kapasitet til å frakte så mykje kraft vi skulle ynskje til der vi treng den. Industriområde utan tilgang på kraft er uaktuelle stader å etablere seg for kraftkrevjande industri. Samstundes kan ikkje kraftprodusentar med konsesjon byggje kraftverk fordi det ikkje er plass til meir kraft i nettet.</p> <p>I prosjektet Grøn region Vestland blir det peika på at for låg kapasitet i kraftnettet er ei av dei største barrierane for det grønne skiftet i Vestland. Vestland fylke med si historiske industriutvikling knytt til vasskraft og med store energiprodusentar må arbeide systematisk for at kraftforsyninga vert styrka, mellomanna er det det grønne skifte på Mongstad er avhengig av sikker kraftforsyning. Det å utbetre kraftnett er vesentleg for å ha mogelegheit til å ha god kraftbalanse gjennom året, og mogelegheit for likare prisar i dei tre prisområda som påverkar fylket. Statsnett og andre netteigarar i Vestland jobbar for å utbetre kapasiteten i kraftnettet, men utviklinga går ikkje fort nok. Fylket og næringslivet og andre offentlege instansar må samarbeida på tvers av teknologiar og interesser for å skape ein kraftsituasjon som gagnar innbyggjarar og industriutviklinga i Vestland. Alver kommune vil understreke at dette plantema er svært viktig.</p>	<p>Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.</p>
<p>Retningsliner for fornybar energi</p>	<p>Dei fylkespolitiske retningslinene er utarbeidd med heimel i energilova, havenergilova og plan- og bygningslova § 8-1 - §8-4 og skal gjerast gjeldande for planlegging og forvaltning på kommunalt, fylkeskommunalt, regionalt og statleg nivå i Vestland. Regional plan for fornybar energi vil også vere retningsgivande for kommunal planlegging som kan påverke vekst av fornybar energi samstundes som ein tek omsyn til miljø, naturmangfald, friluftslivsområder og landskaps og kulturverdiar. Planen har retningsliner som vil vere førande for planlegging og forvaltninga i Alver.</p>	<p>Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.</p> <p>Fylket legg med denne planen opp til at alle dei fornybare</p>

	<p>I merknaden til planprogrammet peika Alver kommune på at retningslinene bør tydeleggjere korleis dei handterast i praksis. Det er framleis litt uklart kva verknad har planen for lokalpolitisk handlingsrom. Er det motsegnrett i plansaker knytt til retningslinene? Ei anna problemstilling knytt til retningslinene er at det er mange retningsliner og det gjev eit litt uoversiktlege bilete. Det er mange bør retningsliner og nokre skal. Kva føringar skal dei ulike retningslinene ha i kommunen sin behandling knytt til saker om fornybar energi?</p> <p>Eit døme er retningslina: «Det skal i kommunal og regional planlegging bli lagt til rette for lokal produksjon og bruk av fornybare energikjelder». Det er uklart kva dette i praksis inneber? Skal det leggest ut arealformål til tema i arealplanen til kommunen? Det behov for å tydeleggjere kva som ligg i dette, særleg sidan det er sagt «skal» i retningslinene.</p> <p>Utfordringa med retningslinene er og at fleire ulike lovverket handterer denne type saker. Det er mange retningsliner knytt til kraftutbygging, som er gode og relevante, men desse vert handtert i konsesjonsbehandlinga ved kraftutbygging. Der er kommunen og fylkeskommunen ein høyringspart. Dei tema som er sett opp som retningsliner er det som NVE praktiserer i sine behandlingar.</p> <p>Når det gjeld vindkraft så var Alver kommune tydleg i høyringsuttalen til planprogrammet at det ikkje skal opnast for vindkraft i kommunane dersom ikkje kommunen sjølv ynskjer det. Det er bra at dette er nå teke inn i retningslinene i punkt 14. «Det skal ikkje byggast vindkraftverk som er i strid med kommunale vedtak.» I punkt 13 i retningslinene «Det skal ikkje byggjast vindkraft i urørd natur på land eller der viktige verdiar knytt til natur, landskap, kulturminne, kulturmiljø eller reiseliv blir forringa.» kan det vere utfordra å vurdere kva som ligg i omgrepet viktige verdiar, dette omgrepet går igjen i fleire av retningslinene. Kan dette tydeleggjerast i retningslinene?</p>	<p>energikjeldene takast i bruk i Vestland, men det er opp til kvar enkelt av kommunane å bestemme kva for kjelde som passar best og kor i deira kommune, og kva skal oppfattast som viktige verdiar.</p>
<p>Handlingsprogrammet som vedlegg til planen</p>	<p>Dokumentet er det fyrste handlingsprogrammet til Regional plan for fornybar energi i Vestland 2023-2035, og har ei varigheit på 4 år.</p> <p>Det er særleg tema robust kraftforsyning i Vestland som er løfta fram i handlingsprogrammet. Delmål 7. « Vi har ein positiv og sikker kraftbalanse» og delmål 8. «Vi har kraftnett som gir nok kraft til forbruk og industri i heile Vestland». Desse er løfta fram som prioritert i handlingsprogrammet.</p> <p>Tiltak knytt til måla handlar om påverknad og samarbeid i kraft av vestland fylke si rolle, dette meiner Alver kommune er ei god prioritering. Alver kommune vil gjerne vere ein bidragsytar i dette samarbeidet</p>	<p>Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.</p>

Oppsummering	<p>Alver kommune støttar hovudmålet i planen som slår fast at Vestland skal ha energioverskot frå fornybare energikjelder og ei robust kraftforsyning som bidreg til grøn verdiskaping.</p> <p>Regional plan for fornybar energi er ein krevjande plan å følgje opp. Det er mange ulike lovverk og forvaltningsnivå knytt til gjennomføring av ambisjonsnivået knytt til fornybar energi. Alver kommune meiner det som bør ha størst fokus i gjennomføringa av plan er kraftsituasjonen i vestland.</p> <p>Eit robust kraftforsyning er ein premiss å kunne gjennomføre det grønne skiftet. Her kunne planen vore tydelegare i konkrete mål for å få til arbeidet.</p> <p>Plantema robust kraftforsyning bør ha mest fokus i det vidare arbeidet. Nye kraftlinjer og oppgraderingar av eksisterande er heilt naudsynt, for å få til ei robust kraftforsyning i Vestland fylke.</p> <p>Når det gjeld handlingsprogrammet er Alver kommune er samd i at det er rett prioritering at mål knytt til kraftsituasjonen er løfta fram i handlingsprogrammet. Retningslinene bør etter Alver kommune sitt syn ryddast og strammast opp, særleg gjeld dette det er retningslinene i høve til vasskraft. Det bør tydeleggjerast i plandokumentet kven som har ansvar for dei ulike prosessane med omsyn til søknad om konsesjon for utbygging av fornybarenergi.</p> <p>Alver kommune vil igjen peike på verdien av reell medverknad i planarbeid. Planen kom på høyring i perioden det var juleferie. Det er nyttig med tidleg dialog med kommunen og ein sjekk om det reelt å behandle saka politisk i høve til møteplan.</p>	<p>Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.</p>
Privat (2022/3616-141)		
Vasskraft	<p>Det verkar ikkje som opprusting av ekstisterande vasskraftanlegg i Vestland har prioritet enda vi veit at det ligg mye ubrukt potensial rundt omkring. Mange demningar og kraftverk nyttar ikkje fullt potensial fordi det ikkje blir oppgradert, da det tilsynelatande har andre vilkår enn oppføring av vindkraftverk. Sett i gang oppgradering av eksisterande vasskraftverk. Det er den mest forutsigbare kraftproduksjonen vi har enda. Eg sjølv bur i kraftkommunen Høyanger og forventar at politikere på regionsnivå kjempar for at vår industri skal få gode rammevilkår for strømvatler etter 2030 utan at vi raserar naturen vår. Ja til oppgradering av vasskraftverka våre, dette har vi levd med i over 100 år her i Høyanger. Vi vet kva det vil si i fjella våre med tomme vassmagasin om sommeren, men det tåler vi</p>	<p>Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.</p>

Solenergi	Reknar med at Vestland Fylkeskommune set i gang med energieffektivisering av alle sine bygg, det vere seg nye vindu/isolering og td solceller på høvelege tak rundt om i Vestland.	Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.
Vindenergi	Vestland fylkeskommune er opptatt av folkehelse. Sett i eit folkehelseperspektiv er det ikkje god folkehelse å ønske å sette opp vindturbiner i fylket vårt. Klar tale fra dei som bur i nærheten av vindturbinelgg seier noko om sorg over tapt natur, bulysta forsvinn, ein får hjertebank og søvnløshet. Infralyd og lys/lydstøy plagar ein natt og dag. Rekreasjonsplasser, hytter, hus og heim vert ubrukeleg pga iskast om vinteren og støy/lysstøy om sommeren. Folk orker ikkje å bu der lenger. Ungar som tek utdanning vekke blir frarådd å flytte heim pga helseplager hjå foreldre pga vindindustri. Er det slik dere vil det skal bli hos oss? Tenker dere over faren med utslipp av Bisfenol A? Bisfenol A inngår i glassfiberblandingen i vindturbinbladet. – Bisfenol A er hormonforstyrrende både i mennesker og miljøet. Kva tenker dere som forsøpling av naturen? Når ein veit at utbrukte vindturbinblad ikkje let seg gjenvinne? Kva tenker dere om forureining av drikkevasskjelder? Ver så snill å ikkje kall det grønn energi. Alle vet at å sett opp ein vindturbin krever enorme mengder med betong og stål, for ikkje å nemne rasering av landskap for utskyting av vegar/infrastruktur fram til vindkraftanlegga. Ver snill å tenke på jorda vår. Ikkje velg vindkraft fordi dette er raskt å bygge opp. Dere må se på andre løysingar. Vert det bygd vindkraft i stor skala ja da er øydelegginga av jorda vår ugjenkallelig. Ikkje skjønner eg at nokon kan sove godt dersom det blir gjennomført. Kva for arv skal vi gi til kommande generasjonar? Ei rasert jord?	Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.
Kjernekraft	Håper det vert sett igang undersøkingar angående kjernekraft. Vi treng ny grønn energi, og dette er vel det reinaste vi kan komme.	Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.
Privat (2022/3616-142)		
Kjernekraft	Eg meiner at høyringsutkastet er alt for lite ambisiøst når det kjem til kjernekraft. SMR er nevnt, men eg ser at der er ei "vent og sjå" - haldning i planen når det kjem til dette temaet. Den største fordel med SMR er jo at dei kan plasserast relativt nært der straumen skal nyttast, slik at ein også sparer seg for kostander i form av linjebygging i natur og dei økonomiske ekstrakostnadane dette fører med seg. Kjernekraft i kombinasjon med vasskraft er og dei einaste energikjeldene som kan gjera det mogleg å utnytte eventuell vindkraft, i og med at vindkrafta treng backupenergi som erstatning i vindstille vær eller når vinden gjer at turbinar må stoggast. I klartekst: byggjer ein 100 MW vindkraft, må der også vera 100 MW tilgjengeleg for å ta over NÅR	Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.

	vindkrafta før eller sidan ikkje fungerer som den skal. Eit innovativt industrifylke som Vestland bør ikkje sjå seg nøgd med å følgja med på kva som foregår på kjernekraftfronten. Fylket bør derfor få ei mykje meir ambisiøs haldning inn i planen	
Vindenergi	Her står det at det i Vestland vert produsert vindenergi med ein kapasitetsfaktor på 37%. Dersom dette talet stemmer, er det grunn til å ropa varsko. Sjølv om føresegnene i høyringsutkastet er nøye med å poengtera lokal forankring og at urørd natur og naturverdiar skal hensyntakast, vil planen - slik den ligg føre - kunne medføra at ein øydelegg ubotelege mengdar natur for ein lite effektiv måte å produsera straum på. I tillegg står det lite og ingen ting om lokalmiljø. Som masfjording, busett i eit område der det er meir eller mindre aktive planar for 3-400 turbinar, er dette rett og slett skremande. Eg kjenner på at planen ikkje ivaretar mine interesser i det heile kva angår livskvalitet og trivsel. Eg flytta heimatt med familien for å få nærleik til natur, og for å la borna mine veksa opp under dei same forholda som meg sjølv. Med 3-400 turbinar rundt huset, er det ingen grunn til å bu her meir. Konklusjon: her bør høyringsutkastet vera alldeles tydeleg på at - lokal politisk forankring skal vera siste ord i ei kvar vindkraftsak. - den lokale politiske forankringa skal gjerast ved å faktisk spørja innbuarane kva dei meiner om saka	Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.
Utdanning, forskning og innovasjon	Vestland fylke er, utan unntak, det fylket i landet der utvikling og engasjement gjennom alle år har vore kjelda til at regionen har lukkast. Det må for all del fortsetja og det må fokuserast på energikjelder som lar natur og miljø vera i fred. Her meiner eg at dersom fokuset ikkje vert sett på kjernekraft no, vil fylket og landet for øvrig stå att på perrongen når toget går	Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.
Vaksdal kommune (2022/3616-143)		
Vedtak	Vaksdal kommune gjev slik høyringsuttale til Regional plan for fornybar energi 2023-2035. «Viser til høyring av planframlegg for regional plan for fornybar energi 2023-2035, og invitasjon til å sende inn høyringsuttale. Vaksdal kommune støtter hovudmålet og meiner det bygger opp om fleire utfordringar i fylket. Ein trygg og stabil kraftproduksjon, samt god kraftbalanse og sikker kraftforsyning er viktig for velferda vår. Utbygging av fornybar energi kan medføre målkonfliktar som nedbygging av natur til fordel for grøn energiproduksjon. Vaksdal kommune støtter opp om dei 38 retningslinjene og tykkjer planen legg opp til auka kraftproduksjon på ein god måte som tar omsyn til miljø, naturmangfald, friluftsliv, landskap og kulturverdiar	Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.
Vindkraft	Fjellområda i Vaksdal er rik på natur- og friluftskvalitetar, har mange interesser knytt til natur, kulturlandskap og friluft og er ein ressurs for opplevingar og rekreasjon, også utanfor kommunegrensa. I ein uttale til nasjonal ramme for vindkraft på land, jf. sak 58/2018, uttalte Vaksdal kommune at «Det er Vaksdal kommunestyre sitt syn at me ikkje treng landbasert vindkraft» og frårår vurdering av eigna område for	Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.

	vindkraftutbygging i kommunen. Vaksdal kommune støtter punkt 12 og 13 som omhandlar vindkraft. 12. Det skal ikkje byggast vindkraftverk som er i strid med kommunale vedtak. 13. Det skal ikkje byggjast vindkraft i urørd natur på land eller der viktige verdiar knytt til natur, landskap, kulturminne, kulturmiljø eller reiseliv blir forringa	
Kraftforsyninga	Vaksdal har stor vasskraftproduksjon og historie for å huse kraftkrevjande industri, og det vert viktig for kommunen å ha kapasitet i kraftnettet og ha moglegheit til å hente ut lokal kraft. Vaksdal vil særskild framheva delmål 6 under robust kraftforsyning i Vestland og påpeiker at nye kraftlinjer og oppgradering av eksisterande er naudsynt. «Delmål 6: Vi har kraftnett som gir nok kraft til forbruk og grøn verdiskaping i heile Vestland» » Vaksdal kommune ber om at Vestland fylkeskommune arbeider for at Statnett sine transformator og lineoppgraderingar vert lagt under plan og bygningslova for å sikre kommunal medverknad. Vaksdal kommune ber Vestland fylkeskommune om å arbeide for at all småkraft og vindkraft vert lagt under same lovverk som ordinære vasskraft. Dette for å sikre heimfall og eit føreseieleg regelverk for vertskommunane. Ved utbygging av nye 420 KV liner ber Vaksdal kommune Vestland fylkeskommune krevje sjøkabel der det er mogleg og der linjetraseen kjem i direkte motstrid til store naturverdiar.	Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.
Ulvik herad (2022/3616-144)		
Vedtak	Ulvik herad tek utkastet til ny regional plan for fornybar energi til orientering. Å ha energioverskot frå fornybare energikjelder og ei robust kraftforsyning som bidreg til grøn verdiskaping er ein god ambisjon for planperioden. Vestlandssamfunnet treng påliteleg og berekraftig energi til overkommeleg pris - òg i utkant strok. Samstundes er det viktig å ha klare retningslinjer for å unngå at kraftutbygginga skjer på kostnad av viktige naturverdiar som til dømes fjordlandskap eller leveområde for villrein og anadrom fisk.	Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.
Invest in Bergen (2022/3616-145)		
Høyringsuttale	Vi viser til framlagt utkast til plan og tilhørende handlingsprogram for 2023-2027, samt kunnskapsgrunnlag Invest inn Bergen har tidligere (våren 2022) gitt uttalelse til forslag til planprogram for planarbeidet. Her gir vi vår umiddelbare støtte til planen og planens innretning. Vi mener at planutkastet nå er i tråd med det som ble lagt til grunn i planprogrammet. Merknadene våre til planprogrammet gikk særlig på vesentlige energipolitiske områder som ville ligge utenfor planen ut fra definisjonen; lavutslipp av CO2 som blått hydrogen defineres ut (ikke fornybar) og Havvind ligger utenfor Vestland (geografisk). Sistnevnte problemstilling er berørt og har blitt ett viktig element i planen etter vårt syn. Blått hydrogen er per definisjon ikke berørt i planen. Vi må akseptere logikken i dette, men vil peke på at dette ikke må bety at ikke	Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring. Blått hydrogen er ein ikkje-fornybar energiberar og er derfor ikkje omfatta av planen.

	<p>Fylkeskommunen må engasjere seg i saken framover. Med foreslått Regional plan for fornybar energi vil fylkeskommunen etter vårt syn ha et veldig godt kunnskapsgrunnlag og en god plattform for næringspolitisk arbeid på energifeltet framover, i samarbeid med kommunene, næringslivet, FoU og andre, herunder Invest in Bergen. Vi ser fram til å delta i dette arbeidet – gjerne som en oppfølging av den nødvendige kampen som det vises til i Grøn Region (operativ koordineringsgruppe for infrastruktur - OK3). «Robust kraftforsyning i Vestland» er et svært viktig kapittel i planen. Vestland fylkeskommune har hatt et sterkt fokus på dette tema – les oppgradering av linjenettet generelt, men særlig i Bergensregionen, i flere år. Sammen med kommunene og næringslivet (og Invest in Bergen) har en forsøkt å utfordre OED, NVE og ikke minst Statnett på dette området. Fokus har vært på å utnytte eksisterende linjenett best mulig samt å forsere linjeoppgraderingen for å kunne levere kraft til industrien i tide for det grønne skiftet. Kapitlet slik vi leser dette nå legger imidlertid til grunn Statnett sine planer for spenningsoppgradering uten å forsøke å utfordre på mulig forsering av framdrift. Til og med ansvarlig minister Aasland har ved flere anledninger gitt uttrykk for at Statnett sine framdriftsplaner som fremdeles følger «normale prosedyrer» bør kunne utfordres. «Strømnettutvalget» lanserte mulige pilotprosjekter eller fasttrack prosjekter for å kunne forsere viktige nettprosjekter. Fylkeskommunen har gitt sin tilslutning til disse tankene.</p> <p>Utvalget la kanskje ikke til grunn nye linjetraseer for 420kV, men sence of urgency kan tale for å utfordre også på slike prosjekter dersom en har berørte kommuner med på laget. For Bergensregionen kan ny 420kV linje mellom Sogndal- Sauda med en arm til Kollsnes være et slikt prosjekt. Dette er trolig det viktigste infrastrukturprosjektet i vår region i det kommende 10 året. (Gjerne vel så viktig som K5 og Hordfast?). Etter vårt syn bør Fylkeskommunen gjennom planen i alle forsøke å utfordre departementet, NVE og Statnett på dette punktet – da selvsagt på oppfordring av og i tett dialog med de berørte kommunene for den aktuelle traseen. Det grønne skiftet venter ikke til 2032 – som er det tidspunktet Statnett styrer etter for ferdigstilling av et tjenlig elnett for Bergensregionen.</p>	
Hyllestad senterparti (2022/3616-146)		
Om planen	Høringsuttalen vår tar utgangspunkt i hovudmålet til Regional plan for fornybar energi i Vestland: Vi har energioverskot frå fornybar energikjelder og ei robust kraftforsyning som bidreg til grøn verdiskaping. til å følgje opp hovudmålet er det sett 2 plantema: Auka produksjon frå fornybare energikjelder (delmål 1-5) Robust kraftforsyning i Vestland (delmål 6-9)	
Delmål 1 Vi har produksjon og distribusjon av kraft frå fornybare	Hyllestad SP støttar delmålet, og meiner det må stå heilt sentralt i utvikling av ny fornybar kraft. Tap av natur har i altfor stor grad vore konsekvens av tidlegare	Tatt til orientering

<p>energikjelder som tek omsyn til miljø, naturmangfald, friluftslivsområder og landskaps og kulturverdiar.</p>	<p>kraftutbygging, og det er heilt avgjerande at den kursen vert lagt om til å bli meir moderne og bærekraftig</p> <p>Vestland bidreg i dag med stor eksport av elektrisk kraft, og vi meiner tida no er inne for å vere meir restriktive med å industrialisere den urørte naturen vi har att. Vindkraft, både til havs og på land er etter vår ei energiform som har svært mange uheldige konsekvensar for natur og miljø i vid forstand. Det i tillegg ei energiform som er ustabil, uregulerbar og heilt avhengig av balansekraft frå andre straumkjelder som då må byggjast ut som supplement til vindkrafta. Det er etter vårt syn få gode argument for å bygge ut meir vindkraft i Noreg generelt, og det må uansett ikkje føre til meir nedbygging av urørt natur. Vi meiner difor at det må satsast mykje meir på energiøkonomisering, og at det vert lagt til rette for støtteordningar som kan nyttast av både private og verksemdar. Det må leggjast til rette for forskning og utvikling av energikjelder som solkraft, bioenergi, termisk energi og kjernekraft</p>	<p>Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.</p> <p>Energieffektivisering er utanom mandatet til planen, men er behandla i regional plan for klima. Planen har målsettingar innan deltema Termisk energi, som er ei form for energieffektivisering fordi det avlastar behovet for elektrisk kraft til oppvarming.</p>
<p>Delmål 2: Kvar enkelt fornybare energikjelde brukast der dei har høgast verdi for samfunnet</p>	<p>Hyllestad SP meiner at elektrifisering av sokkelen er eit tiltak som er i direkte motstrid med delmålet. Å transportere rein fornybar kraft ut i Nordsjøen for å drive oljeproduksjonen er eit stort feilsteg. Klimaeffekten er i høgste grad tvilsam, så dette ser dessverre meir ut som eit eksempel på såkalla «grønvasking», der økonomiske hensyn driv utviklinga under dekke av å vere klimatiltak. Tiltaket brukar opp energien som kunne vore brukt til landbasert industri og utvikling, noko som er svært uheldig</p>	<p>Tatt til orientering</p> <p>Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.</p> <p>Elektrifisering av sokkelen er utanom mandatet.</p>
<p>Delmål 3: Auka produksjon frå fornybare energikjelder har bidrege til kutta klimagass utslepp i Vestland</p>	<p>Hyllestad SP støttar delmålet, og meiner at det må leggjast til rette for auka bruk av vass-, sol-, bio- og termisk energi. Vi meiner også at ein må følgje med i utviklinga av kjernekraft, og at VFK aktivt støttar dette. Offentlege bygg og verksemd må gå framom når det gjeld å ta i bruk ny teknologi som kan redusere energibruken Vi meiner det er viktig at politikken og teknologi som vert utvikla er basert på kunnskap, der ein ser alle tiltak i ein heilskapleg samanheng. Det bør vurderast skånsom vasskraftutbygging i verna vassdrag, spesielt i flaumutsette område</p>	<p>Tatt til orientering</p> <p>Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.</p>
<p>Delmål 4: Vi har kompetanse, forskning og utdanning til å utvikle fornybar energi</p>	<p>Hyllestad SP meiner at det er viktig å oppretthalde og videreutvikle utdanningstilbod retta mot fornybar energi. Vi må aktivt gje aktiv støtte til forskningsprosjekt, der opplæringsinstitusjonane i samarbeid med næringslivet kan utvikle prosjekt og teste ut ny teknologi</p>	<p>Tatt til orientering</p> <p>Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.</p>
<p>Delmål 5: Vi har stabil og positiv kraftbalanse</p>	<p>Hyllstad SP meiner at vi i tida framover må fokusere langt sterkare på energiøkonomisering, ref energikommisjonen si innstilling av 1.feb Det må arbeidast for å utvikle regulerbare energikjelder, og ha system og rutiner som sikrar beredskap</p>	<p>Tatt til orientering</p>

	og forsyningstryggleik i alle situasjoner Arbeide for at landsdelen har nok og effektive distribusjonssystem, og at næringslivet også i distrikta kan få tilgang til stabil og rimeleg kraft	Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring. Energieffektivisering er utanom mandatet til planen, men er behandla i regional plan for klima. Planen har målsettingar innan deltema Termisk energi, som er ei form for energieffektivisering fordi det avlastar behovet for elektrisk kraft til oppvarming.
Delmål 6: Vi har kraftnett som gir nok kraft til forbruk og industri i heile Vestland	Hyllestad SP meiner at vi skal bygge ut effektiv landbasert kraftdistribusjon som kan sikre både hushalda og næringslivet sitt behov. Vi meiner at heile Vestland bør inn i samme sone, for å unngå ulik prissetting som medfører konkurransevidning og ulike drifts- og levekostnader innanfor same fylke	Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.
Delmål 7: Vi utnyttar mangfaldet av fornybare energikjelder som gjer oss mindre sårbare for uføresette endringar i energiproduksjonen	Hyllestad SP støttar delmålet og vil ha sterkare fokus på energiøkonomisering, oppgradering/utbygging av vasskraft, solenergi, bio- og termisk energi	Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.
Delmål 8: Vi har ein infrastruktur for energibærarar som gjer at vi kan nytte oss av svingingane i kraftproduksjonen og avlaste nettet	Hyllestad SP meiner at det er viktig å få på plass distribusjonssystem for energi til drift av skipstrafikken langs kysten. Dette kan vere ladestasjonar, eller andre former for energibærarar i gass eller flytande form	Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.
Delmål 9: Vi har sikra nok tilgang på rein energi til hubane i Grøn region Vestland	Hyllestad SP meiner at vi med rett satsing på nye og fornybare energikjelder vil ha dei beste føresetnader for å dekke energibehovet til både hushalda og industri/næringsliv i overskueleg framtid. Det vil likevel vere avhengig av at vi ikkje sløsar bort eksisterande kraftoverskot, og fokuserer på effektivitet og moderne løysingar både i eksisterande og nye bygg, verksemd og infrastruktur	Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.
Helselaga i Masfjorden kommune (2022/3616 –149/169)		

Vindenergi	<p>Høyringsuttale frå helselaga i Masfjorden , vedrørande Vestland Fylkeskommune sin Regionale plan for fornybar energi 2023-2035 Helselaga i Masfjorden er lag under organisasjonen Nasjonalforeningen for Folkehelsen. Våre lag krev at folkehelse må omtalast i eige tema ved gjennomføring av konsekvensutgreiing (KU), for vindkraftutbygging, på lik linje med andre viktige verdiar knytt til natur, landskap, friluftsliv, kulturminne, kulturmiljø og reiseliv. KU som blir utført ved vindkraftutbygging må dokumentera at alle tema i forskrift om konsekvensutgreiing er omhandla som eigne punkt.</p> <p>Venleg helsing Solheim Helselag v/ leiar Anny Bente Duesund (sign.) Haugsvær Helselag v/leiar Reidun Kvamsdal (sign.) Matre og Haugsdal Helselag v/leiar Lise Dyrhovden (sign.) Sleire Helselag v/leiar Kari Dørum Molland (sign.) Nordbygda Helselag v/leiar Liv Dyregrov (sign.) Kvinge Helselag v/leiar Gro Marit Kvinge Tande (sign.)</p>	<p>Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.</p>
Solund kommune (2022/3616 –150/182)		
Uttale til regional plan for fornybar energi	<p>Solund formannskap vedtek følgjande uttale til regional plan for fornybar energi: Solund kommune er positive til at Vestland fylkeskommune utarbeider planar for tema der fylkeskommunen har verkemiddel, og kan vera ein utviklingsaktør. Planen bør omtale dei fylkeskommunale verkemidla. Det er nyttig at det vert utarbeida kunnskapsgrunnlag som også er nyttig for kommunane. Kunnskapsgrunnlaget peikar på fordelar og ulemper med dei ulike fornybare kjeldene.</p> <p>Solund kommune gjer framlegg om at det vert presisert kva fordelane og ulempene er sett i forhold til.</p> <p>Kraftutbyggingar må følgje vanlege kommunale prosessar for arealplanlegging i tråd med plan- og bygningslova. Det må stillast tydelege og strenge krav til konsekvensutgreiingar i samband med kraftutbyggingar.</p> <p>Solund kommune vil vurdera korleis kommunen kan bidra til å nå måla om energioverskot frå fornybare energikjelder og ei robust kraftforsyning. Det er ikkje sett av areal til energiutvinning i Solund kommune. Solund produserer ikkje eigen energi, men er aksjeeigar i EVINY. Kommunen er samansett av om lag 13 % landareal, med lang strandsone og eit særmerkt landskap. Resten av kommunen er store sjøområde, der farleiareal og område sett av til fiskeri utgjer ein forholdsvis stor del av dette.</p>	<p>Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.</p>

	<p>Solund formannskap vil ikkje ha utbygging av kraft i urørd natur eller på kostnad av viktige verdiar knytt til natur, landskap, kulturminne/kulturmiljø og reiseliv, og som er i strid med kommunestyrevedtak.</p> <p>Kommunane som stiller område til disposisjon må få ein føreseieleg kompensasjon og ein rettferdig del av verdiskapinga. Dette vederlaget må fastsettast nasjonalt slik at det ikkje må vere opp til kvar kommune å forhandle. Utbyggingar må kome fellesskapet til gode gjennom skattlegging og lokalt eigarskap.</p> <p>Solund kommune har i liten grad omtala energi i sitt planverk, men det er peika på at straumbrot er ein reell fare ved aukande ekstremvêr, og det er viktig for Solund å sikre ein betre infrastruktur for blant anna energi. Vestland fylkeskommune må fremje utbygging av kraftnettet i heile fylket, også mindre stader der det i framtida mellom anna er nødvendig med ladeinfrastruktur for passasjerbåtar. Etterslep i vedlikehald av kraftnettet må ikkje gå på bekostning av ny utbygging.</p>	
Solund kommune gjer framlegg til endring i tekst på strategi 26: Arbeide for ei utbetring av kraftnettet i <i>heile</i> Vestland.	<p>Utbetringa er vesentleg for ei robust kraftforsyning og moglegheit for likare prisar i dei tre prisområda som påverkar fylket.</p> <p>Solund kommune gjer framlegg til endring i tekst på strategi 26: Arbeide for ei utbetring av kraftnettet i <i>heile</i> Vestland.</p>	<p>Tatt til følge. Endring er av mindre karakter og ikkje presentert i saksframstilling.</p> <p>Fylkesdirketøren rår til at ordlyden endrast til: <i>Arbeide for ei utbetring av kraftnettet i heile Vestland.</i></p>
Handlingsprogrammet strategi 25	Gjennom eit samarbeid sørga for realisering av havvindproduksjon i havområda utafor Vestland, bør også havbruks- og fiskerinæringa involverast. Sjølv om dette gjeld område som er sett av spesifikt for havvind, vil det vere nyttig å involvere også havbruks- og fiskerinæringa for å etablere dialog og samarbeid, og sikre kunnskapsdeling. Framlegg til tillegg under aktørar: Havbruks- og fiskerinæringane.	<p>Ikkje tatt til følge Innspel er vurdert, men ikkje aktuelt med endring.</p> <p>Fylkesdirektøren rår til at ein held på ordlyden <i>sentrale aktørar</i> for å ikkje ekskludere einskildnæringar.</p>
Om oppbygging	Den regionale planen er oppbygd på ein komplisert måte med hovudmål, delmål, ambisjonsnivå og eit handlingsprogram. Dette er ein struktur som kan bidra til å gjere det vanskeleg å sette planen ut i livet. Det vert oppmoda om at fylkeskommunen vurderer strukturen i planen, eller forklarar forholdet mellom mål, strategiar og ambisjonsnivå.	<p>Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.</p>
Modalen kommune (2022/3616 – 151)		
Modalen kommune ynskjer å gje uttale på følgjande energiområder:		

<p>Vasskraft</p>	<p>I Vestland fylke er det allereie stor produksjon av vasskraft, då om lag 25% av all vasskraftproduksjon i Noreg vert produsert her. Det vil seie at totalbelastning på kommunane i Vestland er stor. Modalen kommune har i mange ti-år vore vertskommune for vasskraftproduksjon som ikkje berre har ført til inntekter for kommunen, men og nok og stabil leveranse av fornybar energi til storsamfunnet. Dette ynskjer me framleis å bidra til og støttar opp om ambisjonsnivåa i planen.</p> <ul style="list-style-type: none"> • I Vestland fylke er vasskraftverk oppgradert og utvida med fokus på miljøet i vassdraga. Modalsvassdraget er allereie påverka av utbyggingar. Difor er det særskilt viktig å følgje opp retningsline som seier: «Bygging av kraftverk og infrastruktur knytt til fornybare energikjelder skal ta i vare omsyn til miljø og andre arealinteresser • I Vestland har me nytta oss av auka nedbørsmengd til å produsera meir kraft og til å betre miljøa i vassdraga. • Småkraftverk er realisert og bidreg til auka vasskraftproduksjon • Alle vasskraftverk som har fått endeleg konsesjon er realisert. Her må det sikrast at handsamingstida ikkje vert urimeleg lang. Må passe på at ikkje kortare handsamingstid går ut over omsyn til miljø og andre arealinteresser. • 4 – 6 TWh ny vasskraft i høve til 2022 er kopla til kraftnettet. <p>Fleire prosjekt som har konsesjon, og som ville tilført 4,8 TWh i planperioden, er avhengige av nettoppgraderingar for å kunne realiserast. Difor er det særskilt viktig at arbeidet med spenningsoppgradering ikkje vert hindra grunna lang sakshandsaming hjå NVE. Må passe på at ikkje kortare handsamingstid går ut over omsyn til miljø og andre arealinteresser. Utbygging av fornybar energi er ofte arealkrevjande. Det er difor naudsynt med ein god og heilskapleg politikk for naturmangfald, vassforvaltning og planlegging og styring av arealbruken. Nedbygging, oppstyking og endra bruk av areal er blant dei viktigaste grunnane til at mange naturtypar står i fare for å bli vekke i Noreg. Det må arbeidast med å utvikle betre metodar for verdsetjing av natur, slik at verdien av økosystemer kan bli betre integrert i plan- og vedtaksprosessar</p>	<p>Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.</p>
<p>Vindkraft</p>	<p>I denne planen vert vindkraft omtala i to ulike former; landvind og havvind.</p> <p>Landvind, som er einaste forma som har potensiale i Modalen kommune, er vindkraftverk som skal handsamast etter plan- og bygningslova frå 01.01.2023, etter vedtak i Stortinget om lovendring. Planen seier vidare at det er eit mål at i Vestland fylke har me ikkje bygd ut vindkraft i urørd natur eller på kostnad av viktige verdiar knytt til natur, landskap, kulturminne eller kulturmiljø og reiseliv. Det vert stilt tydelege og strenge krav til konsekvensutgreingar i samband med vindkraftutbyggingar.</p>	<p>Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.</p> <p>Modalen kommune ynskjer at omgrepet «viktige verdiar» vert tydeleggjort. Fylkesdirektøren rår til at dette skjønnet skal vere opp</p>

	<p>Utbygging av fornybar energi er ofte arealkrevjande. Det er difor naudsynt med ein god og heilskapleg politikk for naturmangfald og planlegging og styring av arealbruken. Nedbygging, oppstykking og endra bruk av areal er blant dei viktigaste grunnane til at mange naturtypar står i fare for å bli vekke i Noreg.</p> <p>Det må arbeidast med å utvikle betre metodar for verdsetjing av natur, slik at verdien av økosystemer kan bli betre integrert i plan- og vedtaksprosessar. Modalen kommune tykkjer retningslinene som omhandlar dei fornybare kjeldene er gode føringar men at antalet fører til at det er noko uoversiktleg. Eige punkt om at det ikkje skal byggjast ut vindkraft utan kommunalt samtykke støttar opp om gjeldande kommunestyrevedtak frå 05.09.2019.</p>	<p>til kommunane med rettleiing frå fylkeskommunen.</p>
<p>Retningslinjer for fornybar energi</p>	<p>Planen foreslår retningslinjer som skal ta vare på urørd natur på land. Dei skal også sørge for at stader med viktige verdiar knytt til natur, landskap, kulturminne, kulturmiljø eller reiseliv, ikkje blir forringa. Modalen kommune ynskjer at omgrepet viktige verdiar vert tydeleggjort. Dei fylkespolitiske retningslinene er utarbeida med heimel i energilova, havenergilova og plan- og bygningslova §8-1 - §8-4, og skal gjerast gjeldande for planlegging og forvaltning på kommunalt, fylkeskommunalt, regionalt og statleg nivå i Vestland. Regional plan for fornybar energi vil og være retningsgivande for kommunal planlegging som kan påverke vekst av fornybar energi samstundes som ein tek omsyn til miljø, naturmangfald, områder for friluftsliv, landskaps- og kulturverdiar.</p> <p>Modalen kommune ser utfordringar med så mange retningsliner i planen som gjev mykje å halde seg til og soleis eit litt uoversiktleg bilete.</p> <p>Nokre utfordringar med retningslinene: Retningslinene kunne vore litt klårare då det er både «bør» og «skal» retningsliner. Retningsliner som seier «skal» må tydeleggjerast betre.</p> <p>Utnytting av naturressursar ifbm utbygging av fornybar energi er ofte arealkrevjande. Det er difor særst viktig med klare retningsliner for arealbruk i gjeldande og komande planar for vind- og vasskraftverk. I samband med dette viser Modalen kommune til FN sitt berekraftsmål og delmål:</p> <p>12.2 Innan 2030 oppnå berekraftig forvaltning og effektiv bruk av naturressursar.</p> <p>15.4 Innan 2030 bevare økosystem i fjellområde, inkludert det biologiske mangfaldet der, slik at dei skal bli i betre stand til å yte viktige bidrag til ei berekraftig utvikling</p>	<p>Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.</p>

<p>Robust kraftforsyning i Vestland</p>	<p>Vestland fylke har som planmål å arbeide for stabil og positiv kraftbalanse og at me har kraftnett som gjev nok kraft til privat forbruk og industri.</p> <p>Slik det er i dag er ikkje kapasiteten på distribusjonsnettet god nok til å forsyne framtidige kundar der dei er. Dette hindrar både effektivisering av eksisterande kraftproduksjon og at konsesjonar som er gitt ikkje vert nytta. Det er særst viktig å utbetre kraftnettet for å ha ein betre kraftbalanse gjennom året, og for å utjamne prisane i prisområda som påverkar fylket.</p> <p>Netteigarar med Statnett i spissen jobbar med å oppgradere kraftnettet, men utviklinga går ikkje fort nok. Fleire prosjekt som har konsesjon, og som ville tilført 4,8 TWh i planperioden, er avhengige av nettoppgraderingar for å kunne realiserast.</p> <p>Modalen kommune tykkjer det er uheldig at det vert brukt store ressursar på handsaming av konsesjonar som ikkje vert nytta. Modalen kommune vil understreke at dette plantemaet er særst viktig og visar til vår uttale til planprogram for regional plan for fornybar energi, der det står: Spenningsoppgradering av dagens nett vil ta lang tid grunna lang handsamingstid for konsesjonssøknadar. For å unngå skeivfordeling mellom kvar produksjon av kraft og forbruk skjer i fylket, må det arbeidast for å gjennomføre kortsiktige tiltak på nettet. Dette for å sikre distribusjon til industri og innbyggjarar i Vestland fylke.</p>	<p>Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.</p>
<p>Handlingsprogram som vedlegg til planen</p>	<p>I handlingsprogrammet er temaet robust kraftforsyning særleg løfta fram.</p> <p>Delmål 7: «Me har ein positiv og sikker kraftbalanse»</p> <p>Delmål 8: «Me har kraftnett som gir nok kraft til forbruk og industri» Modalen kommune tykkjer det er god prioritering med godt fokus på desse delmåla. Modalen kommune ynskjer å være bidragsytar for at desse måla skal nåast</p>	<p>Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.</p>
<p>Nordplan AS (2022/3616 – 152)</p>		
<p>Retningslinjer</p>	<p>Nordplan deltek i Green Innovation Network, som er eit nettverk av bedrifter som i fellesskap tilbyr tverrfagleg kompetanse relatert til grønne løysingar til eksisterande og nye kundar nasjonalt og internasjonalt. Bedriftene er alle uavhengige rådgjevsbedrifter og har kjernekompetanse relatert til: Berekraft, planlegging av gode infrastruktur- og byggløysingar, her under fjordvarme og andre fornybare energiløysingar, energieffektivisering, forretningsutvikling og kompetanseutvikling. Ein kommentar knytt til offentlege utlysingar til næringslivet, er at høge politiske ambisjonar ofte manglar i tilbodsgrunnlaget på konkrete prosjekt. Det ser ut som</p>	<p>Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.</p>

	<p>miljøtiltak blir kutta ut for å spare pengar. Dette er uheldig i høve til utviklinga og forseinkar det grønne skiftet, som næringsbedriftene prøver å bidra til. Offentlege aktørar, inklusiv fylkeskommunen, bør i større grad etterspørje miljøkvalitetar som går lenger enn minimumskrava i gjeldande forskrifter.</p>	
<p>Termisk energi</p>	<p>Ambisjonsnivå og utbygging av fornybar energi</p> <ul style="list-style-type: none"> • Vestland fylke har lagt til rette for auka produksjon av fornybar energi slik at vestlandssamfunnet har påliteleg og berekraftig energi til overkomeleg pris. • I Vestland fylkeskommune nyttar vi dei fornybare energikjeldene som er vurdert mest gunstige på eigne eigedommar. • Vestland fylke har vore pådrivar for innføring av teknologiske løysingar som gjev høgast mogleg utnytting av dei fornybare energikjeldene • Vestland fylke har vore pådrivar for å redusere klimagassutslepp gjennom å prioritere komponentar til fornybar energiproduksjon med lågt CO2-avtrykk i offentlege innkjøp. • Vestland fylke har stimulert til utvikling av fornybar energi gjennom utdanning, forskning og innovasjon. <p>Nokre generelle tiltak for fylkeskommunale bygg framgår av handlingsplanen, men vi registrerer at planen manglar konkrete og målbare ambisjonar på produksjon og bruk av termisk energi generelt. Dette er nødvendig for å få til den ønska utviklinga i samfunnet. Vi meiner at det offentlege sjølv bør ta eit større ansvar for at utviklinga går slik ein ønskjer. Det bør stillast strengare krav til produksjon av fornybar termisk energi og bruk av fornybar termisk energi i bygg.</p> <p>Det er også varsla at EU kjem til å stille strengare krav til fornybar energibruk i dei fleste byggkategoriar, med relativt korte fristar for gjennomføring, og i alle høve innanfor planperioden for den fylkeskommunale planen. Vi trur at den beste løysinga mange stader vil vere å satse på lokalprodusert termisk energi.</p> <p>Eksempel på tiltak:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Ambisjon at alle nybygg over 250 m2 BRA skal ha vassboren oppvarming og nytte minimum 80 % termisk energi til oppvarming og evt. kjøling. Tilsvarande ambisjon bør gjelde for eksisterande bygg over 500 m2 BRA, med gjennomføringsfrist innanfor planperioden. • I byar og tettstader, der det er behov for felles infrastruktur for å kunne ta i bruk til dømes fjordvarme, bør kommunane påleggast ansvar for utbygging av denne infrastrukturen. Om det ikkje skjer, i påvente av at næringsbedrifter med økonomisk formål tek seg av utbygging av infrastrukturen, vil potensialet for utbygging i liten grad bli realisert og den ønska utviklinga vil gå seinare. Kommunane har alt eit ansvar for utbygging av anna infrastruktur og er godt skikka til også å bygge ut infrastrukturen for termisk energi. 	<p>Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.</p>

	<ul style="list-style-type: none"> • For byar, tettstader og utbyggingsområde som ikkje ligg til sjø, er energiopptak frå borehol i grunnen (fjell eller lausmasser) naturleg. Når det er nok tilgjengeleg areal for borehola ved aktuelle bygg, vil det ikkje vere behov for felles infrastruktur. I tettbygde område vil det ofte vere nødvendig å etablere felles brønnparkar i nærleiken for at alle aktuelle bygg kan få tilgang til termisk energi frå grunnen. Denne infrastrukturen bør kommunane ta ansvar for å få på plass. • Måltal (GWh) på produksjon av termisk energi i planperioden bør kome med i planen. <p>Ved utbygging av termisk energi, er det så godt som ingen synlege naturinngrep, så dette vil ikkje vere eit hinder for utviklinga. For til dømes vasskraft og vindkraft er naturinngrepa alltid ei utfordring. Drifta har svært liten påverknad på natur, miljø og klima.</p> <p>Ved god planlegging, kan termisk energi vere meir økonomisk i bruk enn elektrisk energi. Når kommunar tek seg av utbygging av samfunnsprosjekt er det eit spleiselag mellom kommunen og alle kundar som koplar seg til anlegget med eigne varmepumpeanlegg. Lokalsamfunnet, ved alle kundane, kan såleis sitje att med den økonomiske innsparinga gjennom redusert behov for kjøp av elektrisk kraft (kWh) og redusert effektbehov (kW). Dette bør vere eit tungtvegande argument for å gjennomføre slike miljøtiltak. For kommunen som utbyggjar er det sjølvfinansierande. For kommunen som byggeigar og andre kundar, er det vanlegvis ei svært lønsam investering. Jfr. Stad kommune si satsing på utbygging av fjordvarmeanlegg.</p> <p>Kombinasjon av fleire fornybare energiberarar er enkelt, til dømes fjordvarme eller bergvarme som stabil grunnlast kombinert med solenergi. Termisk energi frå sjøvatn og borehol i fjell er tilgjengeleg heile året, i motsetning til vindkraft, solenergi og vasskraft, der produksjon varierer og i periodar kan vere heilt borte i store deler av året.</p> <p>Høgverdig elektrisk energi bør i minst mogeleg grad nyttast til oppvarming og kjøling, når lavverdig og lokalprodusert termisk energi kan nyttast.</p>	
Privat (2022/3616 – 154)		
Vindenergi	Vindkraft til havs og ellers i naturen er ekstremt ødeleggende for naturen og det som lever der inkludert oss mennesker. Vannkraft i Norge er et stort nok inngrep i naturen vår og grønnere og mer fornybar og stabil enn vind. Ingen vet konsekvensene av	Tatt til orientering

	<p>havvind og ved turbin havari og ellers uunngåelig slitasje kan resultatet være fatal for hav og fiske. Holdbarheten på turbiner er lav og så langt fra miljøvennlig det går an. Vi redder ikkje klima ved å rasere og ødelegge og bygge ned naturen. Det eneste vi kan gjøre som er bra for klima er å ta vare på naturen å lage så små avtrykk på den som mulig. Det er vår plikt å ta vare på naturen for dei framtidige generasjonene!</p>	<p>Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.</p>
<p>Nordfjordreådet (2022/3616 – 155)</p>		
<p>Om planen</p>	<p>I Nordfjord vert det i dag produsert store mengder med kraft, tradisjonelt vatn og vind, men og termiske produksjon. Kommunane i Nordfjord er einig i at det er eit potensiale for å auke kraftproduksjon i Vestland og gjennom ein slik plan er det mogeleg å arbeide systematisk for å sjå kva regionen skal satse på og kva for prioriteringar ein skal gjere for å nå målet om å auke produksjonen</p>	
<p>Vasskraft</p>	<p>Vasskraft: Nasjonale rammevilkår og skatteregime har lagt føringar som hindrar kraftverk i å ta ut full effekt. Oppgradering av eldre kraftverk og hente ut full effekt av eksisterande kraftverk er to viktige satsingar for å auke vasskraftproduksjon og som bør prioriterast. Denne typen oppgradering har få konfliktlinjer med tanke på visuell ureining og naturmangfald. 10 mw er for lite, ein bør sjå på korleis ein kan få til ein glidande overgang frå 10-15 mw installert effekt.</p> <p>Flaumdempende tiltak: Med klimaendringar er det viktig å ta omsyn til flaumdempende tiltak og dra fordelar med auka energiproduksjon. NVE har peika på ulike typar flaumdempende der ein tek omsyn til på same tid som ein ser på fordelar og ulemper ved tiltaka.</p> <p>Verna vassdrag: For å auke energiproduksjon i Vestland vil dette medføre at ein må ta i bruk naturen og dei naturgitte føresetnadane som vi har for å kunne produsere energi. Omsyn til grøn omstilling og vern av naturkrise blir ofte omtalt som to motsetningar som blir til hinder for kvarandre. Kommunane i Nordfjord meiner at varig vern av vassdrag kan vere til hinder for auka produksjon. Dersom ein skal ha gjennomgang bør ikkje desse vere fritatt for gjennomgang</p>	<p>Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.</p>
<p>Vindenergi</p>	<p>Generelt er det høgt konfliktnivå knytt til vindkraft som er krevjande prosessar for kommune og lokalpolitikarar å stå i. Havvind og vindkraft har stort potensiale som fornybar energi, særleg kysten utanfor Nordfjord er peika på som gode vindforhold. Det er viktig at ein gjennomfører konsekvenskartlegging for biologisk mangfald i havet når det gjeld havvind. Vi ber at ein må ha gode prosessar og retningslinjer for plassering av havvind. Kommunane i Nordfjord har ulik haldning til vindkraft og det må takast omsyn til kommunar som har fatta vedtak om at ein ikkje ønskjer dette</p>	<p>Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.</p>

<p>Termisk energi</p>	<p>Termisk energi i form av fjordvarme er ein type energiform som høver godt for både mindre og større stadar, men som krev utbygging av infrastruktur. Det er likevel ei ny fornybar energikjelde med lokal produksjon, nullutslepp og visuell ureining, men med relativt høge etableringskostnadar. I tillegg er det ei energikjelde som ikkje er avhengig av vêrforhold, slik som sol- og vindenergi. Kommunar som skal oppgradere VAO kan det vere aktuelt å legge til rette/koordinere for infrastruktur for bruk av fjordvarme. Ein treng insitament frå overordna mynde for å utvikle denne energikjelda. I dette arbeidet er det viktig med koordinering av reguleringsføresegner for å sikre alle nybygg har krav om tilkopling og planmynde må brukast av det offentlege.</p> <p>Ein bør ha ambisiøse mål om at alle bygg, både eksisterande og nye, over 250m², skal nytte termisk energi til oppvarming og evt. kjøling. Dette medfører samstundes krav om vassboren oppvarming, som er ein avgjerande føresetnad for å kunne nytte termisk energi.</p> <p>Andre moment knytt til fjordvarme og termisk energi.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Høgverdig elektrisk energi bør ikkje nyttast til oppvarming, når lavverdig termisk energi er godt nok. • Termisk energi kan kome frå ulike fornybare energikjelder, så lenge det er lagt opp til energifleksibel oppvarming med vassboren varme. • Utbygging og bruk av termisk energi gjev svært lite påverknad på natur, miljø, naturmangfald, friluftsområde, landskaps- og kulturverdiar. • Utbygging og bruk av termisk energi reduserer behov for utbygging av kraftverk og behov for utbygging av straumnett • Planlegging og utbygging av termisk energi bør vere eit offentleg ansvar og samordnast med anna utbygging av infrastruktur som veg, vatn og avløp. • Kommentar til krav i reguleringsføresegner: Kravet kan ikkje gå spesifikt på fjordvarme, men på bruk av termisk energi og vassboren oppvarming i bygg 	<p>Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.</p>
<p>Robust kraftforsyning</p>	<p>Distribusjonslinjer av straum bør i større grad planleggast heilskapleg og langsiktig for regionane slik at ein tek omsyn til produksjonsoverføring og naudsynt kraftforsyning til all næring. I denne planlegginga bør ein ta høgde for fleire behov enn berre kraftutbygging. I dag er det eit høgt anleggsbidrag for næringsliv til å skaffe seg nok straum. Syner til at Statnett bør ta ei tydelegare rolle for å sikre straumforsyning i heile landet. Det er viktig at rammene for utbygging av linjenettet vert auka. Ein må arbeide for å utjamne flaskehalsar på straumnettet.</p> <p>Utbygging av kraft kan vere arealkrevjande og eit omstridt tema når ein kjem til verna eller tilrådd verna landareal. Både i slike saker og generelt bruk av areal er det viktig at</p>	<p>Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.</p>

	<p>ein i arbeidet legge til rette for ei samordningsrolle mellom myndigheitene slik at ein kan vurdere enkeltsaker med skjønn.</p> <p>Når ein legg til rette for å auke produksjon må ein sørge for at NVE bør få auka sakshandsamingskapasitet slik at konsesjonssaker går raskar og ein unngår flaskehalsar</p>	
Retningslinjer	<p>Vi stiller oss positive til at det er lagt fram retningslinjer som tek omsyn til det regionale behovet for tilrettelegging av auka produksjon av kraft i Vestland. På same tid som ein tek regionale omsyn til naturmangfald og verna landskap</p> <p>Kommunane i Nordfjord vil peike på høyringa knytt til endring i energilova og plan- og bygningslova knytt til vindkraft på land. Dei nye lovendingane styrkar kommunane si rolle i prosessar knytt til utbygging av vindkraft på land, og at departementa legg opp til auka involvering av kommunar og lokalsamfunn. God samordning mellom energilov og plan- og bygningslov vil auka legitimitet, forankring av planprosessane og gje eit betre grunnlag for lokalt aksepterte utbyggingar</p>	Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.
Kvam herad (2022/3616 – 156)		
Kvam herad -uttale til regional plan for fornybar energi	<p>Kvam herad har handsama regional plan for fornybar energi i heradsstyret den 09.02.2023, jf HST-003/23.</p> <p>Heradsstyret har gjort fylgjande vedtak:</p> <p>Kvam heradsstyre støttar opp om regional plan for fornybar energi i Vestland, for perioden 2023 -2035.</p> <p>«Kvam heradsstyre ynskjer at det vert etablert fleire møtepunkt og arenaer der ein kan få til samarbeid og samhandling i mellom kommunane og fylkeskommunen, for å nå måla i planen. Kvam heradsstyre føreslår at det vert skipa ein arena og møtepunkt for oppfylgning og kunnskapsoverføring av forventingane som ligg i retningslinene for planen.</p> <p>Fylkeskommunen skal ha ansvaret for oppfylginga.</p>	Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.
Kjernekraft	<p>Deltema Kjernekraft(side 23 i planen) bør løftast opp som eige tema i planarbeidet for å auke kunnskapsnivået i Vestland på dette området og synleggjere framtidige moglegheiter innanfor området for regionen.</p>	<p>Ikkje tatt til følge Innspel er vurdert, men ikkje aktuelt med endring.</p> <p>Fylkesdirektøren rår til at kjernekraft vert vurdert gjennom planperioden og behandlast etter kvart som kunnskapsgrunnlaget vert utarbeida.</p>

<p>Vasskraft Verna vassdrag</p>	<p>Stortingsmelding 25 (2015-2016) opnar for konsesjonshandsaming i verna vassdrag med installert effekt opp til 1 MW.</p> <p>Kvam Herad meiner det ikkje bør vera ei øvre grense på 1 MW for utbygging i verna vassdrag, men at det under særskilte høver kan opnast for konsesjonshandsaming og av større kraftverk der dette ikkje rårar verneverdiane. Omfanget til utbygging av kraftverk vil ikkje vera proporsjonalt med effekten det er bygt for, større kraftverk vil ikkje automatisk føra til større inngrep enn mindre kraftverk. Der det blir opna for utbygging er det viktig å nytta potensialet best mogleg på ein skånsam måte.»</p>	<p>Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.</p>
<p>Næringsalliansen Vestland (2022/3616 –157)</p>		
<p>Høyringsvar: Berekraftig verdiskaping - Regional plan for innovasjon og næringsutvikling i Vestland</p>	<p>Regional plan for fornybar energi definerer avgjerande rammevilkår for næringslivet i Vestland. Det er svært positivt at fylkeskommunen utarbeider ein heilskapleg plan med høge ambisjonar. Dette vil medverke til å sikre naudsynt konkurransekraft. Næringsalliansen Vestland deler visjonen og hovudmålet. Vi vil likevel påpeike at tidshorisonten – 2023-2035 – er for kort.</p> <p>Energikommisjonen slår fast at aukande straumforbruk, utan ein tilsvarende auke i produksjonen, vil medføre at kraftoverskotet er borte innan fire år. Statnett meiner at manglande kraft på kalde vinterdagar er det mest akutte trugsmålet mot det norske kraftsystemet. Løysinga er å realisere store mengder ny fornybar kraftproduksjon på kortast mogleg tid. Om det ikkje skjer, når vi ikkje regionale og nasjonale klimamål, vi tapar planlagte industrietableringar og vi risikerer varig høge straumprisar. I tillegg til dette, er det svak overføringskapasitet i nettet i mange område langs kysten. Dette er særleg kritisk i bergensregionen, der industrietableringar alt no får avslag til å kople seg på nettet.</p> <p>Næringsalliansen Vestland ser at mangel på overføringskapasitet og kraft er den største barrieren for etablering av ny, grøn industri. Dette har ein kostnad i form av tapt næringsutvikling, verdiskaping, arbeidsplassar og auka energikostnader. Dette er óg det største hinderet for at Vestland skal nå sine klima- og næringsutviklingsmål (jfr. Regional plan for innovasjon og næringsutvikling og Regional plan for klima).</p> <p>All produksjon av fornybar energi vil påverke natur, miljø og omgivnader. Måla i planen om å skåne natur og miljø står i direkte motstrid til måla om ny energiproduksjon og kan difor vere til hinder for å nå måla som er sette i planen. I høyringsdokumentet vert heile 38 rigide retningslinjer lagt til grunn for planlegging av fornybar energiproduksjon i Vestland. Dette vil gjere det svært vanskeleg å realisere ambisjonane om ei dobling av produksjonen og utbygging av kraftnettet.</p>	<p>Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.</p> <p>Fylkesdirektøren påpeikar at tidshorisonten avgrensa av PBL regional plan</p>

<p>Innspel til plantema: Auka produksjon frå fornybare energikjelder Delmål 1: Vi har produksjon og distribusjon av kraft frå fornybare energikjelder som tek omsyn til miljø, naturmang/aid, friluftslivsområder og landskaps- og kulturverdiar.</p>	<p>Planen har ein tydeleg ambisjon om at Vestland skal bli netto null innan 2030 ved å erstatte 30,5 TWh fossil energi med fornybar energi. Planen gir ingen klare svar på korleis ein skal nå dette målet. Planen er heller ikkje tydeleg nok på korleis kommunane skal kunne implementere planen i sitt arbeid. Det er viktig at planen vert eit godt verktøy for kommunane i deira planlegging av fornybare energikjelder. Det vil vere behov for langt høgare produksjon og nettkapasitet for å realisere ambisjonen.</p> <p>Det framgår ikkje korleis ein skal nå målet når ein samstundes skal ta omsyn til areal-, natur- og miljøkonfliktar. Når ambisjonsnivået i planen er høgt, er risikoen for ikkje å nå måla tilsvarande høge. Måla i planen bør takast på alvor, dei er retningsgjevande for fylkeskommunen og set rammer for næringslivet. Næringsalliansen Vestland oppmodar fylkeskommunen om å utarbeide eit vegkart som viser korleis ein kan nå målet om auka fornybar energiproduksjon og samstundes avklare arealkonfliktar så tidleg som råd er. Næringsalliansen Vestland meiner fylkeskommunen må vere ein pådrivar for føreseielege og gode rammevilkår for kraftprodusentane, og med dette sikre eit grunnlag for nye investeringar. Regjeringa si innføring av nye avgifter på kraftbransjen konfiskerer overskotet til produsentane når straumprisane er høge. Høgprisbidraget for kraft må fasast ut i 2024. Dette er heilt essensielt for at framtidig fornybar kraftproduksjon skal vere lønnsam og bli realisert</p>	<p>Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.</p>
<p>Delmål 2: Kvar enkelt fornybare energikjelde brukast der dei har høgast verdi for samfunnet</p>	<p>Nye krav, retningslinjer og ambisjonar som fylkeskommunen vedtar, vil óg påverke næringslivet. Det kan til dømes dreie seg om krav i tilbod eller krav til solcellepanel på bygningar. Næringsalliansen Vestland meiner fylkeskommunen må etablere møteplassar mellom fylkesadministrasjonen og næringslivet som opplever konsekvensar av planane. Energieffektivisering må løftast langt sterkare fram om ein skal nå ambisjonane.</p> <p>Fylkeskommunen må vere ein aktiv pådrivar for å sikre at nye havvindområde vert opna utanfor kysten av fylket. I dag er krafttilgangen langs kysten mykje svakare enn lengre inne i fylket. NVE har på oppdrag frå regjeringa undersøkt kva område på norsk sokkel som eignar seg for havvindutbygging. Ikkje minst må fylkeskommunen halde fram med å vere ein aktiv pådrivar for at Trollvindprosjektet til Equinor vert realisert, i tillegg til andre havvindprosjekt som medverkar til å sikre kraft til elektrifisering av sokkelen. Dette vil medverke til å betre kraftsituasjonen på fastlandet</p>	<p>Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.</p>
<p>Delmål 4: Vi har kompetanse, forskning og utdanning til å utvikle fornybar energi</p>	<p>Næringsalliansen Vestland meiner fylkeskommunen må medverke til å sikre relevant og attraktiv utdanning i regionen innan fornybare energiområde.</p>	<p>Tatt til orientering</p>

	<p>Det er fire nye verdikjeder som er særleg relevante i vårt fylke: havvind, batteri, hydrogen og CCS.</p> <p>Dersom ein skal nå målet om etablering og vekst i disse verdikjedene, må kompetansebehovet dekkast gjennom ein kombinasjon av nye kandidatar frå utdanningssystemet, etter- og vidareutdanning, overføring av arbeidskraft frå andre næringar og arbeidsinnvandring.</p> <p>Kompetanseoverføring og omstilling er særleg viktig om Vestland skal lukkast med sine mål. Møteplassar som rettar seg mot industriane, bør skapast i eit samarbeid mellom fylkeskommunen og foreiningane i Næringsalliansen Vestland.</p>	Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.
Innspel til plantema: Robust kraftforsyning i Vestland	<p>Det er svært bra at planen underbyggjer behovet for at kraftnettet må oppgraderast og byggast ut. Berre slik kan ein møte kraftbehovet i industri og anna næringsliv, den største barrieren for nye etableringar og oppnåing av fylkeskommunen sine klimamål.</p> <p>Det vil óg ha stor verdi å leggje betre til rette for sentralt plasserte H2-lagringssystem for overskotskraft der forbrukarane er.</p> <p>Det vil hende at energiproduksjon frå vind, vatn og sol på samme tid gjer monalege overskot. Med ei styrking og samankopling av nettet i heile fylket og fleire lagringsplassar, bør det vere eit mål å ta vare på ti prosent meir av energien enn i dag. Om ein i tillegg aukar vassmengdene i flaumutsette anlegg og får dette omsett til energi i nett og lagringssystem, bør det kunne gi ein ytterlegare auke.</p> <p>Statnett og BKK har iverksett fleire prosjekt for å styrke og oppgradere eksisterande nett i bergensregionen, men det er først ved realisering av ei ny tredje linje til Kollsnes at nettet kan handtere forbruksauken som planlagt industriutvikling medfører. Tidsbruken for utbygging av ei ny tredje linje må halverast, og Vestland fylkeskommune må vere ein aktiv pådrivar for dette.</p> <p>Planen må fylle det eksisterande gapet mellom behov og verkemidlar som dessverre har festa seg både i næringslivet og samfunnet elles. For å unngå at planen verkar mot si hensikt, er det heilt avgjerande at konkrete prioriteringar vert implementert i denne.</p>	Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.
Privat (2022/3616 – 158)		
Kjernekraft	<p>kutt ut vindkraft både på land og til havs, det er jo det mest idiotiske som er oppfunne, ødelegg masse natur og funkar ca 30 % av tida gå for kjernekraft, snakk med Trond Mohn.</p>	Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.
Øygarden kommune (2022/3616 – 159)		

Kjernekraft	Deltema Kjernekraft bør løftes opp som eget tema i planarbeidet for å øke kunnskapsnivået i Vestland, og synliggjøre fremtidige muligheter innenfor området i regionen	Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.
Retningslinjer	Retningslinjene i planen Øygarden kommune støttar dei fylkespolitiske retningslinjer som utarbeidd med heimel i energilova, havenergilova og plan- og bygningslova § 8-1 - §8-4 (Vedlegg 1, side 27-29.)	Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.
Utdanning, forskning og innovasjon	Utdanning, forskning og innovasjon som omhandlar fornybar energi Ein bør involvere elevar frå grunnskule og vidaregåande skule til å delta i utvikling av fornybar energi.	Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.
Robust kraftforsyning	Korleis vi får ei robust kraftforsyning i fylket. Øygarden kommune meiner det viktig å sjå etter dei best eigna områda lokalt i kommunane til å etablera fleire mindre tiltak for fornybar energi	Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.
Om planen Plantema:	<p>Øygarden kommune meiner at dei tema som er satt opp i planen er dekkande for å kunna oppfylle dei mål som er i planprogrammet. Dei vil femne om det som skal til for å løyse energiutfordringane i regionen, og auka produksjon av fornybar energi.</p> <p>Det er viktig å sikre ein best mogleg framdrift i omstillinga til fornybar energi. Øygarden kommune meiner ein bør vere konkret på kor og korleis det lokalt er føremålstenleg å etablera tiltak med fornybar energi. Å identifisere gode lokasjonar knytt til type aktuelle energikjelder, vil kunne auke sjansen for gevinst når det gjelder miljø, framdrift og økonomi. Lokale nærvarmeanlegg forsynt med jordvarme, hybride solpanel og eventuell overskotsenergi frå industri, kan vera eit døme på dette i vår region. Ein bør og vurdera moglegheiter til å knyta slike nærvarmeanlegg saman, for å kunna utveksla energi og dermed bidra til å gjera kraftforsyning med fornybar energi meir stabil og robust.</p> <p>Ambisjonsnivå til dei enkelte fornybare energikjeldene Øygarden kommune vil kome attende med ambisjonsnivå når me har fått eit meir detaljert oversyn på behov og løysingar</p>	Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.
Plantema og mål	Tiltaka i handlingsprogrammet Øygarden kommune støttar dei tiltaka som er utarbeida i utkastet til handlingsplan. Ei årleg rullering av handlingsplanen, vil etter vår meining sikra ei god framdrift og	Tatt til orientering

	<p>gjennomføring. Kommunen meiner at det ligg eit stor potensiale for grøn verdiskaping og energiberarar i transportsektoren i Øygarden kommune. Transportsektoren har eit stort potensiale til omstilling om det opna seg moglegheiter for å kunne nytta hydrogen frå ein framtidig permanent produksjon i Energiparken på Blomøyna. Her bør ein sjå på moglegheiter til å få etablert hydrogenfyllestasjonar til framtidsretta tungtrafikk på veg og sjø. Samhandling med transportbransjen, næringslivet og offentleg sektor vil vera avgjerande for å kunne få dette på plass. Tekniske løysingar med lagring og fyllestasjonar er tilgjengeleg pr. dags dato.</p> <p>I kunnskapsgrunnlaget for regional plan for fornybar energi 2023-2035, er kraftsystemet i Vestland godt skildra, og dette vil bli oppdatert årleg i perioden den regionale planen for fornybar energi i Vestland er gjeldande. Dokumentet omhandlar og diskuterer mellom anna dei ulike fornybare energikjeldene i tillegg til kjernekraft. (Vedlegg 4).</p>	<p>Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.</p>
<p>CCB Energy (2022/3616 – 160)</p>		
<p>CCB Energy sitt høringsinnspill til plan for fornybar energi- Vestlandet</p>	<p>CCB Energy takker for å ha fått anledning til å gi kommentarer til planen for fornybar energi.</p> <p>CCB Energy arbeider med å tilrettelegge for etablering av grønne, klimavennlige næringer i Energiparken i Øygarden. Blant selskapets hovedmål er å oppnå sirkulære verdikjeder som synergieffekt til Langskip med dets etablering av Northern Lights CO2-mottaksanlegg i Energiparken, samt bidra til storstilt CO2-fangst nasjonalt. Siden 2017, da energiparken ble valgt som lokasjon for mottak av CO2 med permanent lagring, har vi jobbet kontinuerlig med industriutvikling som kan utnytte kostnadseffektiv, lokal og kortreist CO2. Industrier hvor CO2 fanges direkte fra luft og resulterer i negativt utslipp er eksempel på slik næring og vil være kritisk viktig i nasjonalt og globalt perspektiv for å innfri satte klimaforpliktelser.</p> <p>Et annet viktig eksempel under etablering, er hydrogenproduksjon fra naturgass med karbonfangst. Norge har betydelige mengder naturgassressurser, og følgelig vil en mer klimavennlig utnyttelse gi økt levetid og inntekt.</p> <p>Hydrogenproduksjon vil også muliggjøre produksjon av andre hydrogenbaserte energibærere som ammoniakk og metanol i stort volum. Noe som er helt essensielt</p>	<p>Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.</p> <p>Blått hydrogen er ein ikkje-fornybar energiberar og er derfor ikkje omfatta av planen.</p>

	<p>for å bli konkurransedyktig med dagens fossile produkter. I tillegg vil marine næringer, bioindustri og bruk av CO2 til nytteprodukter kunne spille viktige roller i sirkulære verdikjeder i Energiparken.</p> <p>Nye, og spesielt grønne, næringer er energikrevende, og dette resulterer i at tilgang til kraft blir et nødvendig og avgjørende kriterium for fremtidig etablering.</p> <p>Norges mål og forpliktelse om å redusere klimagassutslipp gjennom Parisavtalen er grunnlaget for klimaomstillingen i Vestland fylke. Dette burde også være hovedmålet i den regionale planen for fornybar energi i Vestland. CCB Energy oppfordrer derfor Vestland fylke om å ikke ensidig fokusere på ordet «fornybart», men også gode og klimavennlige alternative løsninger. Med dette mener vi at ambisjonsnivået om å øke produksjonen av fornybar energi ikke burde ekskludere andre bærekraftige løsninger som kan bidra til at Norge oppfyller klimamålene. Med andre ord vil det ikke være tilstrekkelig å kun ha fornybare energikilder. Fornybare kilder har også den ulempen at de ikke er stabile kilder, noe som kan illustreres ved at vind, vann og sol ikke er til stede 24-timer i døgnet, 365 dager i året. Dette påkrever hybridløsninger og fordyrende lagringsløsninger. Det kan også sies at alle fornybare løsninger vil medføre en viss grad av karbonavtrykk i sin livssyklus. CCB Energy er av den oppfatning at en må ha en helhetlig tilnærming til dette. Norges store ressurser av olje og gass har tilhørighet i Vestlandet, og har god potensial på å utnyttes på en klimavennlig måte som gir minimalt karbonavtrykk. Dette er mulig ved karbonfangst, som videre blir permanent lagret under havbunnen (miljøvennlig) eller brukes som ressurs til andre samfunnsnødvendige produkter. På denne måten vil også Norge bevare eksisterende arbeidsplasser og industri, men også bidra til å skape nye omstillingsarenaer for eksisterende og hardt presset industri.</p> <p>Innen deltema om energibærere er det urimelig å ekskludere hydrogen som er basert på naturgass med CO2 fangst. De største potensielle forbrukerne av hydrogen og hydrogenbærere innen transportnæringen er fartøy og tyngre kjøretøy. Felles for disse er at de krever store energivolumer. Ammoniakk, metanol, biodiesel og LOHC er per i dag de eneste realistiske energibærerne for de store brukerne. Med dagens kraft tilgjengelighet gir det et urealistisk mål om å produsere hydrogen og hydrogenbærere</p>	
--	--	--

	basert på elektrolyse fra fornybare kilder i en stor skala som kan forsyne de største potensielle forbrukerne. I de neste 10-30 årene vil det dermed være nødvendig å benytte seg av tilgjengelig energi basert på olje og gass. Produksjon av klimavennlig energibærere i store volumer er ideelt og fullt oppnåelig i Vestland fylke. Rent hydrogen fra naturgass med fangst og deponering av CO2, vil være raskest vei for å skape en konkurransedyktig alternativ til fossile produkter.	
Oppsummert og fremstilt punktvis: • Innen deltema energibærere; hydrogen	Urimelig å ekskludere hydrogen basert på naturgass med CO2 fangst og deponering, jfr sett opp mot målet om å øke produksjon og få robust kraftforsyning o Ordet fornybar kan være ekskluderende og ikke bidra til det beste for klimaet. Da en må ha helhetlig fokus som innebærer at alle klimavennlige energivennlige energikilder tas i bruk. De globale og nasjonale målsetninger for klimaet, påkrever dette. Alle fornybare løsninger som medfører en viss grad karbonavtrykk i sin livssyklus.	Tatt til orientering Innspel innehold relevant informasjon, men ikke aktuelt med endring.
Robust kraftforsyning	Største energikilde med tilhørighet i Vestland (olje og gass), kan utnyttes med minimalt karbonavtrykk. Dette bidrar til å; <ul style="list-style-type: none"> ▪ Bevare eksisterende arbeidsplasser og industri ▪ Etablere omstillingsarena for olje og gass ▪ Utnytte olje og gass på en miljøvennlig måte med karbonfangst og permanent lagring 	Tatt til orientering Innspel innehold relevant informasjon, men ikke aktuelt med endring.
Delkapittel om roller til hydrogen i energisystemet:	De største forbrukerne innen transportnæringen er fartøy og tungtransport (land) som krever store energivolumer <ul style="list-style-type: none"> ▪ Kun ammoniakk, metanol, biodiesel og LOHC er realistisk p.t. for de store brukerne ▪ Dagens kraft tilgjengelighet gir urealistisk mål om å produsere hydrogen og hydrogenbærere gjennom elektrolyse fra fornybare energikilder i en stor skala som kan forsyne disse ▪ Det vil dermed være nødvendig å benytte seg av tilgjengelig energi basert på olje og gass i lang fremtid. Produksjon av klimavennlig energibærere i store volumer er ideell og fullt ut oppnåelig i Vestland ▪ Rent hydrogen fra naturgass med fangst og deponering av CO2, vil være raskeste vei til prismessig og konkurransedyktig alternativ til dagens fossile produkter 	Tatt til orientering Innspel innehold relevant informasjon, men ikke aktuelt med endring.
Generelt	Hovedmålet må være å redusere klimaavtrykket som Norge er forpliktet til gjennom Parisavtalen, og IKKE ekskludere gode alternative løsninger som vil resultere til målet	Tatt til orientering Innspel innehold relevant informasjon, men ikke aktuelt med endring.
Privat (2022/3616 – 161)		

Vindenergi	Vindenergi gir bare 30%strøm i løpet av ett år! Den sprer gift(som den i Tyrifjorden) så både dyr og folk som bor nær mister fertiliteten! Kjøttet fra dyr, ville og tamme blir forgiftet, vannet i bekker,elver og sjøer kan ikke drikkes! Er det en slik framtid dere ønsker folket i Vestland Fylke	Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.
Privat (2022/3616 – 162)		
Vindenergi	<p>Det blir helt feil å planlegge for opp til tredobling av produksjon av vindkraft på land. Vindkraft er ikke "grønt", det fører til store naturødeleggelser, forurensing, tap av livskvalitet for folk og dyr, tap av eiendomsverdi for hus og hytter i nærområdet.</p> <p>Dessverre gir ikke "Retningslinjer som gjelder for de fornybare energikildene" veldig lite beskyttelse av natur og dyreliv. Retningslinjene er altfor vage og bør være mye mer omfattende i vern av natur og dyreliv.</p> <p>F.eks: Punkt 13. Planen sier det ikke skal bygges vindkraft i urørt natur. Det finnes knapt noe urørt natur igjen i fylket, da definisjonen på urørt natur er minimum 5 km fra et teknisk inngrep som vei, kraftledning, hus/hytte osv. Dermed kan det aller meste av fylket åpnes opp for vindkraft utbygging.</p> <p>Det er bemerkverdig at planen legger opp til så massiv utbygging da ingen av kommunene i fylket har signalisert (ref. forespørsel 2022) at de ønsker å få bygget vindkraftindustri innenfor sine kommunegrenser.</p> <p>Punkt 18 - 19 Sårbart høyfjell. Hvem skal avgjøre hva som er sårbart høyfjell? Er det fylket? Miljødirektoratet? Naturvern organisasjoner? Folket som bruker området? Innleide konsulenter for vindkraft utbyggere?</p> <p>Punkt 31 "Gjennom konkret utforming skal en ein søkje å gjere tiltaket til ein positiv ressurs for friluftslivet" Hva menes her?? Dette gir meg ingen trygghet i at friluftsliv interesser blir ivaretatt.</p> <p>Planen nevner transport av solcelle panel fra Kina og transport av betong fra Kina, men er det tatt med i beregningene av Havvind alle slep med taubåter, ankerhåndteringsskip, installasjon med forskjellige fartøy, service og vedlikehold med forskjellige fartøy? Hywind Tampen utbyggingen er et eksempel som hadde vært veldig fornuftig å sett utregning på når det gjelder utslipp fra diesel og olje.</p> <p>1. Fundament bestående av 3000 mt betong blir begynt bygget på Stord. 2. Hvert fundament blir så slept over til Dommersnes for videre produksjon.</p> <p>3. Hvert fundament blir så slept opp fra Dommersnes til Sløvåg, her brukes 3 slepebåter per fundament og det kan gå opp til 7-8 dager, væravhengig.</p>	Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.

	<p>4. I Sløvåg blir så bladene montert på før turbinene blir slept vidare ut i Nordsjøen av AHTS (store slepebåter) som bruker enorme mengder drivstoff under slepet og ved installasjon.</p> <p>5. Service fartøyene som skal betjene Hywind Tampen i drift er store havgåande fartøy som bruker store mengder drivstoff.</p> <p>6. 4 Hywind Tampen turbiner ble ikke slept ut i fjor og har vært ankret opp utenfor Sløvåg i hele vinter, hver turbin forbruker 200 liter drivstoff i uken når de ligger oppankret i Sløvåg. Det er ingenting "grønt" med vindkraft.</p>	
Hyllestad kommune (2022/3616 – 163)		
Om planen	<p>I kommunestyremøte den 09.02.2023 gjorde Hyllestad kommunestyre følgjande vedtak i sak KOMM-23/004 under referatsak</p> <p>1: Hyllestad kommune sender følgjande høyringsinnspel til regional plan for fornybar energi 2023 - 2027:</p> <p>Høyringsuttalen vår tar utgangspunkt i hovudmålet til Regional plan for fornybar energi i Vestland: Vi har energioverskot frå fornybar energikjelder og ei robust kraftforsyning som bidreg til grøn verdiskaping.</p> <p>Til å følgje opp hovudmålet er det sett 2 plantema: Auka produksjon frå fornybare energikjelder (delmål 1-5) Robust kraftforsyning i Vestland (delmål 6-9)</p>	Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.
Delmål 1 Vi har produksjon og distribusjon av kraft frå fornybare energikjelder som tek omsyn til miljø, naturmangfald, friluftslivsområder og landskaps og kulturverdiar	<p>Hyllestad kommune støttar delmålet, og meiner det må stå heilt sentralt i utvikling av ny fornybar kraft. Tap av natur har i altfor stor grad vore konsekvens av tidlegare kraftutbygging, og det er heilt avgjerande at den kursen vert lagt om til å bli meir moderne og bærekraftig Vestland bidreg i dag med stor eksport av elektrisk kraft, og vi meiner tida no er inne for å vere meir restriktive med å industrialisere den urørte naturen vi har att.</p> <p>Vindkraft, både til havs og på land er etter vår ei energiform som har svært mange uheldige konsekvensar for natur og miljø i vid forstand. Det i tillegg ei energiform som er ustabil, uregulerbar og heilt avhengig av balansekraft frå andre straumkjelder som då må byggjast ut som supplement til vindkrafta. Det er etter vårt syn få gode argument for å bygge ut meir vindkraft i Noreg generelt, og det må uansett ikkje føre til meir nedbygging av urørt natur. Vi meiner difor at det må satsast mykje meir på energiøkonomisering, og at det vert lagt til rette for støtteordningar som kan nyttast av både private og verksemder. Det må leggjast til rette for forskning og utvikling av energikjelder som solkraft, bioenergi, termisk energi og kjernekraft.</p>	Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.
Delmål 2: Kvar enkelt fornybare energikjelde brukast der dei har høgast verdi for samfunnet	<p>Hyllestad kommune meiner at elektrifisering av sokkelen er eit tiltak som er i direkte motstrid med delmålet. Å transportere rein fornybar kraft ut i Nordsjøen for å drive oljeproduksjonen er eit stort feilsteg. Klimaeffekten er i høgste grad tvilsam, så dette ser dessverre meir ut som eit eksempel på såkalla «grønvasking», der økonomiske</p>	Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.

	hensyn driv utviklinga under dekke av å vere klimatiltak. Tiltaket brukar opp energien som kunne vore brukt til landbasert industri og utvikling, noko som er svært uheldig.	
Delmål 3: Auka produksjon frå fornybare energikjelder har bidrege til kutta klimagass utslipp i Vestland	Hyllestad kommune støttar delmålet, og meiner at det må leggjast til rette for auka bruk av vass-, sol-, bio- og termisk energi. Vi meiner også at ein må følgje med i utviklinga av kjernekraft, og at VFK aktivt støttar dette. Offentlege bygg og verksemd må gå framom når det gjeld å ta i bruk ny teknologi som kan redusere energibruken Vi meiner det er viktig at politikken og teknologi som vert utvikla er basert på kunnskap, der ein ser alle tiltak i ein heilskapleg samanheng. Det bør vurderast skånsom vasskraftutbygging i verna vassdrag, spesielt i flaumutsette område	Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.
Delmål 4: Vi har kompetanse, forskning og utdanning til å utvikle fornybar energi	Hyllestad kommune meiner at det er viktig å oppretthalde og videreutvikle utdanningstilbod retta mot fornybar energi. Vi må aktivt gje aktiv støtte til forskningsprosjekt, der opplæringsinstitusjonane i samarbeid med næringslivet kan utvikle prosjekt og teste ut ny teknologi	Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.
Delmål 5: Vi har stabil og positiv kraftbalanse	Hyllstad kommune meiner at vi i tida framover må fokusere langt sterkare på energiøkonomisering, ref energikommisjonen si innstilling av 1.feb Det må arbeidast for å utvikle regulerbare energikjelder, og ha system og rutiner som sikrar beredskap og forsyningstryggleik i alle situasjoner. Arbeide for at landsdelen har nok og effektive distribusjonssystem, og at næringslivet også i distrikta kan få tilgang til stabil og rimeleg kraft	Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.
Delmål 6: Vi har kraftnett som gir nok kraft til forbruk og industri i heile Vestland	Hyllestad kommune meiner at vi skal bygge ut effektiv landbasert kraftdistribusjon som kan sikre både hushalda og næringslivet sitt behov. Vi meiner at heile Vestland bør inn i samme sone, for å unngå ulik prissetting som medfører konkurransevridning og ulike drifts- og levekostnader innanfor same fylket	Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.
Delmål 7: Vi utnyttar mangfaldet av fornybare energikjelder som gjer oss mindre sårbare for uføresette endringar i energiproduksjonen	Hyllestad kommune støttar delmålet og vil ha sterkare fokus på energiøkonomisering, oppgradering/utbygging av vasskraft, solenergi, bio- og termisk energi	Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.
Delmål 8: Vi har ein infrastruktur for energiberarar som gjer at vi kan nytte oss av svingingane i kraftproduksjonen og avlaste nettet	Hyllestad kommune meiner at det er viktig å få på plass distribusjonssystem for energi til drift av skipstrafikken langs kysten. Dette kan vere ladestasjonar, eller andre former for energibærarar i gass eller flytande form	Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.
Delmål 9: Vi har sikra nok tilgang på rein energi til hubane i Grøn region Vestland	Hyllestad kommune meiner at vi med rett satsing på nye og fornybare energikjelder vil ha dei beste føresetnader for å dekke energibehovet til både hushalda og industri/næringsliv i overskueleleg framtid. Det vil likevel vere avhengig av at vi ikkje	Tatt til orientering

	sløsar bort eksisterande kraftoverskot, og fokuserer på effektivitet og moderne løysingar både i eksisterande og nye bygg, verksemd og infrastruktur	Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.
Motvind Sunnfjord og Ytre Sogn (2022/3616 – 164)		
Samandrag	<p>Motvind Sunnfjord og Ytre Sogn ber fylkeskommunen utsetje sluttbehandlninga av Regional plan for fornybar energi 2023-2035 til etter at endringane i energilova og plan- og bygningslova, er vedtekne og sette i verk.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Motvind Sunnfjord og Ytre Sogn meiner at eksisterande vedtak i fylkesting og fylkesutval, må liggje til avgjerande grunn for Regional plan for fornybar energi. • Det finst ikkje politiske vedtak i Vestland fylke eller positive signal frå kommunar i fylket, og som harmonerer med ambisjonsnivået om utbygging av tre gonger så mykje vindkraft på land i Vestland. Regional plan for fornybar energi, er difor på sterk kollisjonskurs med eksisterande haldningar og vedtak om vindkraft i kommunar og i fylket. • Vestland fylkeskommune må prioritere arbeid med alternative energikjelder til vindkraft 	Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.
Om MSYS	<p>Motvind Sunnfjord og Ytre Sogn (MSYS) er ei organisering av det folkelege engasjementet mot vindkraft i kommunane Fjaler, Hyllestad, Høyanger og Sunnfjord. MSYS blei oppretta som direkte følgje av at NVE i forslaget til nasjonal ramme for vindkraft i april 2019, hadde plukka ut store fjellområde i våre kommunar som eigna for vindkraft. Styret i MSYS er samansett av to representantar frå kvar av desse kommunane. Organisasjonen har per i dag 1612 medlemmer i si lokale Facebook-gruppe og har gjennomført fleire møte og markeringar lokalt med svært god oppslutning. Motvind Sunnfjord og Ytre Sogn viser til at Vestland fylkeskommune har på høyring Regional plan for fornybar energi 2023-2035 (heretter: Regional plan). Høyringsfristen er 20. februar. Vi har forstått det slik at planen skal til behandling i fylkesutvalet tidsnok til sluttbehandlning i fylkestinget i mars</p>	Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.
Prinsipal uttale	<p>Kommunal- og distriktsdepartementet (KDD) og Olje- og energidepartementet (OED) har no på høyring endringar i energilova og plan- og bygningslova knytt til vindkraft på land. Høyringsfristen er 27. feb., og i samtalen vår med statsråd Aasland 24. januar, opplyste han at det blir teke sikte på at endringane skal vedtakast «før sommeren».</p> <p>På OED si nettside er større makt til kommunane framheva som eit hovudpunkt i forslaget til lovendringar.</p>	<p>Ikkje tatt til følgje Innspel er vurdert, men ikkje aktuelt med endring.</p> <p>Fylkesdirektøren rår til at planen vert behandla i tråd med planlagt tidslinje. Omsynet til kommunal råderett vert godt ivaretatt gjennom mål og retningslinjer.</p>

	<p>Kommunane si haldning til vindkraft har vore, og er, sentral. Motvind Sunnfjord og Ytre Sogn vil derfor, som første del av høyringsuttalen vår til fornybar-planen, be fylkeskommunen utsetje sluttbehandlinga av planen til etter at lovendingane er vedtekne og sette i verk. Vi meiner det departementalt uttrykte «større makt» til kommunane, er noko av det som må liggje til grunn for Regional plan</p>	
<p>Subsidiær uttale</p>	<p>Motvind Sunnfjord og Ytre Sogn sitt mål er at omsynet til natur, er kriteriet for kva ein kan gå inn for i vindkraftsaker. Klimakrisa har fått ei høgst fortent og nødvendig merksemd seinare år. Etter kvart har det heldigvis også blitt meir fokus på natur, og ein ser no at omsynet til klima og natur må gå hand i hand. Bevaring av natur er viktig også for klima – vi nemner her berre kor viktig myr er for lagring av CO2. Vi gler oss derfor over at fylkestinget har gjort ei rekkje vedtak som talar mot vindkraft. MSYS vil peike på f. eks. <u>vedtaket i fylkestingssak PS 83/2020, juni 2020</u>, der eit avgjerande punkt seier oss at:</p> <p><i>Vestland fylkesting vil ikkje ha utbygging av vindkraft i urørd natur eller på bekostning av viktige verdier knytt til natur, landskap, kulturminne/kulturmiljø og reiseliv, og som er i strid med kommunestyrevedtak.</i></p> <p>Denne delen av fylkestingsvedtaket blei også gjenteke ordrett av fylkesutvalet i juni 2022 når utvalet vedtok planprogram til Regional plan (fylkesutvalssak PS 164/2022). Og fylkesutvalet gjorde også eit anna interessant vedtak; gjennomføring av ei «enkel kartlegging av om det er kommunar som ynskjer å leggja til rette for vindkraft på land». Fylkesordføraren opplyste på fylkestingsmøtet i sep. 2022 om denne kartlegginga «at 26 kommunar svarte. Ingen av kommunane som svarte har gjort vedtak for tilrettelegging av vindkraft på land.» (sitat frå Møteprotokoll). Motvind Sunnfjord og Ytre Sogn meiner at <u>desse vedtaka i fylkesting og fylkesutval må liggje til avgjerande grunn for Regional plan for fornybar energi.</u></p> <p>Kommunal- og distriktsdepartementet og Olje- og energidepartementet «Vil gi kommunane større makt i vindkraftsaker» blir det opplyst på OED si pressemelding 13. jan. 2023. Dette skal i følgje høyringa skje i <i>Forslag fra Kommunal- og distriktsdepartementet og Olje- og energidepartementet til endringer i energiloven og plan- og bygningsloven knyttet til vindkraft på land.</i> Det er sett svært kort høyringsfrist på slike omfattande og omdiskuterte forhold knytt til vindkraft – særleg når ein tek omsyn til kor lang tid departement har hatt på seg etter behandlinga av Meld. St. 28 (2019-2020).</p>	<p>Ikkje tatt til følgje Innspel er vurdert, men ikkje aktuelt med endring.</p> <p>Fylkesdirektøren visar til kartlegginga gjort etter sak PS164/22 som nemnt. 24 av kommunane i Vestland signerte på ordførar oppropet om kommunal råderett i vindkraftutbygging til regjeringa ved Olje- og energiminister Tina Bru overlevert 4. september 2020. I kartlegginga til Vestland svarte 11 kommunar at dei har vedtak som har stoppa vindkraftutbygging i kommunen. 7 kommunar sendte motsegn til NVEs forslag til nasjonal ramme for vindkraft på land i 2019. Ingen av kommunane meldte om vedtak gjort for tilrettelegging av vindkraft i kommunen.</p> <p>Energieffektivisering er utanom mandatet til planen, men er behandla i regional plan for klima. Planen har målsettingar innan</p>

	<p>Mykje tyder på at kommunar meiner at forslaga til endring i lovverket, særleg i plan- og bygningslova, ikkje er tydelege nok. Vi føreset at departementet vil foreta ei grundig vurdering av om for eksempel slike merknader skal takast avgjerande omsyn til, og at det vil ta tid.</p> <p>Motvind Sunnfjord og Ytre Sogn ser under eitt både fylkestingsvedtak, fylkesutvalsvedtak, innrapportering frå kommunane om ingen areal avsette til vindkraft og no til slutt departementale løfte om «større makt» til kommunane. Det er utifrå dette at <u>vi meiner at Regional plan er på kollisjonskurs med eksisterande haldningar og vedtak i kommunar og fylket, når den har eit «ambisjonsnivå» om opp til tre gonger så høg vindkraftproduksjon i Vestland</u> (Høyringsutkastet, s. 16).</p> <p>Dersom Vestland tek til orde for og arbeider for at vindkraftproduksjonen kan aukast frå noverande 1,6 TWh til 5 TWh årsproduksjon (ein 3-gang), inneber dette at rundt rekna tre gonger så store naturareal blir beslaglagt. Vi finn ikkje dette i samsvar med kommunane sine arealplanar, og dette står opplagt i motstrid til den naturavtalen som forhandlarane på COP15 i Montreal i Canada blei einige om i desember 2023.</p> <p>Klima- og miljøminister Espen Barth Eide (AP) sa i eit intervju med E24 at denne naturavtalen var «en julegave til klodens barn».</p> <p>Skal Vestland sin Regional plan vere ei gåve til etterkomarane våre med eit ambisjonsnivå om at rundt tre gonger så store naturareal skal setjast av til høgst omstridd vindkraft?</p> <p>Svaret vårt er enkelt: Vestland fylkeskommune må, saman med kraftbransjen o.a., kaste seg for fullt inn i arbeidet for å få realisert det energieffektiviseringspotensiale som finst. Energikommisjonen har talfesta dette til 20 TWh. Sidan Vestland står for rundt rekna 25 % av norsk vasskraft-produksjon, kan ein i utgangspunktet forvente at Vestland har eit potensiale på kanskje 5 TWh. Dette er ein høgare vinst enn Regional plan sitt ambisjonsnivå om auke i vindkraftproduksjon på 3,4 TWh (frå 1,6 til 5 TWh)</p>	<p>deltema Termisk energi, som er ei form for energieffektivisering fordi det avlastar behovet for elektrisk kraft til oppvarming.</p>
Masfjorden KRF(2022/3616 – 165)		
Vindenergi	<p>Regional plan for fornybar energi tek ikkje opp i seg fylkestingets vedtak gjort 10.06.20 om avvising av vindkraft på land, med unntak av vindkraft i alt etablerte større industriområde.</p> <p>Masfjorden KrF vil at omtale av vindkraft på land fjernast i planen og følgjande tekst innarbeidast. «Det skal ikkje gjevast konsesjon til vindkraft på land i Vestland fylkje med unntak av vindkraft i alt etablerte større industriområde»</p>	<p>Ikkje tatt til følgje Innspel er vurdert, men ikkje aktuelt med endring.</p> <p>Retningslinjene 6, 12 og 13 seier at bygging av kraftverk og infrastruktur knytt til fornybare</p>

		<p>energikjelder skal ta i vare omsyn til miljø og andre arealinteresser, at det ikkje skal byggast vindkraft på land i urørt natur, der viktige verdiar knytt til natur, landskap, kulturminne, kulturmiljø eller reiseliv blir forringa eller i strid med kommunale vedtak.</p> <p>Behovet for produksjon av fornybar energi, sett opp mot behovet for å ivareta andre viktige arealverdiar, som urørt natur, biologisk mangfald, landskaps- og friluftssinteresser, er ein særleg tydeleg interessekonflikt ved arealkrevjande tiltak. Fylkesdirektøren meiner det likevel er eit potensial for utbygging av vindkraft som tek i vare omsyna som måla og retningslinjene legg opp til.</p>
Retningsliner	<p>Side 28: Punkt 18-19 , Sårbart høgfjell: Retningsliner for planlegging i Vestland Retningslinjene(side 28) er det ikkje satt krav til kvalitativ metode for å utgreia Sårbart høgfjell.</p> <p>Det er ikkje innarbeida i plan for kva som vert definert som sårbart høgfjell, kva som varige sår i naturen og krav til kvalitativ metode som skal brukast. Det er ein svakheit som ikkje stettar vedteken politikk i Vestland fylkje. Innspel : Punkt 18 og 19 erstattast med Det skal ikkje gjevast løyve til kraftutbygging i områder definert som «Sårbart høgfjell»</p>	<p>Ikkje tatt til følgje Innspel er vurdert, men ikkje aktuelt med endring.</p> <p>Sjå kommentar over.</p>
Om planen	<p>Orda «urørd natur» er brukt 3 stader i plan(side 15 og 27). Innspel : Orda «urørd natur» endrast til natur. Ein kan ikkje nedskalere verdien av natur til å sei at det er kun urørt natur som skal «vernast» mot nye inngrep. Mykje av den naturen som plan legg opptil kan brukast til utbygging, er sær s viktig for landskap, kulturminne, kulturmiljø, reiseliv, friluftsliv og lokalsamfunn. Lokalsamfunn sin berekraft med tilflytting og etablering vil kunna bli</p>	<p>Ikkje tatt til følgje Innspel er vurdert, men ikkje aktuelt med endring.</p> <p>Fylkesdirektøren rår til at ordlyden er urørt natur fordi natur</p>

	sterkt redusert som følgje av bruka av såkalla urørt natur og er ikkje drøfta i plan i det heile	vil famne all natur, både utbygd og urørt.
Plantema og mål	Side 3: Delmål 3: Auka produksjon frå fornybare energikjelder har bidrege til kutta klimagass utslepp i Vestland Innspel: Målet fjernast: Dette målet er alt oppfylt når Vestland alt har overskott av energi produsert av fornybare kjelder. Viser til side 25 deltema – kraftnett. «Det produserast meir kraft i Vestland enn vi brukar, likevel er det mange område i fylket der det ikkje er mogleg å ta ut meir kraft enn i dag.» Plan er sjølvmodsigande på dette punktet da plan tilkjenn gir at produksjon i Vestland fylke er stor nok til eige forbruk og ei auke. Det betyr at auke i produksjon gir ingen reduksjon av klimagass utslepp lokalt i Vestland. Ingen av punkta (på side 26) treng ny produksjon få å kunne nåes men nye linje føringar er det behov for	Ikkje tatt til følgje Innspel er vurdert, men ikkje aktuelt med endring. Fylkesdirektøren visar til utslepp frå industri i Vestland. Ny fornybar energi kan erstatta mykje av dagens fossile brennstoff i industrien
Retningslinjer	Side 27: Retningslinjer som gjeld dei fornybare energikjeldene Punkt 7. Ved bruk av komponentar til produksjon av energi frå fornybare energikjelder bør fylkeskommunen og kommunar vektleggje klimafotavtrykket i verdikjedene til alle komponentane. Innspel : Ny tekst Ved planlegging av etablering av ny produksjon av fornybar energi skal fylkeskommunen og kommunar vektleggje klimafot-, miljøavtrykket og berekraft i produksjon av komponentar alt frå første utvinning av råstoff og i alle ledd i prosessen fram til ferdig produkt	Tatt til følgje. Endring er av mindre karakter og ikkje presentert i saksframstilling. Ved bruk av komponentar til produksjon av energi frå fornybare energikjelder bør fylkeskommunen og kommunar vektleggje klimafotavtrykket i verdikjedene til alle komponentane. Endrast til Ved bruk av komponentar til produksjon frå fornybare energikjelder bør fylkeskommunen og kommunar vektleggje klimafotavtrykket i verdikjedene til alle komponentane. <i>Verdikjede nyttast i staden for uttrykket klimafotavtrykk og berekraft i produksjon av komponentar frå utvinning av</i>

		<i>råstoff til ferdig anlegg», som vart fremma i innspelet. Omgrepet verdikjede famner vidare og vil derfor vere eit meir dekkande omgrep.</i>
Om planen	<p>I plan nyttar ein «begrep» som følgjar; urørd natur på land eller der viktige verdiar knytt til natur, landskap, kulturminne, kulturmiljø eller reiseliv blir forringa. Det er ein stor svakheit i plan at desse orda(begrep) ikkje er definert eller kvantifisert og derfor ikkje er målbare eller blir styrt av politikk.</p> <p>Forholdet til friluftsliv er nemnt i emne Havenergi som moglege interessekonflikatar, men er ikkje nemnt som det i omtale av vindkraft på land. Dette fører til at det generelle kunnskapsgrunnlaget som skal etablerast i plan og brukast i vidare planlegging på alle nivå i sin heilheit er feil. Det vil føre til at tiltakshavar ikkje må eller vil vurdere friluftsliv som eit av forhold som må utgreiast i ein KU. Retningslinjene(side 28) er det ikkje satt krav til kvalitativ metode for å utgreia friluftsliv. I retningslinja er det skrevet inn at tiltak som vert igangsett skal være ein positiv ressurs for friluftslivet, det er umogleg å oppnå når retningslinja er utforma slik den er i plan forslaget, når ingen definisjonar på kva som er positivt er framlagt.</p> <p>Innspel : Punkt om «Krav til kvalitativ metode for å skaffe kunnskapsgrunnlag for urørd natur på land eller der viktige verdiar knytt til natur, landskap, kulturminne, kulturmiljø eller der friluftsliv og reiseliv blir forringa», må arbeidast inn i plan</p>	<p>Ikkje tatt til følge Innspel er vurdert, men ikkje aktuelt med endring.</p> <p>Fylkesdirektøren peiker på at krav til kvalitativ metode for å skaffe kunnskapsgrunnlag for urørd natur på land eller der viktige verdiar knytt til natur, landskap, kulturminne, kulturmiljø eller der friluftsliv og reiseliv blir forringa vert tatt i vare gjennom krav til konsekvensutgreiing.</p>
Om planen	<p>Fylket treng ein mykje meir ambisiøs haldning til moderne kjernekraft, som må inn som eit av hovudpunktene i planen.</p> <p>Innspel, nytt punkt: Modulbasert kjernekraft må etablerast der ein har behov for auka strømmengde, t.d. til industri, i område der dagens alt utbygde energiform ikkje kan aukast</p>	<p>Ikkje tatt til følge Innspel er vurdert, men ikkje aktuelt med endring.</p> <p>Fylkesdirektøren rår til at kjernekraft vert vurdert gjennom planperioden og behandlast etter kvart som kunnskapsgrunnlaget vert utarbeida.</p>
Om planen	<p>Masfjorden KrF krev at folkehelse må omtalast i eige tema ved gjennomføring av konsekvensutgreiing (KU), for vindkraftutbygging, på lik linje med andre viktige verdiar knytt til natur, landskap, friluftsliv, kulturminne, kulturmiljø og reiseliv.</p>	<p>Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.</p>

	KU som blir utført ved vindkraftutbygging må dokumentera at alle tema i forskrift om konsekvensutgreiing er omhandla som eigne punkt	
Vindenergi	<p>Planutkastet opnar for ei inntil TRE-DOBLING av produksjon av vindkraft på land. På side 15 er det sett eit produksjonsmål i intervallet frå dagens produksjon på 1.6 TWh til opptil 5 TWh årleg i produksjon av vindkraft.</p> <p>Planen legg opp til «0,5 - 3,4 TWh ny straum frå landvind i høve til 2022 er kopla til kraftnettet i Vestland». Planen legg opp til at det nivået skal vere nådd innan 2035. Det krev 13 vindkraftanlegg dobbel så store som Lutelandet vindkraftverk. Kvar skal dei plasserast og kva kommune vil ha dei?</p> <p>Samtlege 43 kommunar i Vestland fylke vart tilskrive i etterkant av fylkesutvalet sitt vedtak i juni-22. Konklusjonen var at 26 kommunar sendte svar til VF – og INGEN – INGEN – kommunar i Vestland fylke gav uttrykk for at dei hadde planar for – eller ønskte vindkraft på land. Masfjorden KrF meiner det er viktig å senka ambisjonsnivået når det gjeld vindkraft og KrF ber om at siste kulepunkt i tema ambisjonsnivå og utbygging av vindindustri side 15 vert fjerna</p>	<p>Ikkje tatt til følge Innspel er vurdert, men ikkje aktuelt med endring.</p> <p>Fylkesdirektøren visar til kartlegginga gjort etter sak PS164/22 som nemnt. 24 av kommunane i Vestland signerte på ordførar oppropet om kommunal råderett i vindkraftutbygging til regjeringa ved Olje- og energiminister Tina Bru overlevert 4. september 2020.</p> <p>I kartlegginga til Vestland svarte 11 kommunar at dei har vedtak som har stoppa vindkraftutbygging i kommunen. 7 kommunar sendte motsegn til NVEs forslag til nasjonal ramme for vindkraft på land i 2019. Ingen av kommunane meldte om vedtak gjort for tilrettelegging av vindkraft i kommunen.</p>
Motvind Vest (2022/3616 – 166)		
Innleiing	Motvind VEST er regionslag for Motvind Norge, en medlemsorganisasjon med 20 000 medlemmer nasjonalt. Vi har 3600 medlemmer i Vestland fylke og regionslaget representerer disse. Vårt formål er å stanse natur- og miljøødeleggende og ikke bærekraftig industriell vindkraftutbygging. Organisasjonen er opptatt av at føre-var prinsippet må gjelde både for vindkraft på land og til havs. Det finnes mange alternativer som må komme før store kraftutbygginger i naturområder.	

	<p>Regional plan for fornybar energi 2023-2035 (RP) vil legge føringer på fremtidige planer for kraftproduksjon og forsyning i Vestland fylke, både på regionalt og kommunalt nivå. Det er derfor viktig at planen gjenspeiler vedtak som er gjort, og ikke legger opp til ambisjoner som vil kunne komme i konflikt med hverandre og hindre demokratiske prosesser i kommunene.</p> <p>Motvind VEST vil med sitt høringsinnspill bidra til at regional plan for fornybar energi:</p> <ul style="list-style-type: none"> • ikke legger opp til fremtidig konflikt mellom naturhensyn og kraftbehov. • utformes slik at den ikke hindrer lokal medvirkning og demokratiske prosesser i kommunene. • legger til rette for en ansvarlig utvikling når det gjelder fornybar energi. Vi presenterer 8 innspill som etterfølges av en gjennomgang med tilhørende kommentarer 	
MOTVIND VEST SINE INNSPILL TIL REGIONAL PLAN FOR FORNYBAR ENERGI 2023-2035	<ol style="list-style-type: none"> 1. Bærekraftsmålene «12 - Ansvarlig forbruk og produksjon» og «14 - Livet i havet» må inn i planen. 2. Regional plan må ikke inneholde ambisjonsmål og retningslinjer som kan komme i konflikt med regionale/kommunale vedtak og demokratiske prosesser. 3. Behov for økt produksjon av fornybar energi må vurderes opp mot bærekraftsmål 12 – ansvarlig forbruk og produksjon. 4. Sammenhengen mellom pris og kraftproduksjon må klargjøres og begrunnes. 5. Hensyn til natur må veie tungt for all ny kraftproduksjon – uavhengig av teknologi. 6. Det må stilles krav om et godt kunnskapsgrunnlag for havvind, som beskriver konsekvenser for livet i og på havet. Førre-var prinsippet må legges til grunn. 7. Ambisjonsmål om utbygging av ny vindkraft på land må fjernes fordi målet kommer i direkte konflikt med de begrensninger som er vedtatt om det ikke skal bygges vindkraft i urørt natur eller på bekostning av viktige verdier knyttet til natur, landskap, kulturminne/kulturmiljø og reiseliv, og som er i strid med kommunestyrevedtak. 8. Stryke følgende formuleringer i Retningslinjer for fornybar energi. <ul style="list-style-type: none"> - 31) Gjennom konkret utforming skal ein søkje å gjere tiltaket til ein positiv ressurs for friluftslivet - 33) Gjennom konkret utforming skal ein søkje å gjere tiltaket til ein positiv ressurs for reiselivet 	Innspela kjem i radene under
Innspill 1)	<p>Bærekraftsmålene «12 – Ansvarlig forbruk og produksjon» og «14 – Livet i havet» må inn i planen.</p> <p>Hovedvisjonen for regional plan for fornybar energi 2023-2035 er at den skal være Nyskapande og berekraftig». Det tas utgangspunkt i bærekraftsmål 7 – Rein energi til alle. I tillegg løfter planen opp bærekraftsmål 9 – Innovasjon og infrastruktur, 11 – bærekraftige byer og lokalsamfunn, 13 – stoppe klimaendringene, 15 – Livet på land</p>	Tatt til følge. Endring eller informasjon av politisk betydning, som presenterast i saksframstilling.

	<p>og 17 – samarbeide for å nå målene. Vi mener to viktige bærekraftsmål mangler og må inn i planen.</p> <p>Bærekraftsmål 12 – Ansvarlig forbruk og produksjon må være et kjernepunkt for all grønn omstilling. Ansvarlig forbruk og produksjon betyr at det må stilles spørsmål ved hva vi bruker kraften til og i større grad legges vekt på moderasjon. Viktige tiltak for å nå dette bærekraftsmålet er effektivisering, sparing, prioritering og gjenbruk. Vi kan ikke si ja til alle kraftkrevende prosjekter.</p> <p>Kunnskap om livet i havet mangler både i visjon og kunnskapsgrunnlag for forslag til regional plan. Dette er et tema som er særdeles viktig når havvind nå løftes frem som et særlig satsingsområde. Bærekraftsmål 14 – Livet i havet må med i planen (se også innspill 6)</p>	
Innspill 2)	<p>Regional plan må ikke inneholde ambisjonsmål og retningslinjer som kan komme i konflikt med regionale/kommunale vedtak og demokratiske prosesser</p> <p>Ambisjonsnivå, mål og delmål i regional plan for fornybar energi 2023-2035 beskriver hvordan Vestland skal jobbe for økt bruk av fornybar energi. Retningslinjer i planen skal legges til grunn for regional, kommunal og statlig planlegging og virksomhet (RP s.6).</p> <p>Den regionale planen vil legge klare føringer på kommunal planlegging over tid. Regional plan for fornybar energi vil strekke seg over en lengre periode hvor det tas høyde for mulige endringer i kraftbehov. Ambisjonsmålene må ikke utformes slik at kommunene vil bli bundet av føringer som blir til hinder for lokale, demokratiske prosesser som skal sikre innbyggernes rettigheter. Målene må heller ikke utformes slik at de kommer i direkte konflikt med fylkets egne vedtak og retningslinjer som er tatt inn i RP.</p>	<p>Tatt til orientering Innspel inneholdt relevant informasjon, men ikke aktuelt med endring.</p>
Innspill 3)	<p>Behov for økt produksjon av fornybar energi må vurderes opp mot bærekraftsmål 12 – ansvarlig forbruk og produksjon</p> <p>Vi ber om en klargjøring av hva det betyr at Vestland fylkeskommune vil jobbe for «økt bruk av fornybar energi».</p> <p>Økt bruk kan forsvares som et direkte bidrag til å nå mål om utslippsreduksjon, men ikke som kilde til ubegrenset satsing på «bærekraftig» verdiskaping. Vi viser igjen til Bærekraftsmål 12 – Ansvarlig forbruk og produksjon. All ny kraftutbygging og produksjon kommer med en kostnad for naturen og dette er en målkonflikt og et dilemma planen løfter frem (RP s.7).</p>	<p>Tatt til følge. Endring eller informasjon av politisk betydning, som presenterast i saksframstilling.</p> <p>Sjå kommentar over.</p>

	Det er nødvendig at fylkeskommunens mål om nye grønne arbeidsplasser og utvikling tar hensyn til konsekvensene av økt kraftbehov med tanke på ansvarlig forbruk og produksjon. Vi støtter tiltak for sparing, effektivisering, gjenbruk og en prioritering hvor hensyn til naturen er grunnleggende. Nye muligheter for utvikling og arbeidsplasser kan ligge i sirkulærsamfunnet hvor all ressursbruk vurderes nøye	
Innspill 4)	Sammenhengen mellom pris og produksjon må klargjøres og begrunnes I kapittel for plantema og mål kobles økt produksjon av fornybar energi til pris. I avsnitt for ambisjonsnivå og utbygging av fornybar energi står følgende: «Vestland fylke har lagt til rette for auka produksjon av fornybar energi slik at vestlandssamfunnet har påliteleg og berekraftig energi til overkomeleg pris» (RP s.10). Prisdannelse for energi skjer i det europeiske markedet og påvirkes av overføringskapasitet. Dersom økt produksjon av fornybar energi skal kunne påvirke pris i vesentlig grad så må det bygges så mye at vi har et overskudd utover overføringskapasiteten. Sammenhengen mellom pris og produksjon må klargjøres og begrunnes. Anslag for økt produksjonsbehov må sees i sammenheng med konsekvenser av nye kraftutbygginger.	Ikkje tatt til følge Innspel er vurdert, men ikkje aktuelt med endring. Fylkeskommunen rår ikkje over verkemidlar som direkte påverkar pris.
Innspill 5) i	Hensyn til natur må veie tungt for all ny kraftproduksjon – uavhengig av teknologi For alle kilder til fornybar energi må hensyn til natur veie tungt. Effektivisering og oppgradering av eksisterende vannkraft støttes der det ikke fører til nye inngrep i vassdrag. Småkraftverk må også gjennomgå strenge krav for inngrep i mindre vassdrag. Vi er positive til at forslag om solkraft er lagt inn med krav om minst mulig klimafotavtrykk og skal plasseres på bygg og eksisterende infrastruktur. Når det gjelder energibærere som batteri og hydrogen må det settes krav til at kraftkrevende industrisatsinger ikke tillates dersom det kommer i konflikt med naturhensyn gjennom behov for nye kraftutbygginger	Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.
Innspill 6)	Det må stilles krav om et godt kunnskapsgrunnlag for havvind, som beskriver konsekvenser for livet i og på havet. Førre-var prinsippet må legges til grunn. Da havvind ble lansert som et stort satsingsområde for Norge ble det sagt at vi ikke skal gjøre samme feil ved havvind som ble gjort med landvind. En av de viktigste driverne for motstanden mot vindkraft på land er de direkte negative konsekvensene for natur og dyreliv. Mangelfull kunnskap som er lagt til grunn for mange av konsesjonene som er gitt til vindkraft på land. Det mangler også et skikkelig kunnskapsgrunnlag for havvind. Dette må på plass før det åpnes opp for store havvinnanlegg langs kysten. Regional plan for fornybar energi sier lite om mulige konsekvenser for livet i havet. Hvordan påvirkes fisk og marine pattedyr av havvinnanlegg? Hva med trekkfugl og fugl	Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring. Tema er behandla i kunnskapsgrunnlaget. Tiltak 17 i handlingsprogrammet seier at fylkeskommunen skal oppdatere kunnskapsgrunnlaget etter kvart som at ny kunnskap kjem til.

	<p>som har havet som matfat? Hva med risiko for turbinkollaps og forurensning? Kunnskap er nødvendig for å kunne gjøre en god risikovurdering. Regional plan fokuserer hovedsakelig på gode vindressurser langs vestlandskysten, bidrag til kraftbalanse og muligheter for leverandørindustri. Det eneste hensynet som nevnes er at havvind må utvikles i samråd med havbruk- og fiskeinteressene. I kunnskapsgrunnlag for regional plan for fornybar energi (KG s.35) står det at fordeler med havvind er «mindre konflikt med fugleliv» og «store ubrukte områder med mindre interessekonflikter». Det henvises ikke til kilde, og Motvind VEST stiller spørsmål til om dette stemmer. Havet er et viktig matfat for fugl langs hele kysten og store fugletrekk går her. At havet er ubrukt område kan ikke stemme med tanke på fisk, havpattedyr og andre organismer som lever der.</p> <p>Det må i regional plan stilles krav om et godt kunnskapsgrunnlag for havvind, som beskriver konsekvenser for livet i og på havet. Kunnskapen må på plass før områder gis konsesjon</p>	
Innspill 7)	<p>Ambisjonsmål om utbygging av ny vindkraft på land må fjernes fordi målet kommer i direkte konflikt med de begrensninger som er vedtatt om det ikke skal bygges vindkraft i urørt natur eller på bekostning av viktige verdier knyttet til natur, landskap, kulturminne/kulturmiljø og reiseliv, og som er i strid med kommunestyrevedtak.</p> <p>Det er positivt og nødvendig at Vestland fylkeskommune i forslag til regional plan tar med vedtak og tydelige uttaler om at det ikke skal bygges vindkraft i urørt natur eller på bekostning av viktige verdier knyttet til natur, landskap, kulturminne/kulturmiljø og reiseliv, og som er i strid med kommunestyrevedtak.</p> <p>Vi mener at plan for «ambisjonsnivå og utbygging av vindenergi» inneholder mål som står i direkte motstrid til hverandre med tanke på begrensningene som er vedtatt (RP s.15).</p> <p>Ambisjonsnivå og utbygging av vindenergi:</p> <ul style="list-style-type: none"> • I Vestland fylke har vi ikkje bygd ut vindkraft i urørt natur eller på kostnad av viktige verdier knytt til natur, landskap, kulturminne eller kulturmiljø og reiseliv. • I Vestland fylke har vi ikkje bygd ut vindkraft som var i strid med kommunestyrevedtak. • I Vestland har vi utvikla havvind i samråd med havbruk- og fiskeinteressene. • Vestland har stilt tydelege og strenge krav til konsekvensutgreiningar i samband med vindkraftutbyggingar. Naturmangfaldslova og miljøforvaltninga har vore sterkt vektlagt. • 5-10 TWh straum frå havvind har blitt ilandført i fylket 	<p>Ikkje tatt til følgje Innspel er vurdert, men ikkje aktuelt med endring.</p> <p>Retningslinjene 6, 12 og 13 seier at bygging av kraftverk og infrastruktur knytt til fornybare energikjelder skal ta i vare omsyn til miljø og andre arealinteresser, at det ikkje skal byggast vindkraft på land i urørt natur, der viktige verdier knytt til natur, landskap, kulturminne, kulturmiljø eller reiseliv blir forringa eller i strid med kommunale vedtak.</p> <p>Behovet for produksjon av fornybar energi, sett opp mot behovet for å ivareta andre viktige arealverdier, som urørt natur, biologisk mangfald, landskaps- og friluftssinteresser, er ein særleg tydeleg interessekonflikt ved</p>

	<p>• 0,5 - 3,4 TWh ny straum frå landvind i høve til 2022 er kopla til kraftnettet i Vestland.</p> <p>Regional plan beskriver at det for vindkraft på land er knyttet stor usikkerhet til dette ambisjonsnivået. Det teoretiske potensialet er stort samtidig som retningslinjer for viktige hensyn legger føringer for økning i vindkraftproduksjon. Denne usikkerheten søkes i RP løst ved å ta inn et vidt ambisjonsmål om ny produksjon fra landvind med et spenn fra 0,5 - 3,4 TWh.</p> <p>Motvind VEST ser ikke at det er mulig å bygge ut opp til 3,4 TWh ny landvind uten at dette vil føre til betydelige arealinngrep med konsekvenser for natur og landskap. Ambisjonsmålet om antall TWh ny strøm fra landvind må underordne seg de begrensninger som er vedtatt. Det må ikke skapes en situasjon hvor kommuner som ønsker å bygge ut vindkraft skal kunne gjøre dette på bekostning av naturhensyn med henvisning til den regionale planens ambisjonsnivå for antall TWh.</p> <p>Vi mener subsidiært at det ikke kan åpnes opp for utbygging av ny vindkraft på land uten at dette kommer i konflikt med de vedtak som setter begrensninger med tanke på naturinngrep. Dersom det likevel skal åpnes opp for noe ny vindkraft på industriområder så må målet gjenspeile et realistisk anslag for mulig utbygging med strenge krav om hensyn til dyreliv og naboer</p>	<p>arealkrevjande tiltak. Fylkesdirektøren meiner det likevel er eit potensial for utbygging av vindkraft som tek i vare omsyna som måla og retningslinjene legg opp til.</p>
Innspill 8)	<p>Stryke følgende formuleringer i Retningslinjer for fornybar energi.</p> <ul style="list-style-type: none"> - 31) Gjennom konkret utforming skal ein søkje å gjere tiltaket til ein positiv ressurs for friluftslivet - 33) Gjennom konkret utforming skal ein søkje å gjere tiltaket til ein positiv ressurs for reiselivet <p>Det er svært vanskelig å se for seg at kraftutbygging i naturområder vil kunne være en positiv ressurs for friluftsliv eller reiseliv. All kraftutbygging i natur vil ha negative konsekvenser både for natur og landskapsverdier. Vi ber om at disse formuleringene strykes i sin helhet</p>	<p>Ikkje tatt til følge Innspel er vurdert, men ikkje aktuelt med endring.</p>
Privat (2022/3616 – 167)		
Vindenergi	<p>Vestland fylke sin plan for fornybar energi 2023-2035 inneholder mange gode hensikter og vedtak om at det ikke skal bygges vindkraft i urørt natur eller på bekostning av viktige verdier knyttet til natur, landskap, kulturminne/kulturmiljø og reiseliv, og som er i strid med kommunestyrevedtak.</p> <p>Noen ambisjonsmål står dessverre i direkte konflikt til de begrensninger som er vedtatt. Disse målene må strykes eller tilpasses slik at vedtatte hensyn kan ivaretas.</p>	<p>Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.</p>

	<p>Særlig tydelig blir dette for ambisjonsmål for vindkraft på land hvor det legges opp til mellom 0,5-3,4 TWh ny produksjon i planperioden. Det er ikke problematisert hvordan et øvre mål om 3,4 TWh skal kunne realiseres uten å komme i direkte konflikt med naturhensyn.</p> <p>Jeg ønsker også å påpeke at den regionale planen vil legge føringer på kommunal planlegging frem til 2035. Regional plan må utformes slik at den ikke er til hinder for demokratiske prosesser i kommunene som skal sikre innbyggernes rettigheter. Vestland fylkes ambisjonsmål om antall TWh ny produksjon av kraft fra landvind vil kunne påvirke kommunale prosesser med fare for at enkelte kommuner vil vekte kraftproduksjon høyere enn natur- og lokale hensyn. Ambisjonsmålet til fylket kan bli et argument for å bygge ned natur og i ytterste konsekvens ekspropriere areal til dette.</p> <p>Når det gjelder havvind så etterlyser jeg et godt kunnskapsgrunnlag som må på plass før det åpnes opp for den storstilte utbyggingen som foreslås med 5-10 TWh. Lokalisering av havvind må ta hensyn til livet i og på havet, og mulige konsekvenser må vurderes i et føre-var perspektiv.</p> <p>Jeg støtter alle måter å skaffe økt tilgang til fornybar energi som ikke bidrar til nye naturinngrep.</p> <p>Følgende foreslås:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Energieffektivisering • Frigjøring av energi (ENØK, sparing, etterisolering av bygg etc) • Oppgradering av eksisterende vannkraftverk (uten nye naturinngrep) • Solenergi på tak og asfalterte flater (over parkeringsplasser og veier) • Utnytte overskuddsvarme og bergvarme • Vurdere langsiktig satsing på dyp geotermisk energi • Vurdere langsiktig satsing på moderne kjernekraft • Streng prioritering av energibruk. Ikke si ja til alt. <p>Arealinngrep er den største trusselen for naturmangfoldet ifølge FN's naturpanel. Deretter kommer rovdrift på dyr og planter, klimaendringer, forurensning og spredning av fremmede arter. Det er svært viktig at vi tar naturkrise like alvorlig som klimakrisen – og ser de store utfordringene i sammenheng.</p> <p>Inngrepene skjer lokalt og må stanses lokalt. Ansvar er vårt.</p>	
Privat (2022/3616 – 168)		
Vindenergi	Som innbygger i gulen kommune har eg tidligere engasjert meg mot vindkraft på dalsbotnfjellet i gulen. I ein lang periode har vindkraft opptatt meg og eg har registrert	Tatt til orientering

	<p>korleis planene i gulen hadde kunne ha påverka «mitt fjell» og mine nærturområde til verdilause. Både planarealet og linjenettet som var naudsynt i samband med eventuell vindkraft ville ha medført alvorleg store inngrep i urørt og verdifull natur. De planene både i nærområde og i fylket som er kjent vil for andre opplevast som eg opplevde det i gulen. Nærområde blir ikkje lengre attraktivt turområde og i ein lang periode vil polarisering i bygdene for og imot vindkraft være utfordrende for sosiale relasjonar på fleire nivå. Bygdelag vil bli splitta og dugnadsånden som bygdene er svært avhengige av, vil bli skadelidende.</p> <p>Vestland fylke er idag storeksportør av elektrisk energi og ny vindkraft i vårt fylke vil være negativt for bygdesamfunnet som blir berørt.</p> <p>Det vil også bli viktig å ha eigne helsekonsekvensutgreiingar.</p> <p>De no gjeldende Lden retningslinjene må reviderast for å ta høgde for de nye typer turbiner og de fjellformasjoner som de eventuelle uønska turbinene blir plassert. I fleire nærområde til vindindustrien er det auka helseplager.</p> <p>I andre land som Tyskland og Nederland blir problemet etter kvart anerkjent og krav om nærhet til vindindustri blir skjerpa.</p> <p>De ulempene med vindindustri ein kjenner til og de ukjente og ikkje utgreia konsekvensene for fugl og pattedyr, samt summen av alle de tekniske inngrep må vektleggjast sterkere. Som eit døme kan ein være kritisk til at mange bygde og eventuelle nye vindindustriområde ligg i fugletrekkruta ved kysten.</p> <p>Eg rår til at all vindkraft på land i vestland fylke må avvisast kontant i plansamenheng</p>	<p>Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.</p>
<p>Nasjonalforeningen for folkehelsen Hordaland fylkeslag (2022/3616 – 170)</p>		
<p>Vindenergi</p>	<p>Utbygging av vindindustri kan påverka folkehelsa vesentleg og difor ynskjer Nasjonalforeningen for folkehelsen, Hordaland fylkeslag, å gje innspel i denne saka. Områder i Hordaland er tenkt aktuelle for vindindustri i planane som ligg føre. Desse områda har stor verdi for tur og rekreasjonsaktivitetar.</p> <p>Friluftsliv er ein særst viktig faktor for norsk folkehelse, både fysisk og psykisk. Bygging av vindturbinar vil øydelegge gleda ved friluftsliv i aktuelle område. Vakre naturområde vert endra til industriområde med støy og svære konstruksjonar.</p> <p>Natur, dyre- og fugleliv vert endra for alltid. Tilgjenge vil også verta avgrensa, og farleg, særleg vinterstid.</p> <p>Til dette kjem uvissa om kva for følgjer lågfrekvent lyd/ infralyd har for helsa.</p>	<p>Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.</p>

	Nasjonalforeningen for folkehelsen, Hordaland fylkeslag, krev at verknaden for folkehelsa i mykje større grad vert vektlagt i det vidare planleggingsarbeidet og går mot vidare utbygging av landbasert vindindustri i Hordaland	
	I utkastet som er lagt fram, visar me konkret til Retningslinjene for fornybar energi pkt. 31 Friluftsliv (s. 28). Der står det at "ein bør vise varsemnd ved utforming av ny kraftutbygging slik at tiltaka ikkje redusera opplevingskvalitetane" osv. Eit minstekrav her må vera at det SKAL visast varsemnd med tildeling av løyve, slik det står i pkt. 33 om område med verde for reiselivet.	Tatt til følge. Endring eller informasjon av politisk betydning, som presenterast i saksframstilling.
Grunneigarar i Høyanger og Sunnfjord(2022/3616 – 161)		
Vindenergi	<p>Vi grunneigarar i Høyanger og Sunnfjord kommunar, viser til høyring av Regional plan for fornybar energi 2023-2035 for Vestland fylkeskommune, med høyringsfrist 20. februar. Under følgjer vår uttale til punkta i planen som gjeld vindkraft på land og omsynet til naturen i samband med kraftutbyggingar.</p> <p>Vestland fylkeskommune legg i høyringsutkastet opp til ei tredobling av utbygging av vindkraft på land i Vestland fylkeskommune. Vi, 31 antal grunneigarar som uttalar oss her, har erfaringar med fleire vindkraftprosjekt i våre fjell. Fleire av oss har allereie sagt tydeleg nei til vindkraft til våre respektive kommunar Høyanger og Sunnfjord, i vedlagte uttale (vedlegg 1).</p> <p>Vi ønskjer mao. ikkje vindkraft på vår grunn. Men vi kan med all erfaring og rimelegheit legge til grunn at, dersom Vestland fylkeskommune skal nå sitt ambisjonsmål om tredobla produksjon av vindkraft på land, så er vårt fjellareal mellom Høyanger og Sunnfjord høgaktuelt som areal for å nå dette målet. Dersom Vestland fylkeskommune står ved det føreslåtte ambisjonsnivået for utbygging av vindkraft på land, opnar dermed Vestland fylkeskommune for å overkøyre grunneigarar, lokalbefolkning og ein aukande motstand mot vindkraft. De opnar for at eigedomane i fjellet må eksproprierast frå eigne innbyggjarar, og for prosessar som medfører splid og sorg i lokalsamfunna.</p> <p>Vi som grunneigarar forsvarar vår private eigedomsrett, men er også bevisst at vi forvaltar naturen på vegne av ålmenta. Vindkraft medfører store irreversible naturødeleggingar som aldri kan rettast opp att, og i tillegg kjem redusert bulyst i bygdene våre, svekka folkehelse for alle som bur i nærleiken, og negative økonomiske konsekvensar for tallause naboar til vindkraftverka. Desse negative følgjene av vindkraftverka harmonerer ikkje med vårt ansvar for å forvalte naturen og</p>	Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.

	<p>bygdelandskapet til beste for alle. Ingen inntekt, verken til oss eller kommune, kan vege opp for desse følgjene.</p> <p>Ein fylkeskommune som opnar for å overkøyre privat eigedomsrett og påføre lokalsamfunna store negative konsekvensar, er ikkje den fylkeskommunen vi ønskjer oss. Vi ønskjer ein fylkeskommune som fjernar ambisjonsnivået for vindkraft på land slik det føreligg i utkastet til planen. Så vidt vi veit er det ingen kommunar i Vestland fylke som har svara til fylkeskommunen at dei har avsett areal til vindkraft. Avisa Firda gjennomførte jula 2022 ei avstemming om vindkraft. Av 4444 avgitte stemmer, vart resultatet 59% nei til vindkraft, 33% ja, og 7% veit ikkje. Vi veit difor at vi har folket i ryggen for vårt standpunkt.</p> <p>Vi ber difor fylkeskommunen om følgjande:</p> <ul style="list-style-type: none">- Lytt til folket og legg vekk ambisjonar om meir vindkraft på land i vårt fylke.- Bruk ressursar til å utgreie andre alternativ for energiproduksjon og ikkje minst energieffektivisering. <p>I gamle Sogn og Fjordane fylke vart det i 2021 "eksportert" 10 TWh ut av gamlefylket. Naturen her bidreg difor dagleg til å forsyne samfunnet vårt med fornybar energi.</p>	
--	--	--

	<p>Med helsing:</p> <p>Marit Svortevik, 4647 – 101/3 Per Lien, 4647 – 101/2 og 105/5 Steinar Følid, 4647 - 102/2 Ole Martin Lilleby, 4647 – 103/5 Ingunn Kjelstad 4647 – 103/5 Olav Vågen, 4647 – 104/2 Aud Øvrestrand, 4647 – 105/2 Kjell Lien, 4647 – 105/5 Steinar Lien, 4647 – 105/5 Harry Årlid, 4647 – 108/1 Karsten Hestad, 4647 – 109/1 Jardar Følling, 4647 – 113/3 Sonja Oppedal Iversen, 4647 – 114/2 Agnar Iversen, 4647 – 114/2 John Magne Oppedal, 4647 – 114/3 Hege Malene Ness, 4647 – 114/3 Oddmund Tormodset, 4647 – 114/5 Jorunn Tormodset, 4647 – 114/5 Solveig Solås, 4647 – 153/2 Øystein Nøtsund, 4647 – 154/1 Anh Loan Thi Le, 4647 – 154/1 Jarle Olsen, 4647 – 154/2 Jorunn Olsen, 4647 – 154/2 Ann Iren Ness, 4647 – 154/5 Martin Olav Sennehet, 4647 – 155/2 Svein Rune Kyrkjebø, 4638 – 36/2 Marit Smelvær Kyrkjebø, 4638 – 36/2 Hanne Elin Skår, 4638 – 38/1 Harald Støfringsdal, 4638 – 38/2 Terje Berg, 4638 – 40/1 Arne M. Bekkevoll, 4638 – 41/1</p>		
Privat (2022/3616 – 172)			
<p>Vindenergi</p>	<p>Jeg er imot all bygging av vindkraft nå, til lands og til havs, til det er motbevist at dette ikke skader naturen og mennesker.</p> <p>De som er for vindkraft har kun et kortsiktig økonomisk perspektiv. Om 20 år vil vi se og gremmes over de store tap og ødeleggelser dette har medført. Det vil bli kjempedyrt å bli kvitt alle forurensende deler som blir igjen. Det er forsket og dokumentert alt for dårlig på alle de naturskadelige og miljøskadelige virkningene av vindturbiner og vindkraft. Det er mange rapporter som viser negative konsekvenser av vindkraft, men disse er ikke motbevist, bare dysset ned eller overhørt. Det mangler totalt motargumenter mot de påviste skader. Det er utrolig at politikere tør å stå i dag for</p>		<p>Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring..</p>

	<p>vindkraft når risikoen for store og uopprettelige skader er så enorm. Som det aller minste alternativet, må folket, utbyggere og politikerne vente til det er forsket på skadene. Utbyggere og politikere må nå stå til ansvar og gi store økonomiske garantier for å reparere de skader som påføres.</p> <p>Under bruk er det direkte utslippsskader som følge av forbruk og –lekkasjer, hydraulikkolje-lekkasjer og avskalling av skadelige stoffer til naturen. Etter at et anlegg har stått sin korte levetid i 20 år, så er det ikke sikkert at det er ønsket å fornye og da har vi igjen diesel-lekkasjer, hydraulikkolje-lekkasjer, vindturbiner, rotorblad, lokale kraftnett med tungmetaller som kobber og irreversible naturinngrep som infrastruktur. Dessuten er kanskje utbyggerne konkurs og grunneiere og det offentlige står igjen med store tap og utgifter. Gevinstene av kraft i forhold til antall kvm skadet/brukt natur er mye dårligere enn vannkraft, solkraft og 5G atomkraft. Vindkraft er heller ikke effektivt ved for svak eller for sterk vind. Det dokumentert og vist at det blir avskalling av giftige og miljøskadelige stoffer fra bladene, hva skjer når partikler av dette havner i naturen eller i havet? Her er det uante skadelige langtidsvirkninger.</p> <p>Det er allerede registrert og rapportert om negative virkninger i områder hvor det er bygget ut: Splittelse og sorg i lokalsamfunn mellom grunneiere som er lurt eller lokket til å avgi grunn og andre beboere som føler at deres hjemsted er rasert. Tidligere gode naboer snur ryggen til hverandre.</p> <p>For svakt forsket og dokumentert på langtidsvirkninger på mennesker som følge av: Natursorg. Det er gjort omfattende funn av rød-listede arter, i fjellområder som blant andre Eviny ønsker å bygge ut vindkraftverk. Dyreliv – Havørn, annen fugl og insekter. Det skal etableres veier med sprenging av fjell og utfyllinger. I tillegg kommer ødeleggelse av myr som lagrer karbon samt miljø og naturødeleggende utvinning av sjeldne jordmetaller.</p> <p>Økosorg. Sorg over tap av intakte økosystemer og fremtidig utvikling av disse. Iskast – tap av fri områder til tur og rekreasjon. Problem store deler av året i de aktuelle områder.</p> <p>Helsetap i befolkningen. Høy plagegrad av syns-/skygge-/ og støy-forstyrrelser Det må tillates forskning fra private og gis mye mer enøk-tiltak og støtte til å forske på forbedring av vannkraft, solkraft, bølge- og tidevannskraft, 5G atomkraft.</p>	
Vasskraft /Solenergi / Termisk energi/Havenergi / Kjernekraft	Det må tillates forskning fra private og gis mye mer enøk-tiltak og støtte til å forske på forbedring av vannkraft, solkraft, bølge- og tidevannskraft, 5G atomkraft	Tatt til orientering

		Innspel innehold relevant informasjon, men ikke aktuelt med endring.
Privat (2022/3616 – 173)		
Plantema og mål	Vestland har sagt NEI til vindkraftutbygging på land. Det er ingen kommuner som melder seg på	
Robust kraftforsyning	Dersom det skal produseres ny kraft, må det være i form av stabil og robust kraft som vannkraft eller kjernekraft. Vindkraft er avhengig av balansekraft og uegnet til å inngå i robust kraftforsyning	Tatt til orientering Innspel innehold relevant informasjon, men ikke aktuelt med endring.
Retningslinjer	Det må ikke tillates utbygging i områder med rødlistede arter. Interessegrupper må bli hørt og hensyntatt. Vern av natur må ha høy prioritet. Prosessene må være åpne og uten hemmelige avtaler.	Tatt til orientering Innspel innehold relevant informasjon, men ikke aktuelt med endring.
Vasskraft /Solenergi / Termisk energi/Havenergi / Kjernekraft / Utdanning, forskning og innovasjon	Det må tillates forskning fra private og gis mye mer enøk-tiltak og støtte til å forske på forbedring av vannkraft, solkraft, bølge- og tidevannskraft, 5G atomkraft	Tatt til orientering Innspel innehold relevant informasjon, men ikke aktuelt med endring.
Norges Lastebileier forbund (2022/3616 – 174)		
Innledning	<p>Regional plan for fornybar energi skal danne grunnlag for klimaomstillingen til Vestland fylke. Planens oppdrag er å fastsette mål om ambisjonsnivå og utbygging av fornybar energi.</p> <p>Vi er bedt om innspill i forhold til hvordan Vestland fylke kan nå målsetningen i regional plan for fornybar energi.</p> <p>En ønsker innspill på:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Tema i planen - Ambisjonsnivå til de enkelte fornybare energikildene - Hvordan en kan få en robust kraftforsyning i fylket - Utdanning, forskning og innovasjon som omhandler fornybar energi - Retningslinjene i planen - Tiltak i handlingsprogrammet 	

	<p>Norges Lastebileier-Forbund (NLF) vil kun behandle deler av høringsdokumentet vi mener berører næringstransporten i fylket. Vårt hørings svar vil derfor preges av det. I forhold til «det grønne skiftet» mener NLF at det er feil at teknologivalg avgjøres politisk. Krav til forurensning og den som forurenser derimot, skal selvsagt bestemmes politisk. Når utslippskrav foreligger, vil utvikling av teknologien bli styrt av krav som settes. Når det politisk bestemmes hvilke teknologier det skal satses på fremover, vil forskning på alternativ teknologi stoppe opp. Eksempelvis kan nevnes at dagens forbrenningsmotorer er svært nært å bli Co2 nøytrale. Faktisk kunne forbrenningsmotoren blitt Co2 nøytral eller Co2 negativ om kun noen få år. Men politisk er det bestemt at denne teknologien ikke får være med videre i diskusjoner om det grønne skiftet. Dermed stopper videreutvikling av denne teknologien opp. Beredskapsmessig kan dette utgjøre en risiko. Det har vi omtalt senere i vårt hørings svar.</p>	<p>Tatt til orientering Innspel inneholdt relevant informasjon, men ikke aktuelt med endring.</p>
Bioenergi	<p>Biodrivstoff (biodiesel og biogass) vil slik vi ser det spille en avgjørende rolle for å nå fremtidige utslippsmål.</p> <p>Liquefied Bio Gas (LBG) Flytende biogass er en parallell til flytende naturgass (LNG). Biogass dannes av husdyrgjødsel, slakteriavfall og annet biologisk materiale. Gassen lagres som flytende kald væske, nedkjølt til minus 150-170°C. Gassen er 100% Co2 nøytral. Til tunge langtransporter passer flytende biogass best. Avhengig av modell kan et kjøretøy som går på flytende biogass ha en rekkevidde på cirka 1.600 kilometer på en tank med dagens teknologi.</p> <p>Compressed Bio Gas (CBG) En trykksatt biogass produsert av avfall og gjødsel som flytende biogass. Kjøretøy som benytter trykksatt biogass er energieffektive og 100% Co2 nøytrale. Dette resulterer i minimalt med miljøforurensning ved transport. Til lokal distribusjon, renovasjonsbiler og busstrafikk passer komprimert biogass (CBG) best. Avhengig av modell kan et kjøretøy som går på trykksatt gass ha en rekkevidde på 600 kilometer på en tank.</p> <p>Biodiesel – HVO 100 Vi har tro på at flytende biodrivstoff er en del av løsningen for fremtiden, HVO 100 er et drivstoff produsert hovedsakelig av animalsk fett eller brukt fritureolje som reduserer Co2-utslippene med inntil 90%, sammenlignet med bruk av fossil diesel. Avansert biodrivstoff som HVO 100 er det beste biodrivstoffet som finnes på markedet i dag. Beredskapsmessig er det slik vi ser det viktig at dieselmotoren blir med videre i det grønne skiftet</p>	<p>Tatt til orientering Innspel inneholdt relevant informasjon, men ikke aktuelt med endring.</p>
Energibærer	<p>IEA fastslo i 2020 at batteri- og hydrogenteknologi er nøkkelbrikker i utvikling av en verden med ren energi. Batteriteknologien utvikles raskt, og med det øker anvendelsesområdene for teknologien. Med økt lagringskapasitet, redusert vekt og</p>	<p>Tatt til orientering</p>

	<p>reduisert kostnad vil batteriteknologien kunne anvendes i kjøretøy både i nær- og fjerntransport. Utfordringen fremover blir tilgang til nok elektrisitet der nyttekjøretøy skal lades. Det være seg på industriområder, terminalområder, hvile- og rasteplasser, langs veinettet med mer. I dag er det meget energikrevende å utvikle hydrogen. Vi har likevel stor tro på bruk av hydrogen, spesielt i kjøretøy som transporterer den tyngste lasten over de lengste distansene. Men uansett valg av teknologi, er det viktig at det gis gode incentiver for den som tar den grønne teknologien i bruk. Eksempelvis gode støtteordninger ved kjøp og drift for å få ned investerings- og driftskostnader, fritak i bomanlegg med mer</p>	<p>Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.</p>
Kraftnett og annen infrastruktur	<p>NLF mener at det trengs en miks av energibærere, både for å sørge for tilstrekkelig tilgang og for å ivareta beredskapen. Fos oss er det også et krav at infrastrukturen må være på plass for at transportnæringen skal ta ny teknologi i bruk. I dag møter transportbedrifter som ønsker el-drevne vare- og lastebiler stor motgang fordi nettleverandører ganske enkelt ikke har kapasitet nok til å tilrettelegge for lading hos bedriftene. Infrastrukturen i enkelte områder er ikke tilpasset den store strømmengden som er nødvendig for å lade store nyttekjøretøy. Dersom en ønsker elektrifisering av næringstransporten, må utbygging av el-nettverket i fylket få stor prioritet</p>	<p>Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.</p>
Beredskap	<p>Krigen i Ukraina har vist oss hvor viktig beredskapen blir fremover. Å opprettholde en god beredskap dreier seg ikke utelukkende om militært materiell, drikkevannsforsyning, renovasjon, energiforsyning med mer. Det dreier seg i stor grad om å ha alternativ teknologi tilgjengelig. Dersom alt dreies mot elektriske og hydrogen-drevne kjøretøy, gjør vi oss meget sårbar. Å «slå ut» el-forsyning har vist seg effektivt i krigen som pågår i Ukraina. Flere av NLFs medlemsbedrifter har i løpet av krigen kjørt store dieseldrevne strømaggregater til Ukraina. I flere områder er dette nå den eneste strømkilden som finnes. Vi mener derfor det grønne skiftet må inkludere kjøretøy som benytter biodrivstoff (biogass og biodiesel) i overskuelig fremtid</p>	<p>Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.</p>
Folk for fjella (2022/3616 – 175)		
Innspel 1: Omtale av vindkraft på land fjernast i plan og følgjande tekst innarbeidast	<p>Vestland fylkeskommune har lagt «Regional plan for fornybar energi 2023-2035» ut på høyring, med innspelsfrist 20. februar 2023. Regional plan for fornybar energi skal vere eit av grunnlaga for klimaomstillinga i Vestland fylke. Planen har som oppdrag å fastsette mål i høve ambisjonsnivå og utbygging av fornybar energi.</p> <p>Plan legg og opp til kraftige føringar på vindkraft, sjølv om fylkestinget og dei fleste kommunane i Vestland har negative «vedtak» om etableringa av vindkraft Dette er ein viktig plan for kommunane sitt lokaldemokrati, da all fornybar energi som skal verta produsert også treng areal i kommunane og vil ha sterk påverknad på</p>	<p>Ikkje tatt til følgje Innspel er vurdert, men ikkje aktuelt med endring.</p> <p>Retningslinjene 6, 12 og 13 seier at bygging av kraftverk og infrastruktur knytt til fornybare energikjelder skal ta i vare omsyn til miljø og andre arealinteresser,</p>

	<p>utvikling av kommunen i sin heilheit. Planen skildrar ambisjonsnivå og utbygging av fornybar energi.</p> <p>Den inneheldt også ei klar retningslinje «Retningsliner for planlegging i Vestland» som legg sterke føringar på kommunane som dei ikkje ønskjer.</p> <p>Punkt 1 i Retningsliner for planlegging i Vestland lyder som følger: 1. I kommunal og regional planlegging skal det bli lagt til rette for lokal produksjon og bruk av fornybare energikjelder.</p> <p>Planen legg også opp til at den skal ha «motsegnskompetanse» i for eksempel areal- og lokaliseringssaker i energisektoren. Motsegn vil kunna gje eit avgrensa lokalpolitisk handlingsrom. Det gjev også føringar for i større grad å opna for «statleg plan» om kommunane planlegg i samsvar med det fylket vil (vedtek i regional plan).</p> <p>Region plan for fornybar energi tek ikkje opp i seg fylkestinget sitt vedtak av 10.juni 2019 om avvising av vindkraft på land, med unntak av vindkraft i alt etablerte større industriområde. I retningslinjene er det med, men sjølve plandokumentet legg klart opp til ein kraftig auke i nye område for vindindustri i Vestland fylke</p>	<p>at det ikkje skal byggast vindkraft på land i urørt natur, der viktige verdiar knytt til natur, landskap, kulturminne, kulturmiljø eller reiseliv blir forringa eller i strid med kommunale vedtak.</p> <p>Behovet for produksjon av fornybar energi, sett opp mot behovet for å ivareta andre viktige arealverdiar, som urørt natur, biologisk mangfald, landskaps- og friluftssinteresser, er ein særleg tydeleg interessekonflikt ved arealkrevjande tiltak. Fylkesdirektøren meiner det likevel er eit potensial for utbygging av vindkraft som tek i vare omsyna som måla og retningslinjene legg opp til.</p>
<p>Innspel 2: Kulepunkt 6, side 15 - 0,5 - 3,4 TWh ny straum frå landvind i høve til 2022 er kopla til kraftnettet i Vestland. Dette punktet vert fjerna frå plandokumentet</p>	<p>Det skal ikkje gjevast konsesjon til vindkraft på land i Vestland fylkje med unntak av vindkraft i alt etablerte større industriområde.</p> <p>Side 15: Kulepunkt 6 - 0,5 - 3,4 TWh ny straum frå landvind i høve til 2022 er kopla til kraftnettet i Vestland.</p> <p>Dette kulepunktet strir mot fylkestinget sitt vedtak og dei spørsmåla som blei stilt til kommunane (skriv frå administrasjonen) etter at planprogrammet vart lagt ut på høyring. Ingen av kommunane som svara hadde sett av areal i kommunale planar, eller gav positive signal om at dei ønskte å legge ut areal til vindkraftindustri i framtidige planar. Korleis skal Vestland fylke finna areal til den ambisjonen som dei har formulert i kulepunkt 6 på side 15, Landvind.</p> <p>Lutelandet vindkraftverk kan produsera 150 Gwt i året (NVE sine tal). For å oppfylle ambisjonane som ligg inne planframlegget, må det verta lokalisert areal til og verta bygd 22 vindkraftanlegg som har same storleik/produksjon som Lutelandet vindkraftanlegg. Fylkespolitikarar og parti som meiner at dette punktet må stå/verta vedteke, må også sei noko om kvar dei vil opna for dette og kva kommunar dei vil «overkøyre»</p>	<p>Ikkje tatt til følgje Innspel er vurdert, men ikkje aktuelt med endring.</p>

<p>Innspel 3: Orda «urørd natur» i plan vert endra til natur. Subsidiert til Innspel 3: Punkt om «Krav til kvalitativ metode for å skaffe kunnskapsgrunnlag for «urørd natur» på land eller der viktige verdier knytt til natur, landskap, kulturminne, kulturmiljø eller der friluftsliv og reiseliv blir forringa», må arbeidast inn i plan</p>	<p>Side 14, 15 og 27. Orda «urørd natur» er brukt 3 stader i plan. I planen nyttar ein «omgrep» som følgjer; urørd natur på land eller der viktige verdier knytt til natur, landskap, kulturminne, kulturmiljø eller reiseliv blir forringa. Det er ein stor svakheit i planen at desse orda (omgrepa) ikkje er definert eller kvantifisert og difor ikkje er målbare eller blir styrt av vedtatt politikk. Ein kan ikkje skalera ned verdien av natur til å sei at det er kun urørt natur som skal «vernast» mot nye inngrep. Mykje av den naturen som planen legg opp til kan brukast til utbygging, er særst viktig for landskap, kulturminne, kulturmiljø, reiseliv, friluftsliv og lokalsamfunn. Lokalsamfunna sin berekraft med tilflytting og etablering vil kunna bli sterkt redusert som ein følgje av at bruk av såkalla urørt natur ikkje drøfta i planen i det heile. Tilhøvet til friluftsliv er nemnt i emne «Havenergi» som moglege interessekonfliktar, men er ikkje nemnt som det i omtale av vindkraft på land. Dette fører til at det generelle kunnskapsgrunnlaget som skal etablerast i planen og verta brukt i vidare planlegging på alle nivå - i sin heilheit er feil. Det vil føre til at tiltakshavar ikkje må eller vil vurdera friluftsliv som eit av tilhøva som må utgreiast i ein konsekvensutgreiing (KU). I retningslinjene (side 28) er det ikkje satt krav til kvalitativ metode for å utgreia friluftsliv. I retningslinja er det skrive inn at tiltak som vert igangsett skal være ein positiv ressurs for friluftslivet. Det er det umogleg å oppnå når retningslinja er utforma slik den er i planforslaget, og ingen definisjon på kva som «kan vera ein positiv ressurs for friluftslivet» er framlagt</p>	<p>Ikkje tatt til følgje Innspel er vurdert, men ikkje aktuelt med endring.</p>
<p>Innspel 4: Målet er fjerna. <i>Dette målet er alt oppfylt når Vestland alt har overskott av energi produsert av fornybarkjelder</i></p>	<p>Side 3: Delmål 3: Auka produksjon frå fornybare energikjelder har bidrege til å kutta klimagassutslepp i Vestland. Viser til side 25 deltema – kraftnett. «Det produserast meir kraft i Vestland enn vi brukar, likevel er det mange område i fylket der det ikkje er mogleg å ta ut meir kraft enn i dag.» Planen er sjølv motsigande på dette punktet då planen tilkjenner at produksjonen i Vestland fylke er stor nok til eige forbruk - og ei auke. Det betyr at auke i produksjonen ikkje gjev nokon reduksjon av klimagassutslepp lokalt i Vestland. Ingen av punkta (på side 26) treng ny produksjon få å verta oppnådd, men nye linjeføringar er det trong for</p>	<p>Ikkje tatt til følgje Innspel er vurdert, men ikkje aktuelt med endring.</p>
<p>I Innspel 6: Punkt 18 og 19 erstattast med Det skal ikkje gjevast løyve til kraftutbygging i område definert som «Sårbart høg fjell». Område som ligg i fjellområde som har omsynssone LNF i kommuneplanar skal</p>	<p>Side 28: Punkt 18-19, Sårbart høg fjell: Retningslinjer for planlegging i Vestland I retningslinjene (side 28) er det ikkje satt krav til kvalitativ metode for å utgreia «Sårbart høg fjell». Det er ikkje innarbeida i planen kva som vert definert som sårbart høg fjell, kva som gjev varige sår i naturen og krav til kva kvalitativ metode som skal brukast for å definera dette. Det er ein svakheit som ikkje stettar vedteken politikk i Vestland fylke. Det må verta innarbeida ein definisjon for kva som skal vere utelukka fora at eit fjellområde ikkje er «sårbart».</p>	<p>Ikkje tatt til følgje Innspel er vurdert, men ikkje aktuelt med endring.</p> <p>Fylkesdirektøren rår til at ordlyden ikkje endrast fordi fylkeskommunen ikkje har mynde</p>

<p>automatisk verta rekna som «sårbart høgfjell»</p> <p>Subsidiert til Innspel 6:: Nytt punkt under hovud punkt «Sårbart høgfjell»</p> <p>Det skal ikkje gjevast løyve til vindkraft i områder definert som «Sårbart høgfjell» Område som ligg i fjellområde om har omsynssone LNF i kommuneplanar skal automatisk verta rekna som «sårbart høgfjell»</p>		<p>til å frede naturområde. Planen legg opp til sterk kommunal råderett og planen skal vere rettleiande ovanfor kommunane i deira sakshandsaming.</p>
<p>Innspel 7: Ny tekst Det skal ikkje tillast ny kraftutbygging der opplevingskvalitetane i friluftsområde(LNF) med stor verdi vert forringa</p>	<p>Side 28: Punkt 31 , Friluftsliv: Retningsliner for planlegging i Vestland</p> <p>Ein bør vise varsemnd ved utforming av ny kraftutbygging, slik at tiltaka ikkje reduserer opplevingskvalitetane i friluftsområde med stor verdi. Gjennom konkret utforming skal ein søkje å gjere tiltaket til ein positiv ressurs for friluftslivet</p>	<p>Tatt til følgje. Endring eller informasjon av politisk betydning, som presenterast i saksframstilling.</p>
<p>Innspel 8: Ny tekst</p> <p>Ved planlegging og etablering av ny produksjon av fornybar energi skal fylkeskommunen og kommunar vektleggje klimafot-, miljøavtrykket og berekraft i produksjon av komponentar både indirekte og direkte. Dette må gjelde heile kjeda frå utvinning av råstoff, utstyr brukt i produksjon, og alle komponentar heilt fram til ferdig anlegg</p>	<p>Side 27: Retningslinjer som gjeld dei fornybare energikjeldene</p> <p>Punkt 7. Ved bruk av komponentar til produksjon av energi frå fornybare energikjelder bør fylkeskommunen og kommunar vektleggje klimafotavtrykket i verdikjedene til alle komponentane</p>	<p>Ikkje tatt til følgje</p> <p>Innspel er vurdert, men ikkje aktuelt med endring.</p>
<p>Innspel 9: Ny tekst primært</p> <p>Det skal ikkje gjevast konsesjon til vindkraft på land i Vestland fylke med unntak av vindkraft i alt etablerte større industriområde.</p> <p>Subsidiert til innspel 9:</p>	<p>Punkt 13: Det skal ikkje byggjast vindkraft i urørd natur på land eller der viktige verdier knytt til natur, landskap, kulturminne, kulturmiljø eller reiseliv blir forringa</p>	<p>Ikkje tatt til følgje</p> <p>Innspel er vurdert, men ikkje aktuelt med endring.</p>

<p>Det skal ikkje byggjast vindkraft i natur på land der viktige verdiar knytt til natur, landskap, kulturminne, kulturmiljø, eller der friluftsliv og reiseliv blir forringa eller som gjev varige sår i naturen som ikkje kan tilbakeførast i sin heilheit</p>		
<p>Innspel 10: Planen vert i sin heilheit avvist og vert sendt i retur til administrasjon der fylkestinget sitt klære NEI til vindkraft på land vert innarbeidd i ny plan</p>	<p>Generelt punkt: Regionale planar er overordna planar, og vil dermed gje fylkeskommunen «motsegnskompetanse» i for eksempel areal- og lokaliseringssaker knytt til energisektoren. Motsegn vil kunna gje eit avgrensa lokalpolitisk handlingsrom. Det gir også føringar for i større grad å opna for «statleg plan» om kommunane ikkje i si planlegging utfører det fylket vil</p>	<p>Ikkje tatt til følge Innspel er vurdert, men ikkje aktuelt med endring.</p> <p>Fylkesdirektøren viser mandatet frå utviklingsplanen og til vedtatt planprogram som seier at planen skal omhandle alle seks fornybare energikjelder.</p>
<p>Fylkeseldrerådet (2022/3616 – 176)</p>		
<p>Generelt</p>	<p>Fylkeseldrerådet i Vestlandfylkeskomme behandla Regional plan for fornybar energi i Vestland 2023-2035 i møte 07.02.2023 sak 5/23 og gjev følgjande høyringsuttale til planen: Plandokumenta som ligg til grunn for behandlinga i fylkeskommunale organ, både hovuddokumentet og dei andre; Utviklingsplan for Vestland og handlingsplan for første del av perioden, gir eit godt kunnskapsgrunnlag av fagleg høg kvalitet. Mykje faktakunnskap, dokumentasjon frå forskning- og innovasjon, referansar til internasjonale avtaler, lovverk m.m., er ryddig og oversiktleg presentert.</p> <p>Fornybarplanen er godt forankra i den vedtekte overordna planstrategien i Vestland, heimla i Utviklingsplanen og dei to hovudmåla for all verksemd i fylkeskommunen : Verdiskaping og klima og miljø som premiss for samfunnsutviklinga.</p> <p>Fylkeseldrerådet sluttar seg til ambisjonsnivået om utbygging av fornybar energi og robust kraftforsyning. Vi viser til dei ulike satsingsområda som kvar for seg og i</p>	<p>Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.</p>

	<p>samanheng må realiserast for at Vestland skal kunne nå målsettinga i tråd med avtaler og delmål om utfasing av fossilenergi og oppnå 0-utslepp.</p> <p>Fylkeseldrerådet viser til at det innan vindkraft t.d. er lagt til grunn at vi i Vestland har teknologisk og naturgitt potensiale, og at dette er mogeleg å nytte ut innan berekraftig bruk, utan å gå ut over andre viktige arealinteresser.</p> <p>Solceller er eit stort utnytta potensiale, men der også vil produksjonen av desse nærast mogeleg brukarstaden vere viktig for fornybareffekten. Dette kan stå som eksempel på at fornybarsatsinga kan gi mange nye arbeidsplassar.</p> <p>Potensiale ved oppgradering og utviding innan vassdragsutbygging/oppgradering er i fylgje NVE stort, på heile 22 TWh, og då er ikkje verna vassdrag med. Måla i fornybarsatsinga bør kunne nåast utan inngrep i verna vassdrag. Ein må først utnytte potensiale der det alt er gitt konsesjon, og gjennom nettoppgradering. Fylkeseldrerådet er samd i at ved høge negative konsekvensar ved vassdragsutbyggingar skal dei ikkje realiserast.</p> <p>Det blir uansett svært krevjande å nå måla , og berre med ein overordna, integrert og forpliktande politisk vedteken plan- og handlingskjede er dette mogeleg. Det betyr at sentral-, regional/fylkes- og kommunal politikk må henge saman. Overordna nivå; regjering og Storting forpliktar landet i høve til internasjonale vedtak og traktatar, og vedtek lov- og regelverk og plandokument i samsvar med dette. Men oppfølging i høve til forpliktingane må i høg grad skje ute i kommunane.</p> <p>Difor meiner fylkeseldrerådet at både ressursar i form av økonomiske rammer, oppbygging av fagkompetanse/nok fagfolk og oppdrag må vere i samsvar med dette. Slagordet « Tenke globalt og handle lokalt» må realiserast , men då må dette vise igjen i fordelingspolitikken i høgare grad enn til no. Fordelingspolitikken generelt blir også viktig om ein skal få innbyggjarane med på dei omleggingane som krevst for å gjennomføre dei samfunnsendingane som må til for å nå målet om fornybarsamfunnet.</p> <p><i>Planen inneheld tre deltema:</i></p> <p><i>Energiberarar, utdanning, forskning og innovasjon fornybare energikjelder og kjernekraft.</i></p>	
--	---	--

	<p>Fylkeseldrerådet er samd i strategien om å satse på mange ulike energiberarar, og å sjå dei ulike satsingane i ein samanheng ut frå naturgitte føresetnader, infrastruktur, t.d. transportbehov og omsyn til folkesetnad og ulike deler av landet; ruale og urbane strøk, store byar og mindre tettstader/byar t.d.</p> <p>Det er viktig med folkeleg engasjement og eit godt fungerande lokaldemokrati for å kunne gjennomføre omlegginga til fornybar energi. Ved motstridande interesser og konflikhtar, jfr. vindkraftutbyggingar i sårbare naturområde, er det avgjerande med kommunal/lokal forankring om ein skal kunne utvikle dette potensiale på ein forsvarleg og berekraftig måte. Men dette krev også ein overordna strategi i form av ei samla plan som kan ivareta samfunnet sine felles behov.</p> <p>Fylkeseldrerådet vil understreke Enøk/sparepotensiale i satsinga. Dette kunne vore tydelegare framheva og signalisert som det mest nærliggande alternativ. Som dokumenta viser er her eit stort unytta potensiale, både i oppgradering av eldre kraftverk, satsing på forbetring og utbygging av linjenettet, ulike bygningsmessige forbetringar for å spare straum/energi m.m.</p> <p>Viktigast er at all samfunnsplanlegging må legge mindre energibruk til grunn, ikkje minst gjeld det innan transport, både gods- og persontransport. Ein må etablere og organisere produksjon/verdiskaping/arbeidsplassar i høve til lokalisering av bustadområde og transport/kollektive alternativ, slik at det samla gir best mogeleg energieffektivitet.</p> <p>I bustadpolitikken bør kommunane legge til rette for mindre arealbruk og ivaretaking av grøntareal for dyrking av mat. Det er behov for varierte bustadformer, m.a. kollektive burettslag/sameige, der leilegheiter blir tilpassa ulike familiestorleikar og der eldre og yngre har felles areal for ulike aktivitetar og føremål. Dette vil kunne spare energi og gi betre livskvalitet og gjere alderdommen lettare for dei som treng tettare nettverk</p>	
<p>Planen viser til seks fornybare energikjelder som er høgaktuelle i fornybarsatsinga</p>	<p>Vasskraft, vindkraft, havenergiane, solenergi, termisk energi og bioenergi.</p> <p>Fylkeseldrerådet ser det både som nødvendig og mogeleg å lukkast med å utvikla desse energiberarane i tråd med dei berekningane studiar viser. Men det krev satsing som gir store investeringskostnader.</p>	<p>Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.</p>

	<p>Skal det bli mogeleg å få dette gjennomført, må det synleggjerast tydeleg at kostnadane blir større om vi ikkje satsar no. Så må kostnadane fordelast på ein måte som blir oppfatta rettferdig og til beste både for den einskilde og fellesskapet.</p> <p>Som den eldste generasjonen som både har opplevd den store velstandsveksten i samfunnet, men også hugsar den tida då folk flest klarte seg med eit langt mindre forbruk, har vi eit ansvar for å gi den yngste generasjonen tru på at det nyttar å arbeide for eit meir berekraftig samfunn. Difor ser fylkeseldrerådet positivt på dei satsingane som er varsla i plandokumentet, og gir si tilslutning til desse som nødvendige og realiserbare.</p> <p>Det siste deltema i plandokumentet omhandlar kjernekraft. Fylkeseldrerådet tek ikkje stilling til spørsmålet om Vestland/Noreg skal satse også på kjernekraft i framtida. Som utgreiingar viser, vil vi truleg oppnå målsettingane utan denne energiforma. Framleis er det store kostnader ved utvikling og utbygging som gir for dårleg lønsemd, og framleis er det m.a. avfallsproblem som må løysast.</p> <p>Men fylkeseldrerådet meiner at det er viktig å få opp kunnskapsnivået om framtidig nye tekniske løysingar, som eventuelt kan minimalisere dei negative sidene ved denne energiforma. Difor støttar vi at norske teknologi- og vitskapsmiljø deltek i forskingsprosjekt med sikte på å kunne vurdere også denne energikjelda.</p> <p>Sidan vi, til trass for tidlegare planar og vedtak om utsleppsreduksjonar og satsing på alternativ energiproduksjon, har komme altfor kort, er det viktig å minne om Føre- var-prinsippet, med referanse til Miljøverndirektoratet, sitert i høyringsdokumentet:</p> <p>« Når konsekvensar av klimaendringa skal vurderast i planlegging, skal høge utslepp leggest til grunn i utsleppsscenarioa. Inngår i Naturmangfaldslova paragraf 9, og betyr i praksis at tvilen skal komme naturen til gode. "</p> <p>Med desse merknadane gir fylkeseldrerådet si støtte til den framtidretta regionale planen for fornybar energi Vestland 2023-35</p>	
Årdal kommune (2022/3616 – 177/180)		
Innleiing	Det er gjort følgjande vedtak i saka: Kommunestyret - 010/23	Ikkje tatt til følgje

	<p>Årdal kommune ser tydeleg behovet ein regional plan for fornybar energi som eit steg mot ei grøn energiforsyning for regionen. Det er viktig at omsynet til natur, miljø og berekraft vert vektlagt i planlegginga.</p> <p>Utbygging av ny fornybar energi kan ikkje gå føre mangfaldet av ikkje-fornybare artar og natur. Årdal kommune føreslår difor at det vert lagt til eit delmål under plantema «Robust kraftforsyning i Vestland»; Kraftforsyninga går ikkje på premiss med omsyn til natur, miljø og berekraft</p>	<p>Innspel er vurdert, men ikkje aktuelt med endring</p> <p>Fylkesdirektøren meiner tema er godt dekt gjennom planretningslinjene og målsettingane elles.</p>
Tema i planen	<p>Det er gode val av tema. Det kan vera fornuftig å utnytta allereie utbygde vassdrag og energipotensialet i høgdeforskjellen mellom desse, samt gjera oppgraderingar i kraftstasjonar som gjev ei høgare virkningsgrad. For å sikra industri- og teknologiverksemdar i Årdal kommune som jobbar aktivt med å nå 0-utslepp innan 2050 er ei oppgradering av eksisterande og bygging av nye overføringslinjer essensielt</p>	<p>Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.</p>
Ambisjonsnivå til dei enkelte fornybare energikjeldene	<p>Ambisjonsnivået for dei enkelte fornybare energikjeldene er bra, men fleire av dei bør inkludera kva verkemiddel ein skal nytta for å nå måla som er sett. Ambisjonsnivået under deltema Termisk energi bør vera høgare. Det er eit stort potensiale av energiutnytting i industrikommunar i Vestland fylke. Ambisjonsnivået for innovasjon og forskning kan vera høgare for deltema og delmål – kjernekraft</p>	<p>Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.</p>
Korleis vi får ei robust kraftforsyning i fylket, Utdanning, forskning og innovasjon som omhandlar fornybar energi	<p>Årdal kommune ligg i enden av transmisjonsnettet og i enden av distribusjonsnettet. Dette er ein sårbar situasjon for ein kommune som er ein grøn hub og har eit stort potensiale for innovasjon innanfor blant anna karbonfangst- og lagring og industriell symbiose. Det er behov for å utbetre flaskehalsar i nettet og etablera nye sterke hovudforbindelsar for å sikre ei redundant forsyning.</p> <p>Årdal kommune meiner det er viktig å sikre nettilknytting for aktørar som allereie har fått konsesjon. I Årdal kommune er det to slike aktørar.</p> <p>Utbetringa av Transmisjonsnettet som skjer i fylket er viktig for å sikre framtidig kraftforsyning til dei definerte grønne hubane, deriblant Årdal kommune.</p> <p>Årdal kommune syner til at store deler av fjellområda er utbygd til vasskraft og at naturen si tolegrense for vidare landskapsinngrep i naturen til vindkraft etter vår vurdering er nådd.</p> <p>Årdal har store villreinsområde og ein stor del av Jotunheimen nasjonalpark i kommunen. Dette representerer viktige miljø- og naturverdiar me vil hegne om. Dette er betydningsfulle områder for innbygarane og dei dannar grunnlag for naturbasert næring og reiseliv som eit viktig supplement til industri. Retningslinjene i planen: Retningslinjene tek omsyn til den grønne omstillinga og er ambisiøse.</p>	<p>Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.</p>

	Årdal kommune ber Vestland fylkeskommune vurdere om omsynet til artsmangfold bør vera inkludert i punkt 11	
Statsforvaltaren i Vestland (2022/3616 – 178)		
Merknad til regional plan for fornybar energi 2023 - 2035 i Vestland og handlingsprogram 2023 - 2027	Energi- og planprogrammet er forankra i FN's berekraftsmål og Parisavtalen, og skal sikre at framtidig produksjon av fornybar energi kan skje på ein måte som tek omsyn til naturmiljøet. Omsynet til naturmiljøet har fått tydeleg plass i energiplanen, men viktige miljøprinsipp bør synleggjerast òg på strateginivå i handlingsplanen.	Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring..
Bakgrunn	<p>Føremålet med den regionale planen for fornybar energi i Vestland er å mobilisere og samordne innsatsen som må til for å nå dei globale klimamåla. Dette inneber ambisjonar knytt til klimaomstilling og nullutslepp i Utviklingsplan for Vestland 2020-2024. Hovudmålet er at vi skal ha energioverskot frå fornybare energikjelder, og ei robust kraftforsyning som bidreg til grøn verdiskaping.</p> <p>Auka mengd fornybar energi er vesentleg for god kraftbalanse og sikker kraftforsyning som skal bidra til grøn verdiskaping. Planen set mål om auka produksjon frå alle dei seks nærare omtalte fornybare energikjeldene, og utvikling av kraftnettet.</p> <p>Det er omtalt 38 retningslinjer i energiplanen. Planen skal gjelde for det geografiske området Vestland, men vil òg omhandle offshore havvind i havområda utanfor fylket. Vestland skal fortsette å vere Noregs største produsent av rein fornybar energi som kan delast med omverda, samtidig som grønne industriar held fram med å vekse i fylket. Energiplanen er forankra i FN's berekraftsmål, med naturleg utgangspunkt i berekraftsmål 7 Rein Energi til alle - sikre påliteleg, berekraftig og moderne energi til en overkommeleg pris. Planen skal òg bidra til å nå desse berekraftsmåla, og deira delmål: 9 Innovasjon og infrastruktur, 11 Berekraftige byar og lokalsamfunn, 13 Stoppe klimaendringane, 15 Livet på land og 17 Samarbeid for å nå måla. Noreg er vidare forplikta gjennom Parisavtalen til å bidra til å nå dei globale klimamåla.</p> <p>I utkastet til handlingsprogram for 2023 – 2027 er det sett to plantema; auka produksjon frå fornybare energikjelder, og robust kraftforsyning i Vestland. Det er definert delmål til kvart plantema, totalt ni delmål. Delmåla er utforma som strategiar i handlingsprogrammet, og definerte tiltak skal følgje opp måla/strategiane</p>	Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.
Våre merknader	Energiplanen er forankra i FN's berekraftsmål og Parisavtalen. Vi skal produsere nok grøn kraft og ha god distribusjon, innafor akseptable økonomiske rammer, og det skal skje på ein måte som imøtekjem berekraftsmåla som gjeld klima og naturmiljø. Plantemaet auka produksjon av fornybare energikjelder har som delmål 1 at produksjonen skal ta omsyn til naturmiljø, landskap og friluftsliv, og kulturverdiar. Vidare seier delmål 3 at den auka produksjonen skal bidra til å kutte klimagassutslepp.	Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.i planen.

Klimafordelene som blåste bort	<p>Det gir absolutt ingen mening å bygge ut mer vindkraft innenfor samme utvekslingsområde (Nord Pool) som allerede har en betydelig overkapasitet. Dette betyr at alle klimakostnadene med gruvedrift, produksjon, montering, drift, vedlikehold etc for vindkraftanlegg tilknyttet region NO2 og Danmark/Tyskland/Nederland blir helt overflødig og samtidig også en gigantisk klimabelastning vi i et opplyst samfunn i 2023 burde spart oss for. Dette blir derfor et rent negativt klimatiltak som vil utgjøre en stor negativ post i vårt nasjonale klimaregnskap. En kan ikke beregne klimafordeler for noe som det koster store mengder CO2 å produsere, og som i tillegg er helt overflødig og bortkastet. Disse utbyggingene på Sørlige Nordsjø II og på Utsira Nord fremstår dermed som helt meningsløse og unødvendige. Ikke bare utgjør de en helt unødvendig klimabelastning, men også som en sannsynlig miljøkatastrofe av store dimensjoner, og som et gigantisk kostnadssluk som må dekkes inn av norske strømkunder og skattebetalere gjennom evig høye strømpriser, ustabil energiforsyning og potensielt store offentlige subsidier rett fra felleskassen. Tilsvarende blir det for all videre utbygging av vindkraft og havvind i våre sørlige regioner. Store klima- og miljøkonsekvenser og helt uten nytte i energiforsyningen, ustabil og belastende for stabiliteten. Det er ikke plass til mer vindkraft hos oss. Vi må heller se til andre energikilder. Utvikling av løsninger for geotermisk, jordvarme, fjordvarme m.m vil løse mange av fremtidens energiutfordringer samtidig som det også gir muligheter for norsk industri å utnytte de erfaringer og den kompetansen som har blitt opparbeidet gjennom tiår på verdenstoppen i Nordsjøen.</p>	<p>Tatt til orientering Innspel inneholdt relevant informasjon, men ikke aktuelt med endring.</p>
Vi må sette tak og prioritering på forbruk	<p>Det er ingen grenser for hvor mye mer energi vi må bygge ut ekstra. I tillegg til at vi nå må redde hele Europa med vannkraft, og elektrifisere absolutt alt i Nordsjøen og på land, skal vannkraften også brukes som balansekraft her i landet, og også som kraftforsyning for en helt ukontrollert boom med utbygging av gigantisk</p>	<p>Tatt til orientering Innspel inneholdt relevant informasjon, men ikke aktuelt med endring.</p>

	<p>energikrevende datasenter, kryptofabriker, batterifabriker, og ikke minst svært energisløsende hydrogen- og ammoniakkproduksjon.</p> <p>Alt dette uten noen form for plan, tak eller prioritering. Her er det bare å bygge ut, gjerne med subsidier, statsfinansiering, skatteincentiver, og gratis tomter fra kommunene. Ingen kontroll med forbruk, eller hvor mye som skal bygges ut. Absolutt ingen form for begrensning. Hemningsløs fråtsing med kraft. Hvor mye datasenter trenger vi egentlig? Det bygges stadig nye fiberkabler ut av landet, til Irland og alle andre steder, slik at vi skal kunne tiltrekke hele verdens aktører til å etablere kraftkrevende gigantiske datasenter her i Norge.</p> <p>Hydrogen- og ammoniakk er blant de minst effektive energibærerne som sløser bort så mye som 70-75% av energien fra produksjon til effekt ut i en brenselcelle i et skip, anleggsmaskin, bil eller buss. Å bare få utnyttet 25-30% av energien og hive resten på havet eller opp i løse luften er definitivt ikke det smarteste vi kan gjøre når våre politikere vil etablere så mye hydrogen- og amoniakkproduksjon som mulig.</p> <p>Det legges samtidig opp til en storeksport av hydrogen og ammoniakk ut av landet til markeder i USA, Japan og EU, så på mange måter kommer hydrogen og ammoniakk til å være enda en utenlandskabel. Men denne blir uten noen tak på hverken volum eller kapasitet.</p> <p>Her er det fritt frem for å tappe norsk energiproduksjon for mest mulig. De kaller dette utslippsfritt, men det har en høy klimakostnad å tappe den norske energiproduksjonen så mye som det legges opp til. Ammoniakk uten rensing gir store utslipp av NOx-gasser, som er mye farligere klimagasser enn CO2. Og samtidig blir vi fortalt at vi må stille opp og ofre enda mer av naturen vår i det som nå fremstår som et gigantisk ran av vårt fellesgode, og av vår verdifulle natur.</p> <p>Vi må ikke glemme alt det som allerede har blitt ofret for fellesskapet. Det er det som alltid er og skal være utgangspunktet</p>	
<p>Det er ikke slik at vi ikke deler med oss</p>	<p>Norge har alltid stilt opp og delt et årlig overskudd i nettoeksport til Europa. I tillegg har vi også bidratt til å utjevne noe av ustabiliteten i Europa ved import/eksport. Det stemmer derfor ikke bildet som fremstilles der vi blir stemplet som egoister om vi ikke bygger ut resten av havet og naturen vår i solidaritet med Europa. Det gir heller ingen mening sett i lys av Tysklands finansiering av stans av danske vindkraftverk for ikke å produsere når det blåser. Så lenge det ikke er noen som helst vilje til å sette tak eller noen som helst form for prioritering på en uhemmet og ukontrollert utbygging av forbruks via energikrevende datasenter, kryptofabriker, batterifabriker, og ikke minst svært energisløsende hydrogen- og ammoniakkproduksjon er det heller ingen grunn til at vi skal godta ytterligere nedbygging av norsk natur</p>	<p>Tatt til orientering Innspel inneholdt relevant informasjon, men ikke aktuelt med endring.</p>

<p>Sats på geotermisk, fremtidens energiforsyning</p>	<p>En mye riktigere løsning for Vestland fylkeskommune er å legge til rette for utvikle geotermisk, jordvarme og fjordvarme som en stabil og forutsigbar energikilde som har et godt klimaregnskap og lavt fotavtrykk i forhold til miljø. Som et viktig fylke for offshorebedrifter og kompetansemiljø er Vestland fylke godt posisjonert for å utvikle fremtidens energiløsninger. Som vi har vist andre steder i dette høringssvaret så trenger landet stabile og forutsigbare energikilder som kan produsere jevn kraft 24/7, 365 dager i året.</p> <p>Mye av energibehovet som går til oppvarming kan hentes direkte fra jordens varmelagre uten at den må konverteres til elektrisk kraft og tilbake igjen. Ca 50% av energibehovet i alle bygninger, enten privat eller bedrift går til oppvarming. Her vil jordvarme- og fjordvarmeløsninger kombinert med varmepumper stå sentralt. Spesielt gunstig blir slike løsninger der det er stor tetthet mellom enhetene, som eksempelvis i et tettsted, boligområde eller industriområde.</p> <p>Varme hentet ut fra vann har mye større energitetthet enn luft til luft. Nærhet til fjord og sjø har stort potensiale som bør utnyttes enda bedre i fremtiden. Når et av problemene vi står ovenfor er økte temperaturer i havområdene er det gunstig å hente ut så mye varme som mulig fra hav og sjø.</p> <p>Geotermiske løsninger har et lavt fotavtrykk oppå bakken og dermed også kan plasseres nær forbruker. I et forsyningsperspektiv er utnyttelse av geotermiske kilder svært gunstig. Det at den kan produseres så nær forbruker som mulig kutter samtidig ned på behovet for lange sårbare overføringslinjer. I tillegg vil slike geotermiske energisentre være mye mer robuste i et sikkerhetsperspektiv. Tenk bare hvor sårbare vi bygger samfunnet vårt med ekstremt lange overføringslinjer med lange fjordspenn. I et sikkerhetsperspektiv er det viktig at vi diversifiserer kraftforsyningen også med kortreiste og stabile energiprodusenter.</p> <p>Også når det gjelder arbeidsplasser og industriutvikling står Norge i en helt unik posisjon, men bare om vi handler og satser nå. Geotermisk går gjennom en rivende utvikling andre steder i verden, både på boresiden og på turbinsiden som kan utnytte temperaturer langt under kokepunktet for vann. Toget går nå. Imens står det meste av industrien igjen på perrongen og venter på et dryss av gratis subsidiepengene til havvind, gårsdagens teknologi som på ingen måte har noen fremtid foran seg. Offentlige subsidier til havvind er dermed både innovasjons- og teknologidpende. Bruk heller penger på å føre Vestland fylke og Norge inn i verdenstoppen på utnyttelse av geotermiske energikilder.</p> <p>Teknologisk har det vært en rivende utvikling både i bore- og brønnteknologi og på energisiden også i forhold til turbiner og hvilke temperaturområder som kan utnyttes. Her er noen temperaturdata fra brønner i Nordsjøen:</p>	<p>Tatt til orientering Innspel inneholdt relevant informasjon, men ikke aktuelt med endring.</p> <p>Geotermisk energi er del av Termisk energi i planen</p>
---	---	--

Stasjon	Stasjonsnummer	Temperatur i grader celsius	Dypte (m)
Folk	8000/7-04.9	162	4817
	8000/7-05.9	165	4932
	8011/1-1	165	4979
Kvitelgjøen	8011/1-9	162	4976
	8012/2-2	162	4764
	8012/2-8	166	4904
Hakke	8012/2-1	159	4979
	8012/2-3	166	4827
	8012/2-4	152	4989
Mjøvatn	8012/2-5	160	4923
	8012/2-6	164	4821
	8012/2-7	166	4781
Linge	8012/2-8	167	4703
	8012/2-9	168	4764
	8012/2-10	169	4914
Mjøvatn	8012/2-11	162	4987
	8012/2-12	160	4812
	8012/2-13	170	4872
Kvitelgjøen	8012/2-14	178	4888
	8012/2-15	172	5089
	8012/2-16	164	5190
Kvitelgjøen	8012/2-17	163	5191
	8012/2-18	166	5291
	8012/2-19	176	4894
Kvitelgjøen	8012/2-20	166	4889
	8012/2-21	167	4908
	8012/2-22	168	4986
Kvitelgjøen	8012/2-23	167	4887
	8012/2-24	168	4988
	8012/2-25	167	4989
Kvitelgjøen	8012/2-26	168	4989
	8012/2-27	167	4988
	8012/2-28	168	4989

Temperaturdata - Kvitelgjøen

Fremtidens turbinteknologi bruker sCO2

Når det gjelder mye av diskusjonen rundt geotermisk energiproduksjon så har mye av fundamentet vært basert på vannturbiner som krever temperaturer over 100 grader. Ved å benytte et annet medium enn vann til å drive turbinen så kan en utnytte langt lavere temperaturer. Eksempelvis er superkritisk CO2 (sCO2) som kan produsere elektrisk kraft i temperaturområder helt ned mot 31 °C. Da er det samtidig lett å se hvilket potensiale vi har nå kontra bare for noen få år siden. Vi trenger ikke så veldig høye temperaturer, eller dersom vi har høye temperaturer så blir også utnyttelsesgraden såpass mye høyere. Les også mer om teknologi og muligheter her (også link til forskjellige steder det installeres): <https://www.powermag.com/what-are-supercritical-co2-power-cycles/>

Siemens Energy har utviklet en turbin som er basert på sCO2 <https://www.siemens-energy.com/global/en/news/magazine/2020/waste-heat-to-power-with-sco2-turbines.html>

More electricity yield in/ess space *The new sCO2 turbines really offer extraordinary promise. That's due to the unusual properties of CO2 when it's compressed by pressure in excess of 73.8 bar at temperatures higher than 31° Celsius. Under these conditions its consistency is as thick as a liquid, but it flows as easily as a gas. And that's ideal for power conversion in the turbine. An increase in the physical density of the working medium without impeding its flow properties will increase its power density and therefore the electricity yield. But the high power density can be used for more than just increasing electricity yield in applications that currently use steam turbines. It also makes it possible to construct turbines that need significantly less build space*

than steam turbines offering the same output. "Depending on the temperature of the heat source, sCO₂ turbines can be smaller than steam turbines by up to a factor of ten," Glos explains "sCO₂ turbines are therefore interesting for the conversion of industrial waste heat into electricity in two ways. Firstly, the high power density of sCO₂ at low temperatures is a particular advantage. At the same time, most industrial plants don't have the space to install a steam turbine".

Siemens Energy har allerede utplassert en løsning i Alberta, Canada.

<https://www.powermag.com/first-commercial-deployment-of-supercritical-co2-power-cycle-taking-shape-in-alberta/>

Et annet selskap, Ecogen, har også en turbin som produserer elektrisk kraft basert på sCO₂. <https://www.echogen.com/our-solution/>

Echogen's Heat Recovery System is an advanced power generation cycle for usable waste heat recovery. Our engineers have leveraged the proven steam Rankine cycle technology to yield significant improvements in: • Performance • Sustainability • Energy efficiency • Cost savings over existing solutions. We achieve this by harnessing CO₂ in a closed loop, which allows us to deliver a more compact, flexible, and low-cost thermal engine to our customer. Echogen provides a standard solution that can be configured to fit our customers' unique needs. Our compact heat engine can source power reliably from an array of processes in industrial, geothermal, and marine applications. Our scalable heat engine is able to deliver a wide range of power outputs, currently from 1 to 9 MW of net power but feasible up to 500+ MW. Our flexible system allows our customers to source power back to their facility, or to sell to the local utility for alternative returns.

Når listen for temperature som kunne utnyttes til produksjon av elektrisk energi helt frem til nå har vært for temperaturer over 100o C, så sier det seg selv at en turbinløsning som utnytter temperaturområder helt ned mot 31 oC åpner helt nye og fantastiske muligheter. Også innen bore- og brønnteologi er det store fremskritt.

Behøver ikke akkurat å fortelle et av verdens fremste selskap på bore- og brønnteologi hvordan utviklingen har gått frem andre steder i verden, men vil likevel trekke frem noen eksempler. Dere er sikkert kjent med utviklingen innen andre fagfelt enn mekanisk drilling? Eksempelvis hvilke teknologier som utvikles med eksempelvis plasmadrilling, der en har muligheter til å spare kostnader til nedføring av casing i brønnen. <https://illvit.no/teknologi/energi/forskere-borer-dypt-etter-gronn-energi>

En annen løsning for hvordan en geotermisk «radiator» kan drilles under bakken har eksempelvis det Kanadiske selskapet Eavor. <https://www.eavor.com/>
Eavor er også inne og utvikler geotermiske anlegg i Tyskland.

Alberta's Eavor Technologies launching German closed-loop geothermal project
Markham interviews John Redfern, CEO of Alberta-based Eavor Technologies, about its agreement with Italy's Turboden to undertake a geothermal energy project in Germany. https://www.youtube.com/watch?v=ypDQ4t_lIMo

<p>Dersom geotermisk er så bra, hvorfor har vi ikke startet å utnytte dette allerede?</p>	<p>Dette er et veldig godt spørsmål, og det er flere faktorer som spiller inn her. Det som er svært tydelig er at det er en inngående motvilje fra både industrien og fra politisk hold. En av de avgjørende årsakene kan være den store satsningen på miljøskadelig og ustabil havvind. Det finnes knapt grenser for hvor mye subsidier som kastes etter havvindbransjen. I 2019 bevilget regjeringen 3 milliarder det de kaller «renere hav». Hele 2,3 milliarder av dette gikk rett til å subsidiere vindkraftutbyggingen av Hywind Tampen. Det er vanskelig å få eksakte tall på hvor mye Equinor og Aker samlet sett har mottatt i subsidier for dette prosjektet, men allerede juni 2021 anslo NRK de samlede subsidiene (Enova og NOX-fondet) og skattefradrag til 4,5 milliarder. Er det virkelig noe rart at offshorebransjen ønsker å holde fullt fokus på havvind og holde alle andre løsninger nede når subsidiene til denne horrible teknologien bare øser på fra Norge og diverse andre støtteordninger i EU? Det lønner seg nemlig ikke for dem å fjerne fokus fra selveste penge kilden, der det drysses ut med enorme mengder gratispenger fra felleskassen. Får folket nyss i at det er mye bedre løsninger tilgjengelig, stanser gjerne denne pengestrømmen? Man gir da ikke fra seg den gullkalven som gir havvindaktørene en uendelig strøm av gratis penger rett i lommen.</p> <p>I tillegg er havvindprosjektene også svært gunstige som objekter for å tjene kjeppenger. Det vi har sett fra vindkraft på land er at bare de får klargjort et prosjekt med godkjenninger, så selges det ofte videre med god fortjeneste. Tax Justice Network Norway har dokumentert at ca. 70% av alle vindkraftprosjekter eies eller finansieres gjennom skatteparadis6 . Det er neppe noen grunn til å tro at det kommer til å bli mye annerledes også for havvind.</p> <p>I Nordsjøen borer vi allerede flere brønner som går 4000 – 5000 meter dypt og gjerne 1000 – 2000 meter horisontalt. Teknologien er faktisk blitt så avansert at de kan bore store sløyfer fra to sider og møtes på midten. Dette kan gi lukkede sløyfer som ikke gir forurensning til det ytre miljø og som pumper ned og gjenbraker vannet etter at det har vært utnyttet til energiproduksjon. På denne måten kan en bygge et nettverk av sløyfer som kan fungere som en gigantisk radiator langt ned under bakken. Det samme kan vi gjøre til havs for elektrifisering av sokkelen. Rikelig tilgang på stabil energi i motsetning til ustabil havvind eller elektrifisering via landstrøm som tapper kraftforsyningen vår til langt over smertepunktet.</p>	<p>Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.</p>
<p>Hydrogen og ammoniakk som energibærere</p>	<p>Noe av det dummeste vi kan gjøre er å sløse med energien. Ved å satse på hydrogen og ammoniakk sløser vi samtidig bort så mye som 70% av innsatsfaktoren ved energiforbruk produksjon til den effekten som vi får ut i andre enden. Dette er ingen farbar vei. Det vi dessverre ser er at det etableres flere produksjonslokalteter som kommer til å forsyne seg fritt og praktisk talt uten noen som helst form for restriksjoner. Når det i tillegg er lagt opp til at store deler av hydrogenen og</p>	<p>Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.</p>

	<p>ammoniakk skal gå til eksport ut av landet, så må en se på dette som enda en utenlandskabel, men i forskjell til de andre så er det ingen restriksjoner på hvor mye energi som forsvinner ut av landet via disse energibærerene. Et annet problem er at mye av behovet for hydrogen og ammoniakk er kunstig.</p> <p>Det har vært lagt opp til en strategi fra tidligere regjeringer der målet om mer kontroversiell og miljøskadelig kraftproduksjon skal fremprovoseres gjennom et kraftforbruk som går vidt utover nasjonale behov. Foreløpig fremstår det som også inneværende regjering viderefører denne strategien. Førrige olje- og energiminister Tina Bru uttalte følgende; <i>Høna eller egget? For å sette omstillingen i høygir vil vi legge til rette for en helhetlig verdikjede innen hydrogen. Dette innebærer at vi skaper et marked i Norge der vi både produserer, distribuerer og bruker hydrogen. – Vi kan ikke bruke enorme mengder strøm på å produsere hydrogen vi ikke kan bruke. Derfor starter vi med å skape etterspørsel. Det vil vi gjøre i samarbeid med private aktører og andre land, men også ved å bruke statens innkjøpsmakt og støtteapparat i klimaet og miljøets tjeneste, sier Bru.</i> https://hoyre.no/2020/09/11/vi-trenger-flere-jobber-og-mer-hydrogen/ Myndighetene bruker her virkemiddelsapparatet for å skape en økt kunstig etterspørsel på alt kraftforbruk og praktisk talt uten noen som helst ilagte begrensninger. Dette igjen setter det norske samfunnet i en konstruert «gisselsituasjon» som skal resultere i en økt nedbygging og avhending av norsk natur. Vi kan ikke ha en politikk basert på energisløseri på alt unødvendig energiforbruk, og uten kjennskap til formålet og nytteverdien av den forespeilte kraftkrevende veksten. Naturressurser, her energikilder og materialforbruk til utbygging av nye energikilder, er en begrenset ressurs. Behovet for energibærere og videre forbruk bør være kjent og ha en formålstjenlig bruksverdi som gode uten utarming av ressursgrunnlagets basisvare</p>	
Oppsummering	Norges Miljøvernforbund forventer at Vestland fylkeskommune sier et klart NEI til all videre utbygging av havvind og vindkraft. Sats heller på utvikling og utnyttelse av geotermiske energiresurser som fremtidens energikilde. Gjøres dette riktig vil Norske industri, teknologi, kompetanse og arbeidsplasser være helt i førersetet. I tillegg vil det være gunstig for både forsyningsikkerhet og stabilitet, med lavt fotavtrykk	Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikke aktuelt med endring.
Privat (2022/3616 – 233)		
Om planen	<p>MERKNAD TIL FRAMLEGG TIL «REGIONAL PLAN FOR FORNYBAR ENERGI».</p> <p>Det vert vist til høringsframlegg for «Regional plan for fornybar energi» lagt ut av fylkesutvalet i Vestland fylke - 29.11.22.</p> <p>Arbeidet med planen har vore ei utfordring heilt sidan framlegg til planprogram vart sendt på høyring. Det har tilsynelatande sett ut som om administrasjonen i fylkesadministrasjonen har lagt til rette for at plandokumentet skal opna for, og leggja til rette for vindkraft på land.</p>	Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikke aktuelt med endring.

	<p>10.06.20 gjorde Vestland fylkesting eit vedtak om at det ikkje skulle verta opna for vindkraft på land.</p> <p>Sumaren 2022 sende administrasjonen ut eit skriv til samtlege kommunar i Vestland fylke. INGEN av dei 26 kommunane som svara på skrivet gjorde greie for at dei hadde opna - eller ville opna for å setja av areal til vindindustri på land i kommunale planar. Det vakte difor oppsikt då framlegg til regional plan for fornybar energi vart lagt fram for fylkesutvalet i møte 29.11.22. I dette framlegget vart det lagt opp til at det i 2035 skulle vera bygd ut ny vindkraft på land- opptil 3,4 TWh NY vindkraft.</p> <p>Sosialistisk Venstreparti føreslo at det auka produksjonsmålet for vindkraft på land (landvind) skulle slettast frå planen (siste kulepunkts. 16). Dette punktet er som følgjer: «0,5 - 3,4 TWh ny straum frå landvind i høve til 2022 er kopla til kraftnettet i Vestland»</p> <p>Berre Senterpartiet og Uavhengige støtta dette framlegget</p>	
<p>KONKRETE VURDERING AV PLANDOKUMENTET</p>	<p>Etter å ha sett gjennom heile plandokumentet er eg uroa for at det legg til rette for å opna for vindkraft på land i Vestland fylke. Dokumentet ber preg av å vera skrive av ein vindkraftpositiv administrasjon.</p> <p>Einaste tryggleiksventilen finn ein i «retningslinjer som gjeld dei fornybare energikjeldene» - då dei politisk vedtekne punkta 12. og 13.</p> <p>«12. - Det skal ikkje byggjast vindkraftverk som er i strid med kommunale vedtak.»</p> <p>«13. - Det skal ikkje byggjast vindkraft i urørd natur på land eller der viktige verdiar knytt til natur, landskap, kulturminne, naturmiljø eller reiseliv vert forringa.»</p> <p>Desse punkta vil gjera det vanskeleg å opna for vindkraft på land.</p> <p>Utfordringa er at sjølve plandokumentet er lagt til rette for å argumentera for og å prioritera vindkraft på land. Dette medfører at det berre skal eit politisk vedtak om å droppe punkta 12 og 13 i retningslinjene – så er den regionale planen for fornybar energi tilrettelagt for vindkraft på land.</p> <p>Eg tek med nokre døme frå plandokumentet:</p> <ul style="list-style-type: none"> • «Regional plan skal leggjast til grunn for regionale organ si verksemd, for kommunal og statleg planlegging og verksemd i regionen». (s. 5) • «Berekraftmål nr. 7 – Rein energi til alle – sikre påliteleg, berekraftig og moderne energi til en overkommeleg pris» skal vera utgangspunktet for denne planen. (s. 6) <p>Altså gjelda framfor t.d berekraftmål nr 15.4 – «Innan 2030 bevare økosystemer i fjellområder, inkludert det biologiske mangfoldet der, slik at de skal bli bedre i stand til å bidra til en bærekraftig utvikling».</p> <ul style="list-style-type: none"> • «Utbygging av fornybare energikjelder har innverknad på areal- og naturforvaltning. Ei slik utvikling må bli gjennomført på ein skånsam måte for den verdifulle naturen i regionen slik at ein skal ta i vare natur, miljø og matjord.» (s.6) Dette kan ein lesa som 	<p>Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.</p>

at ein er klar over at utbygging har verknad på areal- og natur; svaret er at det skal byggjast ut skånsomt. Det står ikkje noko om at alternativet er at det så ikkje skal byggjast ut.

- »Berekraftsmål nr. 17 - Samarbeid, er avgjerande for at vi lukkast. Det må samarbeidast tettare, både mellom offentlege etatar på ulike forvaltningsnivå og mellom offentlege etatar og næringslivet. Planen skal leggast til grunn for regional og kommunal planlegging. I tillegg skal planen skape eit felles grunnlag for dialog og samarbeid med kommunane, både frå fylkeskommunen og statlege organ si side, for å sikre ei samfunnsutvikling som tek oss i ei berekraftig retning. Gjennom nettverk, kunnskap og samarbeid sikrar vi at vi når måla i planen.» (s. 7) Dette ser jo ufarleg ut med første augekast, men kan lett nyttast som argument for at «målet i planen skal nåast» # inntil tredobling av vindkraft på land.
- «Dersom prosessane for auka produksjon frå fornybare energikjelder ikkje vert oppfatta som legitime og rettferdige, vil det kunne oppstå motstand mot tiltaka. Dette kjenner vi frå vindkraftsaker både i Vestland og andre fylke i Noreg. Medverknad, dialog og samarbeid er viktig for å kunne gjennomføre tiltaka som gjev ei brei grøn verdivekst, og som sikrar at fordelar og ulemper vert rettferdig fordelt» (s. ## Det er viktig at prosessen vert betre, men det vil aldri fjerna argumenta mot å byggjar fjella ned med vindindustri.
- «Diskusjonen rundt vindkraft rører ved sterke KJENSLER» (s. 11) Her nyttar plandokumentet «klisjèuttrykk». Diskusjonen er prega av sterke ARGUMENT mot vindindustri i fjellheimen.
- Plandokumentet opnar for inntil TRE-DOBLING av produksjon av vindkraft på land. På side 16 er det sett eit produksjonsmål i intervallet frå dagens produksjon på 1.6 TWh til opptil 5 TWh årleg produksjon av vindkraft. Saksutgreiinga frå fylkesrådmannen er kortfatta og gjev lite informasjon. Korkje saksutgreiinga eller plandokument gjev noko informasjon i det heile om det sterke folkelege engasjementet som har vore i denne saka. Etter det eg har funne står det heller ikkje noko om at samtlege 43 kommunar i Vestland fylke er vorte tilskriva i etterkant av fylkesutvalet sitt vedtak i juni-22. Konklusjonen var at 26 kommunar sendte svar til VF – og INGEN – INGEN – kommunar i Vestland fylke gav uttrykk for at dei hadde planar for – eller ønskte vindkraft på land.

I og med at regionale planar er politisk vedtekne dokument – er det underleg at fylkesadministrasjonen utelet slik viktig lokaldemokratisk informasjon i plandokumentet. Dette stadfestar berre kjensla om at administrasjonen gjer det dei kan for at «regional plan for fornybar energi» på enklast mogeleg måte skal kunne gjer føringar også til fordel for vindkraft på land.


	<p>I kunnskapsgrunnlaget for vindkraft på land er det berre tatt med dokumentasjon frå NVE og bransjen. Det er i det heile ikkje nemnt med eit ord at det finst omfattande alternative rapportar og kunnskapsgrunnlag – m.a. frå Motvind og andre organisasjonar.</p> <p>Primært ønskjer eg at plandokumentet vert omarbeida slik at det går tydeleg fram at fylkespolitikarane ikkje vil opna for nye tradisjonelle vindkraftanlegg på land i Vestland fylke.</p> <p>Subsidiert ønskjer eg at dei politiske partia tek kompetansen hjå organisasjonar mot vindkraft på land på alvor – og inviterer til ein grundig prosess der ein i fellesskap kan koma fram til eit plandokument som møter utfordringar med energitrongen – utan å opna for å rasera den naturen som FN har definert som heilt avgjerande å slutta å byggja ned</p>	
<p>KONKLUSJON I MI MERKNAD:</p>	<ul style="list-style-type: none"> •Kulepunktseks på side 16: «Ambisjonsnivå og utbygging av vindenergi» må verta tatt ut av plandokumentet. Setninga er som følger: 0.5 - 3.4 TWh ny straum frå landvind i høve 2022, er kobla til kraftnettet i Vestland (i 2035). • 3,4 TWh ny landvind kobla til kraftnettet i 2035 tilsvarar om lag 22 vindkraftanlegg på storleik med det nyopna Lutelandet vindkraftanlegg. <p>Dei fylkespolitikarane som røyster for å opna for ein slik ny kraftproduksjon frå vindkraft på land - må då vera spesifikk på kvar - og i kva kommunar dei går inn for å opna for denne vindindustrien.</p>	<p>Ikkje tatt til følgje Innspel er vurdert, men ikkje aktuelt med endring.</p> <p>Retningslinjene 6, 12 og 13 seier at bygging av kraftverk og infrastruktur knytt til fornybare energikjelder skal ta i vare omsyn til miljø og andre arealinteresser, at det ikkje skal byggast vindkraft på land i urørt natur, der viktige verdiar knytt til natur, landskap, kulturminne, kulturmiljø eller reiseliv blir forringa eller i strid med kommunale vedtak.</p> <p>Behovet for produksjon av fornybar energi, sett opp mot behovet for å ivareta andre viktige arealverdiar, som urørt natur, biologisk mangfald, landskaps- og friluftsiinteresser, er ein særleg tydeleg interessekonflikt ved arealkrevjande tiltak. Fylkesdirektøren meiner det likevel</p>

		er eit potensial for utbygging av vindkraft som tek i vare omsyna som måla og retningslinjene legg opp til.
FNF Hordaland og FNF Sogn og Fjordane (2022/3616 – 234)		
Innleiing	<p>Frå eit overordna perspektiv er vi glade for at Vestland fylkeskommune tydeleggjer at miljø, naturmangfald, friluftslivsområde, og landskaps- og kulturverdiar skal takast omsyn til når fornybar kraft skal produserast – jamfør mellom anna planutkastet sitt fyrste delmål. Det er likevel vanskeleg å sjå for seg i kor stor grad desse verdiane i praksis vil bli tatt omsyn til når målsetjinga om kraftproduksjon frå fornybare energikjelder innan 2035 ligg på heile 60 TWh (jamfør figur 4 på side 9 i planutkastet) – og vi bruker difor ein del plass i denne uttalen på å diskutere forutsetnadane som ligg til grunn for denne målsetjinga om så enormt mykje ny kraft frå fornybare energikjelder – og på såpass kort tid.</p> <p>Vi meiner at fylkeskommunen burde vore endå tydelegare i sine formuleringar når det gjeld omsyn til og bevaring av vestlandsnaturen – som allereie er kraftig utnytta til energiproduksjon, med dei negative konsekvensane for natur, landskap, bu-lyst, naturbaserte næringar og reiseliv som den eksisterande utbygginga har.</p> <p>Heilt overordna meiner vi også at planen i langt større grad burde ta omsyn til energibruk og energisparing. Slik vi no les planen, er fokuset på å produsere ny fornybare energi altoverskyggande. Ein miljøvennleg fylkeskommune – med mål om å innfri både natur- og klimamål – bør etter vår meining ha ein mykje tydelegare og meir konkret profil både når det gjeld kva krafta skal brukast til, og også når det gjeld korleis ein kan unngå å sløse med kraft – altså korleis ein kan få til aukande grad av energiøkonomisering, der vi har eit stort unytta potensial for å frigjera fornybar straum. Desse to forholda representerer, slik vi ser det, ein stor mangel ved planutkastet.</p> <p>Ved å ha ein tydelegare profil på desse temaa, vil ein også kunne redusere målsetjinga om kor mykje ny fornybar kraft som må produserast innanfor planperioden – og likevel kunne nå dei ambisiøse utsleppsmåla som fylkeskommunen har sett seg. Vi skriv meir om dette under temaet Energieffektivisering og bruken av krafta (side 5–6). Når det gjeld planens retningslinjer for fornybar energi, så finn de våre forslag til endringar som gjeld desse på side 7–9</p>	Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.
Berekraftsmåla	Berekraftig utvikling handlar om å ikkje bruke ressursane vi har tilgjengeleg i dag, på ein slik måte at vi øydelegg kommande generasjonar sine moglegheiter til å få dekkja sine behov. Dette gjeld også naturressursane våre – som blir negativt påverka av kraftutbygging – ikkje berre kraftressursane.	Tatt til følge. Endring er av mindre karakter og ikkje presentert i saksframstilling.

	<p>FN sine berekraftsmål er viktige, men dei opererer dårleg åleine – det må konkret politikk til for å nå dei. I tillegg er eit sentralt premiss i berekraftsmåla at oppnåinga av eitt mål ikkje skal påverka andre mål negativt. Difor må måla om fornybar energi også innretta seg dei berekraftsmåla som handlar om å ta vare på naturen.</p> <p>På side 5 i planutkastet er fleire av berekraftsmåla nemnde, men vi meiner at det er fleire berekraftsmål som burde vore tatt med her. Dette gjeld til dømes berekraftsmål 14 Livet i havet. Vi meiner at dette målet heilt sjølvstøtt må vera med, både sidan planen har med eige kapittel om havvind, og også fordi det er godt kjent at vasskraftutbygging også påverkar livet i fjordane (til dømes gjennom ei unaturleg tilføring av ferskvatn gjennom året, og gjennom påverknad på anadrom fisk), som er ein del av havet.</p> <p>Også berekraftsmåla 6 og 12 burde vore med. Berekraftsmål 6 skal mellom anna sikre berekraftig vassforvaltning, noko som heilt sjølvstøtt er aktuelt for aktuelle planen. Berekraftsmål 12 skal sikre berekraftig forbruks- og produksjonsmønster, og bør etter vår meining også i det minste bli nemnt i planen.</p>	<p>berekraftsmål 14 Livet i havet bør med.</p> <p>Også berekraftsmåla 6 og 12 burde vore med</p>
Kunnskapsgrunnlaget	<p>På side 5 i planutkastet står det eit avsnitt om kunnskapsgrunnlaget for planen. Her meiner vi at personar med utdanning innanfor biologi og naturforvaltning også burde ha deltatt under utarbeiding av kunnskapsgrunnlaget – særleg når det gjeld effektar på naturmangfaldet av ulike typar kraftproduksjon. Ekspertise innan friluftsliv, landskap og reiseliv kunne også med fordel vore med på å utforme kunnskapsgrunnlaget. I vårt innspel til planprogrammet etterlyste vi «bakgrunnsdokument (frå ekspertar) blant anna om energieffektivisering, samt rapporter som skildrar konsekvensar av fornybar energi på landskap, naturmangfald, friluftsliv, reiseliv, lokal bu-lyst, med meir». Dette for å få eit meir balansert og riktig kunnskapsgrunnlag å ta avgjersler ut frå. Det saknar vi framleis i planen.</p> <p>Naturkrise og klimakrise må dessutan sjåast i samanheng, og stadig fleire understrekar at det er vanskeleg å kunne forsvare massiv og industriell nedbygging av natur av omsyn til klimaet. IPCC slo i delrapport 2 til sin sjette klimarapport fast at det ikkje held å kutte utslepp for å bremse klimaendringane, vi må også bevare 30–50 prosent av areala på land, i ferskvatn og til havs .</p> <p>Parisavtalen er nemnd, og den er sjølvstøtt viktig. Men Noreg har også tilslutta seg til ein viktig internasjonal naturavtale , der vi har ein tydeleg visjon om 100 prosent berekraftig forvaltning og 30 prosent bevaring av land og hav innan 2030. Dette må også følgjast opp regionalt, og den aktuelle planen må i større grad ta innover seg også desse forpliktingane.</p>	Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.
Kommunal oppfylgning av planen	I planens innleiing skulle vi gjerne sett at fylkeskommunen skriv litt meir om korleis det forventast at kommunane følgjer opp den regionale planen. Dette gjeld då særleg i dei	Tatt til orientering

	<p>tilfella der kraftproduksjon går utover natur, miljø og friluftslivet – noko det jo ofte ser ut til å gjera. Vi synest altså at planen er for lite konkret når det kjem til korleis det er forventa at kommunane skal tolke planen, når dei i sine arealplanar legg til rette for auka energiproduksjon.</p>	Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.
Medverknad	<p>Når det gjeld medverknad i planprosessen (side 8 i planutkastet), kjenner vi ikkje til at natur- og friluftslivsorganisasjonane i fylket har vore inviterte med i planprosessen. Dette meiner vi har vore ein mangel ved planprosessen, sidan konflikten mellom energiutbygging og natur- og friluftslivsverdiane i mange tilfelle er stor.</p>	Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.
Kraftbalanse, effektbalanse og straumprisar	<p>Hovudmålet med den aktuelle planen er formulert slik i planutkastet: <i>Vi har eit energioverskot frå fornybare energikjelder og ei robust kraftforsyning som bidreg til grøn verdiskaping.</i></p> <p>For å nå dette målet blir det i planen fokusert på at det må byggjast mykje meir fornybar kraft i Vestland fylke innanfor planperioden, og at det må skje ei betydeleg oppgradering av linjenettet for å kunne overføre tilstrekkelege mengder med kraft dit meir ny kraft trengs.</p> <p>På side 10 i planen står det under <i>Ambisjonsnivå og utbygging av fornybar energi: Vestland fylke har lagt til rette for auka produksjon av fornybar energi slik at vestlandssamfunnet har påliteleg og berekraftig energi til overkommeleg pris.</i></p> <p>Mantraet er altså i stor grad det same som ein høyrer frå dagens regjering og frå Statnett; skal vi sikre grøn verdiskaping og rimeleg kraft, er vi nøydde til å byggje ut mykje meir fornybar kraft, nær sagt så raskt som råd. Det er grunn til å stille fleire spørsmål ved dette mantraet – noko mange også gjer. Vestland er som kjent det fylket i landet som produserer klart mest kraft i Noreg; om lag ein fjerdedel⁵. For samanlikning tar vi også med at Vestland sitt landareal (33 871 km²) utgjer om lag 10 prosent av Noreg sitt fastlandareal (323 810 km²).</p> <p>For det fyrste er det per i dag eit stort kraftoverskot i Vestland fylke (sjå figur 1), og gjennom tiårsperioden 2012–2021 har Vestland (før 2020: Hordaland og Sogn og Fjordane til saman) hatt eit (fornybart) kraftoverskot som har variert mellom 33 og 47 prosent av kraftproduksjonen⁶. I 2021 var kraftoverskotet på 35 prosent.</p> <p>Fylkesvise tal for kraftforbruk og kraftproduksjon blir ikkje tilgjengelege før i mai, men vi har grunn til å tru at kraftoverskotet (i prosent) vil ligge på nivå med fjoråret. Dette skuldast eit betydeleg lågare straumforbruk i 2022 samanlikna med i 2021, som har si årsak i dei høge straumprisane. Men det var også ein betydeleg nedgang i straumproduksjonen frå vasskraft, noko som i hovudsak skuldast at låg magasinifylling</p>	Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.

og ein stram kraftsituasjon for delar av året fekk vasskraftprodusentane til å spare på vatnet⁷.



Figur 1. Kraftforbruk og kraftoverskot for Vestland (før 2020: Hordaland og Sogn og Fjordane til saman) for siste tilgjengelege 10-årsperiode sjå SSB.

I den pågåande kraft- og straumprisdebatten peikar mange på eitt viktig moment; det at eit kraftoverskot skal vere særst stort viss det med sikkerheit skal ha ein stor effekt på straumprisane. SørNoreg – inkludert Vestland sør for Sognefjorden (og delvis også Vestland nord for Sognefjorden) – er no så tett kopla til den europeiske straummarknaden at ein auka produksjon i vårt fylke truleg ikkje vil ha nokon reell påverknad på straumprisane. Dette ser vi jo også allereie av dagens situasjon, der altså Vestland faktisk har eit betydeleg kraftoverskot, i hovudsak med vasskraft som er særst billig å produsere samanlikna med mange andre kraftformer, men likevel har vi som kjent om lag tilsvarande straumprisar som store deler av Skandinavia, og elles også delar av Nord-Europa.

Eit anna spørsmål som burde ha vore diskutert i den aktuelle planen, er effektbalansen⁸, altså forholdet mellom tilgjengeleg produksjonskapasitet (effekt) og maksimalt effektforbruk. Dette fordi effektbalansen påverkar straumprisane, og fordi det berre er energiformene som kan lagrast som vil kunne bidra til å løyse den stadig meir anstrengde effektbalansen i Noreg (vindkraft vil til dømes i liten eller ingen grad bidra positivt her).

I rapporten Norsk og nordisk effektbalanse fram mot 20309 konkluderar NVE mellom anna med følgjande:

Vi har i dag betydelig importkapasitet, noe som er en viktig sikkerhet i stramme effektsituasjoner. Samtidig går vi mot et mer væravhengig nordisk og europeisk kraftsystem, med redusert tilgang på effekt. Dette vil kunne gi perioder med svært høye priser på kraft og reserver.

	<p>Med dette i mente meiner vi at den aktuelle planen i det minste må diskutere den regionale effektbalansen, og vidare eventuelt ta omsyn til kva for nokre kraftkjelder som kan bidra positivt til den regionale effektbalansen – sidan denne balansen vil kunne ha stor effekt på periodane med særleg høge straumprisar.</p> <p>Vi meiner at det ville vore naturleg at ein regional plan for fornybar kraft i det minste diskuterer dei ovanfor nemnde spørsmåla grundig – særleg når mantraet i praksis synes å vere at fylkeskommunen ynskjer at mest mogleg kraft skal byggjast ut sær sagt så fort som råd.</p> <p>Vi saknar altså mellom anna ein god analyse av kva ein ytterlegare auke i kraftoverskotet i Vestland vil medføre; både når det gjeld kor kraftoverskotet blir sendt hen (både i dag og i framtida), kor stort eit slikt overskot må vere for å kunne ha ein reell innverknad på straumprisane, korleis effektbalansen vil verke inn på framtidige straumprisar i Vestland, og ein diskusjon om ein ikkje også bør ta omsyn til effektbalansen når ein planlegg utbygging av meir fornybar energi i fylket.</p>	
<p>Energieffektivisering og bruken av krafta</p>	<p>Som nemnd innleiingsvis meiner vi også at energieffektivisering og elles kva ein brukar krafta på, hadde fortent ein mykje større plass i planen. Det blir meir og meir tydeleg både at energisparing må satsast meir på – også av fylkeskommunen – og også at ein må ta ei vurdering av kva ein skal bruke krafta på.</p> <p>Det er etter vår meining lite realistisk at ein både skal erstatte all fossil energi med elektrisitet innan 2035, samtidig som ein skal leggje til rette både for elektrifisering av norsk sokkel og leggje til rette for mykje meir kraftkrevjande industri; anten det er batterifabrikkar eller annan kraftkrevjande industri. Fylkeskommunen må i større grad ta nokre val – ikkje berre seie «ja takk, både delar». Sistnemnde vil medføre eit svært stort press både på naturen, landskapet og friluftslivsområda i fylket vårt. Det meiner vi at ingen er tent med. I tillegg vil ein ukritisk bruk av den dyrebare krafta medføre ein stor risiko for ein endå høgare straumpris.</p> <p>Planen burde etter vår meining ha talfesta kor mange TWh som kan sparast gjennom energisparing og energieffektivisering Vestland, og sette seg ambisiøse mål for korleis vi kan realisere dette potensialet. Slike tiltak bør i planen ha prioritet føre nye utbyggingar. Dette skreiv vi også i fråsegna vår til planprogrammet.</p> <p>Dei mest optimistiske estimatene for energieffektivisering og energisparing i Norge er på nærare 40 TWh, og vil ha sjølvstakt ha same funksjon i energibalansen som produksjonsauke, men då utan konfliktane som ein ser knytte til nye kraftutbyggingar. Her er det også viktig å nevne at dagens høge straumprisar etter alt å dømmе vil fungere som ein katalysator for fleire tiltak knytte til energieffektivisering. NVE mener for øvrig at det ligg eit lønnsomt potensial på opp mot 13 TWh i energieffektivisering</p>	<p>Tatt til orientering Innspeil inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.</p> <p>Energieffektivisering er utanom mandatet til planen, men er behandla i regional plan for klima. Planen har målsettingar innan deltema Termisk energi, som er ei form for energieffektivisering fordi det avlastar behovet for elektrisk kraft til oppvarming.</p>

	<p>av eksisterande bygg. Dette tilsvarer omtrent 10 prosent av Norges samla energiforbruk.</p> <p>I samband med vedtaket av Klimaplan for Hordaland 2014–2030 vedtok Hordaland fylkesting i juni 2014 at «energibruken i Hordaland skal reduseres med 20 % innen 2020 og 30 % innen 2030 i forhold til 2007.» Det blei då også vedtatt at «energibehovet til alle formål skal i størst mogleg grad dekkast av fornybare energikilder utan tap av naturmangfald.» Vi meiner at målsettingane frå 2014 – om eit redusert energiforbruk på mange område – i mykje større grad burde blitt videreførte også i den aktuelle planen. Vi kan rett og slett ikkje legge noverande energiforbruk til grunn som energinivå i samfunnet når vi skal erstatta all den fossile energien med fornybare kjelder. Vi treng ein klimapolitikk som går opp, for å formulere det slik – og som tek meir omsyn til dei negative sidene av fornybar energiutbygging.</p> <p>Vi etterlyser ei kort utgreiing for kvifor fylkeskommunen synest å ha endra energipolitikken sin såpass radikalt frå 2014 til 2023 – og også litt om korleis det har gått med måla om redusert energiforbruk som fylkeskommunen sette seg i 2014 – og gjerne også litt om kvifor målsettingane ikkje blei realiserte. Her må vi også ta med at i den regionale planen for klima 2022–2035 (vedteken 15. desember 2022) er energiøkonomisering eit viktig satsingspunkt, og ein må då kunne forvente at fylkeskommunen også legg til grunn eigne mål når fylkeskommunen estimerer og vurderer framtidig trong for fornybar energi.</p> <p>Vi tar også med at ordet energieffektivisering er nemnd heile 167 gonger i Energikommisjonen sin rapport Mer av alt – raskere (NOU 2023: 3)¹¹, mens ordet berre så vidt er nemnd (2 gonger) i det aktuelle planutkastet.</p>	
Solenergi	<p>Vi meiner at ambisjonane når det gjeld å produsere elektrisk kraft frå solenergi må aukast. Om lag 50 prosent av energien som vi bruker, blir brukt i bygg¹² (energibruken i bygg i Noreg utgjer om lag 80 TWh¹³), og utbygging av elektrisitet frå solenergi har difor eit stort potensiale når det gjeld å forsyne bygg med fornybar energi. Når solkraftutbygging skjer på bygg, vil det i praksis også kunne gjerast arealnøytralt. Ein meir sjølvforsynt bygningsmasse, når det kjem til straum, vil også i større grad ruste regionen for straumbrot som ein følge av ekstremvær osv.</p> <p>Ein auka ambisjon når det gjeld kraft frå solenergi krev gode støtteordningar som gir økonomiske insentiv – og her meiner vi at fylkeskommunen bør spela ein større rolle. Fylkeskommunens eigne bygg bør også gå føre som gode eksempel når det gjeld utbygging av solceller.</p> <p>Den aktuelle planen bør heller bruke formuleringar som til dømes «kraft frå solenergi» i staden for solenergi. Behovet for å endre på formuleringar om solenergi blir særleg tydelege når ein til dømes på side 13 les formuleringar som at «i Vestland blir det lagt</p>	<p>Tatt til følge. Endring er av mindre karakter og ikkje presentert i saksframstilling.</p> <p>«Produksjon av energi frå solenergi har passert 1-2 TWh i utgangen av planperioden»</p> <p>Endrast til: «Kraftproduksjon basert på solcelleteknologi har passert 2 TWh i utgangen av planperioden.»</p>

	<p>til rette for solenergiproduksjon...» og «produksjon av energi frå solenergi...». Som kjent kan ikkje energi verken produserast eller forsvinne, men berre gå over i andre former (jamfør termodynamikkens første hovudsetning). For å seie det litt humoristisk; termodynamikkens lover gjeld også for fylkeskommunen – noko som også må reflekterast i formuleringane som blir brukt i den aktuelle planen.</p>	
Havvind	<p>Under ambisjonsnivå og utbygging av vindenergi (side 15) seier eitt av kulepunkta følgande: «I Vestland har vi utvikla havvind i samråd med havbruk- og fiskeinteressane». Her meiner vi at også fuglar, marine pattedyr, fiskeslag som ikkje vert fiska på, og alt anna marint liv må takast omsyn til, og at dette må nemnast eksplisitt i denne delen av planen. Spørsmål om utbygging av havvind kan ikkje reduserast til ein interessekamp mellom næringar (havvindnæringa på den eine sida og fiskerinæringa på den andre sida).</p> <p>Når det gjeld havvind er det også særskilt viktig å understreka at ein generelt sett veit altfor lite om konsekvensane for naturmangfaldet i og over havet – anten det er fuglar, sjøpattedyr, fisk eller anna liv i havet. Her ynskjer vi mellom anna å vise til at generalsekretæren i BirdLife Norge, Kjetil Solbakken, i en nyleg NRK-artikkel uttala at staten må sette i gong med uavhengige undersøkingar før det blir gitt lov til utbygging</p>	<p>Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.</p> <p>Kunnskapsgrunnlaget rundt havvind vil oppdaterast i samarbeid med UiB, HVL og andre forskingsinstitusjonar.</p>

<p>Retningslinjer for fornybar energi</p>	<p>Nedanfor følger våre forslag til endringar av retningslinjene for fornybar energi, som utgjer siste del av planutkastet.</p> <ul style="list-style-type: none"> - Retningslinje 8: Her kunne ein med fordel tatt med at ein føresetnad er at miljø- og andre arealinteresser skal tas omsyn til (jamfør retningslinje 6). - Retningslinje 11: Her meiner vi at tida no er moden for at fylkeskommunen seier nei til kraftutbygging på særleg karbonrike areal, slik som myr og våtmark. Ei tydeleg formulering på dette punktet vil også vere enklare og meir føreseieleg for kommunane å forhalde seg til. Vi meiner at dei same krava må gjelde for vasskraft som vindkraft (jamfør retningslinje 13) når det gjeld føresetnadar for å ivareta verdiar knytta til natur og landskap mm., og vi foreslår difor at følgjande punkt tas med som ei eiga retningslinje knytta til vasskraft: «Det skal ikkje byggjast vasskraft der viktige verdiar knytta til natur, landskap, kulturmiljø eller reiseliv blir forringa.» - Retningslinje 14: Her meiner vi som tidlegare nemnd at det også må inn ein formulering om at vindkraft må ta omsyn til fuglar, sjøpattedyr, fisk og anna liv i havet. Det trengs også mykje ny kunnskap når det gjeld konsekvensar som slike utbyggingar vil ha mellom anna for fuglar og sjøpattedyr. - På side 28 er det mellom anna gitt retningslinjer for kraftproduksjon i høve til sårbart høgfjell og biologisk mangfald (sjå særleg retningslinjene 18, 20 og 21). Her ynskjer vi å minne om naturkartlegginga for Stølsheimen og Matrefjella, som dokumenterer at desse fjella har natur som Noreg har eit internasjonalt ansvar for. Dei snørike vestnorske fjella huser eit heilt spesielt naturmangfald; ikkje minst når det kjem til mosefloraen . - Retningslinje 21: Her meiner vi at det må leggest til ein formulering om at i dei tilfellene der avbøtande tiltak ikkje vil fungere godt nok, så skal det ikkje tillastast utbygging. - Retningslinje 29: Denne meiner vi bør bli erstatta med følgjande formulering (der fyrste og tredje setning er føreslege endra på – sjå feit skrift): «I vassdrag med sjøaure eller storaure skal det ikkje gis løyve til å bygge kraftverk på fiskeførande strekning. Der det er store fiskeinteresser skal ikkje tilhøva for fiske reduserast. Det må stillast strenge krav, inklusiv til forbisleppingsventil, for kraftverk ovanfor fiskeførande strekning. Løyve til utbygging i mindre viktige område for sjøaure og storaure føreset auka og differensiert minstevassføring, ekstra høg minstevassføring i gytevandringstida og sikre inntaksordningar for å unngå tap av fisk i turbin.» <p>Det er viktig at det – som ein regel – blir installert forbisleppingsventil også for kraftverk som ligg ovanfor fiskeførande strekning i vassdrag med sjøaure eller storaure. Dette fordi det ved driftsstans i ein slik type kraftverk (elvekraftverk) vil bli ein</p>	<p>Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.</p> <p>Endringsforslaga vert i stor grad ivaretatt gjennom lovverk og konsekvensutgreiingar. Fylkesdirektøren meiner forslaga er konkretiseringar.</p>
---	---	--

	<p>periode heilt utan vassføring i den tida det tar frå kraftverket stoggar, til vatnet renn over inntaksdammen og ned til fiskeførande strekning. Slike situasjonar vil kunne gje store skadar på fisken og på anna liv i vassdraget. Ein forbisleppingsventil vil sikre kontinuerleg vassføring sjølv ved uforutsette stopp i drift av slike vasskraftverk. I dag er bestandane av både storaure og sjøaure i Vestland svekka. Difor er det naudsynt å stille strenge krav til minstevassføring også i vassdrag som er mindre viktige for storaure og sjøaure. I tillegg er det viktig å ta vare på stadeigne genetiske bestandar – uavhengig av bestandane sin størrelse (jamfør til dømes også naturmangfaldlova § 5, som har med artane sitt genetiske mangfald).</p> <p>Vi viser også til DNT-foreiningane sin uttale til den aktuelle planen. Vi støttar deira innspel knytt til landskap og friluftsliv. Her ynskjer vi å trekke fram at Vestland har unike fjell-, og fjord- og kystlandskap som må vektleggjast i all arealplanlegging – inkludert utvikling av fornybar energi. Desse landskapa er av stor betydning for internasjonalt landskapsvern, friluftsliv, folkehelse, bu-lyst og turisme, og vi ber om å få lagt til fylgjande to retningslinjer som handlar om landskap:</p> <p>«Ein må i utviklinga av fornybare energikjelder få kunnskap om og vektlegge innbyggjarane sin tilknytning til landskapa der dei bur, og vere varsam med tiltak som skader stadkjensle, rekreasjonskvalitetar og friluftslivsmoglegheiter i kvardagen.»</p> <p>«Vestland skal som regional myndigheit ta ansvar for at heilskapen i vetslandslandskapa – på tvers av kommunegrensene – vert bevart i utviklinga av fornybare energikjelder.»</p> <p>Retningslinje 31: Denne meiner vi bør endrast til denne formuleringa: «Ein bør vise varsemd ved lokalisering og utforming av ny kraftutbygging, slik at tiltaka ikkje reduserer opplevingskvalitetane, skapar vandringshinder eller bandlegg friluftslivsområde. Gjennom konkret utforming og avbøtande tiltak skal ein søke å redusere dei negative verknadene for friluftslivet og om mogleg betre tilrettelegginga for friluftslivet.»</p> <p>Retningslinje 38: Denne meiner vi bør endrast til denne formuleringa: «Vestland er positiv til bygging av små vasskraftverk der omsyn til miljø, naturmangfald og andre arealinteresser er ivaretekne. Sumverknadene av slike utbyggingar må vere tilstrekkeleg kartlagde og vektlagt i avgjersle om nye småkraftverk. Om tilstrekkelege kartleggingar ikkje er gjort, skal føre-varprinsippet¹⁶ leggjast til grunn.»</p>	
Ny retningsline	Vi foreslår ei ny retningslinje som understrekar viktigeita av at ny kraftutbygging tek omsyn til naturverdiane våre (jamfør til dømes naturmangfaldlova og den nye	Tatt til orientering

	naturavtalen som Noreg har forplikta seg til): «Ny utbygging av fornybar energi skal ta omsyn til naturen og dens biologiske og landskapsmessige mangfald, og til økologiske prosessar, slik at forvaltninga av naturarven vår er bærekraftig.»	Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring. Fylkesdirektøren meiner forslaget er konkretisering av eksisterande retningslinjer.
Naturvernforbundet (2022/3616 – 236)		
Inneliing	Naturvernforbundet Hordaland viser til mulighet for å komme med innspill til Regional plan for fornybar energi 2023-2035 og Utkast til handlingsplan 2023-2027. Planen omfatter detaljer i målsettingene, mens vi oppfatter handlingsprogrammet som et milepæloppsett om hvor vi skal være per 2027. I vårt høringssvar kommenterer vi derfor i hovedsak planen. Innledningsvis vil vi påpeke at Regional plan for fornybar energi 2023-2035 er et godt gjennomarbeidet dokument med mange grunnleggende holdninger i tråd med Naturvernforbundets verdigrunnlag. Den er ambisiøs og utfordrende på mange sentrale punkter og vi er fornøyde med at miljø og naturmangfold får en sentral plass og at hele spekteret av fornybare energikilder omtales. Vi vil likevel påpeke følgende:	
Energisparing, -effektivisering og -prioritering	Selv om dette er en plan i hovedsak for økt energiproduksjon mener vi det er svært viktig at planen også ser på mulighetene for energisparing på en del sentrale områder. Potensialet for å frigjøre fornybar, konfliktfri strøm gjennom storstilt satsing på energisparing og -effektivisering er enormt, og vil være avgjørende i omstillingen til et fossilfritt og naturvennlig samfunn. Videre må det også være tillatt å stille spørsmål om på hvilke områder man trenger fornybar kraft. Kraft produsert i Norge må stilles til rådighet for nødvendige behov i husholdninger, til offentlige formål og for nyskapende, miljøvennlig produksjon i næringslivet. Samtidig vil økt kraftproduksjon ofte kreve at areal båndlegges og natur ødelegges, og at arter utsettes for enda større press. Vi minner om at vi har to like akutte og alvorlige kriser som må løses sammen og ikke på bekostning av hverandre: Naturkrisen og klimakrisen. Menneskelige inngrep og fragmentering av natur utgjør den klart største trusselen mot artsmangfoldet i Norge – nedbygging av natur truer hele 9 av 10 rødlistede arter. Økt produksjon av energi må skje på en måte som ikke bidrar til videre nedbygging av naturen. Derfor er det på sin plass med en gjennomtenkt strategi her. Vi mener at energisparing og energieffektivisering, (selv om dette er nevnt under andre ambisjonsnivå/deltema) bør	Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring. Energieffektivisering er utanom mandatet til planen, men er behandla i regional plan for klima. Planen har målsettingar innan deltema Termisk energi, som er ei form for energieffektivisering fordi det avlastar behovet for elektrisk kraft til oppvarming.


	<p>få en langt større plass i planen og bør være et eget ambisjonsnivå eller deltema i planen.</p> <p>Vi stiller oss kritiske til endel trekk vi ser i samfunnsutviklingen nå og som svært ofte krever økt kraftproduksjon. Eksempler her er oppvarmete innkjørsler og hyttebyer med stadig større enheter i fjellområdene, gjerne med boligstandard, og utvinning av bitcoin/kryptovaluta. Det er også viktig å fokusere på hvilken type kraftkrevende industri vi skal ha.</p> <p>Oljevirkosomheten i seg selv vil etter hvert nå en fase der denne må avvikles p.g.a. økte utslippskrav og klimaavgiftsbelastninger. En reduksjon i oljevirkosomheten (nåværende og fremtidig) vil gi et betydelig bidrag til å redusere det norske klimaavtrykket. Til tross for at denne industrien må over i en nedtrappingsfase, planlegges det nå store overføringer av kraft fra fastlandsnettet til sokkelen, noe som vil gå ut over viktig «grønn» industri-produksjon på land. Equinor har varslet at de ønsker 10 TWh til elektrifisering av sokkelen bare innen 2030, noe som tilsvarer 1 TWh mer enn det årlige forbruket til Oslo. Når det gjelder pågående og fremtidig industriproduksjon i Vestland må en alltid spørre om produksjonen er fornuftig i en samfunnsmessig sammenheng. Aluminiumsproduksjon kan være bærekraftig ut fra at dette er metaller viktige for det grønne skiftet og batterifabrikker kan bli viktig i transport, og for oppbevaring av energi og balansering av strømmettet, mens bitcoinsentra i den andre enden av spekteret er klart ufornuftig.</p> <p>Vi må derfor ikke bare fokusere på økt energiproduksjon, men også på behovene og hvordan vi ordner oss med den krafttilgangen vi alt har. Da må også formålene prioriteres, fordi nedsiden fort kan være ødelagt natur og artsutryddelse, som er en uakseptabel og ikkebærekraftig vei å gå. Den lovfestede leverings- og tilknytningsplikten er foreldet. Ren norsk kraft er et knapphetsgode og forbruket av denne kraften må være gjenstand for prioritering. Alle kraftkrevende prosjekter må underlegges en helhetlig vurdering som grunnlag for prioritering. I en slik vurdering må kraftbehov og krafttilgang inngå, livsløpsanalyse av klimagassutslipp, arealbehov og naturpåvirkning, arbeidsplasser og økonomi. Vi mener at planen bør slå fast prinsippet om at samfunnet bør prioritere hva som skal bli tildelt kraft, vurdert etter økologisk bærekraft.</p>	
Ny teknologi	I bruk av nye metoder for energisparing, -produksjon og -lagring i bygg er planen for utydlig og lite ambisiøs. Selv om både solceller og bergvarme er nevnt, bør dette sees i sammenheng. Videre er potensialene for ytterligere isolering og smarthusbygging ikke omtalt. Kombinasjonen solceller, varmepumper, solfangere og bergvarme/bergvarmelager er teknologi som bør styrkes i Norge. Sverige ligger langt fremme i Europa og har i perioden 2010-2020 spart/produsert rundt 20 TWh ved denne	Tatt til orientering Innspel inneholdt relevant informasjon, men ikke aktuelt med endring.

	<p>typen tiltak. Vi har allerede mange bygninger som tar i bruk kombinasjonen varmepumper og bergvarme, men lite mht varmelager. Dette har vi et godt eksempel gjennom Geotermosen ved Fjell skole i Drammen.</p> <p>Selv om den bare har vært i drift i et par år, er resultatene lovende ved at hele vinterbehovet for oppvarming kommer fra det produserte varmelageret i brønner og sparer dermed store mengder energi. På kostnadssiden kommer man noe høyere, men bare marginalt fordi disse prosjektene allerede benytter bergvarmen i fjell som basis for varmepumpeproduksjonen. Hvis en ser for seg at dette gjøres mer systematisk for alle større offentlige og private (næringsbygg/borettslag) prosjekt i Vestland, så vil en betydelig innsparing av energi forventes. Et minimum bør være at denne teknologien utredes og vurderes tatt i bruk</p>	Energisparing, -produksjon, -lagring og -effektivisering er utanom mandatet til planen, men er behandla i regional plan for klima. Planen har målsettingar innan deltema Termisk energi, som er ei form for energieffektivisering fordi det avlastar behovet for elektrisk kraft til oppvarming.
De fornybare energiene i Vestland	<p>Generelt er vi helt enige om at det må til en miks av flere energikilder for å møte behovet for å fase ut fossilkildene i Vestland, anslått til rundt 30 TWh pr 2018. Her vil vi presisere at det ikke trengs 30 TWh fornybar energi for å erstatte 30 TWh fossil energi, da fornybar energi har en langt større virkningsgrad enn fossil.</p>	<p>Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.</p> <p>Verknadsgrad er ikkje tatt omsyn til, slik innspelet peikar på. Dette vil bli justert i planutkastet som behandlast i fylkestinget.</p>
	<p>I rapporten «Fossilfritt Norge 2040»¹ anslår Naturvernforbundet at vi nasjonalt vil trenge 37 TWh til utfasing av fossilt innen 2040, og at dette kan oppnås uten storstilt ny kraftutbygging. Et miljøvennlig samfunn må være et energismart samfunn, derfor er det avgjørende at fylkeskommunen legger til grunn et ambisiøst mål om hvordan bruken og prioriteringen av fornybar energi skal være i fremtidens Vestland. Energitalpet gjennom lange linjeføringer kan bli lavere med mer lokal produksjon (f.eks. solenergi).</p> <p>Når det gjelder klimafotavtrykket for de enkelte kildene er det selvsagt på sin plass å fokusere på kildenes levetidsavtrykk/produksjonsmåte (eksempelvis solceller produsert på kullkraft i Kina), men som for batteribasert el-transport er det viktig å tenke dette som en «første» fase inntil lokale/nasjonale fornybarkilder tar over. Norge har jo her alle muligheter og norsk solcelleproduksjon vil dermed produseres med lavere avtrykk. Muligheten for produksjon av solceller og batterier uten sjeldne og miljøskadelige metaller, eller med resirkulerte metaller, bør Vestland gå i front for å undersøke.</p>	Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.
Vannkraft	<p>Oppgradering av anlegg – turbiner, tunnellop og magasin kan gi noe mer effekt. Nasjonalt er anslagene beskjedne, 10-15 TWh, mye av dette potensialet er alt tatt ut.</p>	Tatt til orientering

	Ytterligere utbygginger må ikke skje siden dette vil berøre utsatt natur og vassdrag. En økning på 4.8 TWh bare i Vestland synes alt for optimistisk og lite realistisk dersom en samtidig ikke skal nedbygge natur.	Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.
Solenergi	<p>Dette er en særdeles viktig kilde. Per dato er et fåtall bygninger (fasader og tak) kledd med solcellepanel. Her bør en mye mer offensiv innsats legges til grunn og fylkeskommunen bør øke rammene for egne bygg og vurdere tilskudd til private. Også frittstående anlegg bør vurderes i allerede utbygde områder der dette kan passes inn. Vi tror at et ambisjonsnivå på 1- 2 TWh pr 2035 er for defensivt. Vestland fylkeskommune må arbeide for at statens ordninger utvides gjennom Husbanken og ENOVA.</p>	Tatt til følge. Endring eller informasjon av politisk betydning, som presenterast i saksframstilling.
Vindenergi	<p>Vi mener at naturødeleggende landvind må utelukkes. Historisk sett har fjellvind i uberørt natur vært det enkleste å etablere med relativt lite motstand. Motstanden har økt betydelig og vil øke kraftig i årene framover. Vindturbinene har blitt langt større de siste ti årene og krever enorme inngrep i form av veianlegg og oppstillingsplasser. Nye undersøkelser fra Stølsheimen viser at også høyfjellsnatur i Vestland har høye konsentrasjoner av rødlistede plantearter, og en rekke fugler som er ansvarsarter for Norge, finnes i områder som utbyggere ønsker å bygge vindkraftverk i. Konfliktnivået rundt vindkraftutbygginger i fjell vil antakelig å bli langt mer omfattende enn antydnet i planen. Dersom en skal bruke planens egne tall vil en produksjon på 5 TWh fjellvind (utbygd + ny) legge beslag på $35 \cdot 5 = 175$ km² fjellareal. Dette er helt uakseptabelt. Naturvernforbundet fraråder utbygging av fjellvind i uberørt natur i Vestland. Derimot kan utbygging av småskala vindturbiner i noen grad tenkes i allerede utbygde områder, særlig da industri- og næringsområder. Alternative, vertikalkslede møller bør utredes, og likeledes små møller passende for gårdsdrift i landbruket. I omtalen av havvind refereres det kun til mulige konflikter med havbruk- og fiskeinteresser. I tillegg må trekkveier for fugl kartlegges, og gyteforhold, påvirkning (både positivt og negativt) på marint liv utredes. Dette kan gjøres parallelt med at områder utpekes. Havvindmøller må bygges med varslings-, eller avvisningssystem for fugletrekk. Der havvind eventuelt kan bygges ut uten skade på marint liv og fugler, er Naturvernforbundet avventende positiv.</p>	<p>Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.</p> <p>Retningslinjene 6, 12 og 13 seier at bygging av kraftverk og infrastruktur knytt til fornybare energikjelder skal ta i vare omsyn til miljø og andre arealinteresser, at det ikkje skal byggast vindkraft på land i urørt natur, der viktige verdier knytt til natur, landskap, kulturminne, kulturmiljø eller reiseliv blir forringa eller i strid med kommunale vedtak.</p> <p>Behovet for produksjon av fornybar energi, sett opp mot behovet for å ivareta andre viktige arealverdier, som urørt natur, biologisk mangfald, landskaps- og friluftssinteresser, er ein særleg tydeleg interessekonflikt ved arealkrevjande tiltak. Fylkesdirektøren meiner det likevel</p>

		er eit potensial for utbygging av vindkraft som tek i vare omsyna som måla og retningslinjene legg opp til.
Termisk energi	Det er allerede igang flere termiske anlegg i fylket. Dette gjelder bruk av eksisterende omgivelsesvarme som ved hjelp av varmepumper kan få stor innvirkning på tilførsle av energi og redusere behovet for kraft over nettet. Denne utviklingen støttes fra vår side. Samtidig synes vi planen er alt for lite konkret og ambisiøs på dette området og vil foreslå at planen følges opp av en prosess der potensialene innen termisk energibruk gjøres mye klarere. Både varme fra avfallsforbrenning, industriproduksjon og den omtalte bergvarmeideen bør fokuseres. Det nevnes at det er knyttet høyere investeringskostnader til boring av energibrønner. Men all energiproduksjon medfører investeringer, som det var for vannkraften og som det må komme til å bli for vindkraften. Vi er overbeviste om at en ved en mer systematisk bruk av disse termiske kildene rimelig raskt kan nå de samme potensialene som er skissert under avsnittet om landvind.	Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.
Bioenergi	Bioenergi vil ha et stort potensial i Vestland. Dette kan dreie som om energi fra avfallsmaterialer fra flis og trevare/sponplateproduksjon, avfall fra oppdrettsindustrien og fra landbruket. I landbruket eksperimenteres det nå med lovende løsnings som lokalt tilfører nitrogen til husdyrgjødsel og som gir både økt vekst og redusert klimaavtrykk (N2 – APPLIED). Også på dette feltet er planen for vag og vi anbefaler også her en ytterligere oppdatering for potensialene innen bioenergiproduksjonen.	Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.
Havenergi	Her foregår det viktig teknologiutvikling som bør følges opp. Bølgekraftanlegget som var i drift på Sotra skal ha gitt gode resultater, men ble utsatt for et uhell og dermed ikke restartet. En bør også følge opp prosjektene rundt tidevannsenergi som for tiden er under utprøving i Skottland (basert på norsk teknologi).	Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.
Utdanning, forskning og FoU	Dette er særdeles viktige områder for satsing. På Vestlandet har vi både senter for havkraft og for termisk (bergvarme) energi. I tillegg har vi Bjerknessenteret for klimaforskning og Maritime Cleantech. Bruker fylkeskommunen disse kunnskapsbasene i tilstrekkelig grad? Videre er utdanningsaspektene og kompetansen helt sentrale. Innen fornybar energi må en fokusere alt fra vind til solcelleteknologi, varmepumpekunnskap og bergvarme. Gjøres dette i tilstrekkelig grad og systematisk nok?	Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.
Kjernekraft	Det er viktig å følge den forskningen som foregår internasjonalt på feltet. Dersom SMR – Standardiserte små reaktorer blir en realitet innen et fåtall år, kan dette være en	Tatt til orientering

	satsing som spesielt kan bidra til å dekke lokale industribehov. En klar forutsetning må være at man har funnet en god løsning på avfalls - og sikkerhetsproblemer.	Innspel inneholdt relevant informasjon, men ikke aktuelt med endring.
Kraftnettet	Naturvernforbundet er positive til oppgradering av kraftnettet der det ikke medfører naturinngrep, f.eks. oppgradering av eksisterende transmisijsnettet fra 300kV til 420kV. Annen kraftfremføring må skje med sjø- eller landkabelteknologi slik at naturområder ikke raseres. Det refereres til «hubane i Grøn region Vestland». Videre nevnes 16 strategiske huber. Begrepet «hub» må spesifiseres/forklares med konkret henvisning til hvor dette er. Vi viser ellers til felles uttalelse med de andre organisasjonene i Forum for Natur og Friluftsliv (FNF) Hordaland.	Tatt til orientering Innspel inneholdt relevant informasjon, men ikke aktuelt med endring. Ordet hub er komen inn i nynorskordboka som: <i>samlingsstad for aktivitet, trafikk, handel og liknande knutepunkt.</i> Grøn region Vestland er godt synleg i some og på nettsida til Vestland fylkeskommune. Fylkesdirektøren rår til endring i høve til innspel
DNT foreiningane (2022/3616 – 237)		
Innleiing	Høyringsfråseigna er send på vegne av Bergen og Hordaland Turlag, Sogn og Fjordane Turlag og Voss Utferdslag (frå her kalla DNT-foreiningane). Dei tre DNT-foreiningane representerer 40.000 medlemmer i heile Vestland, og er tilslutta Den Norske Turistforening (DNT) som har over 320 000 medlemmer på nasjonal basis. DNT-foreiningane har eit stort ansvar for å bidra til å ivareta friluftslivet sitt natur- og kulturgrunnlag. Attraktive tuområde og landskap er grunnlaget for dei gode naturopplevingane for oss og framtidige generasjonar, og naturforvaltning er derfor ein vesentleg del av DNT-foreiningane si verksemd. Vårt hovudmål for naturvenleg energiproduksjon er å hindre energiutbygging i intakt og sårbar natur, og redusere negativ verknad på viktige natur- og friluftslivsverdiar frå produksjon og overføring av energi. Våre innspel oppsummert: • DNT-foreiningane meiner planen innleiingsvis må løfta berekraftsmål 12 til 15 opp på same prioritering som berekraftsmål 7. Me etterlyser også ein avklaring av korleis berekraftsmåla skal prioriterast og sjåast i samanheng. • Regional plan for fornybar energi bør omtala naturavtalen, og drøfta korleis Vestland gjennom fornybarplanen vil bidra til at Noreg når sine plikter om ivaretaking av natur. • DNT-foreiningane ynskjer auka satsing på ENØK, reduksjon av energiforbruk, og ein meir nøktern framskriving av trong for ny fornybar energi.	

	<ul style="list-style-type: none"> • DNT-foreiningane meiner ambisjonsnivået for ny vindkraft på land er for høgt til å vera sosialt og miljømessig berekraftig, og meiner dette ikkje kan kombinerast med vern av intakt og sårbar natur. • DNT-foreiningane har føreslått konkrete endringar i delmål og ambisjonar som styrkar omsynet til miljø, naturmangfald, friluftslivsområder og landskaps og kulturverdiar, og som gjer at planen betre kan ivareta Noreg og Vestland sitt ansvar for å ta vare på naturen. • DNT-foreiningane har føreslått konkrete endringar i retningslinjer som styrkar omsynet til miljø, naturmangfald, friluftslivsområder og landskaps og kulturverdiar, og slik set gjer at planen betre kan ivareta Noreg og Vestland sitt ansvar for å ta vare på naturen. • For å sikra god medverknad i det vidare arbeidet vil DNT-foreiningane at interesseorganisasjonar/fag-ekspertise på natur og friluftsliv vert involvert i utviklinga av handlingsplanar. 	
Berekraft	<p>Planen er tufta på FN sine berekraftsmål. Dette fordrar heilskapleg tenking, ettersom berekraftig utvikling berre er mogleg om ein når samtlege mål. I tillegg er det verd å minna om at det er vanleg å sjå miljømessig berekraft som fundamentet i berekraftig utvikling.</p>  <p>III. henta frå Statsforvaltaren i Nordland (https://www.statsforvalteren.no/nordland/miljo-og-klima/klima/loft-fornaturmangfoldet-i-kommunal-planlegging/)</p> <p>Skal ein tenkje heilskapleg, og legge miljømessig berekraft til grunn, meiner DNT-foreiningane at Vestland må løfta berekraftsmål 12 – ansvarleg forbruk og produksjon, 13 – stoppe klimaendringane, 14 – livet i havet og 15 – livet på land opp på same nivå som berekraftsmål nummer 7 – rein energi til alle. I global samanheng skårar Noreg generelt høgt på berekraftsmåla, men me utmerker oss negativt på fleire parameter knytt til miljømessig berekraft. Dette kjem fram i rapporten som tek for seg Noreg si måloppnåing 2 , og det vert skrive tydeleg på FN sine heimesider at me gjennom overforbruk trugar naturmangfaldet:</p> <p><i>Et av problemene er at Norge ofte prioriterer å utnytte naturens ressurser, fremfor å bevare økosystemer og naturmangfoldet (bærekraftsmål 15).</i></p>	<p>Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.</p> <p>Berekraftsmåla 12 og 14 blir nemnt i planen. Dette er ein plan for fornybar energi – derfor må berekraftsmål 7 framhevast</p>

	<p>Ei berekraftig utvikling fordrar difor at det norske samfunn må ha berekraftsmål 12-15 som ein hovudprioritet i all planlegging.</p> <ul style="list-style-type: none"> • DNT-foreiningane meiner planen innleiingsvis må løfta berekraftsmål 12 - 15 opp på same prioritering som berekraftsmål 7. Me etterlyser også ein avklaring av korleis berekraftsmåla skal prioriterast og sjåast i samanheng 	
<p>Vern om natur og landskap</p>	<p>DNT-foreiningane er uroa for at naturverdiane taper, myr etter myr, når dei vert sett opp i mot andre samfunnsinteresser. Rapporten frå FN sitt naturpanel (IPBES)4 i 2019 må – saman med den siste oppdateringa av raudlista her i Noreg – sjåast som ein felles aksept for at me står overfor ei global og lokal naturkrise, der arealinngrep og medfølgande habitatødeleggingar har vore den viktigaste drivaren til naturkrisa. Parallelt med auka merksemd mot habitatødeleggingar, har naturen fått auka verdi som arena for friluftsliv og turisme. Sidan starten på pandemien har mange fått kjenna på fordelane som ligg i å ha gode friluftsområde i sitt nærmiljø – noko som også er understreka i Stortingsmelding 18 (2015–2016)6 og Stortingsmelding 19 (2016–2017) Opplev Norge – unikt og eventyrlig. DNT-foreiningane meiner dette må vere ein viktig premis for planen. Vestland er, gjennom andre planar og avtaleverk, forplikta til å motverke naturkrisa. I regional plan for fornybar energi er Parisavtalen nemnd som ein viktig premis. Naturkrisa og klimakrisa må sjåast i samanheng, og det er vanskeleg å kunne forsvare nedbygging av natur av omsyn til klimaet. IPCC slo i delrapport 2 til sin sjette klimarapport fast at det ikkje held å kutte utslepp for å bremse klimaendringane, me må også bevare 30–50 prosent av areala på land, i ferskvatn og til havs. Noreg har sidan planutkastet vart skrive, også tilslutta seg til ein internasjonal naturavtale, der vi har ein tydeleg visjon om 100 prosent berekraftig forvaltning og 30 prosent bevaring av land og hav innan 2030. Dette må følgjast opp regionalt, og må omtalast i regional plan for fornybar energi. Regional plan for fornybar energi bygger vidare på klimaplanen til Vestland. I klimaplanen har fylket har mål om og å «(...) unngå tap av viktige natur-, landskaps- og kulturverdiar, nedbygging av karbonrike areal og artsrike naturtypar i møte med klima- og naturkrisa», og vidare «utvikla ein arealpolitikk som bidreg til eit arealnøytralt fylke, der allereie utbygde areal vert prioritert brukt i staden for å byggja ned natur, dyrka og dyrkbar mark.». DNT-foreiningane ser at dette delvis er følgd opp i delmål 1 i regional plan for fornybar energi, men saknar konkrete formuleringar som bidreg til eit arealnøytralt fylke. Vestland har unike fjell-, fjord- og kystlandskap som må vektleggast i arealplanlegginga. Desse landskapa veit me er verdifulle for reiselivet, slik det er stadfesta i Stortingsmelding 19 (2016– 2017)12 . Landskapa er også av stor betydning for menneska som bur i regionen og har desse som ein viktig</p>	<p>Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.</p> <p>Kunnskapsgrunlaget vil bli oppdatert, jf tiltak 17 i handlingsprogrammet.</p>

	<p>identitetsmarkør, friluftsansena eller kjelde til utsyn, ro og mental helse. I ein studie frå NMBU syner at landskapsendringar som følgje av vindkraftutbyggingar kan få stor innverknad på menneske sin stadkjensle og identitet . Landskapa er i sin natur regionale der dei spenn på tvers av fjordar, fjell og kommunegrenser. Fylket har difor eit særskild ansvar for å ivareta denne naturressursen som både økonomi og livskvalitet kviler på.</p> <p>Mykje natur alt nedbygd, industrialisert og nytta til vasskraft, vindkraft og kraftlinjer. Samfunnet må i tida som kjem vere svært varsame med den naturen me har att, og DNT foreiningane føreslår følgjande endringar i delmål og ambisjonar for å ta vare på naturen i Vestland:</p>	
Generell	<ul style="list-style-type: none"> • Regional plan for fornybar energi bør omtala naturavtalen, og drøfta korleis Vestland gjennom denne fornybarplanen vil bidra til at Noreg når sine pliktar om ivaretaking av natur. 	Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.
Generell	<ul style="list-style-type: none"> • Regional plan for fornybar energi bør inkludera ein ambisjon som støttar målet i klimaplan for klimaen om å «utvikla ein arealpolitikk som bidreg til eit arealnøytralt fylke, der allereie utbygde areal vert prioritert brukt i staden for å byggja ned natur, dyrka og dyrkbar mark». 	Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.
Delmål 6 – robust kraftforsyning	<p>bør få følgjande endring:</p> <p>o Vi har kraftnett som gir nok kraft til forbruk og industri i heile Vestland, og som tek omsyn til miljø, naturmangfald, friluftslivsområder og landskaps og kulturverdiar</p>	<p>Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.</p> <p>Fylkesdirektøren meiner omsynet til miljø, naturmangfald, friluftslivsområder og landskaps og kulturverdiar blir ivarettatt gjennom heile planen og i rettningslinjene og at det derfor ikkje er behov for endring av kulepunkt</p>
Første kulepunkt under «Delmål - Utdanning, forskning og	<p>o Vi har skapt ei brei forståing av den viktige rolla kraft frå fornybar energi spelar for økonomien i fylke, og for konfliktane mellom kraftutbygging, miljø og andre arealinteresser.</p>	Tatt til orientering

<p>innovasjon» (side 22) bør endrast til:</p>		<p>Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.</p> <p>Fylkesdirektøren meiner omsynet til miljø, naturmangfald, friluftslivsområder og landskaps og kulturverdiar blir ivarettatt gjennom heile planen og i rettningslinjene og at det derfor ikkje er behov for endring av kulepunkt</p>
<p>Følgande punkt bør leggst til under «ambisjonsnivå og utbygging av fornybar energi»:</p>	<p>o Vestland fylke har prioritert tiltaka med lågast konflikt til miljø, naturmangfald, friluftslivsområder og landskaps og kulturverdiar. Naturmangfaldslova og miljøforvaltninga har vore sterkt vektlagt.</p>	<p>Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.</p> <p>Fylkesdirektøren meiner omsynet til miljø, naturmangfald, friluftslivsområder og landskaps og kulturverdiar blir ivarettatt gjennom heile planen og i rettningslinjene og at det derfor ikkje er behov for endring av kulepunkt</p>
<p>Følgande punkt bør leggst til/ endrast under «ambisjonsnivå og utbygging av vasskraft»:</p>	<p>o Småkraftverk med lite konflikt til miljø og andre arealinteresser er realisert og bidratt til auka vasskraftproduksjon. o Vestland har stilt tydelege og strenge krav til konsekvensutgreiingar i samband med vasskraftutbyggingar. Naturmangfaldslova og miljøforvaltninga har vore sterkt vektlagt.</p>	<p>Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.</p> <p>Fylkesdirektøren meiner omsynet til miljø, naturmangfald, friluftslivsområder og landskaps og kulturverdiar blir ivarettatt gjennom heile planen og i rettningslinjene og at det derfor ikkje er behov for endring av kulepunkt</p>

<p>Følgande punkt bør Leggast til/ endrast under «ambisjonsnivå og utbygging av vindkraft»</p>	<p>o I Vestland har vi utvikla havvind på naturens premisser, i samråd med havbruk- og fiskeri interessene.</p>	<p>Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.</p>
<p>Følgande ambisjon bør leggast til under «ambisjonsnivå og utbygging av kraftforsyninga»</p>	<p>o Vi har utgreia jord- og sjøkabel der dette kan gje betydeleg vinst for til miljø, naturmangfald, friluftslivsområder eller landskaps- og kulturverdiar.</p>	<p>Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.</p> <p>Fylkesdirektøren meiner omsynet til miljø, naturmangfald, friluftslivsområder og landskaps og kulturverdiar blir ivarettatt gjennom konsekvensutgreiingar</p>
<p>Nøkterne ambisjonar framskrivingar av energitrong</p>	<p>Målet om netto null utslepp i Vestland kviler ikkje berre på elektrifisering og auka produksjon. Det handlar til sjuande og sist om å kutte bruk av fossil energi, noko ein kan oppnå m.a. gjennom energisparing, ENØK, prioritering av forbruk og ny produksjon. På landsbasis er anslaga for potensialet i ENØK i bygg varierende etter kva modellar eller føresetnader ein legg til grunn. NVE reknar med eit lønsamt potensiale på 13TWh, medan SINTEF har oppgjeve potensiale opp mot 40TWh . Det er mogleg å få til større innsparingar om ein også ser på ENØK i andre sektorar, eller reine kutt i energibruk. Regional plan for klima legg opp til at Vestland at skal «snu transporthierarkiet», bida til at «vi når nasjonalt mål om 10 TWh energieffektivisering i eksisterande bygg», og «nyttar energieffektivisering aktivt i arbeidet med klimaomstilling for å frigjere energi til andre klimatiltak». Turlaga legg til grunn at ein vil lukkast med dette, og ynskjer at regional plan for fornybar energi synleggjer korleis det påverkar energitrong i framtida.</p> <p>DNT-foreiningane meiner planutkastet ikkje gjev tilstrekkeleg rom for berekraftig utvikling når ein ikkje knyter ein diskusjon om tilhøvet mellom produksjon, ENØK, energisparing, krafteksport, prioritering av forbruk og omsynet til miljø og andre arealinteresser, opp mot framtidig energibehov og mål om produksjon av ny fornybar energi. Slike avvegingar er mellom dei mest betydningsfulle verdivala samfunnet står overfor, og det er essensielt for demokratiet at slike verdivurderingar vert synleggjort. Det uklart for oss kvifor Vestland meiner ambisjonsnivåa for dei ulike energiformene er berekraftig, og innanfor naturen sine tolegrensar. Dette må komme tydeleg fram, og i den grad det er usikkert om ambisjonsnivåa kan gå i hop med vårt ansvar for å verne</p>	<p>Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.</p>

	<p>om natur, meiner me ambisjonane må senkast. Då må mål for framtidig forbruk også justerast ned.</p> <p>Per i dag er det høgst usikkert om ambisjonane om utbygging av 15-30 TWh ny fornybar energi er berekraftig – sosialt eller miljømessig. Vindkraftutbyggingane i Vestland har ofte råka eller er planlagt i høg fjell med viktig artsmangfald, og i kystområde med fugletrekk og viktige landskapsverdiar. Den folkelege motstanden mot vindkraft har synleggjort at energiutbyggingar ofte råkar usosialt – nokre lokalsamfunn og regionar ender opp med å betala ein høg pris i form av tapt natur slik at storsamfunnet skal ha rimeleg energi.</p> <p>I planutkastet skriv ein i teksten at ambisjonsnivået for ny vindkraft er mellom 0 og 3,4TWh, medan ein i kulepunkta skriv 0,5-3,4 TWh. Då det per i dag ikkje er kommunar i Vestland som har gjeve klarsignal om vindkraft på sine areal, meiner me plan for fornybar energi må vere tydelege på at nedre ambisjonsgrense for ny vindkraft er 0TWh. Me meiner også det, gjeve dagens situasjon er uansvarleg å signalisere at ein ynskjer ein auke på over 200% vindkraft på land. Difor føreslår DNTforeiningane eit ambisjonsnivå på 0TWh ny vindkraft på land, med ei øvre grense som ikkje legg eit urettmessig press på kommunar til å avsetje areal mot innbyggjarane sine ynskje, eller som vil truge naturmangfaldet.</p> <p>Vestland har alt bygga ned mykje av sin vassdragsnatur, og det er høgst usikkert kor mange nye TWh ein kan bygga ned på eit berekraftig vis. Tilstandsskildringane for vassdraga i regionen (etter vassdirektivet), og den pågåande saka der Noreg er klaga inn til ESA for brot på vassdirektivet, er eksempel på at me har skada mykje av vassdragsnaturen med vasskraftutbygging. Kanskje for mykje. DNT-foreiningane er samde i at auka nedbør bør nyttast til betre miljø i nedbygga vassdrag og til auka produksjon. Me er også positive til O/U-prosjekt som ikkje er i konflikt med natur og friluftsliv. Det er nok også mogleg å realisera enkelte små vasskraftutbyggingar med lite konflikt til natur og friluftsliv, men me vil her minna om at Vestland produserer 25% av landets vasskraft på 10% av fastlands-Noreg sitt areal. Difor meiner me ambisjonsnivået for ny vasskraft bør nedjusterast til eit nivå som gjev rom for auka vassføring i tørre elver, og for å ta vare på den attverande vassdragsnaturen. Difor ynskjer me at planen tek inn fylgjande:</p>	
Naturmangfald	<ul style="list-style-type: none"> • Om Vestland hamnar i ein situasjon der ein ser at utviklinga går i retning å bygge ned naturmangfaldet i strid med mål og meining i naturavtalen, bør regional plan for fornybar energi ha rom for å styre mot ei utvikling som er innanfor naturen sine tolegenser – trass i at det kan avgrense utbygging av ny TWh. 	Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.

Energieffektivisering	DNT-foreiningane ynskjer at satsing på ENØK, reduksjon av energiforbruk, fører til ein meir nøktern framskriving av trong for ny fornybar energi.	Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring. Energieffektivisering vert ivaretatt gjennom regional plan for klima.
Vasskraft	• DNT foreiningane ynskjer ambisjon om ny vasskraft frå 3TWh opp til eit nivå ein kan nå utan betydelege nye inngrep i vassdragsnaturen.	Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.
Vindenergi	• DNT foreiningane ynskjer ambisjon om ny vindkraft på land på 0TWh, med ei øvre grense som ikkje legg eit urettmessig press på kommunar til å avsetje areal mot innbyggjarane sine ynskje. Meir enn ein dobling av dagens produksjon verkar uansvarleg.	Ikkje tatt til følge Innspel er vurdert, men ikkje aktuelt med endring. Retningslinjene 6, 12 og 13 seier at bygging av kraftverk og infrastruktur knytt til fornybare energikjelder skal ta i vare omsyn til miljø og andre arealinteresser, at det ikkje skal byggast vindkraft på land i urørt natur, der viktige verdiar knytt til natur, landskap, kulturminne, kulturmiljø eller reiseliv blir forringa eller i strid med kommunale vedtak. Behovet for produksjon av fornybar energi, sett opp mot behovet for å ivareta andre viktige arealverdiar, som urørt natur, biologisk mangfald, landskaps- og friluftsiinteresser, er ein særleg tydeleg interessekonflikt ved arealkrevjande tiltak. Fylkesdirektøren meiner det likevel

		er eit potensial for utbygging av vindkraft som tek i vare omsyna som måla og retningslinjene legg opp til.
Termisk energi	<ul style="list-style-type: none"> • DNT-foreiningane ynskjer følgande kulepunkt endra/ lagt til under «termisk energi». <ul style="list-style-type: none"> o I Vestland har vi gått i front med bruk av teknologiane innan termiske energikjelder i bygg. o I Vestland har vi realisert auka bruk av restvarme gjennom industriell symbiose 	<p>Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.</p> <p>Forslaga inneber endring av ordlyd utan endra meiningssinnhald</p>
Kunnskapsgrunnlaget og samarbeid	<p>Kunnskapsgrunnlaget er ikkje på høyring, står det på høyringssida. Likevel meiner DNT-foreiningane det er på sin plass å kommentera at det manglar kunnskap om naturverdiane ein har teke mål av seg å ta omsyn til. Dette håper me kan oppdaterast. Denne høyringsfråsegna er ein av fleire fråsegner som viser til relevante kjelder innan tema. DNT-foreiningane vil spesielt peike på stortingsmeldinga for vårt fagområde: Meld. St. 18 (2015–2016): Friluftsliv – Natur som kilde til helse og livskvalitet. I tillegg undrar me oss over om planarbeidet i tilstrekkeleg grad har inkludert ekspertise om natur og friluftsliv. DNT-foreiningane kjenner ikkje til noko fagekspertise frå friluftslivsfeltet som har vore med i planarbeidet, noko me meiner kan forklara friluftslivsinteressene ikkje er tilstrekkeleg teke omsyn til i retningslinjene.</p> <ul style="list-style-type: none"> • For å sikra god medverknad i det vidare arbeidet vil DNT-foreiningane at interesseorganisasjonar/fag-ekspertise på natur og friluftsliv vert involvert i utviklinga av handlingsplanar. 	<p>Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.</p>
Retningslinjer	DNT foreiningane vil komma med følgande kommentarar og framlegg til endringar av retningslinjer:	
Retningslinje #6 endra til:	Bygging av kraftverk og infrastruktur knytt til fornybare energikjelder skal ta i vare omsyn til miljø og andre arealinteresser. Vestland skal utvikla ein arealpolitikk som bidreg til eit arealnøytralt fylke og prioritera energiutbygging som ikkje er i konflikt med miljø og andre arealinteresser.	<p>Ikkje tatt til følge Innspel er vurdert, men ikkje aktuelt med endring.</p> <p>Retningslinjene 6, 12 og 13 seier at bygging av kraftverk og infrastruktur knytt til fornybare energikjelder skal ta i vare omsyn til miljø og andre arealinteresser, at det ikkje skal byggast vindkraft</p>

		<p>på land i urørt natur, der viktige verdier knytt til natur, landskap, kulturminne, kulturmiljø eller reiseliv blir forringa eller i strid med kommunale vedtak.</p> <p>Behovet for produksjon av fornybar energi, sett opp mot behovet for å ivareta andre viktige arealverdier, som urørt natur, biologisk mangfold, landskaps- og friluftsinnteresser, er ein særleg tydeleg interessekonflikt ved arealkrevjande tiltak. Fylkesdirektøren meiner det likevel er eit potensial for utbygging av vindkraft som tek i vare omsyna som måla og retningslinjene legg opp til.</p>
Retningslinje #8 endra til	Offentlege planar bør utforske mogelegheiter for område der utbygging har lite konflikt med miljø og andre arealinteresser, og kan gjerast klare til produksjon av fornybar energi.	<p>Ikkje tatt til følgje Innspel er vurdert, men ikkje aktuelt med endring.</p> <p>Sjå vurdering på forlag til endring av retningslinje 6.</p>
Retningsline 13 endra til	Det skal ikkje byggjast vindkraft i urørt natur på land eller der viktige verdier knytt til natur, landskap, kulturminne, kulturmiljø, reiseliv eller friluftsliv blir forringa.	<p>Ikkje tatt til følgje Innspel er vurdert, men ikkje aktuelt med endring.</p> <p>Sjå vurdering på forlag til endring av retningslinje 6.</p>
Retningsline 14 endra til	Vindkraft til havs skal utviklast på naturens premisser på ein skånsam måte som tek i vare næringsgrunnlaget for havbruk- og fiskeinteressene.	<p>Ikkje tatt til følgje Innspel er vurdert, men ikkje aktuelt med endring.</p>

		Forslaga inneber endring av ordlyd utan endra meiningsinnhald
Tillegg retningslinjer	DNT-foreiningane meiner Vestland har unike fjell-, og fjord- og kystlandskap som må vektleggast i arealplanlegging og utvikling av fornybar energi. Difor bør ein legge til følgande retningslinjer knytt til landskap: o Ein må i utviklinga av fornybare energikjelder få kunnskap om og vektlegge innbyggerane i sin tilknytning til landskapa der dei bur, og vere varsam med tiltak som skader stadkjensle, rekreasjonskvalitetar og friluftslivsmogelegheiter i kvardagen. o Vestland skal som regional myndigheit ta ansvar for at heilskapen i vetslandslandskapa, på tvers av kommunegrensene, vert ivareteke i utviklinga av fornybare energikjelder.	Tatt til orientering Innspeil inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring. Forslaga er ivaretatt gjennom retningslinjene og måla elles
Retningsline 19 endra til	I sårbart høgfjell og fjellandskap med urørt preg bør ein vise varsemnd med løyve til ny kraftutbygging, særskilt i eksponerte område, mot viktige reiselivsområde og verdifulle friluftslivsområde.	Tatt til orientering Innspeil inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring. Forslaga er ivaretatt gjennom retningslinjene og måla elles
Retningsline 31 endra til	I område med stor verdi for friluftslivet der tiltaket vil redusere opplevingskvalitetane skal ein vise varsemnd med løyve til ny kraftutbygging. o Ein bør vise varsemnd ved lokalisering og utforming av ny kraftutbygging, slik at tiltaka ikkje reduserer opplevingskvalitetane, skapar vandringshinder eller bandlegg friluftslivsområde. Gjennom konkret utforming og avbøtande tiltak skal ein søke å minke dei negative verknadene for friluftslivet og om mogeleg betre tilrettelegginga for friluftslivet.	Tatt til orientering Innspeil inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring. Forslaga er ivaretatt gjennom retningslinjene og måla elles
Tillegg retningsline friluftsliv	Nye kraftverk skal ikkje byggast der det gjev stor skade på viktige friluftslivsområde. For det tradisjonelle friluftslivet må ein ta spesiell omsyn til opplevinga av urørt natur.	Tatt til orientering Innspeil inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring. Forslaga er ivaretatt gjennom retningslinjene og måla elles
Retningsline 33 endra til	I område med stor verdi for reiselivet der tiltaket vil redusere opplevingskvalitetane skal ein vise varsemnd med løyve til ny kraftutbygging. Gjennom konkret utforming og avbøtande tiltak skal ein søke å minke dei negative verknadene for reiselivet og om mogeleg skal ein søkje å gjere tiltaket til ein positiv ressurs for reiselivet.	Tatt til orientering Innspeil inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.

		Forslaga er ivaretatt gjennom retningslinjene og måla elles
Retningsline 38 endra til	Vestland kan gje positiv uttale til bygging av små vasskraftverk som ikkje er i konflikt med miljø og andre arealinteresser. Her skal sumverknadene av vasskraftutbyggingane i Vestland inngå i vurderingane.	Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring. Forslaga er ivaretatt gjennom retningslinjene og måla elles
Vaksdal kommune (2022/3616 – 238)		
Vaksdal kommune gjev slik høyringsuttale til Regional plan for fornybar energi 2023-2035.	«Viser til høyring av planframlegg for regional plan for fornybar energi 2023-2035, og invitasjon til å sende inn høyringsuttale. Vaksdal kommune støtter hovudmålet og meiner det bygger opp om fleire utfordringar i fylket. Ein trygg og stabil kraftproduksjon, samt god kraftbalanse og sikker kraftforsyning er viktig for velferda vår. Utbygging av fornybar energi kan medføre målkonfliktar som nedbygging av natur til fordel for grøn energiproduksjon. Vaksdal kommune støtter opp om dei 38 retningslinjene og tykkjer planen legg opp til auka kraftproduksjon på ein god måte som tar omsyn til miljø, naturmangfald, friluftsliv, landskap og kulturverdiar.	Berre info
Vindenergi	Fjellområda i Vaksdal er rik på natur- og friluftskvalitetar, har mange interesser knytt til natur, kulturlandskap og friluft og er ein ressurs for opplevingar og rekreasjon, også utanfor kommunegrensa. I ein uttale til nasjonal ramme for vindkraft på land, jf. sak 58/2018, uttalte Vaksdal kommune at «Det er Vaksdal kommunestyre sitt syn at me ikkje treng landbasert vindkraft» og frårår vurdering av eigna område for vindkraftutbygging i kommunen. Vaksdal kommune støtter punkt 12 og 13 som omhandlar vindkraft. 12. Det skal ikkje byggast vindkraftverk som er i strid med kommunale vedtak. 13. Det skal ikkje byggjast vindkraft i urørd natur på land eller der viktige verdiar knytt til natur, landskap, kulturminne, kulturmiljø eller reiseliv blir forringa..	Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.
Robust kraftforsyning	Vaksdal har stor vasskraftproduksjon og historie for å huse kraftkrevjande industri, og det vert viktig for kommunen å ha kapasitet i kraftnettet og ha moglegheit til å hente ut lokal kraft. Vaksdal vil særskild framheva delmål 6 under robust kraftforsyning i Vestland og påpeiker at nye kraftlinjer og oppgradering av eksisterande er naudsynt. «Delmål 6: Vi har kraftnett som gir nok kraft til forbruk og grøn verdiskaping i heile Vestland» »	Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.

	<p>Vaksdal kommune ber om at Vestland fylkeskommune arbeider for at Statnett sine transformator og lineoppgraderingar vert lagt under plan og bygningslova for å sikre kommunal medverknad.</p> <p>Vaksdal kommune ber om at Vestland fylkeskommune arbeider for at småkraft og vindkraft vert lagt under lovverk som sikrar heimfall og eit føreseieleg regelverk for vertskommunane, på same måte som ordinær vasskraft.</p> <p>Ved utbygging av nye 420 KV liner ber Vaksdal kommune Vestland fylkeskommune krevje sjøkabel der det er mogleg og der linjetraseen kjem i direkte motstrid til store naturverdiar.</p> <p>Vaksdal kommune ber Vestland fylkeskommune arbeide for å ta ut ENØK potensialet før større nye utbyggingar vert realisert. Herunder:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Arbeide for et forbod mot kryptomining. <p>Vaksdal kommune ber Vestland fylkeskommune arbeide for å stogge elektrifiseringa av norsk sokkel med straum frå land.</p> <p>Uttalen vart vedteken i kommunestyremøte 21.02.2023</p>	
Ullensvang kommune (2022/3616 – 239/240)		
Innleiing	<p>Ullensvang kommune er sterkt bekymra for at det ikkje vert satsa tilstrekkeleg på kraftnettet i området, og betydninga dette vil ha for industrien og utviklinga av denne, og lokalsamfunnet. Som planmynde og tilretteleggjar for næringslivet, ønskjer Ullensvang kommune å bidra til realisering av Regional plan for fornybar energi i Vestland 2023-2035, og til oppnåing av lokale, fylkeskommunale og nasjonale klimamål.</p> <p>For å lukkast med dette, er det enkelte tilhøve som er særleg viktig å adressere.</p> <p>I denne samanheng har Ullensvang kommune følgjande kommentarar til Regional plan for fornybar energi Vestland 2023-2035:</p> <ul style="list-style-type: none"> ● Planen må fremja krafta si betydning for industri og teknologiutvikling i samfunnet på ein balansert måte. I dette legg ein at planen må vektlegga sikring av nettkapasitet i distrikta, på same måte som i bynære område. <ul style="list-style-type: none"> ○ Spenningsoppgradering av sentralnettet må ha føremål om at krafta skal nyttast lokalt òg, og i allereie etablerte industriområder. ○ Spenningsoppgradering av sentralnettet må sjåast i samanheng med pågåande planar i industrien, ferdigstilling av desse og behova dei utløyser for krafttilførsel. ○ Det må i tillegg til oppgradering av line frå Røldal til Tyssedal, etablerast ekstra sentralline frå Mauranger til Odda og eller frå Eidfjord til Odda ● Planen må fremja krafta si betydning for samfunnstryggleik og beredskap, og derav nett-tryggleik både i distrikt og bynære område. 	Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.

	<ul style="list-style-type: none"> ● Vertskommunane si rolle og interesser må fremjast gjennom Regional plan for fornybar energi i Vestland 2023-2035 <ul style="list-style-type: none"> ○ Viktigheita av å ivareta samfunnskontrakten mellom stat og lokalsamfunn må gå fram av planen. ○ Det er ikkje berekraftig å flytte kraft som kan, og som det er behov for å nytta lokalt. ○ Etablering av alternative forsyningslinjer til område som kun har ei forsyningslinje i dag. 	
<p>Robust kraftforsyning - i distrikt og byområde</p>	<p>Auka produksjon frå fornybare energikjelder fordrar tilstrekkeleg kraft i områda der produksjonen finn stad. Planen gjer greie for barrierar ved å hente ut meir kraft, og at det ikkje er plass til meir kraft i nettet, og konkretiserte m.a at <i>Ambisjonsnivået for utvikling av ei robust kraftforsyning i Vestland, er konkretisert til spenningsoppgraderingar i sentralnettet, til 420Kv.</i></p> <p>I fylgje planen gjer kraftnettet <i>"(...) det mogleg å nytta elektrisk energi ein annan stad enn der den produserast",</i> og vektlegg oppgradering av sentralnettet for å sikre tilstrekkeleg straum til nye industriområder og industriar. Dette er viktig, men det er viktig at planen på same måte vektlegg at elektrisk energi også kan nyttast der den er produsert, og at det er viktig å styrka nettkapasitet og -tryggleik i allereie eksisterande industriområder og hubar, i høve behov og planar for utviding og vekst. Oppgraderinga av sambandet Sauda-Røldal-Åsen er planlagt til 2031-35, og startar såleis opp året etter at innovative prosjekt i industrien er ferdigstilt i 2030.</p> <p>Prosjektet Grøn region Vestland syner til at Ullensvang kommune er i "raud sone". Dette inneber m.a. at det ikkje er nettkapasitet til nytt stort forbruk i kommunen. Hardanger Hydrogen Hub (HHH) er ein av dei grønne hubane utpeika gjennom Grøn Region Vestland. Industribedrifter i Tyssedal og Odda inngår i huben, og gjer store investeringar for å utvikle teknologi for å produsere og lagre hydrogen, samt nytte kraft meir effektivt og auke produksjonen. Vidare skal m.a. hydrogen erstatta kol i produksjonen ved Eramet Titanium & Iron innan 2030, og sikre grøn og klimavenleg produksjon. Investeringane er viktige ledd i det grønne skiftet. Hydrogenproduksjon er energikrevjande. Omlegginga frå kol til hydrogen krev eit auka straumforbruk som er estimert til omlag 70% høgare enn dagens. Prognosar frå energiselskapa i Ullensvang kommune syner derimot behov for auka nettkapasitet då den lokale kraftproduksjonen ikkje vil dekke det lokale forbruket ved framtidig lastutvikling. Ved feil på forsyningslinja inn i området, vil det mangla kapasitet i sentralnettet. Det er såleis behov for både auka nettkapasitet og etablering av alternativ forsyningslinje for å sikra nett-tryggleiken.</p>	<p>Tatt til orientering Innspeil inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.</p>

	<p>I regionen pågår det også andre aktivitetar knytt til det grønne skiftet, og som fordrar tilstrekkeleg krafttilgang. I samarbeid med Notodden og Kvinnherad kommunar, inngår Ullensvang kommune i prosjektet Hydrogenvegen E134. Prosjektet har mål om utbygging av hydrogenfyllestasjoner langs E134, og tilrettelegge for å redusere klimautslipp i tungtransporten, ved overgang til klimavenleg energibærar.</p>	
<p>Vertskommunar sine interessar</p>	<p>Gjennom kraftutbygging tilfører vertskommunar storsamfunnet m.a. fornybar energi. Kraftutbygging er arealkrevjande, og grunnpilaren i samfunnskontrakten mellom stat og lokalsamfunn, er at naturinngrepa som m.a. kraftutbygging er eksempel på, skal ha varig kompensasjon. Vidare har det å sikra vertskommunane tilstrekkeleg straum til lokal industri, stått sentralt i samfunnskontrakten. I dag vert samfunnskontrakten stadig utfordra og er under betydeleg press. Frå vertskommunane sin ståstad er ikkje berekraftig å flytte kraft som kan nyttast lokalt.</p> <p>Produksjon av fornybar energi er avhengig av eit godt samspel mellom vertskommunane, sentrale mynde og aktørane som byggjer ut energiproduksjonen. Om dette samspelet ikkje fungerer, og ulike interesser ikkje vert ivaretatt, vil ein heller ikkje finne løysingar som støttar opp om felles mål.</p> <p>Slik planen ligg føre i dag, er det uklart om vertskommunane sine interesser faktisk vil bli ivaretatt. Vertskommunanen er i mange høve distriktskommunar som har andre føresetnadar, utfordringar og interesser enn bykommunar, og nabokommunar til desse. Vertskommunar for vasskraft er i mange tilfeller industrikommunar som sjølve har behov for auka krafttilførsel, for å kunne omstille produksjonen i lokal industri og ta del i det grønne skiftet. I tillegg er det behov for alternative forsyningslinjer for å sikre stabil energitilførsel og produksjon, også ved feil på hovudforsyningslinja i områda.</p> <p>Høyringsuttalen rettar ikkje merksemd mot beredskapen kring kraftnettet og -forsyninga. I ei tid der kraftsituasjonen endrar seg som følge av m.a. tilspissa geopolitiske tilhøve og auka ekstremvær, er det naudsynt å tenke nett-tryggleik. I denne samanheng er det nødvendig å sikre alternative forsyningslinjer til område som kun har ei forsyningslinje i dag. Odda har eksempelvis kun ei forsyningslinje inn, linja frå Suldal-Røldal-Åsen/Aksla. Som vertskommune er det av interesse at det vert sikra alternative forsyningslinje inn til allereie etablerte industriområde, i tillegg til spenningsoppgraderingar av eksisterande linjer.</p> <p>Ettersom det er nødvendig med utbygging av meir kraft, er det avgjerande med god dialog og samarbeid med vertskommunane. Planen bør omtale rolla til vertskommunane, og korleis vertskommunane sine interesser, og samfunnskontrakten, skal ivaretakast. Samfunnskontrakten si betydning må vektleggast.</p>	<p>Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.</p>

Oppsummering	<p>Det er store moglegheiter for utvikling i industrien i distriktskommunane, ei utvikling som er av betydning for annan industri, utover den enkelte kommune sine grenser. Bekymringa ein står ovanfor lokalt, er knytt til om spenningsoppgraderingane fører til at krafta vert frakta vekk frå distrikta, at ein ikkje har ein tilstrekkeleg krafttilgang lokalt og misser føremoner.</p> <p>Distrikta er bekymra for sentrale mynder si handsaming og ivaretaking av samfunnskontrakten og den demokratiske betydninga av denne.</p>	Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.
Kaupanger hovedgård (2022/3616 – 241)		
Innleiing	<p>Kaupanger Hovedgård er eigar av Kaupanger Energi, som har tre småkraftverk i drift per i dag med ei samla årleg middelproduksjon på om lag 12,5 GWh. Kaupanger Hovedgård driv ellers med landbruk med om lag 150 geiter, skjøtsel av kulturminner og kulturlandskap, hjortejakt, skogdrift og egedomsutvikling.</p> <p>Kaupanger Hovedgård tykkjer den generelle retninga Vestland fylke har foreslått i den regionale planen er svært positiv, med ein rekke gode og konkrete formuleringar knytt til det vidare ambisjonsnivået.</p> <p>I vårt arbeid med strategi for vidare forretningsutvikling har vi sett i gang utgreiingar knytt til solkraft, både på bygg og bakkemonterte anlegg. I 2021 vart vi første eigar av privat freda bygg som fekk løyve til å legge solceller (BIPV) på eit av våre bygg, ein låve med totalt takareal på ca. 500 m2.</p> <p>Våren 2022 fekk vi tilsagn frå Enova om konseptutgreiingsmidlar til bakkemontert solkraft hjå oss, i samarbeid med Multiconsult, Høgskulen Vestland og Vestland Bondelag. Sentrale problemstillingar her er hybrid kraftproduksjon med sol og vasskraft (m.a. om ein kan utnytte eksisterande nettilknytning utan å investere i ny pga ulike produksjonsprofilar), samdrift med landbruksproduksjon og monteringsløyseringar i område med krevjande topografi.</p> <p>Vi er no midt i arbeidet, og er m.a. invitert til å presentere foreløpige funn frå prosjektet knytt til samvirke mellom småkraft og solkraft under Småkraftdagane den 29. mars (ser og at Sundbø er invitert samme dag). Desse foreløpige funna viser at vi kan auke installert effekt ved eitt av våre kraftverk i betydeleg grad utan at det er naudsynt å oppgradere trafo eller overføringskabel.</p> <p>Energikommisjonen peikar m.a. på at: "Det må legges til rette for etablering av nye, innovative kombinasjonsløsningar for arealbruk som f.eks. kombinasjon av karbonbinding med solenergiproduksjon."</p>	Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.
Solenergi	Det er viktig at ein regional plan opnar for innovative (pilot)prosjekt der kraftproduksjon kan leve i godt samspel med naturverdiar og som kan være	Tatt til orientering

	<p>samfunnsøkonomisk lønnsomme, jf. utnytting av allereie gjennomførte investeringar i nett o.a. infrastruktur.</p>	<p>Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.</p>
	<p>Regional plan for fornybar energi i Vestland bør difor ta høgde for at bakkemonterte solkraftverk - som p.t. representerer nyvinningar i norsk kraftproduksjon - òg kan vere realiserbare i Vestland fylke. Vi tolkar dette til å være i tråd med m.a. delmål 17 og 21 i utkastet til handlingsplan. Samstundes kunne det vore introdusert ei setning om solkraftverk i sjølve plandokumentet, t.d. etter siste setning før avsnittet om "moglege interessekonflikatar":</p>	<p>Tatt til følgje. Endring eller informasjon av politisk betydning, som presenterast i saksframstilling.</p>
	<p>"Vi er kjend med at det fins initiativ til solkraftverk under vurdering i Vestland." Og i avsnittet om "Bakgrunn for ambisjonsmål": "Solkraftverk representerer ei nyvinning i det norske kraftsystemet. NVE har utarbeidd ein rettleiar for utviklarar av solkraftverk og interessa for utbygging av anlegg har auka dei siste åra. Slike anlegg kan difor og få ei viktig rolle å spele i kraftsystemet på Vestland framover." Særleg på Vestlandet, med mange småkraftverk, reknar vi med det vil være av interesse å sjå om det kan være mogleg å skalere opp arbeidet frå utgreiinga vi gjennomfører.</p>	<p>Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.</p>
<p>Statkraft (2022/3616 – 243)</p>		
<p>Om planen 1. Statkraft er generelt positive til forslaget til regional plan</p>	<p>Statkraft er positive til ambisjonsnivået som planen setter knyttet til å nå klimamål og utbygging av fornybar energi. Intensjonen bak planen er god med en helhetlig tilnærming som vektlegger energimiks og bidragene de ulike fornybare energikildene. Krafttterspørselen i Norge vil øke de neste tiårene. Selv om Norden har et kraftoverskudd, antas Norge å ha behov for kraft for å legge til rette for industrivekst og økt avkarbonisering. Vestland er et stort geografisk område med potensiale for ny kraftproduksjon fra flere teknologier. Ny kraftproduksjon vil gagne lokal og regional kraftintensiv industri, avkarbonisering, og kan utløse ny næringsutvikling.</p> <p>Vindkraftverk på land må antas å utgjøre det vesentligste av ny fornybar produksjon de neste årene. Vindkraft er i dag den fornybare teknologien med lavest økonomisk kostnad og den som kan bygges ut raskest i et betydelig volum. OED og KDD har lagt frem et forslag til fornyet tildelingsprosess for landbasert vindkraft som er på høring. I forslaget legges det opp til større grad av medbestemmelse for kommunene.</p> <p>Videre er fleksibel kraftproduksjon avgjørende balanse i kraftsystemet og for best mulig nyttgjørelse av vindkraften. Den eneste fornybare teknologien som kan tilby</p>	<p>Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.</p> <p>Fylkesdirektøren viser til innleiing til kapittel om retningslinjer for planlegging i Vestland:</p> <p><i>Dei fylkespolitiske retningslinjene er utarbeidd med heimel i energilova, havenergilova og plan- og bygningslova § 8-1 - §8-4 og skal gjerast gjeldande for planlegging og forvaltning på kommunalt, fylkeskommunalt og regionalt statleg nivå i Vestland.</i></p>

	<p>dette er i dag regulerbar vannkraft. Med mer uregulerbar kraft i systemet vil det både være behov for langsiktig balansering og effekt som kan ta toppene både i forbruket, men også sørge for stabil kraftforsyning når de uregulerbare teknologiene ikke produserer. I tillegg behøves utbygging av nettkapasitet som sikrer mulighet for tilkobling og markedsintegrasjon.</p> <p>All kraftutbygging har konsekvenser. I konsesjonsprosessen gjøres det konkrete vurderinger av hvilke påvirkninger det aktuelle prosjektet vil ha på natur og biologisk mangfold i det gitte området, samt hvilken verdi prosjektet vil bringe med seg. Konsesjonsmyndigheten tar stilling til om en utbygging har flere fordeler enn ulemper for samfunnet. I forslaget til regional plan er hensyn til miljø, naturmangfold, friluftslivsområder og landskaps- og kulturverdier i fokus, men vi savner balansen og vektningen mellom påvirkning og nytteverdi. Selv om konsesjonsmyndigheten gjør denne avveiningen i konsesjonsbehandlingen er det viktig at også fylket og kommunene har et bevisst forhold til påvirkning og nytteverdi.</p> <p>Statkraft deler målsettingen om å ha et velfungerende kraftsystem. Imidlertid oppleves det noe uoverensstemmelse mellom denne visjonen og de konkrete retningslinjene som er foreslått i regional plan. Statkraft savner også noe mer om nytten og viktigheten av energieffektivisering og fleksibilitet som alternativ til utbygging. Vi presenterer enkelte, konkrete bemerkninger nedenfor</p>	<p><i>Retningslinjene er utarbeida basert på innspel i medverknadsprosessen, overordna føringar og tidlegare regionale retningslinjer for klima- og nergiplanlegging og klimatilpassing.</i></p>
<p>Investeringer i ny kraftproduksjon må sees i sammenheng med tiltak knyttet til energieffektivisering og fleksibilitet</p>	<p>Et hovedmål i planen er å ha et energioverskudd fra fornybare energikilder og en robust kraftforsyning. Vi forstår notatet slik at Vestland må ha en robust kraftbalanse for å sikre seg mot høye kraftpriser, fordi man da ikke påvirkes av europeiske priser i like stor grad.</p> <p>Statkraft støtter og er enig i behovet for mer kraftutbygging. Samtidig kan et ensidig fokus på mer kraftutbygging føre til mer investeringer enn det som er samfunnsøkonomisk lønnsomt.</p> <p>Nettilknytning mellom budområder, samt til utlandet, gjør at det norske systemet blir eksponert for utviklingen i kraftsystemene både innenfor og utenfor Norge. Norske og kontinentale priser følger dermed hverandre selv om man har en robust kraftbalanse, gitt at det er tilstrekkelig med kapasitet mellom budområdene. Dette innebærer også at kapasiteten i strømmettet er med på å utjevne forskjeller i pris mellom ulike budområder.</p> <p>Et godt energisamarbeid med våre naboer er viktig for å blant annet redusere konsekvensen av et eventuelt kraftunderskudd i Norge. Når det er høy kraftproduksjon</p>	<p>Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.</p> <p>Sjå over</p>

	<p>i våre naboland eller tørt og kaldt i Norge, kan vi importere strøm, og dermed avvente å produsere fra vannet i magasinene våre. Dette gir god forsyningssikkerhet og økt verdiskaping. Samtidig bidrar denne kraftutvekslingen til at vi ikke må investere i mer kraftproduksjon i Norge enn det som er samfunnsøkonomisk lønnsomt.</p> <p>Prissignaler er viktig for å reflektere tilbud og etterspørsel. Dette gir signaler om verdien av ny kraft, som er viktig for å oppnå investeringer knyttet til eksempelvis å bygge ny kapasitet eller energieffektiviseringstiltak. Å bygge ny kapasitet som markedet selv ikke gir signaler om at den trenger, vil fort innebære en risiko for unødvendige naturinngrep og sløsing av samfunnets ressurser.</p> <p>Energikrisen i Europa har forårsaket ekstraordinære, høye strømpriser også i Norge. Statkraft har forståelse for at det er ønskelig å gjøre noe med de høye kostnadene som norske husholdninger og industri blir utsatt for. Det er likevel viktig at man ser på behovet for ny produksjon i kombinasjon med øvrige tiltak knyttet til energieffektivisering og fleksibilitet, for å sikre en effektiv og robust utvikling av kraftsystemet. Dette bør komme tydeligere frem i delmålene.</p>	
<p>PLANTEMA OG MÅL 3.1 første delmål</p>	<p>Første delmål er å ha produksjon og distribusjon av kraft fra fornybare energikilder som tar hensyn til miljø, naturmangfold, friluftslivsområder og landskaps- og kulturverdier. Det tas hensyn til alle disse faktorene i all utbygging av fornybar kraftproduksjon i Norge. Statkraft minner om at dette er hensyn som må tas i forbindelse med innvilgelse av konsesjon for ny kraftproduksjon. Samtidig er et viktig hensyn i slike konsesjonsprosesser å se på fordelene ved tiltaket sett opp mot de ulempene som forårsaket. Denne balansen bør bli tydeligere i delmålet.</p>	<p>Tatt til orientering Innspel inneholdt relevant informasjon, men ikke aktuelt med endring.</p>
<p>3.2 andre delmål</p>	<p>Hver enkelt fornybarkilde brukes der de har høyest verdi for samfunnet. Hva som har høyest verdi for samfunnet må ha sammenheng med hva som er lønnsomt for utbyggere, derfor må rammevilkår spille på lag med det som er samfunnsøkonomisk lønnsomt. Om nevnt over bør balansen mellom ulempe og fordel også bli tydeligere.</p>	<p>Tatt til orientering Innspel inneholdt relevant informasjon, men ikke aktuelt med endring.</p>
<p>3.3 tredje delmål</p>	<p>Tredje delmål sier at økt produksjon fra fornybare energikilder har bidratt til å kutte klimagassutslipp i Vestland. Statkraft støtter intensjonen i dette målet, men foreslår her en omformulering: «Økt bruk av fornybare energikilder har bidratt til å kutte klimagassutslipp i Vestland.» da en økning i produksjon ikke nødvendigvis vil føre til reduksjon i klimagassutslipp.</p>	<p>Tatt til orientering Innspel inneholdt relevant informasjon, men ikke aktuelt med endring.</p>
<p>Plantema 2 om å ha en robust kraftforsyning i Vestland</p>	<p>I planen står det at vannverdien tilsvarer verdien av å spare på vannet som ligger i magasinene, og at produsentene vurderer fremtidig inntektsmuligheter når vannverdien fastsettes.</p>	<p>Tatt til orientering</p>

	<p>Vannverdier brukes som en mekanisme for å sikre at vannressursene brukes best mulig. Det er riktig at vannverdien fastsettes basert på en vurdering av vannets alternative fremtidige verdi. Vannverdien vil likevel variere mellom ulike magasiner og kraftverk, og er avhengig av i hvilken grad de har mulighet til å lagre vannet til kommende perioder. For det første er vannverdien avhengig av tilsiget til de ulike vannmagasinene. Samtidig er vurderingen basert på usikre prisfaktorer som eksempelvis gass-, kull-, CO2-priser. Dette betyr at vannverdiene ikke er en fast faktor, men endres løpende. Kraftmarkedet er designet for at kraftprodusentene disponerer vannet mest mulig effektivt til det beste for samfunnet, ved å utnytte verdien av vannkraftressursene best mulig. Det at vannkraftprodusentene produserer når kraftprisen er høy, betyr at vannet utnyttes når kraftbehovet er størst. Dette gir best mulig ressursutnyttelse og bidrar til jevnere og lavere kraftpriser over tid.</p>	<p>Innspel inneholdt relevant informasjon, men ikke aktuelt med endring.</p>
4.1 Sjette og syvende delmål	<p>Sjette delmål setter mål for et kraftnett som dekker industri og forbruk i hele Vestland, og syvende delmål skisserer at vi skal utnytte mangfoldet av fornybare energikilder som gjør oss mindre sårbare for uforutsette endringer i energiproduksjonen. Statkraft støtter delmål 7 og mener det er avgjørende for å nå målene både regionalt og nasjonalt. God koordinering blir viktig for delmål 6 da dette målet krevet et høyt tempo både i nett- og kraftutvikling og -oppgradering i regionen.</p>	<p>Tatt til orientering Innspel inneholdt relevant informasjon, men ikke aktuelt med endring.</p>
4.2. Åttende delmål	<p>Åttende delmål handler om at vi skal ha en infrastruktur for energibærere som gjør at vi kan utnytte svingningene i kraftproduksjonen og avlaste nettet. Svingninger i kraftproduksjonen vil øke med innfasing av mer uregulerbar kraft. Energibærere som hydrogen og batterilagring vil ha en betydning for å sørge for at vi kan utnytte disse svingningene, men bare til en viss grad. For å kunne utnytte disse svingningene best mulig er det behov for mer regulerbar kraft og effekt slik at det kan produseres mye i de få timene det er behov for det: når forbruket er høyt samtidig som produksjonen fra eksempelvis vind, sol og uregulerbar vannkraft er lav. Det er kun vannkraft med regulerte magasiner som har denne egenskapen, det vil derfor være viktig å legge til rette for oppgraderinger og effektutbygging for å sikre både forsyningssikkerheten og kraftprisen i perioder med høyt forbruk og lav produksjon. Et høytrykk over Nordsjøen på vinteren kan gi slike situasjoner. I et fossilfritt kraftmarked vil det kun være vannkraftverk med litt magasinstorelse og mye effekt som kan bidra med fleksibel produksjon av betydning. Statkraft oppfordrer derfor til at det i planen legges vekt på behovet for effekt i forbindelse med utfasing av fossilt og innfasing av mer fornybar kraftproduksjon. Effektbehovet er generelt dekket lite i planen, og vi ønsker å understreke at effekt vil være avgjørende både for å få nyttiggjort seg av økt fornybarproduksjon og for et robust kraftsystem.</p>	<p>Tatt til orientering Innspel inneholdt relevant informasjon, men ikke aktuelt med endring.</p>

Vasskraft	<p>I Vestland er det stort potensiale for vannkraft, hvilket det også vises til i planen. Det nevnes også at store deler av vannkraften i Vestland er regulerbar vannkraft, hvilket er en forutsetning for innfasing av ny uregulerbar fornybar kraft og best mulig nyttiggjørelse av den. Ambisjonsnivået legger i noen grad opp til å nyttiggjøre potensialet, men vi har noen kommentarer til enkelte punkter fra planen:</p> <p><i>«I Vestland er vasskraftverk oppgradert og utvida med fokus på miljøet i vassdraga»</i></p> <p>Vannkraften har lokal påvirkning, men både i utbygging av ny og i oppgradering og utvidelse av eksisterende vannkraft gjøres det avveininger av nytte av utvidelsen opp imot påvirkningen på natur og miljøet. Statkraft foreslår derfor at ordlyden endres til fra «fokus» til «med hensyn til» for å vise til at det er en avveining og ikke et absolutt fokus på miljøet i slike saker.</p> <p>Planen har et godt helhetlig fokus der alle kilder til fornybar kraft spiller sammen. For å kunne realisere målene og ambisjonene i planen må det mer regulerbar vannkraft til som kan balansere økningen av uregulerbar kraft. Derfor bør effekt være et element i ambisjonsbildet for vannkraften i Vestland. <i>«I Vestland har vi nytta oss av auka nedbørsmengder til å produsere meir kraft og til å betre miljøet i vassdraga.»</i></p> <p>I nye prosjekter tas det hensyn til økte nedbørsmengder, og det bør også inngå som del av planleggingen av oppgraderinger og utvidelser der man kan. Det bør gjøres for å kunne benytte vannet i den grad det lar seg gjøre, men også for å håndtere større nedbørsmengder for å begrense flom. Økt nedbør vil komme på ulike tider og det er vanskelig å planlegge produksjon etter dette og da vil det ikke alltid være mulig å produsere på alt vannet som kommer i slike perioder. Så langt det lar seg gjøre bør det tas hensyn til økt nedbør i prosjekter, men det betyr ikke nødvendigvis at man har klart å benytte vannet til mer kraftproduksjon og å bedre miljøet i vassdragene.</p> <p><i>«Småkraftverk er realisert og bidratt til auka vasskraftproduksjon, samt 4-6 TWh ny vasskraft i høve til 2022 er kopla til kraftnettet i Vestland.»</i></p> <p>De to overnevnte ambisjonene henger tett sammen. For å nå ambisjonene og de overordnede målene i planen bør ambisjonene omformuleres til å omfatte all vannkraft, ikke kun småkraftverk. Ambisjonene er høye og selv om småkraft vil kunne bidra til mer kraftproduksjon vil det være behov for større vannkraftverk og oppgraderinger for å nå målene. Viktigheten av effekt tatt i betraktning bør også oppgraderinger, utvidelser og utbygging av effekt også nevnes eksplisitt i ambisjonene for vannkraft.</p>	Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.
Vindkraft	Som nevnt innledningsvis er vindkraft den fornybarteknologien med lavest økonomisk kostnad og som kan bygges ut raskest. Planen skisserer store ambisjoner for ny fornybarproduksjon innen kun 12 år, hvilket vil kreve utbygging av de teknologiene som kan bygges raskt og som kan gi store volumer. Ambisjonsnivået for vindkraft er	Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.

	<p>begrensene for utbygging av ny kraftproduksjon. Statkraft har derfor kommentarer knyttet til noen av punktene i ambisjonsnivået for vindkraft:</p> <p>«I Vestland fylke har vi ikkje bygd ut vindkraft i urørd natur eller på kostnad av viktige verdiar knytt til natur, landskap, kulturminne eller kulturmiljø og reiseliv.»</p> <p>I prosjektering av vindkraftverk gjøres det vurderinger av vindforhold, hvor og hvordan man vil få mest ut av en mulig vindpark. Samtidig vurderes påvirkningen på natur, landskap, reiseliv med vidare. I en slik vurdering tas behovet for kraft og samfunnsnyttan knyttet til prosjektet med i betraktning. I ambisjonen over savner vi nytteverdien av utbyggingen. Områdene med de beste vindforholdene ligger i stor grad til fjells der en utbygging i varierende grad vil gå på bekostning av urørt natur, landskap og/eller reiseliv. Slik ambisjonen står nå, vil den potensielt legge ytterligere begrensninger til utvikling av ny vindkraft i Vestland fylke utover de hensyn som allerede ligger til grunn, og gjøre ambisjonen om 0,5 – 3,4 TWh ny landbasert vind innen 2035 vanskelig å nå.</p>	
<p>Forslag ny tekst</p>	<p>Statkraft foreslår derfor at den nevnte ambisjonen omformuleres til at «utbygging av vindkraft i Vestland fylke tar hensyn til natur, landskap, kulturminne eller kulturmiljø og reiseliv.»</p>	<p>Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.</p> <p>Fylkesdirektøren viser til innleiing til kapittel om retningslinjer for planlegging i Vestland:</p> <p><i>Dei fylkespolitiske retningslinjene er utarbeidd med heimel i energilova, havenergilova og plan- og bygningslova § 8-1 - §8-4 og skal gjerast gjeldande for planlegging og forvaltning på kommunalt, fylkeskommunalt og regionalt statleg nivå i Vestland. Retningslinjene er utarbeida basert på innspel i medverknadsprosessen, overordna føringar og tidlegare regionale retningslinjer for klima- og</i></p>

		<i>nergiplanlegging og klimatilpassing.</i>
Forslag endring av tekst	<p>«I Vestland fylke har vi ikkje bygd ut vindkraft som var i strid med kommunestyrevedtak.»</p> <p>«Vestland har stilt tydelege og strenge krav til konsekvensutgreiningar i samband med vindkraftutbyggingar. Naturmangfaldslova og miljøforvaltninga har vore sterkt vektlagt.»</p> <p>De to overnevnte punktene er begge knyttet til tildelingsprosessen for landbasert vind. OED og KDDs forslag til endring i plan- og bygningsloven som hovedregel legger opp til at et samtykke i kommestyret er en forutsetning for tildeling av område til utbygging. Det endelige utfallet av lovendringen vil være gjeldende i Vestland fylke som i alle andre fylker og kommuner i Norge og vil derfor være overflødig å ha det som en ambisjon for vindkraft i Vestland. Det stilles i dag strenge krav til konsekvensutredning som legges til grunn for vurderinger som blir gjort i konsesjonsprosessen der naturmangfaldsloven.</p> <p>De to ambisjonene vil derfor være overflødige, og det foreslås å omformulere slik at punktene i ambisjonsnivået sier noe om ambisjonene for faktisk utbygging.</p>	<p>Tatt til orientering</p> <p>Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.</p>
Retningslinjer	<p>Planen legger frem 38 retningslinjer som skal «skal gjerast gjeldande for planlegging og forvaltning på kommunalt, fylkeskommunalt og regionalt statleg nivå i Vestland». Likevel er det noe uklart hva som er hensikten med retningslinjene da store deler av innholdet allerede er regulert i eksisterende lovverk. Det kan forstås som at de vil bli benyttet i forbindelse med fylkeskommunens vurdering av fremtidige fornybare kraftprosjekter, men også i det henseende er foreligger det allerede lovverk og retningslinjer som er dekkende. Det fremkommer heller ikke helt klart hvem retningslinjene gjelder for da noen virker å være rettet mot fylkeskommunen og kommunene, og andre virker å være rettet mot aktørene.</p> <p>Mange av retningslinjene dekkes som nevnt over i eksisterende lovverk og prosesser som eksempelvis konsesjonsprosess og konsekvensutredning. Å ta ut enkelte punkter og elementer fra eksisterende regelverk og sette de i en annen kontekst kan tillegge punktene en ny eller forsterket mening som kan skape uklarhet i tolkning. Flere av retningslinjene vil ha en ytterligere begrensende virkning på utbygging, utvidelse og oppgradering av kraft sammenlignet med eksisterende regelverk.</p> <p>For eksempel vil retningslinje nr. 13 (<i>“Det skal ikkje byggjast vindkraft i urørd natur på land eller der viktige verdier knytt til natur, landskap, kulturminne, kulturmiljø eller reiseliv blir forringa.”</i>) i realiteten være begrensende for de potensielt mest lønnsomme og samfunnsnyttige vindkraftprosjektene da gode vindforhold og nødvendige</p>	<p>Tatt til orientering</p> <p>Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.</p> <p>Fylkesdirektøren viser til innleiing til kapittel om retningslinjer for planlegging i Vestland:</p> <p><i>Dei fylkespolitiske retningslinjene er utarbeidd med heimel i energilova, havenergilova og plan- og bygningslova § 8-1 - §8-4 og skal gjerast gjeldande for planlegging og forvaltning på kommunalt, fylkeskommunalt og regionalt statleg nivå i Vestland. Retningslinjene er utarbeida basert på innspel i medverknadsprosessen, overordna</i></p>

	angrepsvinkler i stor grad vil bety plassering som til en viss grad går på bekostning av nevnte områder.	<i>føringar og tidlegare regionale retningslinjer for klima- og nergiplanlegging og klimatilpassing.</i>
Forslag endring i retningslinjer	Statkraft foreslår at retningslinjene erstattes med overordnede prinsipper som dekker hensikten med retningslinjene, og som ikke står i fare for å skape dobbeltregulering eller uklarheter i tolkningen av disse, eller andre gjeldende prinsipper og regelverk. Slike prinsipper bør henvise til gjeldende, relevant lovverk. Videre bør plan for fornybar energi i fylket peke på mulighetsrommet og konkrete muligheter for utbygging, utslippsreduksjon, energieffektivisering og bedre utnyttelse av ressurser som allerede er i bruk, eksempelvis allerede regulerte vassdrag	Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring. Sjå over
Gloppen kommune (2022/3616 – 245)		
	<p>Kommunestyret sender følgjande merknad til høyring av regional plan for fornybar energi 2023-2035:</p> <p>Gloppen kommune syner til at Noreg treng meir fornybar energi for å møte behovet for ein, grøn energi i framtida. Gloppen kommune støtter Vestland fylke sin ambisjon om at vasskraftproduksjonen vert auka og syner i den samanheng til at det er eit relativt stort uutnytta småkraftpotensial i kommunen, samt at større prosjekt knytt til Breimselva og Gjengedal har potensiale på 230 GWh rein fornybar kraft. Gloppen kommune ynskjer at vasskraftpotensialet vert nytta så langt som ei bærekraftig forvaltning tillater det.</p> <p>I Gloppen kommune er det under planlegging eit biogassanlegg som både vil ta hand om avfallsprodukter og gje ny energi. Det vil ha god miljøeffekt og bør leggest inn plan for regional fornybar energi. Gloppen kommune ber vidare om at:</p> <ul style="list-style-type: none"> - ambisjonsnivået knytt til bioenergi vert styrka og konkretisert. Det bør leggjast inn konkrete tiltak for å bidra til etablering av nye biogassanlegg i dei årlege handlingsplanane. - det vert lagt inn konkrete tiltak i dei årlege handlingsplanane for å intensivere arbeidet med oppgradering av eksisterande vasskraft. 	Tatt til orientering Innspel inneheld relevant informasjon, men ikkje aktuelt med endring.

